



VOLDA KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utvalg: Formannskapet
Møtestad: Voldsfjorden, Volda rådhus
Dato: 28.11.2017
Tid: 12:00

Forfall skal snarast meldast til servicekontoret/utvalsekretær på telefon 70 05 87 00 eller postmottak@volda.kommune.no, som kallar inn vara. Varamedlemer møter difor berre etter eiga innkalling.

Folkevalde, både medlemer og varamedlemer, plikter å møte jf. kommunelova § 40 nr. 1, med mindre det ligg føre gyldig forfall.

Den som ønskjer å stille spørsmål om sin habilitet i ei sak, jf. forvaltningslova § 6 og kommunelova § 40 nr. 3, skal melde dette til utvalsekretær i god tid før møtet. Dette også grunna eventuell innkalling av varamedlem, jf. forvaltningslova § 8, 3. ledd.

Møtet er ope for publikum, men kan verte lukka ved handsaming av saker som inneheld informasjon som er unnateke offentlegheit.

Saksdokumenta er lagt ut til offentlig ettersyn på Volda kommune si heimeside <https://innsyn.ssikt.no/volda/dmb> og på servicekontoret.

Jørgen Amdam
ordfører



SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 201/17	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 202/17	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
OS 175/17	Arbeidsmøte del 2 – Senterstruktur
PS 203/17	Årsbudsjett 2018 - Økonomiplan 2018-2021
PS 204/17	Korrigerings av budsjett 2017
PS 205/17	Tilskot til dekning av kostnader knytt til reguleringsarbeidet.
PS 206/17	Ungdomsklubben
PS 207/17	Vertskommunesamarbeid om bibliotektenester mellom Volda kommune og Hornindal kommune
PS 208/17	Gebyr for feiing, vatn og kloakk 2018
PS 209/17	Betalingssatsar i SFO, Kulturskulen og barnehagar 2018
PS 210/17	Endring av betalingssatsar for helse- og omsorgstenester
PS 211/17	Tilskot til private barnehagar 2018
PS 212/17	Avfallsgebyr 2018
PS 213/17	Gebyrsatser for tenester etter plan- og bygningslova, matrikkellova, konsesjonslova og jordlova
PS 214/17	Gebyr for meklarpakkar 2018
PS 216/17	Utviklingsplan Helse Møre og Romsdal 2019-2022 (vert ettersendt)
PS 217/17	Fastsetting av revidert forskrift om renovasjon og slam for Volda og Ørsta kommunar (vert ettersendt)



VOLDA KOMMUNE

PS 215/17	Orienteringssaker
OS 176/17	Uttale frå Volda Næringsforum i følge med utlysing av riksvegsambandet Volda – Folkestad
OS 177/17	Forureining på Rotset - Konklusjon etter samtale med Lars Barstad
OS 178/17	Fylkesmannen - stadfestar kommuna sitt vedtak - Gbr 19/24 - Detaljreguleringsplan for Sevrinhaugen/Doktorhaugen
OS 179/17	Brev til Samferdseldepartementet frå Eid og Gloppen kommunar - Riksveg-ferjesambandet Rv651 Volda- Folkestad: Rutetilbod frå 2020

PS 201/17 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 202/17 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Arbeidsmøte del 2 - Senterstruktur

Bakgrunn

Måndag 30. oktober hadde formannskapet "arbeidsmøte del 1" i samband med kommuneplanen sin arealdel. På dette møtet vart ein del av grunnlagsdokumenta for kommuneplanen sin arealdel presentert. Der kom det også fram eit behov/ynske om at formannskapet skulle diskutere tema "senterstruktur" i eit eiga møte. Prosjektgruppa legg difor opp til eit "arbeidsmøte del 2 – senterstruktur" tysdag 28. november. Det er sett av to timar til dette tema.

Mål for arbeidsmøte del 2

I etterkant av arbeidsmøte del 1 har prosjektgruppa arbeida vidare med grunnlagsdokumenta "Bustadbehovsanalyse og prinsipp for bustadfortetting" og "Senterstruktur og funksjonsfordeling". Desse to dokumenta er framleis under arbeid. Utkast pr. 17.11.2017 ligg ved som vedlegg.

Dokumentet "Bustadbehovsanalyse og prinsipp for bustadfortetting" prøver å svare på korleis vi skal møte eit framtidig bustadbehov, og inneheld mellom andre overordna prinsipp for bustadfortetting. Dokumentet "Senterstruktur og funksjonsfordeling" inneheld mellom andre framlegg til framtidig senterstruktur, og kva funksjonar dei ulike sentertypene skal ha.

Målet med arbeidsmøte del 2 er å få innspel frå formannskapet til desse to dokumenta. Kva meiner formannskapet om dei overordna prinsippa og føringane? Er dette føringar som kan ligge til grunn for arealdelen? Prosjektgruppa ynskjer tydelege signal frå formannskapet om kva retning dei ynskjer å gå, og konkrete innspel til kva som eventuelt bør forandrast i dokumenta.

Førebuingar

Politikarane bør lese godt gjennom dokumenta "Bustadbehovsanalyse og prinsipp for bustadfortetting" og "Senterstruktur og funksjonsfordeling" før møtet. Dokumenta ligg vedlagt.

Vedlagt ligg også eit ark med spørsmål knytt til dei to dokumenta. Dette er spørsmål prosjektgruppa ynskjer svar på, og diskusjonar på arbeidsmøtet vil ta utgangspunkt i desse spørsmåla. Politikarane bør lese gjennom spørsmåla og førebu seg på diskusjon kring desse tema.

Vidare arbeid

Etter arbeidsmøte del 2 vil prosjektgruppa implementere innspel frå formannskapet og ferdigstille dokumenta "Bustadbehovsanalyse og prinsipp for bustadfortetting" og "Senterstruktur og funksjonsfordeling". Dokumenta vert deretter lagt fram som eiga sak i formannskapet 12. desember, og ein ynskjer at formannskapet der gir sin tilslutning til føringar dokumenta legg opp til.

Ein planlegg også å melde opp fleire saker knytt til arealdelen 12. desember (t.d. Bygningssmiljø og estetisk rettleiar, barnetråkk mv.).

På bakgrunn av grunnlagsdokumenta, føringar frå formannskapet og vedtekne prinsipp vil prosjektgruppa førebu eit arbeidsmøte del 3. Dette vil arrangerast i januar. På arbeidsmøte del 3 planlegg administrasjonen å gå gjennom område for område i arealdelen, presentere innkomne innspel og framlegg til framtidig arealbruk. Meir informasjon om arbeidsmøte del 3 kjem seinare.

Vedlegg

1. Bustadbehovsanalyse og prinsipp for bustadfortetting. Datert 21.11.2017.
2. Senterstruktur og funksjonsfordeling. Datert 17.11.2017.
3. Spørsmål til diskusjon.

Utkast pr.: 21.11.2017 13:20

Innhold

Bustadbehovsanalyse	2
Folketalsutvikling og framskriving til 2030	2
Bustadtettleik i Volda tettstad	3
Endringar i buformer og bustadtyper	5
Bustadtilvekst	6
Bustadmarknaden i Volda	8
Konklusjon bustadbehov	9
Bustadpotensiale i dei ulike delane av kommunen	10
Volda tettstad	10
Øvre Vikebygd	13
Morkabygda	13
Lid og Yksnøy	13
Austefjordområdet	13
Folkestadområdet	13
Dalsfjorden	13
Korleis møte framtidig bustadbehov?	14
Arealstrategiar og bustadbehov fram mot 2030	14
Overordna prinsipp for bustadfortetting i Volda tettstad	18
Bustadfortetting i indre sentrumssone	18
Bustadfortetting i midtre sentrumssone	19
Bustadfortetting i ytre sentrumssone	21


Bustadbehovsanalyse og prinsipp for bustadfortetting

Bustadbehovsanalyse

Det er behov for eit oppdatert kunnskapsgrunnlag for å vurdere behov for nye bustadareal i Arealdel 2018 – 2030. I tillegg til ein analyse av bustadbehovet ut frå demografi er det også gjort ei vurdering av potensiale i dagens regulerings- og kommunedelplanar samt med forslag til prinsipp for bustadfortetting i Volda tettstad.

Folketalsutvikling og framskriving til 2030

Pr. 1. januar 2017 hadde Volda kommune 9102 innbyggjarar. I tillegg er det busett om lag 1500-2000 studentar i Volda. I følge SSB vil folketalet i 2030 auke til 10405 dersom ein legg til grunn prognose om middels nasjonal vekst av folketalet. Dette gir ein folketilvekst på 1303 personar i planperioden.




Figur 1 Kommunestatistikk 2017- Volda kommune frå Møre og Romsdal Fylkeskommune. Kjelde SSB.

Folketalet er aukande i kommunen og dei fleste vel å busette seg i tettstaden, Volda sentrum. Her har talet på busette auka frå 5406 personar i 2006 til 6311 i 2016. Dette er ein auke på 905 personar, noko som tilsvarer om lag 200 personar meir enn den samla auke for heile kommunen i perioden 2006 - 2016. Om denne tendensen til sentralisering internt i kommunen held fram må ein kunne rekne med at heile folketilveksten for kommunen kjem i Volda sentrum, men tillegg av tilflytting frå bygdene. Ein må derfor planlegge for ein folketilvekst med 1500 – 1600 personar i Volda sentrum i planperioden.



Figur 2 Utvikling av folketalet i Volda tettstad. Kjelde SSB.

I figuren under er det vist utviklinga for kvar krins i kommunen. I dei fleste bygdelaga i kommunen ser vi ein klar nedgang.




Figur 3 Kommunestatistikk 2017- Volda kommune frå Møre og Romsdal Fylkeskommune. Kjelde SSB.

Bustadtettleik i Volda tettstad

Den største tettleik av bustadbygg finn ein sjølvsagt i Volda sentrum. I følge SSB er den gjennomsnittlege tettleiken i norske tettstader på 1947 personar pr. km². I Volda tettstad er den gjennomsnittlege tettleiken på 1597 personar pr. km². Dette er om lag 1,6 personar pr. daa. Kartet under viser dei tettast befolka områda i Volda tettstad. Dei tettast befolka områda er dei med

mørkast farge og i Volda er dette område med bustadblokker (Volda omsorgssenter og studentheimane på Heltne).



Figur 4 Bustadtettleik Volda tettstad. Kjelde SSB.

I typiske sentrumsområde er det anbefalt å kunne legge til grunn følgjande kriterier for å estimere fortetningspotensialet:

Avstand	Bosatte pr daa – middels	Bosatte pr daa - høy	Ansatte pr daa
0 - 300 m	11	30	50
300 - 600 m	8	30	50
600 - 1200 m	6	30	50


Figur 5 Utklipp frå Veileder for fortetningsanalyser for knutepunktsområder.

Utan at det er gjort noko fullverdig analyse av fortetningspotensialet kan ein anta at det er rom for eit vesentleg auka tal på busette i og nær sentrumskjernen.

I ein avstand på 300 m frå busshaldeplassen bur det i dag 388 personar(1,3 busette pr. daa.). Innanfor dette området er det eit heilt klart fortetningspotensiale når det gjeld å få til auka busetting. Utvalde leilegheitsbygg i området har ein bustadtettleik på 8-11 busette pr. daa(Hamnekvartalet og Skjellebreida). Her er fleire areal med potensiale for transformasjon og nyoppføring av bygg som bør kunne ha ein stor grad av leilegheiter i tillegg til andre funksjonar. Sjølv om ein berre legg til grunn middels fortetting vil fleire bygg med 11 bosette pr. daa. gi eit bra bidrag til å kunne utvikle eit urbant sentrum med berekraftige kvalitetar.


Endringar i buformer og bustadtyper

Det er totalt 4882 bustader i kommunen. Dei fleste bur framleis i ein einebustad, men den delen av befolkninga som bur i einebustad går ned. I 2006 budde nær 70 % i ein einebustad, medan det er om lag 60% bur i ein slik bustad i 2016. Samtidig viser utviklinga at det er stadige fleire som bur i tomannsbustader, eller rekkehus, kjedehus og andre frittliggande hus med fleire enn 3 bustader eller meir(inkl. typiske firemannsbustader). Av nye bustader i perioden 2006 – 2016 vart det ført opp 29% frittliggande einebustader og tomannsbustader, medan meir konsentrerte bustader sto for resten av auken.



Figur 6 Kommunestatistikk 2017- Volda kommune frå Møre og Romsdal Fylkeskommune. Kjelde SSB.

Denne utviklinga må sjåast i samanheng med endring av hushaldssamansetninga. Ut frå oversikta over hushaldstypar er det ei stor auke i talet på aleinebuande og par utan barn. Hushald med barn



Figur 7 Kommunestatistikk 2017- Volda kommune frå Møre og Romsdal Fylkeskommune. Kjelde SSB


under 18 eller vaksne barn er redusert i perioden frå 2005 – 2016. I 2016 er i overkant av 65 % åleinebuande eller i små hushald utan heimebuande barn.

I følge Fylkesstatistikk for 2017 hadde Volda 20,5 % åleinebuande i 2016. Dette er meir enn i nokon anna kommune i Møre og Romsdal og meir enn gjennomsnittet på landsbasis som er på 17,1%. Dette er viktig å ta med seg i vurdering av bustadbehovet i kommunen.

Om ein reknar med at 65 % av folketalsauken på 1600 personar i Volda sentrum vil medføre at om lag 1000 personar vil bu i små husholdningar på 1-2 personar, vil ein kunne anslå eit behov for om lag 750 små bustader/leilegheiter i planperioden, noko som tilseier 62 – 63 leilegheiter årleg. Små bustader for 1-2 kan i denne samanhengen vere alt frå studenthybel, tilrettelagt bustad, leilegheit i 4-mannsbustad, eksklusiv leilegheit i sentralt leilegheitsbygg m.v. Det vil samtidig vere slik at 600 personar vil bu i større husholdningar og vil kunne ha behov for større bustad. Om ein tek utgangspunkt i 3 personar pr. større husholdning bør vi legge til rette for oppføring av 16-17 nye bustader årleg, totalt om lag 200 i planperioden. Dette kan vere i form av tomter til einebustad/tomannsbustad.


Bustadtilvekst

Det er fullført om lag 50 bustader i året dei siste 10 åra. Om denne tendensen held seg stabil vil det vere behov for om lag 600 nye bustader i planperioden.



Kommunestatistikk 2017 - Volda kommune frå Møre og Romsdal Fylkeskommune. Kjelde SSB

Frå 2012 er talet på igangsette einebustader blitt redusert i forhold til fleirmannsbustader og leilegheitsbygg. Dersom ein skal ta utgangspunkt i at det skal kunne settast i gong oppføring av like mange einebustader framover som i perioden 2006 – 2016, må det leggjast til rette for at det kan førast opp 13 einebustader årleg i kommunen. Fram mot 2030 vil dette i seg sjølv utgjere eit behov på 156 einebustadtomter.



Figur 8 Kjelde SSB.

I Volda er over 70% av fullførte bustader i perioden 2012 – 2016 rekkehus og blokker/leilegheitsbygg, medan slike bustader utgjør 60 % av tilførselen av nye bustader i Ørsta i same periode.

Fullførte bustader 2012-2016					
	Eiebustader	Rekkehus m.v.	Blokker m.v.	Andre bustader	Sum 2012-2016
Volda	70	201	12	19	302
Ørsta	106	184	14	24	328

Kommunestatistikk 2017 - frå Møre og Romsdal Fylkeskommune. Kjelde SSB




Kommunestatistikk 2017 - frå Møre og Romsdal Fylkeskommune. Kjelde SSB

Bustadmarknaden i Volda

Volda og Ørsta har felles bu- og arbeidsmarknad. Reisetida mellom tettstadane er på om lag 12 minutt, og mellom tettstadane ligg Hovdebygda og Morkabygda. Det ligg til rette for at dei to tettstadane kan komplettere kvarandre i ein felles bustadmarknad. Pr. nov 2017 er det 8 ledige kommunale einebustadtomter i tettstaden Volda. I ein situasjon der det er betre tilgang på einebustader i tettstaden Ørsta enn i tettstaden Volda vil fleire kunne velje å etablere seg med einebustad i Ørsta framfor Volda. I tettstaden Volda har det vore eit avgrensa tilbod av einebustader dei siste åra.

Prisnivået for brukte sjølvveigarbustader kan seie noko om marknadssituasjonen. For einebustader ser det ut til at prisutviklinga er ganske lik for Ørsta og Volda. Ein brukt einebustad i Volda er ikkje er vesentleg dyrare enn i Ørsta og ligg like under gjennomsnittleg kvadratmeterpris for brukte einebustader i Møre og Romsdal som er på kr 17 273 i 2016 (kr 29 729 for nye einebustader). Derimot ser det ut til at prisane for brukte småhus og blokkleilegheiter aukar meir i Volda enn i Ørsta. Når det er lite tilgang på einebustader kan det vere med på å gi auka press på småhus og leilegheiter, sjølv om tigangen er ganske stor.



Figur 9 Kjelde SSB.

Sjølv om det er ført opp over 70 % småhus og leilegheiter dei siste åra kan prisutviklinga tyde på at det er behov for fleire slike bustader. Dette samsvarer med trenden for resten av landet der ein ser ein stadig auka etterspurnad etter tomannsbustader og rekkehus. Auka tilgang på byggeklare einebustadtomter vil kunne demme opp for noko av etterspørselen etter småhus og leilegheiter og vil kunne vere med på å påverke prisutviklinga på slike bustader. I ein situasjon med lite tilgang på nye einebustadtomter vil det vere viktig å legge til rette for tilstrekkeleg tilgang til småhus og leilegheiter, slik at fleire brukte einebustader kan kome i omløp. Vi veit også at det er vesentleg fleire åleinebuande i Volda(20,5 %) enn i Ørsta(14,7 %) og om denne tendensen fortsett framover vil det stadig vere behov for fleire leilegheiter i Volda framfor einebustader.

Konklusjon bustadbehov

Framskriving av folketalet mot 2030 viser ein forventa folketalsauke på om lag 1300 personar i planperioden. Folketalsutvikling i perioden 2006 – 2016 viser at folketalet i bygdene går ned, medan folketalet i Volda sentrum aukar meir enn den samla folketilveksten i kommunen. Ein må derfor planlegge for ein folketilvekst på om lag 1500 – 1600 personar i Volda sentrum i planperioden.

I Volda bur i overkant 65 % i små hushald på 1-2 personar. Volda har fleire åleinebuande enn dei andre kommunane i Møre og Romsdal. Ut frå størrelsen på hushald og framskiving av folketilvekst som i hovudsak vil komme i Volda sentrum, vil det i planperioden vere behov for om lag 750 små bustader/leilegheiter og 200 einebustader/tomannsbustader i Volda sentrum.

Ut frå bustadtilveksten dei siste 10 åra blir det årleg fullført om lag 50 bustader. Skal bustader bli oppført i same omfang som før, vil det vere behov for 600 nye bustader i planperioden. Oppføring av einebustader i same takt vil utgjere 158 nye einebustader i planperioden.

Prisutviklinga på brukte sjølveigarbustader viser at det er marknad for auka tilgang på småhus og leilegheiter i Volda. Både utviklinga av stadig fleire små hushald, mange åleinebuande, marknadssituasjonen for leilegheiter og målsettingar om eit meir urbant sentrum tilsei at minst 70% av nye bueiningar bør vere små bustader og leilegheiter.

Bustadpotensiale i dei ulike delane av kommunen

Alle reguleringsplanar er gått gjennom og ein har summert alle tomter der det enno ikkje er ført opp bustadbygg innan bustadområde avsett i reguleringsplan. Det er også gjort eit anslag av fortettpotensiale der ein ser det er store tomter som kan delast, eller eksisterande bygg som kan utvidast for å få plass til fleire bueiningar innanfor ramma til gjeldande reguleringsplan. Alle anslag er omtrentlege. Det er også fleire område der det er opna for kombinert arealbruk med høve til etablering av bueiningar, der dette potensialet ikkje er realisert. Det er derfor rekna med eit unytta potensiale for auka tal på bueingar innanfor slike område. Kombinert arealbruk er gjerne ulike typar nærings-/sentrumsformål med kombinasjon av forretning, kontor og bustadformål. Ein har også gått gjennom alle kommunedelplanane i kommunen og unytta areal sett av til bustadføremål er vist i oversikta under med daa. potensielt bustadareal.

Ei slik gjennomgang vil berre vise ei teoretisk potensiale for auka tal på bueiningar i eit område. Nokre tomter har blitt liggande unytta fordi dei er svært vanskeleg å utnytte til bustadformål. Her er og bustadareal der grunneigaren ikkje ønskjer utbygging til bustadformål. Det same gjeld eksisterande bygningsmasse i område der det ut frå reguleringsplanen er muleg å utvide bygget, medan eigaren ikkje ønskjer eller har ressursar til ei slik utvikling. Mykje av potensialet vil heller ikkje kunne utnyttast før det inngår i ein reguleringsplan for eit større område, der kanskje nokre aktørar ikkje ønskjer å ta del i ei slik utvikling av eit område. For å realisere mykje av fortettpotensialet handlar det både om private initiativ, men og om at kommunen må legge til rette og ta i bruk dei verkemidla som eksisterer gjennom planverk og plan- og bygningslova. Gjennom føresegrer og retningslinjer til arealdelen har kommunen mulegheit til å skaffe seg fleire virkemiddel for å nå ønska utvikling i eit område.

I kapittelet om overordna prinsipp for bustadfortetting i Volda sentrum er det vist grep som kan gjere det muleg å realisere ein stor del av bustadpotensialet i Volda sentrum. På denne måten kan ein nå målsettingar og strategiar om eit meir urbant berekraftig sentrum og fleire vil kunne gå og sykle til dei fleste kvardagsfunksjonar.


Volda tettstad

I denne gjennomgangen er det tatt utgangspunkt i tettstaden Volda og dei grunnkrinsane som høyrer til tettstaden.

Område	Potensiale bueiningar	Potensiale daa.
Nordalen	34	
Engeset Klepp	62	
Hauane	22	
Øyra og Halkjelsvik	25	2,3
Røyslid	168	47,7
Nedre Heltne og Myrane	133	47,6
Øvre Heltne og Vikebygda	70	152,8
Nedre Rotset	70	18,6
Samla potensiale	584	269

Oversikta viser eit anslått unytta potensiale på i overkant av 580 bueiningar innanfor tettstaden Volda sentrum. I denne oversikta er det ikkje skilt mellom bustadtypar og det vil vere både

einebustadtomter og tomter for meir konsentrert utbygging blant dei potensielle bueiningane. Dei fleste areala med potensiale for oppføring av nye bueiningar er i privat eige og det vil i stor grad vere opp til privat initiativ om og når potensialet vert realisert. I oversikta er det og tatt med areal sett av til bustadføremaal i gjeldande kommunedelplan for Volda sentrum, som enno ikkje er realisert. Dette gir eit unytta potensiale på om lag 270 daa. til bustadutvikling. Ein del av dette bustadarealet er under planlegging, nokre areal er til no ikkje ønska utnytta av grunneigarar, medan andre areal er avhengig av større investeringar i infrastruktur og flaumsikring før dei kan realiserast.



Figur 10 Illustrasjon som viser sentrumssoner og grunnkrinsar.

Nordalen

Nordalen ligg lengst vest i Volda tettstad. Området har tilkomst frå E39 og gangsamband til sentrumskjernen og skular via Gamlevegen. Her er regulert to bustadfelt med til saman 34 nye einingar derav 11 tomter for einebustader. Det er starta prosess for realisering av utbygging i samsvar med reguleringsplanen for Strandeigedomen med sannsynleg oppstart av utbygging 2017/2018 med 17? bueiningar. Einebustadfeltet har vist seg vanskeleg å realisere på grunn av store kostnader til infrastruktur.

Engeset og Klepp

I dette området har det vore ei sterk utbygging dei siste åra. Det er nokre ledige enkelttomter rundt om i området. Urbakkfoten er eit kommunalt felt under planlegging. Her er det potensiale for om lag 33 nye bueiningar, med i stor grad einebustadtomter. I Kapteinsvegen er det eit fortettingsprosjekt på gong der ein ønskjer å legge til rette for 4 leilegheiter i eit nytt terrassebygg, planframlegget er ute på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn.

Hauane

Ein stor del av grunnkrinsen Hauane er eit av dei eldste bustadområda i Volda sentrum, og strekk seg frå Vikeneset og opp til Ottarmarka som vart bygd ut på 1990-talet. På Vikeneset er det rom for utbygging av bustader i kombinasjon med forretnings- og kontorverksemd, dette er ikkje realisert men har likevel eit visst potensiale for slik utbygging. Innanfor planområdet for Ottarmarka er det framleis areal der utbyggingspotensialet ikkje er realisert. Innanfor området finn vi fleire institusjonar og tilrettelagde bustader, her kan det også vere potensiale for auka utbygging. Samla sett kan det vere rom for 10-15 nye bueiningar i området. Truleg vil det vere behov for nye reguleringsplanar før potensialet kan realiserast.

Halkjelsvik og Øyra

Ein stor del av området ligg i indre sentrumssone. Med utgangspunkt i gjeldande planar kan det vere rom for fleire nye bustader. Store delar av området er det opna for kombinasjon av forretnings-, kontor og bustadformål med bustader i 2 og 3 etasje. Her er ein del unytta potensiale og i alle fall kring 50 nye sentrumbustader vil kunne bli etablert ved nybygg, ombygging og påbygging av eksisterande bustadmasse. Det vil vere behov for ny reguleringsplan som grunnlag for realisering av potensialet.

Nedre og Øvre Rotset

I dette området som ligg i midtre sentrumssone er det m.a. eit område mellom E39 og Prestegata som ikkje er utbygd. Her er starta opp arbeid med detaljregulering for å kunne realisere utbygging av bustader i området. På "Mega-området" er det i følge gjeldande kommunedelplan høve til kombinasjon av forretnings-, kontor og bustadformål. Potensialet for bustader er ikkje realisert. På bakgrunn av gjeldande planar er det anslått eit potensiale for om lag 30 nye bustader i området nedre og Øvre Rotset. Det vil vere behov for nye reguleringsplanar. I Rotsetfjøra er det varsla oppstart av eit reguleringsprosjekt med opp mot 40 nye bueiningar. Dersom ein tek med desse, vil det vere potensiale for om lag 70 nye bueiningar i dette sentrumsnære området. I tillegg er det sett av areal i gjeldande kommunedelplan på om lag 18 daa til bustadføremål som ikkje er realisert. Her vil det og vere behov for reguleringsplan.

Myrane og Nedre Heltne

Dette er eit område med ein stor del av offentlege bygningar og konsentrert busetnad. Her finn vi m.a. sjukehus, høgskule, barneskule, barnehagar, studentbustader og stor grad konsentrert busetnad. Her er nokre bustadtomter som ikkje er utbygd og her er område sett av til bustadføremål som ikkje er realisert. For heile området kan det vere potensiale for i overkant av 130 nye bueiningar inklusive planar for nye studentbustader. Det vil vere behov for nye reguleringsplanar som grunnlag for gjennomføring. I tillegg er det sett av areal i gjeldande kommunedelplan på om lag 47 daa der det m.a. kan etablerast omsorgsbustader i kombinasjon med andre formål. Her vil det og vere behov for reguleringsplan.

Røyslid

Området er i stor grad utbygd, men der er nokre einskilte tomter som framleis ikkje er utbygd. Håmyra er eit større bustadfelt under utbygging og i gjeldande kommunedelplan er det i tillegg opna

for eit nytt bustadområde på om lag 37 daa. Her vil det vere krav om reguleringsplan. Samla sett vil her truleg vere potensiale for om lag 200 nye bustadeiningar i området.

Øvre Heltne og Vikebygda

Dette er området mellom Heltneelva og Rotevasselva. Frå Vikebygdvegen er store område bygd ut, men her er nokre enkelte tomter som ikkje er utbygd. Saman med område som vart sett av til bustadområde i gjeldande kommunedelplan kan ein anslå eit unytta potensiale på om lag 150 nye bustader. Realisering av store delar av potensialet er avhengig av flaumførebygging , skredfareavklaring og reguleringsplan.

Øvre Vikebygd

Her er eit regulert bustadareal med 5 tomter og eit større areal på om lag 29 daa sett av til bustader i gjeldande kommunedelplan. Truleg er det eit urealisert potensiale på 15-20 bustadeiningar i området. Det vil vere krav om reguleringsplan før utbygging.

Morkabygda

Dette området består av Mork, Egset, Eikrem og Ytrestøl.

I dette området har det vore relativt stor utbygging dei siste åra og det er ikkje fleire ledige bustadtomter i byggefelta. Også i områda med høve til spreidd bustadbygging er det lite potensiale att for fleire nye bustader.

Lid og Yksnøy

I denne krinsen er det to regulererte område der det framleis er ledige bustadtomter. Her er totalt eit potensiale på 13 nye bustader i regulererte område. I gjeldande kommunedelplan er det 88,5 daa urealisert bustadareal. For nokre av tomtene er det behov for avklaring av skredfare og eventuell etablering av sikringstiltak før realisering.

Austefjordområdet

I Austefjorden har vi krinsane Hjartå, Fyrde, Kalvatn og Høydal. Fyrde har funksjon som lokalsenter og der er det potensiale for 8 nye bustader innanfor regulererte område. I tillegg er det om lag 96 daa bustadareal sett av i gjeldande kommunedelplanar, som er avhengig av reguleringsplan for gjennomføring. I dei andre krinsane er det ikkje sett av areal til bustadformål. Her er det derimot sett av større område for spreidde bustader.

Folkestadområdet

Bjørkedal, Straumshamn/Fylsvik, Dalsbygda og Steinsvik/Åmelfot har Folkestad som sitt lokalsenter. I dette området er det samla sett potensiale for 37 nye bustader innanfor eksisterande regulererte bustadområde. Det er i tillegg sett av om lag 134 daa til bustadformål i gjeldande kommunedelplanar som ikkje er realisert.

I Bjørkedalen er det berre 1 ledig tomt igjen i det regulererte bustadfeltet. I dei andre krinsane ser det ut til å vere tilstrekkeleg med tomteareal i planperioden.

Dalsfjorden

I krinsane Velsvik, Ulvestad, Dravlausbygda og Innselset er det for heile området eit potensiale på 17 nye bustader innanfor regulererte område. I gjeldande kommunedelplanar er det sett av om lag 108

daa til bustadformål. Her vil det vere behov for reguleringsplan og truleg avklaringar med omsyn til naturfare og investeringar i nødvendig infrastruktur før gjennomføring.

Korleis møte framtidig bustadbehov?

Framtidig bustadbehov kan i prinsippet dekkast ved å sette av nye areal til bustader, realisering av bustadareal sett av i tidlegare planar, eller fortetting i eksisterande bustadområde. Arealstrategiane fastsett i planprogrammet gir klare føringar for framtidig bustadutvikling.

Arealstrategiar og bustadbehov fram mot 2030

I planprogrammet er det fastsett arealstrategiar som skal ligge til grunn for prioritering av nye bustadområder i planperioden. Gjennom arealdelen må det derfor fastsettast føresegrer og retningslinjer som gir mulegheit for å styre utviklinga av nye bustader i kommunen.

Volda kommune skal ha eit variert bustadtilbod og ledige tomter både i sentrum og i bygdesentra.

Denne strategien legg vekt på at vi skal ha eit variert bustadtilbod. Med dette må ein forstå at ein i kommunen skal kunne ha mulegheit til å finne eller føre opp eit variert utval av bustader. Både den arkitektheikna ein bustaden, ei rimeleg leilegheit for førstegongskjøparen, leilegheit for dei vaksne i små hushaldningar og ein bustad for dei med behov for spesiell tilrettelegging. Det betyr at det alltid skal vere eit utval av ledige tomter både i sentrum, men også i bygdesentra (lokalsentra).

Område	Bueiningar	daa. i KDP
Totalt i kommunen	652	724,2
Samla Volda tettstad	584	269
Furene/Mork (knutepunktsenter)	0	0
Folkestad (lokalsenter)	14	39
Fyrde (lokalsenter)	8	96
Lauvstad (lokalsenter)	8	33
Dravlaus (lokalsenter)	9	74,8

Figur 11 Oversikt over urealisert bustadpotensiale i gjeldande regulerings- og kommunedelplanar.

Det er gjort eit anslag over bustadpotensiale som viser at det i Volda tettstad truleg er eit unytta potensiale på i overkant av 580 bueiningar i regulerte område og eit unytta potensiale på om lag 270 daa. til bustadutvikling i gjeldande kommunedelplan. Gjennomgangen viser at mykje av potensielt bustadareal vil kunne bli realisert dei næraste åra med grunnlag i gjeldande planar, medan ein stor del av potensialet er avhengig av nye reguleringsplanar og store investeringar i infrastruktur for å kunne realiserast.

Med bakgrunn i folketalutviklinga må vil legge til rette for at fleire enn 1300 personar kan busette seg i kommunen. Dei fleste av desse vil truleg ønskje å busette seg i Volda tettstad og med den

tendensen til intern sentralisering i kommunen bør ein truleg ta høgde for eit behov for 1500 – 1600 nye bustader Volda tettstad, dersom ein skal sikre eit variert bustadtilbod med ledige tomter i Volda sentrum.

I tillegg må det sikrast byggeklare bustadtomter i Morkabygda og i lokalsentra Lauvstad, Dravlaus, Folkestad og Fyrde. Behovet for bustadtomter i lokalsentra er vanskelegare å anslå. Arealstrategien er delvis utleda frå målsettinga i Samfunnsdelen om å redusere den negative folketalsutviklinga på bygdene. Skal her vere eit variert bustadtilbod og ledige tomter i bygdesentra(lokalsentra) så bør det vere mulegheit for etablering av meir enn ein ny bustad årleg i planperioden. Samtidig veit vi at det ikkje er kvart år det vert oppført eit nytt bustadhus i bygdesentra. Areal for 10 – 15 nye einebustader i planperioden bør ein likevel ta høgde for i lokalsentra Lauvstad, Dravlaus, Folkestad og Fyrde. Det bør og vere mulegheit for etablering av konsentrerte småhus i lokalsentra. Nye kommunikasjonsløysingar som bru over Voldsfjorden og betre kollektivtilbod mot Grodås kan endre bustadattraktiviteten for Folkestad og Fyrde.

Folkestad har ein kommunedelplan frå 2008 og det ser ut til at det ikkje er behov for nye areal til bustadbygging her. Det er også bustadareal i dei andre lokalsentra som ikkje er utbygd enno. Her har vi eldre kommunedelplanar og det kan vere behov for endringar. Kanskje bør ein ta ut noko bustadareal og kanskje er andre areal betre eigna og meir attraktive for bustadbygging.

Mork/Furene er definert som knutepunktsenter og har ein anna funksjon enn lokalsentra. Morabygda ligg i kort avstand frå Volda sentrum og har positiv folketalsutvikling dei siste åra som følgje av realisering av to bustadfelt i området.


I Morkabygda er det ikkje potensiale for utbygging av fleire bustader innanfor eksisterande bustadområde, og ein må derfor sikre nytt areal til bustadbygging i dette området. Omfanget av nye bustader ein skal legge til rette for i Mork/Furene området er i stor grad avhengig av kva utvikling ein ønskjer for området. Mork/Furene er definert som knutepunktsenter og areala kring knutepunkt ligg til rette for fortetting av både bustader og næringar. I Morkabygda finn ein og nokre av dei beste jordbruksområda i kommunen. Dersom ein tek utgangspunkt i oppføring av 5 – 10 nye bustader årleg vil det vere behov for 60 – 120 nye bustader i Mork/Furene i planperioden. Området bør hovudsakeleg kunne tilby frittliggande småhus, men opp mot 40% av nye bueiningar bør likevel vere konsentrerte småhus. Samla sett vil ein då med eit nøkternt anslag legge til rette for ein auke i folketalet på rundt 300 personar i bygda. Dette kan truleg gjennomførast utan behov for utviding av skule- og barnehagekapasiteten. Med utgangspunkt i den befolkningstettleiken som er i Olaskogenfeltet på 3 personar pr. daa, vil det vere behov for om lag 100 daa. til nytt bustadareal i området. I vanskelegare terreng enn Olaskogen og med høgare del einebustader vil det vere behov for noko meir areal. I Olaskogen bur nær 55 % i einebustad.

Totalt sett for kommunen viser framskriving av folketalet ei auke på 1300 personar. Dersom det er ønskeleg at ein forholdsvis større del av denne auka skal vere busett i Morkabygda bør ein planlegge for noko mindre auke i busetting i Volda tettstad. Ei meir ekspansiv auke i bustadetablering i Morkabygda vil og truleg medføre behov for større investeringar til skule, barnehage og VA-infrastruktur.

Nye bustadfelt skal lokalisrast i tilknytning til eksisterande busetnad, infrastruktur og handels- og tenestetilbod, og planleggast med gode løysingar for kollektivtransport, sykkel og gange.

Dette legg klare føringar for lokalisering av eventuelle nye bustadareal i planen. Område utan tilbod om kollektivtransport og der det heller ikkje er mulegheit for sykkel eller gange til handels- og tenestetilbod er dermed ikkje aktuelle som nye bustadfelt.

Nye bustadfelt er dermed berre aktuelt i Volda tettstad, i Morkabygda(Mork/Furene) og i lokalsentra, der teknisk infrastruktur ligg til rette eller med rimelegheit kan etablerast. Bustadfeltet skal og ha gang-/sykkelavstand til skule, barnehage, nærbutikk og andre tenestetilbod i tillegg til at det skal vere muleg å nytte seg av kollektivtransport til slike kvardagsfunksjonar.



Figur 12 Illustrasjon med avmerka hovudsenter, lokalsenter og knutepunktsenter.

I andre bygder skal det ikkje leggjast til rette med nye bustadfelt. Eit godt alternativ kan vere å sette av eigna område for spreidd bustadbygging.

Spreidd utbygging skal skje som utfylling eller forlenging av eksisterande busetting i skred- og flaumsikre område, og slik at ein ikkje punkterer samanhengande grøntområde, kjerneområde landbruk, eller restriksjonsområde med omsyn til kulturminne.

Volda er ein kommune med stor grad av spreidd busetnad og i samfunnsdelen er det fastsett eit mål om å redusere den negative folketalsutviklinga på bygdene. Ein av strategiane for å nå dette målet er å legge til rette for spreidd busetnad. I arealdelen bør ein derfor sette av eigna område for slik spreidd bustadbygging. Dei spreidd bustadområda skal i følgje arealstrategien vere tilknytt eksisterande busetnad og må lokaliserast der det ikkje er naturfare, viktige landbruksområde, samanhengande grøntområde eller restriksjonsområde kring kulturminne. Dette betyr også at dei til dels store område til spreidd bustadbygging i dei eksisterande kommunedelplanane må reduserast i omfang i samsvar med arealstrategien. Det bør settast av eigna areal for spreidd bustader i alle

bygder, for å gi mulegheit for bustadetablering i heile kommunen. Der det er ledige tomter i eksisterande bustadfelt vil det ikkje vere behov for nye areal for spreidd bustadbygging.

Legge til rette for fortetting og transformasjon i og nær sentrumskjernen, som støttar opp om utvikling av eit sentrum med urbane og berekraftige kvalitetar.

Fortetting er eit prinsipp for å bygge tettare og høgare innanfor eit avgrensa område. Vekst i folketalet medfører fleire bustader. Ein kan velje å la tettstaden spreie seg utover i form av nye einebustadareal høgare oppe i sidene, ta i bruk dyrka mark langs Rotevatnet og i Vikebygda, opne for utbygging langs Egsetstranda osv. I Samfunnsdelen har ein målsetting om at fleire skal bu og opphalde seg i Volda sentrum og kommunestyret har fastsett arealstrategien om at vi skal legge til rette for fortetting og transformasjon i og nær sentrumskjernen, som støttar opp om utvikling av eit sentrum med urbane og berekraftige kvalitetar.


Skal ein nå målsettinga om å utvikle eit sentrum i kommunen med urbane og berekraftige kvalitetar må ein legge til rette for at fleire kan bu i og nær sentrumskjernen. Vi kan få til dette ved å legge til rette for fortetting og transformasjon og krav om meir arealeffektive utbyggingsformer. Fortetting i bustadområde kan t.d. gjerast ved å tillate auka bruksareal og/eller auka tal bueiningar på enkelttomter, ein kan også tillate og oppmode til å bygge høgare. I sentrumskjernen kan ein endre arealbruken frå reine næringsareal til formål som også gir mulegheit for etablering av bustader i kombinasjon med næringsformål. Mykje av potensialet i indre og midtre sentrumssone kan vere vanskeleg å realisere utan at kommunen tek ei meir aktiv og styrande rolle. For å få til ei slik utvikling må ein nytte dei styringsverktøy ein har gjennom gjeldande reguleringsplanar og ein kan i tillegg legge føringar for omfang av fortetting og utbygging gjennom føresegner og retningslinjer i arealdelen. Kommunen kan og vere ein meir aktiv pådrivar ved å få på plass områdereguleringar som legg betre til rette for og betre styring av framtidige utbyggingsprosjekt. I eige kapittel om prinsipp for bustadfortetting i Volda tettstad, vert det foreslått nokre grep som kan vere med på å auke busettinga i og nær sentrumskjernen.

På bakgrunn av at 65 % av alle hushald er åleinebuande eller i små hushald utan heimebuande barn og eit anslått behov for bustader til 1500 – 1600 personar i Volda sentrum, vil det kunne vere behov for i alle fall **750** leilegheiter ¹i planperioden. For å nå dette målet må det byggast fleire leilegheiter tilpassa små hushald på 1-2 personar. Ein stor del av desse leilegheitene bør kunne lokalisrast i og nær sentrumskjernen. I indre sentrumssone bør det derfor settast krav om at nye bustader hovudsakleg bør vere leilegheiter tilpassa små hushald i ulike livsfasar og med ulike behov for tilrettelegging.

Gjennomgangen av bustadpotensialet i kommunen viser at det innanfor regulerte område er eit potensiale for vesentleg fleire bustader i og nær sentrumskjernen. I Volda tettstad er det anslått eit samla potensiale på over 580 nye bueiningar som ligg innanfor regulerte bustadareal. I tillegg er det sett av om lag 270 daa til bustadføre mål i kommunedelplanen for Volda sentrum. I kapittelet om overordna prinsipp for bustadfortetting i Volda sentrum er det stipulert eit potensiale på 50 – 100 nye bustader i indre sentrumssone og om lag 400 i midtre sentrumssone som kan realiserast ved fortetting, transformasjon og nye utbyggingar. Ut frå anslått behov for mindre bustader bør det leggast til rette for ei vesentleg auka utbygging av leilegheiter i indre sentrumssone.

Overordna prinsipp for bustadfortetting i Volda tettstad


Prinsipp for bustadfortetting i Volda tettstad er knytt opp mot dei ulike sentrumssonene i tettstaden; indre, midtre og ytre sentrumssone.



Figur 13 Illustrasjon med sentrumssoner og kollektivtrasè.

Bustadfortetting i indre sentrumssone

Indre sentrumssone har i stor grad forretnings-/ kontorbygg og industribygg som handels-, service- og kulturtilbod, torg, parkar og plassar. I indre sentrumssone finn vi både eldre småhusmiljø og sentrumsbusetnad med leilegheitsbygg og/eller leilegheiter i forretningsbygg. For dei historiske bygningsmiljøa Hauane og Halkjelsvika gjeld eigne retningslinjer for fortetting jf. Bygningsmiljø og estetisk rettleiar. På Hauane kan det vere rom for noko fortetting. Det er derimot behov for ein ny områdereguleringsplan for å kunne sjå området i ein heilskap før ein kan tillate meir fortetting her.



Figur 14 Illustrasjon som viser område med spesielle bygningsmiljø.

Det må vere høg grad av arealutnytting i indre sentrumssone. Eksakt utnyttingsgrad må fastsettast i eigen reguleringsplan. Bortsett frå i bygningsmiljøområda er det ikkje ønskeleg med nye einebustader i dette området og nye bueiningar skal hovudsakeleg vere leilegheiter (i eigne leilegheitsbygg eller) i fleifunksjonsbygg med utadretta funksjonar på gateplan og med bustader oppover i etasjane. Utviklingsplanen for Volda har peika på fleire aktuelle fortettingsområde og på kva måte fortetting bør gjennomførast. Der er og fleire andre område med potensiale for ombygging/transformasjon som gjer at her kan vere realistisk med 50-100 nye bueiningar i indre sentrumssone. Ut frå behovet for leilegheiter bør her etablerast vesentleg fleire bueiningar. M.a. heile området aust for industrigata og opp langs Røysbakken, «Moritzmarka», «Mega»-området og nedre del av Storgata er eit potensielt område for fornying og fortetting. «Langeteigen» er og eit område som kan vurderast som muleg sentrums/kombinert formål med høve til fleire bueiningar.



Figur 15 Aktuelle fortettingsområde vist i Utviklingsplanen.

Med auka fortetting og arealutnytting er det viktig at bebruarane i indre sentrumssone vert sikra gode private og felles uteopphaldsareal i tillegg til offentleg grønstruktur som park, torg, plassar m.v. Uppheimsparken, Skjervamarka, Gjølvelva, Elvadalen, Hamna med tilgang til fjorden er dei berande grønstrukturelementa i indre sentrumssone som må vidareutviklast til gode uteopphaldsareal.

Bustadfortetting i midtre sentrumssone

I denne delen av Volda sentrum finn vi pleie- og omsorgsinstitusjonar, barnehagar, barne- og ungdomsskule, vidaregåande skule, høgskule, sjukehus, Tingrett, daglegvarebutikkar, samt anna privat og offentleg tenesteyting. I denne midtre sentrumssona finn vi store etablerte bustadområde med stor grad av einebustader men og områder med meir konsentrert busetnad i form av rekkehus, fleirmannsbustader, terrassebygg og blokk. I Rotsetfjøra, langs Gamlevegen og langs Storgata, Vevendelvegen og Porsemyrvegen finn vi verdifulle bygningsmiljø med eigne retningslinjer for vidare utvikling jf. Bygningsmiljø og estetisk rettleiar.

Midtre sentrumssone ligg i gangavstand frå sentrumskjernen og ein kan ein tak i alle kvardagsfunksjonar utan bruk av bil. Av bustadareal i eksisterande planar er det lite areal som ikkje

allereie er utbygd. I samsvar med mål i Samfunnsdelen og arealstrategiar bør vi legge til rette for høg arealutnytting og fortetting i denne sona. Nye bustader i denne sona vil derfor i hovudsak måtte komme som fortetting. Opp mot 80% av nye bustader bør derfor komme som konsentrerte småhus eller blokk. Berre 20% av nye bustader bør komme som frittliggande småhus og da fortrinnsvis tomannsbustader. Når ein ser på varsla utbyggingsprosjekt der det er starta reguleringsarbeid kan det vere eit potensiale på om lag 200 nye bustader i sona. I tillegg er det rundt 50 daa. med potensielt utbyggingsareal i gjeldande kommunedelplan som ikkje er realisert. Her kan nye bygg ha fleire funksjonar som og bør inkludere bustader. Dersom ein legg opp til større bygg med stor grad av leilegheiter på desse areala vil potensielt sett kunne etablere 100-150 nye bustader. Dersom ein i tillegg gir mulegheit for auka fortetting i etablerte bustadstrøk vil ein samla sett kunne ha eit potensiale på opp mot 400 nye bustader innanfor midtre sentrumssone. Ein stor del av desse inkluderer studentbustader og ulike typar omsorgsbustader. Skal ein dekke behovet for bustad for små hushaldningar i og nær sentrumskjernen bør ein opne opp for meir intensiv arealutnytting og fortetting.

Fortetting kan skje ved påbygg og tilbygg som kan gi fleire bueiningar, ved at store tomter vert delt slik at det vert muleg med oppføring av nye bustadbygg, ved at større bustadbygg vert bygd på areal som ligg unytta og ved å tillate at eksisterande bygg får endra bruk frå t.d. næring til bustad eller i kombinasjon. Det er likevel viktig at fortetting i etablerte bustadstrøk skjer på ein slik måte at ein ivaretek bumiljø, byggeskikk og eigenart i området.

I eksisterande bustadområde med frittliggande småhus skal det derfor framleis hovudsakleg vere frittliggande småhus. Konsentrerte småhus kan berre etablerast i slike område om det inngår i reguleringsplan og det ikkje har særleg negative konsekvensar for bumiljø og eigenarten i eit område. Typiske konsentrerte småhusområde skal framleis hovudsakleg ha slik busetnad og blokk og større leilegheitsbygg kan berre etablerast i samsvar med reguleringsplan, nær kollektivknutepunkt/kollektivtrasé og der det ikkje har særleg negative konsekvensar for bumiljøet i området.

I typiske småhusområde med hovudsakleg einebustader og tomannsbustader bør ein kunne tillate fortetting slik at ein kan oppnå to bueiningar pr. tomt innanfor 30% BYA. Byggehøgda må vere innanfor generelle krav i plan- og bygningslova. Tomter for småhus bør ha ein størrelse på 600-800 m². Slike typiske småhusområde kan og fortettast med fleire bueiningar pr. tomt dersom dette lar seg gjere utan å forringe bumiljø, eller eigenarten i området. Slik fortetting skal derimot berre skje gjennom reguleringsplan for området og %BYA bør ikkje overskride 35% BYA. Gjennom reguleringsplan må det fastsettast minste uteopphaldsareal og krav til leikeareal jf. Leikeplassnormen.

I midtre sentrumssone finn vi og typiske konsentrerte småhusområde med rekkehus og fleirmannsbustader som kan fortettast for å oppnå fleire bueiningar. Fortetting i eksisterande område med konsentrerte småhus og utbygging av slike småhus på udisponert bustadareal bør kunne gjennomførast innanfor ei utnytting av tomta på 40% BYA, dersom bumiljø, byggeskikk og eigenart i området kan ivaretakast på ein god måte. Bueiningar med bruksareal over 40 m² bør ha MUA=100m² og bueiningar med bruksareal under 40 m² bør sikrast MUA=20 m². Krav til leikeareal jf. Leikeplassnorm må oppfyllest i tillegg til MUA.

Fortetting i eksisterande område med konsentrerte småhus og utbygging av område sett av til konsentrert bustadbygging kan gjennomførast innanfor ei utnytting av tomta på 45% BYA gjennom reguleringsplan for området. Gjennom reguleringsplan må det fastsettast minste uteopphaldsareal og krav til leikeareal jf. Leikeplassnormen.

I typiske konsentrerte bustadområde med blokk og større leilegheit-/forretningsbygg bør fortetting og nyoppføring av nye bustadbygg berre gjennomførast med grunnlag i reguleringsplan. Gjennom reguleringsplan må det fastsettast minste uteopphaldsareal og krav til leikeareal jf. Leikeplassnormen. Slike utbyggingsprosjekt bør tilstrebe høg utnyttingsgrad og 3 - 5 etasjar der det etter ei «områdevurdering» ligg til rette for det.

Gjennom grep som skissert her vil ein kunne få realisert opp mot 400 nye bustader av potensialet for vist i oversikt over bustadpotensialet i kommunen.

Bustadfortetting i ytre sentrumssone

Dette er i stor grad ei bustadsone, men der er også barnehagar, forsamlingshus og skular. Denne sona bør framleis hovudsakleg vere eit område med stor grad av einebustader. 40 % av nye bustader i den ytre sentrumssona bør vere frittliggande småhus. Ein stor del av potensialet for ny bustadetablering ligg i denne sona. Her er fleire større areal for bustadbygging som ikkje er realisert. Det er utarbeidd reguleringsplanar for over 300 nye bueiningar. I tillegg til om lag 190 daa. bustadareal sett av i gjeldande kommunedelplan, som vil kunne gi opp mot 150 ny bueiningar om ein tek utgangspunkt i at det bør etablerast større grad av einebustader i denne ytre sentrumssona. Her er til dels utfordrande terreng og køyretilkomst går gjerne gjennom etablerte bustadstrøk. Ny øvre samleveg over Håmyra er under opparbeiding og det er lagt til rette for buss langs denne samlevegen.

Sjølv om det hovudsakeleg er einebustadfelt i denne ytre sentrumssona, så er det ein del område med stor grad av konsentrerte småhus. Konsentrerte småhus bør fortrinnsvis etablerast nær busstrasè. Blokk og større leilegheitsbygg er ikkje ønskjeleg i denne sona.

I typisk frittliggande småhusområde med hovudsakleg einebustader bør ein kunne tillate fortetting slik at ein kan oppnå to bueiningar pr. tomt innanfor 30% BYA. Byggehøgda må vere innanfor generelle krav i plan- og bygningslova eller i samsvar med gjeldande reguleringsplan. Tomter for småhus kan ha ein størrelse på 600-1000 m². Fortetting som medfører etablering av konsentrerte småhus med meir enn 2 bueiningar er ikkje ønskjeleg i frittliggande småhusområde med hovudsaklege einebustader.

Fortetting i eksisterande område med konsentrerte småhus og utbygging av slike småhus på udisponert bustadareal kan gjennomførast innanfor ei utnytting av tomta på 40% BYA dersom bumiljø, byggeskikk og eigenart i området kan ivaretakast på ein god måte. Slik fortetting kan berre gjennomførast med grunnlag i reguleringsplan. Gjennom reguleringsplan må det fastsettast minste uteopphaldsareal og krav til leikeareal jf. Leikeplassnormen.

¹ 65% av 1600 bustader ca 1000 bustader med 0,75 personar.

Utkast pr.: 17.11.2017

Innhold

Bakgrunn og føringar - Senterstruktur og funksjonsfordeling	2
Forslag til framtidig senterstruktur og funksjonsfordeling.....	3
Volda sentrum(Hovudsenter).....	4
Volda sentrum – Indre sentrumssone.....	6
Volda sentrum – midtre sentrumssone	7
Volda sentrum – ytre sentrumssone.....	8
Mork/Furene Knutepunktsenter.....	9
Lokalsenter(bygdesenter)	9
Funksjonsfordeling.....	10
Sentrum med urbane og berekraftige kvalitetar	10
Regionale funksjonar, service, tenesteyting og allmenne formål.....	11
Storhandel og plasskrevjande varer.....	12
Anna næringsaktivitet.....	14
Oppsummering, føresegner og retningslinjer	14

Senterstruktur, sentrumsavgrensing, funksjonsfordeling og fortetting

Bakgrunn og føringar - Senterstruktur og funksjonsfordeling

Senterstruktur og busetnadsmønster i Volda kommune er eit resultat av den historiske utviklinga. Med utgangspunkt i SSB sin definisjon av ein tettstad har det pr. 2016 utvikla seg to tettstadar i kommunen; Mork/Furene og Volda sentrum. Volda sentrum er kommunen sin største tettstad og kommunesenter. Mork/Furene er eit knutepunkt mellom ytre og indre Søre Sunnmøre, som også har vakse fram som eit handelsområde med plasskrevjande varer. Kommunen har elles mange spreidde bygder rundt om i kommunen. Tidlegare hadde dei fleste bygdelag eigen skule, butikk, postkontor m.v. Desse bygdesentra hadde ikkje berre ein tenestefunksjon, men like viktig var rolla som møtestad og identitetsberar.

I **Samfunnsdelen** er det formulert ei rekke strategiar som gir føringar når det gjeld fordeling av "sentrumsfunksjonar" og korleis Volda sentrum skal utviklast. Samfunnsdelen har ikkje formulert presise føringar for kvar dei ulike funksjonane skal lokalisast og dette vert ein del av arbeidet med arealdelen. I planprogrammet vart det fastsett arealstrategiar som legg føringar for **sentrumsutvikling og senterstruktur**:

- Volda sentrum skal prioriterast som regionalt handels-, bu- og næringsssentrum, med urbane kvalitetar der detaljhandel skal lokalisast til sentrumskjernen og institusjonar med krav til uttrykkingstid ikkje vert lokalisert utanfor Volda tettstad.
- Volda sitt særpreg og identitet skal styrkast ved å sikre den eldre trehusbebyggelse og anna særprega arkitektur, ta vare på smug, fjordgløtt og grønne lungar og sikre eit ope sentrum mot fjorden.
- Legge til rette for fortetting og transformasjon i og nær sentrumskjernen, som støttar opp om utvikling av eit sentrum med urbane og berekraftige kvalitetar.

Det er også fastsett arealstrategiar for andre viktige fokusområde som gir føringar for fastsetting av senterstruktur og fordeling av funksjonar mellom desse:

Arealstrategiar for busetting:

- Volda kommune skal ha eit variert bustadtilbod og ledige tomter både i sentrum og i bygdesentra.
- Nye bustadfelt skal lokalisast i tilknytning til eksisterande busetnad, infrastruktur og handels- og tenestetilbod, og planleggast med gode løysingar for kollektivtransport, sykkel og gange.
- Spreidd utbygging skal skje som utfylling eller forlenging av eksisterande busetting i skred- og flaumsikre område, og slik at ein ikkje punkterer samanhengande grøntområde, kjerneområde landbruk, eller restriksjonsområde med omsyn til kulturminne.

Arealstrategiar for offentlege og allmenne formål:

- Offentlege funksjonar med tilhøyrande uteområde skal lokalisast til Volda sentrum.
- Offentlege og allmenne formål utanfor Volda sentrum skal lokalisast til bygdesentra.

- Allmenne formål i Volda sentrum skal lokaliserast i gangavstand frå sentrumskjernen med sikte på å utvikle eit sentrum med urbane kvalitetar.


Arealstrategiar for landbruk og næringsliv

- Legge til rette for bærekraftig utvikling av landbruk, skog- og fjordbruk.
- Stimulere til vidareutvikling av detaljhandel med allsidig tilbod i sentrumskjernen.
- Legge til rette for næringsareal knytt til hovudvegnettet og trasèar for kollektivtransport.

«Forskrift om rikspolitiske bestemmelse om kjøpesenter» og «**Regional delplan for attraktive byar og tettstader**» legg klare føringar for etablering av handel. I den regionale delplanen er det eigen retningslinje om at det utanfor by- og tettstadsentrum ikkje er lov å etablere nye handelsverksemdar som kvar for seg eller samla utgjør eit bruksareal på meir enn 3000 m². Tettstadanalysen for Volda sentrum frå 2007 gir gode råd om utvikling av Volda sentrum, og vil framleis vere rettleiande for den vidare utviklinga av tettstaden.

Forslag til framtidig senterstruktur og funksjonsfordeling

Volda sentrum vil framleis ha funksjon som hovudsenteret i kommunen. Det er foreslått å soneinndele Volda sentrum i «indre sentrumssone», «midtre sentrumssone» og «ytre sentrumssone». Mork/Furene er foreslått å ha funksjon som både lokalsenter og knutepunktsenter med område for handel med plasskrevjande varer. Lauvstad/Dravlaus, Folkestad og Fyrde er foreslått å vidareføre som lokalsenter (bygdesenter). I figuren under er det vist ein illustrasjon av den overordna senterstrukturen. Vidare i dokumentet er det gjort vurderingar av kva funksjonar dei ulike sentra og dei tre sentrumssonene skal ha.



Figur 1 Illustrasjon som viser senterstruktur.

Volda sentrum(Hovudsenter)

Volda sentrum er det mest folketette området i kommunen og det klare hovudsenteret. I samfunnsdelen og i planprogrammet er det vist ein illustrasjon av tettstaden Volda inndelt i tre soner som til dels har ulike funksjoner.



Figur 2 Illustrasjon av soneinndeeling av Volda tettstad i Samfunnsdelen.

Sentrumskjernen er ei indre sone med detalj- og utvalshandel, offentleg og privat tenesteyting og service, forsamlingshus m.v. I den midtre sona(Volda sentrum) finn ein ein pleie- og omsorgsinstitusjonar, barnehagar, barne- og ungdomsskule, vidaregåande skule, høgskule, sjukehus, Tingrett, daglegvarebutikkar, samt anna privat og offentleg tenesteyting. Den ytre sona(Volda tettstad) er dominert av bustader med ein bustader og meir konsentrerte bustadformer med to- og firmannsbustader.

I følgje **forskrift om rikspolitiske bestemmelse om kjøpesenter** er det berre lov med etablering av kjøpesenter(detaljhandel) større enn 3000m² i samsvar med regional delplan.

Regional delplan for attraktive byar og tettstader følgjer opp dette med eigen retningslinje om at det utanfor by- og tettstadsentrum ikkje er lov å etablere nye handelsverksemdar som kvar for seg eller samla utgjør eit bruksareal på meir enn 3000 m². I den regionale delplanen vert det lagt til grunn at sentrumsområdet skal avgrensast i kommuneplan eller reguleringsplan.

I **Regional delplan** er det fastsett følgjande: *Som hovudregel skal all handelsverksemd, så langt som mogeleg, lokaliserast i sentrum. I tilknytning til dagens sentrumsområde kan det avsettast område for framtidig sentrumsutvikling og for handel med plasskrevjande varer. Dersom det ikkje er tilstrekkeleg plass i tilknytning til sentrumsområdet, kan det regulerast eigne handelsområde som ikkje ligg i tilknytning til sentrum. Dei regulerte areala må ha ei utforming og ein storleik som er realistisk og tilpassa dei overordna måla i planen.*

Desse føringane gjer at det må fastsettast kva som skal vere sentrumssone med høve til handel, område med høve til framtidig sentrumsutvikling og eventuelt eige handelsområde for plasskrevjande varer dersom det ikkje er plass for dette i tilknytning til sentrumsområdet.

I arealdelen må vi derfor fastsette ei meir konkret avgrensing av sentrumskjernen og andre aktuelle område for handel med føresegner og retningslinjer for kva funksjonar dei ulike områda skal ha.

I **Samfunnsdelen** er det formulert eit klart mål om at Volda sentrum skal vere midtpunktet i kommunen og eit tydeleg regionsenter med bymessige kvalitetar saman med d Ørsta. Det er også eit mål at Volda sentrum skal vere eit attraktivt og særprega sentrum for handel og aktivitet, der fleire skal bu og opphalde seg.

I Regional delplan for attraktive byar og tettstader er det utarbeidd følgjande prinsipp for avgrensing av sentrumsareal i kommuneplan:

- *For å gjere tettstadene konsentrerte, skal dagens mangfald og konsentrasjon av handels-, service- og kulturtilbod, parkar, torg og andre møteplassar, vere utgangspunkt for avgrensing av sentrum.*
- *Det regulerte sentrumsarealet bør ikkje vere større enn det området kommunen vil opparbeide med sentrumsmessig preg og kvalitet, eventuelt saman med andre aktørar i området.*
- *Det skal vere gangavstand mellom ytterpunkta. Retningsgivande maksimalavstand i dei tre største byane er 800 meter. I dei andre tettstadene bør avstanden vere høvesvis mindre.*
- *Tilgjenge for alle, særleg den delen av befolkninga som har låg mobilitet, må sikrast gjennom planløysingar som er utarbeidd i samarbeid med samferdselsstyresmaktene. Kravet til universell utforming gjeld kollektivtransport, parkering, gang- og sykkelveg, offentlege bygningar og anlegg og andre fysiske tiltak retta mot publikum.*

Det er foreslått å dele Volda tettstad inn i ei indre sentrumssone, midtre sentrumssone og ytre sentrumssone. Grensene mellom dei tre sonene representerer ei skjønsmessig avgrensing og må ikkje forståast som eksakte grenser. Det er i hovudsak tatt utgangspunkt i gateløp og vegar og her kan derfor vere eigedomar som vert delt mellom to soner.



Figur 3 Forslag til soneinndeling av Volda tettstad.

Volda sentrum – Indre sentrumssone

I **Kommunedelplan for Volda sentrum frå 2009** vart det fastsett ei avgrensing av sentrumskjernen, som det kan vere naturleg å vidareføre.



Figur 4 Avgrensing av sentrumssone i KDP Volda sentrum 2009

Sentrumskjernen vart den gang avgrensa mot Smitsgata i vest og Hamna 20 i sør, i nord ved rundkøyringa i Storgata og i aust ved Porse studentbustader og Skjellebreida.

Hauane er eit område som historisk sett høyrer naturleg med i den indre sentrumssona. Dette er eit småhusområde som vaks fram som ein del av sentrumskjernen der ein tidlegare hadde mindre handverksverksemdar. Det er derfor ønskeleg å innlemme dette arealet i avgrensing av den «indre sentrumssona». Indre sentrumssone vil ha slik avgrensing i kommuneplanen sin areal del 2018 – 2030:



Figur 5 Avgrensing av Indre sentrumssone.

Innanfor denne avgrensinga finn vi i dag handels-, service- og kulturtilbod, torg, parkar og plassar. Det er gangavstand mellom ytterpunktta, som ligg i ein avstand på om lag 800 m. Dette samsvarar langt på veg prinsipp i regional delplan, sjølv om avstanden mellom ytterpunktta er noko i overkant av retningsgjevande maksimalavstand.


I samsvar med Samfunnsdelen og arealstrategiane skal sentrum med urbane og berekraftige kvalitetar i tillegg til at det skal leggst til rette for utvikling av eit regionalt handels-, bu og næringssentrum med urbane kvalitetar. Dette må vere utgangspunktet for kva funksjonar ein ønskjer å prioritere i denne sona.

Volda sentrum – midtre sentrumssone

Like utfor sentrumskjernen finn vi ei sone med pleie- og omsorgsinstitusjonar, barnehagar, barne- og ungdomsskule, vidaregåande skule, høgskule, sjukehus, Tingrett, daglegvarebutikkar, samt anna privat og offentleg tenesteyting. Her er både ein bustadområde og område med konsentrerte småhus og blokker.

Området strekk seg frå Klokkarvika og området kring omsorgssenteret i vest, langs Kårstadvegen, Røyslidvegen og Heltnevegen i nord. Avgrensa i aust mot Heltneelva, men slik at idretts- og friluftsområda ved Årneset er med. Øvre og nedre Rotset avgrensa mot småbåthamna.


Området ligg i gangavstand frå sentrumskjernen og i denne sona kan ein nå tak i alle kvardagsfunksjonar utan bruk av bil. Delar av området har busstilbod. I denne midtre sentrumssona er det ein stor del konsentrert busetnad med rom for fortetting i etablerte bustadstrøk og utbygging av udisponert bustadareal. I Området mellom den framtidige Voldatunnelen og Rotsethorntunnelen er det store areal som kan vere egna som suppleringssenter når det gjeld handel.



Figur 6 Midtre sentrumssone.

Volda sentrum – ytre sentrumssone

Ytre sentrumssone er resten av arealet som ligg innanfor Volda tettstad. Dette er i stor grad ei bustadsone, men her er også barnehagar, forsamlingshus og skular.



Figur 7 Ytre sentrumssone

Denne sona bør framleis hovudsakleg vere eit område med stor grad av frittliggande småhus, sjølv om det må vere rom for konsentrerte småhus. Blokk bør vere unntaket i denne sona. Bustadfortetting er eige tema i arbeidsrapport x Bustadbehovsanalyse og prinsipp for bustadfortetting.

Barnehage, skule og forsamlingshus for å stette behovet i bustadområda bør kunne etablerast i ytre sentrumssone.

Mork/Furene Knutepunktsenter

Mork/Furene har utvikla seg til å bli både eit attraktivt bustadområde og eit regionalt viktig område for handel med plasskrevjande varer. I området finn ein i tillegg til skule, barnehage, forsamlingshus, idrettsanlegg og helse- og omsorgsinstitusjonar også detaljhandel med daglegvarer, teneste- og serviceverksemdar i tillegg til meir tradisjonell transport, industri-, verkstad-, bygg-, og anleggverksemd. Området er eit trafikknutepunkt mellom ytre og indre Søre Sunnmøre.

På bakgrunn av fastsett arealstrategi der det er lagt vekt på at Volda sentrum skal utviklast som regionalt handels-, bu- og næringssentrum, med urbane og berekraftige kvalitetar, er det ikkje ønskeleg med auka detaljhandel utover 3000 m² bruttoareal i Furene. Området har i tillegg til detaljhandel fleire handelsverksemdar med plasskrevjande varer. Store delar av næringsarealet er lavt utnytta og det er regulert areal til slikt formål som framleis ikkje er utnytta.

Lokalsenter(bygdesenter)

I kommuneplanen Volda mot år 2000 vart Lauvstad/Dravlaus, Folkestad og Fyrde definert som lokalsenter. Desse skulle då utviklast som servicesenter for omkringliggande bygder, med eit høveleg tilbod av privat og offentleg service. Dette vart også vidareført i kommuneplan 1996-2008. I Samfunnsdelen 2016 – 2028 er det ikkje formulert noko eiga målsetting for utvikling av bygdesentra/lokalsentra anna enn målsetting om å redusere den negative folketalsutviklinga på bygdene.

Sentraliseringstrenden dei seinaste tiåra har gitt nedgang i folketallet på bygdene og med det også eit redusert servicetilbod i lokalsentra. Betra kommunikasjonsløyser mellom lokalsentra og kommunesenteret gir enklare tilgang til tenestetilbodet i kommunesenteret og gjer at behovet for offentleg og privat service og tenesteyting i lokalsentra ikkje er det same. Lokalsentra har likevel ein sterk identitetsberande funksjon og er viktig som møteplass. Saman med målsettinga om å redusere den negative folketalsutviklinga er det viktig å vidareføre prinsippet om lokalsenter. Det er her vi har den best utbygde infrastrukturen og det er her det er naturleg å legge til rette for auka bustadbygging og eventuell etablering av offentleg og privat teneste og servicetilbod. Dette vil og vere heilt i tråd med målsettinga i Samfunnsdelen om redusert klimagassutslepp og fastsett arealstrategi om at nye bustadfelt skal lokaliserast i tilknytning til eksisterande busetnad, infrastruktur og handels- og tenestetilbod, og planleggast med gode løyser for kollektivtransport, sykkel og gange.

Funksjonsfordeling

Fordeling av ulike funksjonar når det gjeld handel, privat og offentlig service, div. næringsaktivitet m.v. heng tett saman med senterstruktur og soneinndeling av Volda tettstad.


Det er ei nasjonal målsetting at areal- og transportplanlegginga skal bidra til god fortetting i sentrumsområde og rundt kollektivknutepunkt. I Volda sentrum ligg kollektivknutepunktet på Moritzmarka midt i sentrumskjernen. I tillegg har vi eit kollektivknutepunkt i Furene. I følge arealstrategiane skal det leggjast til rette for fortetting og transformasjon i og nær sentrumskjernen («indre sentrumssone») og samfunnsdelen har fastsett målsetting om at utslepp frå transportsektoren skal reduserast.

Sentrum med urbane og berekraftige kvalitetar

Ein tettstad med berekraftige kvalitetar er gjerne kompakt med korte avstandar mellom bustad, arbeidsstad, kollektivtrafikk, grøntområde, servicetilbod og fritidstilbod. For å sikre ei slik utvikling i Volda sentrum må vi ha klare føringar på kva funksjonar som skal kunne lokalisast i dei ulike sentrumssonene, i Mork/Furene og dei andre lokalsentra.

I Samfunnsdelen og vidare i arealstrategiane er det fastsett at det er ønskjeleg med eit sentrum med urbane kvalitetar. Dette er gjerne eit sentrum karakterisert som eit tett sentrum med mange funksjonar og eit differensiert tenestetilbod, der det foregår utstrekt samhandel med menneske på tettstaden sine plassar og uterom. Det bør vere naturleg å opphalde seg i det urbane sentrum ved at mange bur i området, eller går og køyrer gjennom sentrum til og frå ofte nytta funksjonar.

For å få til eit sentrum med meir urbane kvalitetar er det i arealstrategiane gitt føringar om at detaljhandel skal lokalisast til sentrumskjernen. Dette er tatt igjen i arealstrategiane for næringsliv der det er gitt føringar om at ein skal stimulere til vidareutvikling av detaljhandel med allsidig tilbod i sentrumskjernen. Handelsanalyse Ørsta-Volda frå 2014 støttar og opp om dette og konkluderte med at auka handel med utvalsvarer bør bli lokalisert til sentrumskjernen. Utvalsvarer omfattar gjerne typiske varer som vert selt på kjøpesenter og i sentrumsområder slik som m.a. klede, sko, hushaldningsapparat og sportsutstyr. Desse varegruppene inngår saman med daglegvarer i omgrepet detaljhandel. Det er derfor viktig å prioritere areal for detaljhandel i den indre sentrumssona og det er like viktig med føresegner som sikrar at vi unngår ei utvikling med større etableringar av detaljhandel utanfor den indre sentrumssona. Strøggatehandel som kjenneteiknast av mindre butikkar og tenesteyting langs ei gate med aktive fasadar og kjøpesenter bør berre kunne etablerast i indre sentrumssone. Kjøpesenter vert gjerne definert som ei felles samling av butikkar, organisert med innvendige handlegater gjerne tilrettelagt for sosiale opplevingar. Illustrasjonen under viser til dels store areal med utviklings- og fortettingspotensiale når det gjeld både handel og andre sentrumsfunksjonar.



For å kunne utvikle eit sentrum med urbane kvalitetar er det og viktig at folk finn det naturleg og attraktivt å ferdist der. I løpet av planperioden vil E39 bli flytta ut av denne sona og gjennomgangstrafikken og mykje av lokaltrafikken vil ikkje nødvendigvis passere den indre sentrumssona på veg til og frå daglege aktivitetar. Det er derfor desto viktigare å sikre at funksjoner som evner å tiltrekke seg folk framleis vert lokalisert i indre sentrumssone. I tillegg er det viktig å sikre gode kommunikasjonsårer mellom verksemdar og aktivitetar i midtre og indre sone. Når ein nyttar eit tilbod i midtre sone må det vere opplevast enkelt og intuitivt å ta seg ned til fots, på sykkel eller køyrande til det «urbane» sentrum i den indre sona. Både Tettstadanalysen frå 2007 og Utviklingsplanen frå 2015 har fleire gode forslag til kvar og korleis dette bør gjennomførast.

Regionale funksjonar, service, tenesteyting og allmenne formål


Volda sentrum har fleire regionale funksjonar som m.a. sjukehus, høgskule, tingrett som ligg i midtre og indre sentrumssone. Med sikte på å utvikle eit sentrum med urbane kvalitetar må etablering av slike funksjonar saman med allmenne formål og private og offentlege funksjonar som ikkje er dupliserbare, fortrinnsvis lokalisert til sentrumskjernen. På denne måten vil ein sikre eit godt grunnlag for å kunne utvikle eit urbant sentrum der folk oppheld seg og møtast. Sentrumskjernen har avgrensa plass for vidareutvikling av plasskrevjande funksjonar når det gjeld både private og offentlege teneste- og servicefunksjonar og arealkrevjande allmennyttige funksjonar som idrettsanlegg m.v. Ved å opne for slike funksjonar i midtre sentrumssone vil ein kunne sikre ei sentrumsnær lokalisering som samtidig vil ligge i gangavstand frå den ytre sentrumssona.

I samsvar med målsettingar i Samfunnsdelen og fleire av arealstrategiane bør det ikkje vere tillate å lokalisere ikkje-dupliserbare offentleg og privat service og tenesteyting eller allmenne funksjonar som idretts- og kulturanlegg utanfor indre og ytre sentrumssone.

Storhandel og plasskrevjande varer

I eit regionalt perspektiv handlar handel gjerne om å ha eit utval som ikkje er representert i alle tettstader, men som kan trekke til seg kundar frå heile regionen. I regional delplan for attraktive byar og tettstader er Volda saman med Ørsta, Ulsteinvik og Fosnavåg definert som delregionsenter som skal fungere som kompletterande handels- og tenestesenter for Søre Sunnmøre. I kommunesenter som er delregionsenter kan handels- og tenestetilbodet dimensjonast ut over 100 % dekning i eigen kommune.

I Furene er det etablert fleire handelsverksemdar med plasskrevjande varegrupper. Plasskrevjande varer er i regional delplan definert som bilar, båtar, landbruksmaskiner, trelast og større byggevarer, møblar, teppe, kvite- og brunevarer samt utsal frå hagesenter og planteskolar. I følgje regional delplan skal denne typen handel etablerast innanfor føremålsavgrensingar som allereie er gitt i gjeldande kommune- eller reguleringsplanar. Utviding bør berre tillatast dersom det ikkje fører til arealkonflikt, og etter at fullt utbyggingspotensiale innanfor føremålsavgrensingane er utnytta. I Furene er det i gjeldande kommunedelplan og reguleringsplan sett av slikt areal der fullt utbyggingspotensiale enno ikkje er utnytta.



I Handelsanalysen vart det konkludert med at det kan vere rom for meir handel med byggevarer, hagesentre og andre plasskrevjande varer, og at dette er bilbasert handel med eit regionalt marknadsområde, som vert anbefalt lokalisert til Furene – Hovdebygda. I same analyse vart det konkludert med at Volda har underdekning av handel med møblar og kvitevarer. For ikkje å trekke meir handel ut frå sentrum bør denne varegruppa lokaliserast til utkanten av sentrum og ikkje i Furene- Hovdebygda.

I følgje regional delplan er det eit krav at det må ligge føre ei konsekvensutgreiing som viser at tiltaket er i samsvar med dei overordna måla i planen og har positiv samfunnseffekt, dersom ein skal

I både midtre sentrumssone og Furene bør handel med plasskrevjande varer organisertast etter handelsparkkonseptet, som typisk er ei samling enkeltbutikker kvar for seg, eller kjeda saman, utan direkte innvendig tilkomst mellom dei enkelte butikkane. Butikkane er vanlegvis enkle bygg med store volum.

Anna næringsaktivitet

Behov for næringsareal er vurdert i arbeidsrapport

Forslag til lokalisering av andre funksjonar skal inn her!

Oppsummering, føresegner og retningslinjer

Stad	Sentertype	Funksjonar
Volda sentrum	Indre sentrumssone (Kommunesenter)	Detaljhandel, utvalshandel og plasskrevjande varer. Alle funksjonar
Volda sentrum	Midtre sentrumssone (Suppleringscenter)	Detaljhandel og utvalshandel totalt samla areal inntil 6 000m ² BRA, plasskrevjande varer. Utvalshandel og plasskrevjande varer med min. 1000m ² BRA. Regional og lokal offentleg og privat tenesteyting. Skule, barnehage,
Volda sentrum	Ytre sentrumssone	Detaljhandel inntil 3000 m ² BRA. Skule, barnehage, lokalt forsamlingshus.
Mork/Furene	Knutepunktsenter	Plasskrevjande varer med min. 1000m ² BRA. Detaljhandel inntil 3000 m ² BRA. Skule, barnehage, lokalt forsamlingshus, omsorgsinstitusjonar/bukollektiv.
Lauvstad/ Dravlaus	Lokalsenter	Detaljhandel inntil 500 m ² BRA. Skule, barnehage, lokalt forsamlingshus, omsorgsinstitusjonar/bukollektiv.
Folkestad	Lokalsenter	Detaljhandel inntil 500 m ² BRA. Skule, barnehage, lokalt forsamlingshus, omsorgsinstitusjonar/bukollektiv.
Fyrde	Lokalsenter	Detaljhandel inntil 500 m ² BRA. Skule, barnehage, lokalt forsamlingshus, omsorgsinstitusjonar/bukollektiv.

Forslag til føresegner

Forslag til retningslinjer

Spørsmål til diskusjon

A. Senterstruktur og funksjonsfordeling:

1. Skal Lauvstad, Dravlaus, Folkestad og Fyrde framleis ha funksjon som lokalsenter?
 - Skal både Lauvstad og Dravlaus ha funksjon som lokalsenter?
 - Kva med Fyrde sin funksjon i lys av kommunesamanslåing?
 - Kva offentlege funksjonar skal ein legge til rette for i lokalsentra, sett også i lys av demografiutvikling, folketalsutvikling og kommunen sin økonomi?
 - Kva andre funksjonar (handel, private tenestar) skal ein opne for i lokalsentra?
2. Synspunkt på inndeling av Volda tettstad i tre soner.
 - Er avgrensing av indre og midtre sentrumssone riktig?
 - Forslag til andre «namn» på sonene?
 - Skulle ein ha hatt ei anna inndeling av den midtre sona?
 - Øvre Rotset som eiga sone?
3. Synspunkt på retningslinjer om handel i Furene vs. Volda sentrum.
 - Skal vi halde på detaljhandel inntil 3000m² og handelsverksemdar med plasskrevjande varer i Furene? (Betyr i praksis nei til meir detaljhandel enn det er i dag som t.d. sko, klede, verktøy, sportsutstyr m.v.)
 - Skal vi legge til rette for detaljhandel inntil 6000m² i handelspark på Øvre Rotset? (Nei til sko, klede m.v. Ja til sportsutstyr, jarnvare, verktøy m.v.)
 - Indre sentrumssone – detaljhandel, strøksgatehandel og kjøpesenter.
4. Synspunkt på lokalisering av anna næringsaktivitet
 - Er det verksemdar vi ikkje ønskjer i indre sentrumssone?
 - Skal ein kunne etablere handel i heile næringsområde i Furene, eller skal delar av området vere for anna type næringsverksemd?
 - Skal vi ha føringar for kva type næringsverksemd vi ynskjer på Øvre Rotset?

B. Bustadbehovsanalyse og prinsipp for bustadfortetting:

1. Synspunkt på konklusjon om bustadbehov.
 - Skal vi legge til rette for 1500–1600 nye bustader i Volda tettstad i planperioden?
 - Skal vi planlegge for 750 nye leilegheiter i planperioden hovudsakleg i indre og midtre sentrumssone?
 - Er det tilstrekkeleg å sikre areal til om lag 200 einebustad/tomannsbustader i Volda tettstad i planperioden?
 - Er det tilstrekkeleg å sikre areal til 60–120 nye bustader i Mork/Furene, eller skal området prioriterast for større auke i folketallet med påfølgjande behov for ny infrastruktur?
2. Synspunkt på konklusjon om å legge til rette for 10–15 nye einebustader på Lauvstad, Dravlaus, Folkestad og Fyrde.
 - Gir dette tilstrekkeleg mulegheiter for busetting i lokalsentra? (Høve til spreidd utbygging kjem i tillegg)
3. Synspunkt på prinsipp for bustadfortetting.
 - Skal vi sette krav om at nye bustader i indre sentrumssone skal vere leilegheiter?

- Skal vi sette krav om at 80% av nye bustader i midtre sentrumssone skal vere i form av konsentrerte småhus eller blokk(leilegheitsbygg)
- Skal vi kunne tillate fortetting i etablerte frittliggande småhusområde som skissert i arbeidsrapporten?
 - Opp til 2 bueiningar på visse vilkår utan reguleringsplan.
 - Fleire bueiningar og høgare utnyttingsgrad på visse vilkår med reguleringsplan.
- Skal vi kunne tillate fortetting i etablerte konsentrerte småhusområde som skissert i arbeidsrapporten?
 - Fleire bueiningar med maks 40 % BYA på visse vilkår utan krav om reguleringsplan.
 - Fleire bueiningar med maks 45 % BYA på visse vilkår med krav om reguleringsplan.

C. Andre synspunkt.



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Kari Mette Sundgot

Arkivsak nr.: 2017/1127

Arkivkode: 151

Utvalsaksnr**Utval****Møtedato**

203/17

Formannskapet

28.11.2017

Kommunestyret

ÅRSBUDSJETT 2018 - ØKONOMIPLAN 2018-2021

Administrasjonen si tilråding:

1. Rådmann sitt framlegg til økonomiplan 2018-2021 og Årsbudsjett 2018 vert vedteke slik det går fram av heftet med følgjande endringar:

-
-
-
-

Dette gir slikt oppsett i skjema 1 a/b og 2 a/b:

SKJEMA 1A DRIFT - VOLDA KOMMUNE - ØKONOMIPLAN 2018-2021/BUDSJETT2018						
	Regnskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Skatt på inntekt og formue	-206 754 873	-200 000 000	-208 400 000	-208 400 000	-208 400 000	-208 400 000
Ordinært rammetilskudd	-260 078 170	-271 711 000	-279 200 000	-279 200 000	-279 200 000	-279 200 000
Sum frie inntekter	-466 833 043	-471 711 000	-487 600 000	-487 600 000	-487 600 000	-487 600 000
Eigedomsskatt	-17 113 341	-17 000 000	-17 500 000	-17 800 000	-18 100 000	-27 850 000
Andre direkteog indirekte skatter	0	-700 000	-700 000	-700 000	-700 000	-700 000
Andre generelle statstilskudd	-35 772 783	-35 439 000	-34 558 300	-34 558 300	-34 558 300	-34 558 300
SUM FRIE DISPONIBLE INNTETER	-519 719 167	-524 850 000	-540 358 300	-540 658 300	-540 958 300	-550 708 300
Renteinntekter	-2 100 000	-2 100 000	-2 100 000	-2 100 000	-2 100 000	-2 100 000
Utbytte Tussa	-4 679 126	-3 500 000	-4 840 000	-4 840 000	-4 840 000	-4 840 000
Avkastning plasseringar	-1 823 469	-1 500 000	-1 500 000	-1 500 000	-1 500 000	-1 500 000
Renteutgifter/finansutgifter	17 928 566	25 395 000	22 670 468	22 958 466	23 303 902	29 902 408
Avdrag på lån	21 475 931	26 574 000	28 656 128	29 555 448	30 424 768	35 294 338
NETTO FINANSINNTEKTER OG UTGIFTER	30 801 902	44 869 000	42 886 596	44 073 914	45 288 670	56 756 746

SKJEMA 1A DRIFT - VOLDA KOMMUNE - ØKONOMIPLAN 2018-2021/BUDSJETT2018						
	Regnskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Dekn av tidl års merforbruk	0	0	0	0	0	0
Til ubundne avsteneringer	37 886 211	0	0	0	0	0
Til bundne avsteneringer	75 039	700 000	700 000	700 000	700 000	700 000
Bruk av tidl års regnsk overskot	-25 397 311	0	0	0	0	0
Bruk av disposisjonsfond	-8 619 883	-18 896 898	-17 896 734	-9 358 123	-8 199 479	-9 017 554
Bruk av bundne avsetninger	0	0	0	0	0	0
NETTO AVSETNINGER	3 944 056	-18 196 898	-17 196 734	-8 658 123	-7 499 479	-8 317 554
Overført til investeringsbudsjettet	5 507	0	0	0	0	0
TIL FORDELING DRIFT	-484 967 702	-498 177 898	-514 668 438	-505 242 509	-503 169 109	-502 269 108
Sum fordelt drift fra skjema 1B	484 967 702	498 177 898	514 668 438	505 242 509	503 169 109	502 269 108
Merforbruk Mindreforbruk	0	0	0	0	0	0

BUDSJETTSKJEMA 1 B VOLDA KOMMUNE ØKONOMIPLAN 2018-2021/BUDSJETT 2018						
Driftsrammer Sektor	Regnskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Utgifter	1 857 184	1 954 071	2 234 642	2 053 582	1 990 182	1 990 182
Inntekter	-205 841	-65 984	-65 984	-65 984	-65 984	-65 984
Rådmann	1 651 343	1 888 087	2 168 658	1 987 598	1 924 198	1 924 198
Utgifter	2 628 911	2 414 780	2 551 249	2 551 249	2 551 249	2 551 249
Inntekter	-1 230 623	-1 031 355	-1 031 355	-1 031 355	-1 031 355	-1 031 355
Samfunn og rådgjeving	1 398 288	1 383 425	1 519 894	1 519 894	1 519 894	1 519 894
Utgifter	25 438 134	18 881 145	20 450 768	19 250 768	19 250 768	19 250 768
Inntekter	-15 029 448	-1 310 850	-1 677 424	-1 677 424	-1 677 424	-1 677 424
Personal og organisasjon	10 408 686	17 570 295	18 773 344	17 573 344	17 573 344	17 573 344
Utgifter	8 296 834	8 030 026	8 198 573	8 198 573	8 198 573	8 198 573
Inntekter	-2 233 094	-1 255 427	-1 773 757	-1 773 757	-1 773 757	-1 773 757
Økonomi	6 063 740	6 774 599	6 424 816	6 424 816	6 424 816	6 424 816
Utgifter	9 409 141	8 837 312	9 767 312	9 767 312	9 767 312	9 767 312
Inntekter	-552 033	-120 000	-300 000	-300 000	-300 000	-300 000
NAV Kommune	8 857 108	8 717 312	9 467 312	9 467 312	9 467 312	9 467 312
Utgifter	255 723 710	251 876 967	257 963 392	257 823 392	257 623 392	257 623 392
Inntekter	-59 057 987	-48 512 408	-49 748 759	-49 748 759	-49 748 759	-49 748 759
Opplæring og oppvekst	196 665 723	203 364 559	208 214 633	208 074 633	207 874 633	207 874 633
Utgifter	251 456 669	243 867 136	244 552 146	244 552 146	244 552 146	244 552 146
Inntekter	-67 008 421	-62 135 142	-57 316 553	-57 316 553	-57 316 553	-57 316 553
Helse og omsorg	184 448 248	181 731 994	187 235 593	187 235 593	187 235 593	187 235 593
Utgifter	16 890 619	13 943 472	13 452 550	13 452 550	16 452 550	16 452 550
Inntekter	-7 326 352	-2 421 329	-2 260 395	-2 260 395	-2 260 395	-2 260 395
Kultur og service	9 564 267	11 522 143	11 192 155	11 192 155	14 192 155	14 192 155
Utgifter	4 287 529	2 266 713	3 037 822	3 037 822	3 037 822	3 037 822
Inntekter	-226 155	0	0	0	0	0
Politisk verksemd	4 061 374	2 266 713	3 037 822	3 037 822	3 037 822	3 037 822
Utgifter	76 646 394	76 981 846	75 441 086	75 141 086	75 141 086	75 141 086
Inntekter	-40 443 027	-42 034 221	-39 217 269	-39 217 269	-39 217 269	-38 217 269
Teknisk	36 203 367	34 947 625	36 223 817	35 923 817	35 923 817	36 923 817

BUDSJETTSKJEMA 1 B VOLDA KOMMUNE ØKONOMIPLAN 2018-2021/BUDSJETT 2018						
Driftsrammer Sektor	Regnskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Utgifter	23 491 370	23 481 755	23 923 469	23 923 469	23 923 469	23 923 469
Inntekter	-23 492 522	-23 481 755	-23 923 469	-23 923 469	-23 923 469	-23 923 469
Sjølvcosttenester	-1 152	0	0	0	0	0
Utgifter	9 868 900	10 182 369	9 990 485	9 990 485	9 990 485	9 990 485
Inntekter	-3 915 012	-3 304 355	-2 984 704	-2 984 704	-2 984 704	-2 984 704
Utvikling	5 953 888	6 878 014	7 005 781	7 005 781	7 005 781	7 005 781
Utgifter	112 188 318	101 593 389	97 754 857	96 349 988	96 039 988	96 039 988
Inntekter	-112 599 242	-101 593 389	-97 754 857	-96 349 988	-96 039 988	-96 039 988
Barneverntenesta (vertsk.)	-410 924	0	0	0	0	0
Utgifter	16 278 978	29 886 218	27 460 143	26 055 274	25 745 274	25 745 274
Inntekter	0	0	0	0	0	0
Barnevern Volda kommune	16 278 978	29 886 218	27 460 143	26 055 274	25 745 274	25 745 274
Utgifter	59 846 086	44 557 944	41 874 750	35 674 750	31 174 750	29 274 750
Inntekter	-56 021 318	-53 311 030	-45 930 280	-45 930 280	-45 930 280	-45 930 280
Fellestenester	3 824 768	-8 753 086	-4 055 530	-10 255 530	-14 755 530	-16 655 530

SKJEMA 2B INVESTERINGAR - VOLDA KOMMUNE - ØKONOMIPLAN 2018-2021/BUDSJETT2018						
Tekst	Regnskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Investeringer i anleggsmidler	186 328 374	443 945 363	186 506 600	81 183 000	103 833 000	44 583 000
Utlån og forskutteringer	4 274 100	5 000 000				
Kjøp av aksjer og andeler	2 058 023					
Avdrag på lån	10 929 199	2 500 000				
Dekning av tidligere års udekket	0					
Avsetninger	2 538 053	3 625 277		800 000		
Årets finansieringsbehov	206 127 749	455 070 640	186 506 600	81 983 000	103 833 000	44 583 000
Bruk av lånemidler	-148 425 404	-375 041 276	-131 019 280	-54 994 400	-64 634 400	-35 716 400
Inntekter fra salg av anleggsmidler	-10 665 035					
Tilskudd til investeringer						
Kompensasjon for merverdiavgift	-29 867 754	-72 909 087	-34 751 320	-16 236 600	-20 766 600	-8 866 600
Mottatte avdrag på utlån og refusjoner	-8 821 895	-2 500 000	-736 000	-1 552 000	-832 000	
Andre inntekter	-522 635					
Sum ekstern finansiering	-198 287 487	-450 450 363	-166 506 600	-72 783 000	-86 233 000	-44 583 000
Overført fra driftsregnskapet	-5 507					
Bruk av tidligere års udisponert	-1 915 816	-3 625 277				
Bruk av avsetninger	-9 528 976	-995 000	-20 000 000	-9 200 000	-17 600 000	
Sum finansiering	-209 737 786	-455 070 640	-186 506 600	-81 983 000	-103 833 000	-44 583 000
Udekket/udisponert	-3 610 037	0	0	0	0	0

BUDSJETTSKJEMA 2 B INVESTERINGSPROSJEKT VOLDA KOMMUNE ØKONOMIPLAN 2018-2021/BUDSJETT 2018				
PROSJEKT	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
IKT INVESTERINGAR				
Kjøp av IKT-utstyr	480 000	480 000	480 000	
Moms-utgift investering med kompensasjon	120 000	120 000	120 000	
Utgifter	600 000	600 000	600 000	
Moms-kompensasjon investering frå 2014	-120 000	-120 000	-120 000	
Bruk av årets opprinnelege låneopptak	-480 000	-480 000	-480 000	
Inntekter	-600 000	-600 000	-600 000	
IKT Volda kommune (EDB-utstyr rådhus)	0	0	0	
Kjøp av IKT-utstyr	1 493 280	600 000	320 000	
Moms-utgift investering med kompensasjon	373 320	150 000	80 000	
Utgifter	1 866 600	750 000	400 000	
Moms-kompensasjon investering frå 2014	-373 320	-150 000	-80 000	
Bruk av årets opprinnelege låneopptak	-1 493 280	-600 000	-320 000	
Inntekter	-1 866 600	-750 000	-400 000	
Interkommunale IKT investeringar	0	0	0	
Kjøp av IKT-utstyr	600 000	600 000	600 000	600 000
Moms-utgift investering med kompensasjon	150 000	150 000	150 000	150 000
Utgifter	750 000	750 000	750 000	750 000
Moms-kompensasjon investering frå 2014	-150 000	-150 000	-150 000	-150 000
Bruk av årets opprinnelege låneopptak	-600 000	-600 000	-600 000	-600 000
Inntekter	-750 000	-750 000	-750 000	-750 000
IKT-satsing oppvekst (khe)	0	0	0	0
Kjøp av IKT-utstyr	2 000 000			
Moms-utgift investering med kompensasjon	500 000			
Utgifter	2 500 000			
Moms-kompensasjon investering frå 2014	-500 000			
Bruk av årets opprinnelege låneopptak	-2 000 000			
Inntekter	-2 500 000			
Nettbrett barnehage og skule	0			
Kjøp av IKT-utstyr	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
Moms-utgift investering med kompensasjon	250 000	250 000	250 000	250 000
Utgifter	1 250 000	1 250 000	1 250 000	1 250 000
Moms-kompensasjon investering frå 2014	-250 000	-250 000	-250 000	-250 000
Bruk av årets opprinnelege låneopptak	-1 000 000	-1 000 000	-1 000 000	-1 000 000
Inntekter	-1 250 000	-1 250 000	-1 250 000	-1 250 000
Investering velferdsteknologi	0	0	0	0
BARNEHAGAR OG GRUNNSKULE				
Nybygg, vedlikehald, byggetenester	800 000			
Moms-utgift investering med kompensasjon	200 000			
Utgifter	1 000 000			
Moms-kompensasjon investering frå 2014	-200 000			
Bruk av årets opprinnelege låneopptak	-800 000			
Inntekter	-1 000 000			
Prosjektering Volda u-skule, opprusting	0			
Nybygg, vedlikehald, byggetenester	640 000	640 000		

BUDSJETTSKJEMA 2 B INVESTERINGSPROSJEKT VOLDA KOMMUNE ØKONOMIPLAN 2018-2021/BUDSJETT 2018				
PROSJEKT	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Moms-utgift investering med kompensasjon	160 000	160 000		
Utgifter	800 000	800 000		
Moms-kompensasjon investering frå 2014	-160 000	-160 000		
Bruk av årets opprinnelege låneopptak	-640 000	-640 000		
Inntekter	-800 000	-800 000		
Leikeplassar (skular/barnehagar)	0	0		
Nybygg, vedlikehald, byggetenester		400 000		
Moms-utgift investering med kompensasjon		100 000		
Utgifter		500 000		
Moms-kompensasjon investering frå 2014		-100 000		
Bruk av årets opprinnelege låneopptak		-400 000		
Inntekter		-500 000		
Prosjektering Ny barnehage sentrum		0		
Nybygg, vedlikehald, byggetenester	400 000			
Moms-utgift investering med kompensasjon	100 000			
Utgifter	500 000			
Moms-kompensasjon investering frå 2014	-100 000			
Bruk av årets opprinnelege låneopptak	-400 000			
Inntekter	-500 000			
Barnehagar avbøtande tiltak	0			
KULTUR OG IDRETT				
Nybygg, vedlikehald, byggetenester		500 000		
Moms-utgift investering med kompensasjon		125 000		
Utgifter		625 000		
Moms-kompensasjon investering frå 2014		-125 000		
Bruk av årets opprinnelege låneopptak		-500 000		
Inntekter		-625 000		
Prosjektering symjehall		0		
Nybygg, vedlikehald, byggetenester		266 400	266 400	266 400
Moms-utgift investering med kompensasjon		66 600	66 600	66 600
Utgifter		333 000	333 000	333 000
Moms-kompensasjon investering frå 2014		-66 600	-66 600	-66 600
Bruk av årets opprinnelege låneopptak		-266 400	-266 400	-266 400
Inntekter		-333 000	-333 000	-333 000
Friluftstiltak m.m. (aaa)		0	0	0
Overføring til andre private (inkl. lag og org.)				250 000
Utgifter				250 000
Bruk av årets opprinnelege låneopptak				-250 000
Inntekter				-250 000
Skatepark (ga)				0
HELSE OG OMSORG				
Nybygg, vedlikehald, byggetenester		400 000	2 800 000	
Moms-utgift investering med kompensasjon		100 000	700 000	
Utgifter		500 000	3 500 000	
Moms-kompensasjon investering frå 2014		-100 000	-700 000	

BUDSJETTSKJEMA 2 B INVESTERINGSPROSJEKT VOLDA KOMMUNE ØKONOMIPLAN 2018-2021/BUDSJETT 2018				
PROSJEKT	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Bruk av årets opprinnelege låneopptak		-400 000	-2 800 000	
Inntekter		-500 000	-3 500 000	
Legesenteret		0	0	
Kjøp av driftsmiddel	1 600 000	0	0	0
Moms-utgift investering med kompensasjon	400 000	0	0	0
Utgifter	2 000 000	0	0	0
Moms-kompensasjon investering frå 2014	-400 000	0	0	0
Bruk av årets opprinnelege låneopptak	-1 600 000	0	0	0
Inntekter	-2 000 000	0	0	0
Omsorgsenteret - Inventar og utstyr	0	0	0	0
Nybygg, vedlikehald, byggetenester	400 000	400 000		
Moms-utgift investering med kompensasjon	100 000	100 000		
Utgifter	500 000	500 000		
Moms-kompensasjon investering frå 2014	-100 000	-100 000		
Bruk av årets opprinnelege låneopptak	-400 000	-400 000		
Inntekter	-500 000	-500 000		
Omsorgsenteret, utskifting av utstyr på kantine	0	0		
Nybygg, vedlikehald, byggetenester	13 600 000	0	0	0
Moms-utgift investering med kompensasjon	3 400 000			
Utgifter	17 000 000			
Moms-kompensasjon investering frå 2014	-3 400 000			
Bruk av årets opprinnelege låneopptak	-13 600 000			
Inntekter	-17 000 000			
Omsorgsbustader (5stk) Doktorhaugen	0			
Nybygg, vedlikehald, byggetenester	1 200 000			
Moms-utgift investering med kompensasjon	300 000			
Utgifter	1 500 000			
Moms-kompensasjon investering frå 2014	-300 000			
Bruk av årets opprinnelege låneopptak	-1 200 000			
Inntekter	-1 500 000			
Naudlysanlegg Omsorgsenteret	0			
Nybygg, vedlikehald, byggetenester		960 000		
Moms-utgift investering med kompensasjon		240 000		
Utgifter		1 200 000		
Moms-kompensasjon investering frå 2014		-240 000		
Bruk av årets opprinnelege låneopptak		-960 000		
Inntekter		-1 200 000		
Omsorgsbustader, erstatning for Mork bustader		0		
Nybygg, vedlikehald, byggetenester	500 000			
Moms-utgift investering med kompensasjon	125 000			
Utgifter	625 000			
Moms-kompensasjon investering frå 2014	-125 000			
Bruk av årets opprinnelege låneopptak	-500 000			
Inntekter	-625 000			
4. etasje omsorgsenteret	0			
Nybygg, vedlikehald, byggetenester	1 440 000	1 440 000		

BUDSJETTSKJEMA 2 B INVESTERINGSPROSJEKT VOLDA KOMMUNE ØKONOMIPLAN 2018-2021/BUDSJETT 2018				
PROSJEKT	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Moms-utgift investering med kompensasjon	360 000	360 000		
Utgifter	1 800 000	1 800 000		
Moms-kompensasjon investering frå 2014	-360 000	-360 000		
Bruk av årets opprinnelege låneopptak	-1 440 000	-1 440 000		
Inntekter	-1 800 000	-1 800 000		
Folkestadtun - oppgradering	0	0		
Nybygg, vedlikehald, byggetenester	800 000			0
Moms-utgift investering med kompensasjon	200 000			0
Utgifter	1 000 000			0
Moms-kompensasjon investering frå 2014	-200 000			0
Bruk av årets opprinnelege låneopptak	-800 000			0
Inntekter	-1 000 000			0
Solskjerming kommunale bygg - omsorg	0			0
Nybygg, vedlikehald, byggetenester		400 000		
Moms-utgift investering med kompensasjon		100 000		
Utgifter		500 000		
Moms-kompensasjon investering frå 2014		-100 000		
Bruk av årets opprinnelege låneopptak		-400 000		
Inntekter		-500 000		
Sansehagen oppgradering av hagen		0		
NÆRINGS- OG BUSTADUTBYGGING				
Nybygg, vedlikehald, byggetenester		1 200 000	12 000 000	
Moms-utgift investering med kompensasjon		300 000	3 000 000	
Utgifter		1 500 000	15 000 000	
Moms-kompensasjon investering frå 2014		-300 000	-3 000 000	
Bruk av ubundne investeringsfond		-1 200 000	-12 000 000	
Inntekter		-1 500 000	-15 000 000	
Bustadfelt Urbakkfoten - Håmyra (aaa)		0	0	
Nybygg, vedlikehald, byggetenester	4 000 000	4 000 000	4 000 000	
Grunnkjøp (m/avgifter og gebyr)	12 000 000	0	0	
Moms-utgift investering med kompensasjon	1 000 000	1 000 000	1 000 000	
Utgifter	17 000 000	5 000 000	5 000 000	
Moms-kompensasjon investering frå 2014	-1 000 000	-1 000 000	-1 000 000	
Bruk av ubundne investeringsfond	-16 000 000	-4 000 000	-4 000 000	
Inntekter	-17 000 000	-5 000 000	-5 000 000	
Næringsområde Øvre Rotset	0	0	0	0
Nybygg, vedlikehald, byggetenester	4 000 000	4 000 000	1 600 000	
Moms-utgift investering med kompensasjon	1 000 000	1 000 000	400 000	
Avsetning til ubundne investeringsfond	0	800 000	0	
Utgifter	5 000 000	5 800 000	2 000 000	
Refusjonar frå staten	0	-800 000	0	
Moms-kompensasjon investering frå 2014	-1 000 000	-1 000 000	-400 000	
Bruk av ubundne investeringsfond	-4 000 000	-4 000 000	-1 600 000	
Inntekter	-5 000 000	-5 800 000	-2 000 000	
Kommunal del sentrumsutvikling	0	0	0	

BUDSJETTSKJEMA 2 B INVESTERINGSPROSJEKT VOLDA KOMMUNE ØKONOMIPLAN 2018-2021/BUDSJETT 2018				
PROSJEKT	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Grunnkjøp (m/avgifter og gebyr)	750 000			
Utgifter	750 000			
Bruk av årets opprinnelege låneoptak	-750 000			
Inntekter	-750 000			
Kjøp Fiskerihavna	0			
SAMFERDSEL				
Nybygg, vedlikehald, byggetenester		1 200 000	6 800 000	
Moms-utgift investering med kompensasjon		300 000	1 700 000	
Utgifter		1 500 000	8 500 000	
Moms-kompensasjon investering frå 2014		-300 000	-1 700 000	
Bruk av årets opprinnelege låneoptak		-1 200 000	-6 800 000	
Inntekter		-1 500 000	-8 500 000	
Opprusting Raudemyrvegen til Samleveg		0	0	
Nybygg, vedlikehald, byggetenester				400 000
Moms-utgift investering med kompensasjon				100 000
Utgifter				500 000
Moms-kompensasjon investering frå 2014				-100 000
Bruk av årets opprinnelege låneoptak				-400 000
Inntekter				-500 000
Opprusting Kleppevegen til Samleveg				0
Nybygg, vedlikehald, byggetenester	1 200 000			
Moms-utgift investering med kompensasjon	300 000			
Utgifter	1 500 000			
Moms-kompensasjon investering frå 2014	-300 000			
Bruk av årets opprinnelege låneoptak	-1 200 000			
Inntekter	-1 500 000			
Sambindingsveg over Håmyra	0			
Nybygg, vedlikehald, byggetenester	1 200 000	4 400 000		
Moms-utgift investering med kompensasjon	300 000	1 100 000		
Utgifter	1 500 000	5 500 000		
Moms-kompensasjon investering frå 2014	-300 000	-1 100 000		
Bruk av årets opprinnelege låneoptak	-1 200 000	-4 400 000		
Inntekter	-1 500 000	-5 500 000		
Samleveg Urbakkfoten	0	0		
Nybygg, vedlikehald, byggetenester	3 200 000	1 600 000		
Moms-utgift investering med kompensasjon	800 000	400 000		
Utgifter	4 000 000	2 000 000		
Moms-kompensasjon investering frå 2014	-800 000	-400 000		
Bruk av årets opprinnelege låneoptak	-3 200 000	-1 600 000		
Inntekter	-4 000 000	-2 000 000		
Opprusting Engesetvegen forbi Omsorgsenteret til Samleveg	0	0		
Nybygg, vedlikehald, byggetenester	1 600 000		1 600 000	
Moms-utgift investering med kompensasjon	400 000		400 000	
Utgifter	2 000 000		2 000 000	
Moms-kompensasjon investering frå 2014	-400 000		-400 000	

BUDSJETTSKJEMA 2 B INVESTERINGSPROSJEKT VOLDA KOMMUNE ØKONOMIPLAN 2018-2021/BUDSJETT 2018				
PROSJEKT	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Bruk av årets opprinnelege låneopptak	-1 600 000		-1 600 000	
Inntekter	-2 000 000		-2 000 000	
Utbetring kommunale vegar (aaa)	0		0	
Nybygg, vedlikehald, byggetenester	9 520 000			
Moms-utgift investering med kompensasjon	2 380 000			
Utgifter	11 900 000			
Moms-kompensasjon investering frå 2014	-2 380 000			
Bruk av årets opprinnelege låneopptak	-9 520 000			
Inntekter	-11 900 000			
Fast dekke kommunale areal/vegar finansiert drift	0			
Nybygg, vedlikehald, byggetenester	2 200 000			
Moms-utgift investering med kompensasjon	550 000			
Utgifter	2 750 000			
Moms-kompensasjon investering frå 2014	-550 000			
Bruk av årets opprinnelege låneopptak	-2 200 000			
Inntekter	-2 750 000			
Utbygging veglys til LED finansiert ved straumsparing	0			
Nybygg, vedlikehald, byggetenester	800 000			
Moms-utgift investering med kompensasjon	200 000			
Utgifter	1 000 000			
Moms-kompensasjon investering frå 2014	-200 000			
Bruk av årets opprinnelege låneopptak	-800 000			
Inntekter	-1 000 000			
Nedgravd avfallsløysing og parkering ved Rådhuset	0			
KOMMUNALE BYGG				
Nybygg, vedlikehald, byggetenester	25 600 000			
Moms-utgift investering med kompensasjon	6 400 000			
Utgifter	32 000 000			
Moms-kompensasjon investering frå 2014	-6 400 000			
Bruk av årets opprinnelege låneopptak	-25 600 000			
Inntekter	-32 000 000			
EPC gjennomføringstiltak	0			
Nybygg, vedlikehald, byggetenester	3 680 000	3 760 000	4 160 000	
Moms-utgift investering med kompensasjon	920 000	940 000	1 040 000	
Utgifter	4 600 000	4 700 000	5 200 000	
Moms-kompensasjon investering frå 2014	-920 000	-940 000	-1 040 000	
Refusjon frå andre (private)	-736 000	-752 000	-832 000	
Bruk av årets opprinnelege låneopptak	-2 944 000	-3 008 000	-3 328 000	
Inntekter	-4 600 000	-4 700 000	-5 200 000	
Oppdgradering kommunale bygg	0	0	0	
Nybygg, vedlikehald, byggetenester		640 000		
Moms-utgift investering med kompensasjon		160 000		
Utgifter		800 000		
Moms-kompensasjon investering frå 2014		-160 000		
Bruk av årets opprinnelege låneopptak		-640 000		

BUDSJETTSKJEMA 2 B INVESTERINGSPROSJEKT VOLDA KOMMUNE ØKONOMIPLAN 2018-2021/BUDSJETT 2018				
PROSJEKT	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Inntekter	-800 000			
Branndepot Straumshamn	0			
Nybygg, vedlikehold, byggetenester	1 200 000			
Moms-utgift investering med kompensasjon	300 000			
Utgifter	1 500 000			
Moms-kompensasjon investering frå 2014	-300 000			
Bruk av årets opprinnelege låneoptak	-1 200 000			
Inntekter	-1 500 000			
Oppgradering Prestegata 33	0			
Nybygg, vedlikehold, byggetenester	584 000			
Moms-utgift investering med kompensasjon	146 000			
Utgifter	730 000			
Moms-kompensasjon investering frå 2014	-146 000			
Bruk av årets opprinnelege låneoptak	-584 000			
Inntekter	-730 000			
Tilbygg Myrtun - strøsandlager for komm.teknisk sektor m.m.	0			
Nybygg, vedlikehold, byggetenester	960 000			
Moms-utgift investering med kompensasjon	240 000			
Utgifter	1 200 000			
Moms-kompensasjon investering frå 2014	-240 000			
Bruk av årets opprinnelege låneoptak	-960 000			
Inntekter	-1 200 000			
Ferdigstilling Brannstasjon etter krav frå Arbeidstilsynet	0			
BRUER OG FLAUMSIKRING				
Nybygg, vedlikehold, byggetenester		640 000	640 000	
Moms-utgift investering med kompensasjon		160 000	160 000	
Utgifter		800 000	800 000	
Moms-kompensasjon investering frå 2014		-160 000	-160 000	
Bruk av årets opprinnelege låneoptak		-640 000	-640 000	
Inntekter		-800 000	-800 000	
Levetidsforlenging for bruer		0	0	
Nybygg, vedlikehold, byggetenester	400 000			
Moms-utgift investering med kompensasjon	100 000			
Utgifter	500 000			
Moms-kompensasjon investering frå 2014	-100 000			
Bruk av årets opprinnelege låneoptak	-400 000			
Inntekter	-500 000			
Full rehabilitering av Skinnvikbrua	0			
Nybygg, vedlikehold, byggetenester	8 000 000	5 600 000		
Moms-utgift investering med kompensasjon	2 000 000	1 400 000		
Utgifter	10 000 000	7 000 000		
Moms-kompensasjon investering frå 2014	-2 000 000	-1 400 000		
Bruk av årets opprinnelege låneoptak	-8 000 000	-5 600 000		
Inntekter	-10 000 000	-7 000 000		
Flomsikring Volda sentrum Melshornsida	0	0		

BUDSJETTSKJEMA 2 B INVESTERINGSPROSJEKT VOLDA KOMMUNE ØKONOMIPLAN 2018-2021/BUDSJETT 2018				
PROSJEKT	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Nybygg, vedlikehold, byggetenester	3 200 000	5 600 000		
Moms-utgift investering med kompensasjon	800 000	1 400 000		
Utgifter	4 000 000	7 000 000		
Moms-kompensasjon investering frå 2014	-800 000	-1 400 000		
Bruk av årets opprinnelege låneopptak	-3 200 000	-5 600 000		
Inntekter	-4 000 000	-7 000 000		
Flomførebygging Heltneelva	0	0		
MASKINER, VERKTØY OG KØYRETØY				
Nybygg, vedlikehold, byggetenester	500 000		400 000	0
Moms-utgift investering med kompensasjon	125 000		100 000	0
Utgifter	625 000		500 000	0
Moms-kompensasjon investering frå 2014	-125 000		-100 000	0
Bruk av årets opprinnelege låneopptak	-500 000		-400 000	0
Inntekter	-625 000		-500 000	0
Maskiner, verktøy og køyretøy til Egedomsdrift	0		0	0
Nybygg, vedlikehold, byggetenester		240 000	120 000	120 000
Moms-utgift investering med kompensasjon		60 000	30 000	30 000
Utgifter		300 000	150 000	150 000
Moms-kompensasjon investering frå 2014		-60 000	-30 000	-30 000
Bruk av årets opprinnelege låneopptak		-240 000	-120 000	-120 000
Inntekter		-300 000	-150 000	-150 000
Maskiner og køyretøy til parkdrift		0	0	0
Nybygg, vedlikehold, byggetenester	2 548 000		600 000	2 000 000
Moms-utgift investering med kompensasjon	637 000		150 000	500 000
Utgifter	3 185 000		750 000	2 500 000
Moms-kompensasjon investering frå 2014	-637 000		-150 000	-500 000
Bruk av årets opprinnelege låneopptak	-2 548 000		-600 000	-2 000 000
Inntekter	-3 185 000		-750 000	-2 500 000
Maskiner og køyretøy til vegdrift	0		0	0
Kjøp av transportmiddel	1 200 000	480 000	480 000	480 000
Moms-utgift investering med kompensasjon	300 000	120 000	120 000	120 000
Utgifter	1 500 000	600 000	600 000	600 000
Moms-kompensasjon investering frå 2014	-300 000	-120 000	-120 000	-120 000
Bruk av årets opprinnelege låneopptak	-1 200 000	-480 000	-480 000	-480 000
Inntekter	-1 500 000	-600 000	-600 000	-600 000
Brann - Beredskapsmateriell og køyretøy	0	0	0	0
SJØLVKOST				
Nybygg, vedlikehold, byggetenester	19 560 000	13 700 000	37 200 000	27 200 000
Moms-utgift investering med kompensasjon	4 890 000	3 425 000	9 300 000	6 800 000
Utgifter	24 450 000	17 125 000	46 500 000	34 000 000
Moms-kompensasjon investering frå 2014	-4 890 000	-3 425 000	-9 300 000	-6 800 000
Bruk av årets opprinnelege låneopptak	-19 560 000	-13 700 000	-37 200 000	-27 200 000
Inntekter	-24 450 000	-17 125 000	-46 500 000	-34 000 000
Avløp samleinvestering	0	0	0	0
Nybygg, vedlikehold, byggetenester	16 700 000	9 800 000	8 000 000	3 000 000

BUDSJETTSKJEMA 2 B INVESTERINGSPROSJEKT VOLDA KOMMUNE ØKONOMIPLAN 2018-2021/BUDSJETT 2018				
PROSJEKT	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Moms-utgift investering med kompensasjon	4 175 000	2 450 000	2 000 000	750 000
Utgifter	20 875 000	12 250 000	10 000 000	3 750 000
Moms-kompensasjon investering frå 2014	-4 175 000	-2 450 000	-2 000 000	-750 000
Bruk av årets opprinnelege låneopptak	-16 700 000	-9 800 000	-8 000 000	-3 000 000
Inntekter	-20 875 000	-12 250 000	-10 000 000	-3 750 000
Vatn samleinvestering	0	0	0	0
Nybygg, vedlikehald, byggetenester	200 000			400 000
Moms-utgift investering med kompensasjon	50 000			100 000
Utgifter	250 000			500 000
Moms-kompensasjon investering frå 2014	-50 000			-100 000
Bruk av årets opprinnelege låneopptak	-200 000			-400 000
Inntekter	-250 000			-500 000
Feiing	0			0

- Budsjettrammer for sektorane i 2018 vert vedtekne slik det går fram av skjema 1b, med bruttorammer for både utgift og inntektssida. Dette inneber at Volda kommune frå år 2018 rapporterer på bruttorammer.
- Budsjettreglementet § 5 Årsbudsjettet – formalkrav og delegasjon vert endra slik det går fram av saksframlegget for å tilpasse seg styring på brutto rammer.
- Volda kommune godkjenner eit låneopptak på kr. 131 019 280.
- Kommunestyret godkjenner låneporteføljen til Volda kommune, jf. oversikt i saka, og alle lån i porteføljen kan vere gjenstand for refinansiering i budsjettåret 2018.
- Kommunestyret vedtek å skrive ut eigedomsskatt på all fast eigedom i heile kommunen i 2018, jf. eigedomsskattelova §2 og §3 bokstav a). Kommunen vel å nytte bustadverdiar (formuesgrunnlag utarbeidd av Skatteetaten) som metode ved taksering av bustadeigedomar. Andre eigedomar vert vedsett ved taksering etter eigedomsskattelova § 8 A-2: Skattesatsen i 2018 vert sett i medhald av eigedomsskattelova §11 og §13 til 2 promille. Ved taksering og utskriving av eigedomsskatt nyttar kommunen tidlegare vedtekne skattevedtekter. Eigedomsskatten skal betalast i to terminar.
- Rådmannen vert bedt om å følgje opp dei strategiske driftsreduksjons- og effektiviseringstiltaka gjennom eigne prosessar og politiske saker for det som krev politisk godkjenning.

Vedleggsliste:

- Årsbudsjett 2018/Økonomiplan 2018-2021, Administrativt framlegg revidert 22.11.2021
- Den norske kyrkja, Budsjett 2018 og økonomiplan 2018-21
- Tilråding til vedtak frå Tenesteutval for oppvekst og kultur
- Tilråding til vedtak frå Tenesteutval helse og omsorg
- Tilråding til vedtak frå Eldrerådet
- Tilråding frå vedtak frå Råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne
- Tilråding frå vedtak frå Forvaltningsutvalet
- Gjeldande budsjettreglement, vedteke i k-sak 056-2009

Uprenta saksvedlegg:

Samandrag av saka:

Saka gjeld fastsetting av økonomiplan for perioden 2018-2021 og årsbudsjettet for 2018 for Volda kommune.

Rådmann har utarbeidd eige framlegg for Økonomiplan 2018-2021/Årsbudsjett 2018. Framlegget vert lagt fram i Tenesteutval for helse og omsorg, Tenesteutval for oppvekst og kultur, Forvaltningsutvalet, Eldrerådet og Råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne. Desse utvala kjem med tilråding til den politiske handsaminga i Formannskap og Kommunestyre. Formannskapet handsamar saka i møte den 21. og 28. november og innstiller til Kommunestyret som gjer endeleg vedtak den 14. desember.

I utleggingsperioden vil truleg andre råd og utval, som t.d arbeidsmiljøutvalet, ungdomsrådet, gi uttale. Vidare vil enkeltpersonar, frivillige organisasjonar, næringsorganisasjonar mv ha høve til å gi uttale.

Etter formannskapsmøte 21. november er det gjort endringar i rådmann sitt framlegg. Det er dette reviderte framlegget som ligg som vedlegg til saka.

Følgjande endringar er gjort:

- Side 6. Tabell som viser oversikt på disposisjonsfond er ny. Tabell i første framlegg hadde ikkje med avsetjing på 22,4 mill kr, overskotet frå 2016. Dom følgje av dette er tekst i etterkant endra.
- Side 9. Tabell årsverk er utvida med ny kolonne som viser endringar i stillingar i framlegg frå rådmann
- Side 67, under Kyrkjeleg Fellesråd er siste avsnitt fjerna då det ikkje er lagt inn 2,5 % vekst.
- Side 82 er tabell over fondsmidlar oppdatert som følgje av endring under punkt 1.

Saksopplysningar/fakta:

I rådmann sitt framlegg til Økonomiplan 2018-2021/Årsbudsjett 2018 ligg informasjon om føresetnad og premisser for administrative prioriteringar for perioden.

I saksframlegget her følgjer nokre tilleggsopplysningar og presiseringar.

Disposisjonsfond

I første framlegg til rådmann vart det lagt fram ein tabell der disposisjonsfondet var tomt i 2021. Tabellen vart utarbeidd med grunnlag i opprinneleg budsjett i 2017. I sak om årsrekneskapen 2016 vart det gjort vedtak om å sette av mindreforbruket i 2016 til

disposisjonsfond, noko som ligg i revidert budsjett. Tabellen er no oppdatert og viser at saldo på disposisjonsfond i 2021 er 19,4 mill kroner:

Saldo 31.12	Regnskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Disposisjonsfond	60 043 333	63 871 417	45 974 683	36 616 560	28 417 081	19 399 527

Rapportering på brutto rammer

Volda kommune går over til rapportering på brutto rammer frå og med 2018. Dette for å fange opp avvik både på inntekts- og utgiftssida. Endringa gjer at gjeldande budsjettreglement §5 må endrast. Forslag til endringar er markert med utheva skrift under (tekst i parantesen er frå gjeldande reglement)

§ 5 Årsbudsjettet - formalkrav og delegasjon

Kommunestyret skal fatte eit vedtak for driftsdelen i årsbudsjettet der dei samla midlane til disposisjon skal fordelast ut på alle rammeområda. Den samla ramma til det einskilde rammeområdet blir fastsett som ei **bruttoløyving** (nettoløyving).

Meirinntekter over kr 100.000,- pr. rammeområde skal disponerast av kommunestyret.

Unntaket er der meirinntekta har ein direktekostnad, som til dømes refundert sjukeløn, øyremerka tilskot, moms-kompensasjon/utgift. Slike inntekter vert delegert til administrasjonssjefen å disponere.

Administrasjonssjefen eller dei han gjev fullmakt, fastset ei detaljert fordeling av løyvinga, vedteke av kommunestyret, ut på dei aktuelle tenestene/aktivitetane innanfor kvart rammeområde. Gjennom året har administrasjonssjefen, eller dei delegerte, fullmakt til disponering av midlar mellom ulike teneste-/aktivitetsområde innanfor eit rammeområde, og omdisponere/flytte midlar innanfor det einskilde teneste-/aktivitetsområdet. Ansvarsområde 80 og 90 er administrasjonssjefen sitt ansvar.

Fullmaktene gjeld ikkje for omdisponering av midlar som vil auke dei samla stillingsressursane (-heimlane) til kommunen, eller eventuelt inndra stillingsheimlar.

Kommunestyret fastset investeringsbudsjettet for år 1 som ein del av årsbudsjettvedtaket sitt. Av vedtaket skal samla investeringsramme klart framgå, og korleis ramma fordelar seg på enkeltprosjekt. Administrasjonssjefen har disponeringsfullmakt til å overføre driftsmidlar til investeringstiltak ved å disponere midlar frå den vedtekne løyvinga for rammeområdet. Fullmakta er avgrensa til 1 mill. kr for einskildprosjekt.

Formannskapet har tilsvarende fullmakt til å overføre driftsmidlar til investeringstiltak utan avgrensing til ei bestemt, øvre beløpsgrense.

I alle tilfelle skal eventuell bruk av slik fullmakt framgå av tertialsrapporteringa slik denne er regulert i § 6.

Kommunen sin låneportefølje

Kommunen si låneportefølje er slik samansett i dag:

Sertifikat				
Lånenummer	Motpart	Hovedstol	Lånerente	Forfall/renteregulering
NO0010788110	DNB Markets	180 136 000	1,290 %	01.03.2018
Fastrente				
Lånenummer	Motpart	Hovedstol	Lånerente	Forfall/renteregulering
20160297	KBN	150 000 000	2,250 %	des.23
20100854	KBN	170 000 000	2,250 %	des.23
		320 000 000		
Lån med flytende rente i KBN				
Lånenummer	Motpart	Hovedstol	Lånerente	Forfall/renteregulering
20100860	KBN	175 725 521	1,400 %	20.12.2017
20100864	KBN	56 563 330	1,400 %	20.12.2017
20100315	KBN	87 683 000	1,400 %	20.12.2017
20100007	KBN	40 000 000	1,400 %	20.12.2017
20100007	KBN	21 525 000	1,400 %	20.12.2017
20120519	KBN	19 370 000	1,400 %	20.12.2017
		400 866 851		
Swap-avtaler				
Lånenummer	Motpart	Hovedstol	Lånerente	Forfall/renteregulering
swap 6	SMN	50 000 000	4,330 %	19.12.2018
Swap 7	DNB	50 000 000	4,470 %	15.12.2021
		100 000 000		
	Totalt	901 002 851		

I framlegget til rådmann ligg der forventningar om ei betre forvaltning av låneporteføljen, der målet er lågare gjennomsnittrente. Som følgje av dette har kommunen i desse dagar ute eit anbod der vi ber forvaltar kome med tilbod på korleis dei vil forvalte porteføljen. Dette inneber at porteføljen i 2018 vil vere gjenstand for refinansiering.

Kommunesamanslåing Volda Hornindal

Prosjektarbeidet med kommunesamanslåinga er no godt i gang med Fellesnemnda som overordna styringsorgan og med eiga styringsgruppe med rådmann i Volda som prosjektleiar.

1. januar i år vart Andebu, Stokke og Sandefjord slått saman til ei kommune. På oppdrag frå KS har Telemarkforskning og Deloitte gjennomført et FoU-prosjekt for å trekke ut erfaringar og lærdom frå prosessen. Rapporten viser at det i prosesser med samanslåingar må forventast ein stor ressursinnsats for å kome i mål med nødvendige prosessar og oppgåver. Dette gjeld tilsette i Volda kommune også. 1. januar 2020 er ikkje lenge til, og for å kome i mål vil det vere nødvendig med stramme fristar og ikkje minst gode prioriteringar på kva som må vere på plass og kva som kan vente til etter samanslåinga. Rådmannen vil derfor åtvare mot mange verbalpunkt om utgreiingar som bind opp ressursar i gamle Volda kommune.

Effektiviserings- og driftsreduksjonstiltak

I framlegget til rådmann er der innarbeid to tiltak som omhandlar effektivisering og driftsreduksjon. Tiltak er ikkje fordelt ut på sektorar, men ligg som ein «samlepott» på fellesområdet i skjema 1b. Hensikta med å ikkje fordele tiltaket ut, er å ha ein oppfølging av innsparingane og sikre politisk informasjon om korleis tiltaka vert sett i gong på dei ulike tenestemråda. Tiltaka vert rapportert på gjennom året i tertialrapportane.

Tiltaka dette gjeld er:

	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Reduksjon i tenestene knytt til flyktningar	-1 000 000	-3 000 000	-4 000 000	-4 000 000
Digitalisering og innovasjon, samordning skule og barnehage	-2 600 000	-6 800 000	-10 300 000	-12 200 000

Tilskot Volda kyrkjelege Fellesråd 2018

Kyrkja er ein sjølvstendig juridisk organisasjon som er ansvarleg for si drift innanfor dei tilskota som vert ytt frå kommunen. Tilskotet er budsjetttert som ei driftsoverføring frå kommunebudsjettet. Det er i framlegget frå rådmann ikkje lagt inn auke i tilskotet frå 2017 til 2018. Inn mot budsjett 2017 vart det lagt inn eit auke i tilskotet knytt til husleige. Dette som ein del av tenesteytinga. På grunn av momshandtering vil det vere meir optimalt å overfør dette som tilskot i 2018. Økonomisk har ikkje dette konsekvens samla for kommunen, men vil kome fram som inntektsauke på eigedom (teknisk sektor) og kostnadsauke på fellesområdet 1b. Vi ber om at dette kjem fram som endring av arbeid i formannskapet. Husleiga utgjer kr. 570 000 pr år.

Sjølv om det ikkje er lagt inn auke i tilskotet inn mot 2018 har Fellesrådet kommt med innspel på behov i komande økonomiplanperiode. Notatet frå Fellesrådet ligg som vedlegg til saka.

Helse og miljøkonsekvensar:

Det vert vist til informasjon i budsjettdokumentet

Økonomiske konsekvensar:

Det vert vist til vedlagt framlegg frå rådmann og informasjon om administrativ prioritering

Rune Sjurgard
Rådmann

Kari Mette Sundgot
Økonomisjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Fylkesmannen
Sektor- og stabsleiarar
Rådmann Hornindal kommune
Revisjonen



VOLDA KOMMUNE

ÅRSBUDSJETT 2018
ØKONOMIPLAN 2018-2021
Administrativt framlegg
Revidert 22.11.2017



Innholdsfortegnelse

FORORD.....	4
1 HOVUDOVERSIKT DRIFTSBUDSJETT.....	5
1.1 Driftstiltak økonomiplan 2018-2021.....	7
2 SEKTORANE OG STABANE	10
2.1 INNLEIING	10
2.2 MÅLKART	11
2.3 BUDSJETTRAMMER	13
2.4 HELSE OG OMSORGSSEKTOREN	16
2.5 KULTUR OG SERVICESEKTOREN.....	28
2.6 OPPLÆRING OG OPPVEKSTSEKTOREN.....	32
2.7 TEKNISK SEKTOR	38
2.8 UTVIKLINGSSEKTOREN	46
2.9 ØKONOMIAVDELINGA	49
2.10 PERSONAL- OG ORGANISASJONSAVDELINGA	53
2.11 BARNEVERNTESTA HAREID, ULSTEIN, VOLDA OG ØRSTA.....	58
2.12 NAV.....	61
2.12 FELLESOMRÅDET	64
3 INVESTERINGAR.....	68
3.1 IKT INVESTERINGAR.....	70
3.2 INVESTERING I BARNEHAGE OG GRUNNSKULE.....	70
3.3 INVESTERINGAR KULTUR OG IDRETT.....	71
3.4 INVESTERINGAR HELSE OG OMSORG	71
3.5 INVESTERINGAR NÆRINGS- OG BUSTADUTBYGGING	72
3.6 INVESTERING I SAMFERDSEL	73
3.7 INVESTERINGAR KOMMUNALE BYGG	73
3.8 INVESTERING I BRUER OG FLAUMSIKRING.....	74
3.9 INVESTERING I MASKINER, VERKTØY OG KØYRETØY	74
3.10 INVESTERINGAR SJØLVKOST (VATN, AVLØP OG FEIING)	75
4 ØKONOMISKE RAMMEVILKÅR.....	76
4.1 FINANSOMRÅDET	78
4.2 FONDSMIDLAR.....	82
4.3 FRIE INNTEKTER.....	84
4.4 GENERELLE STATSTILSKOT	87
4.5 FOLKETALSUTVIKLING	88

4.6	EIGEDOMSSKATT	92
4.7	NÆRINGSUTVIKLING	93
4.8	KOMMUNEREFORMA	97
4.9	KOSTRA tal Volda kommune	98
	VEDLEGG	103
	HOVUDOVERSIKTER	103
	Budsjettskjema 1A.....	103
	Budsjettskjema 1B.....	104
	Budsjettskjema 2A.....	105
	Budsjettskjema 2B.....	105
	Budsjettskjema 4	115
	Budsjettskjema 5	116
	NOTAT FRÅ TEKNISK – VERBAL DEL INVESTERINGAR.....	117

Rådmann sitt framlegg er revidert den 22.11.2017. Endringar som er gjort er:

- Side 6. Tabell som viser oversikt på disposisjonsfond er ny. Tabell i første framlegg hadde ikkje med avsetjing på 22,4 mill kr, overskotet frå 2016. Dom følgje av dette er tekst i etterkant endra.
- Side 9. Tabell årsverk er utvida med ny kolonne som viser endringar i stillingar i framlegg frå rådmann
- Side 67, under Kyrkjeleg Fellesråd er siste avsnitt fjerna då det ikkje er lagt inn 2,5 % vekst.
- Side 82 er tabell over fondsmidlar oppdatert som følgje av endring under punkt 1.

FORORD

Sentral politikk

Vi har hatt fleire tiår med oppbygging av velferdsgode i kommunane som følgje av auka inntekter frå oljefondet. I statsbudsjettet for 2018 er auken i overføring frå oljefondet justert ned til 6 mrd. Frå årtusenskiftet har påslaget gjennomsnittleg vore ca 11 mrd. i året. Perspektivmeldinga frå regjeringa peikar på vekst i pensjons- og demografiutgiftene som dei største utfordringane i tillegg til klima. For å møte desse utfordringane meiner regjeringa at ein må effektivisere og auke produktiviteten i offentleg sektor. Vidare må sysselsettinga aukast for å få fleire i arbeid. Lykkast ein ikkje vil skattane aukast, og offentlege velferdstenester må driftast av private. Finansministeren har uttalt at det må gjerast prioriteringar, og at det kan verte behov for å nedskalere innsatsen på enkeltområde samanlikna med i dag. Volda kommune må ta innover seg den sentrale politikken. Auka effektivitet og produktivitet i åra framover inneber meir teneste for kvar krone. Dette må omsetjast i nye arbeidsmåtar, ny organisering og færre skular og barnehagar. Dette er innarbeidd som tiltak for reduksjon av drifta i budsjettet og økonomiplanen. Dersom ein ikkje vil prioritere eller får til ei slik effektivisering, så vil det vere same mekanismen som skjer i Volda som varsla sentralt. For Volda inneber det auka eigedomsskatt i tillegg til redusert tenestetilbod.

Handlingsrommet

Volda kommune får ein vekst i frie inntekter på kr 15,8 mill frå 2017 til 2018. Utan vedtak om kommunesamanslåing, ville veksten vore om lag 7 millionar lågare. Budsjettforslaget har i hovudsak teke høgde for dei nasjonale satsingane innanfor rusfeltet, førebyggjande tiltak for barn/unge og tidleg innsats. Når vi legg til grunn framskriving av lønsutgifter, pensjon og kapitalutgiftene, så må drifta subsidierast med bruk av driftsfond. Samtidig er det foreslått tiltak for å frigjere midlar til føre attende midlar til driftsfondet i økonomiplanperioden. Det er gjort eit grundig arbeid med grunnlaget for framskriving av drifta, både for å fange opp inntektene og ei kritisk nedjustering av drifta i alle tenestene. Det er derfor ikkje lagt inn auka eigedomsskatt i 2018. Samtidig må det presiserast at eit så stramt driftsbudsjett inneber risiko for ubalanse i driftsåret.

Investeringane

Det er gjort ein ryddejobb for å ta ned investeringsnivået i økonomiplanen. Enda er det i høgste laget, men det er store behov som ein vert nødt til å innarbeide for å ha tilstrekkeleg dekningsgrad og gode tenester. Dei største investeringane er innanfor teknisk infrastruktur, omsorgsbustader, ny sentrumsbarnehage, Volda ungdomsskule, deltaking i idrettshall, symjehall og kino/kultursal. Eigedomsskatten er foreslått auka til 3 promille i 2021 for å finansiere dei større samfunnstiltaka.

Volda kommune fram til 2020

Dei to siste åra i økonomiplanen vil gjelde for den nye kommunen. Ettersom ny kommune må overta drifta frå dei gamle kommunane, må framskrivning med nye tiltak også for desse åra visast.

Endring og prioritering

Vi står overfor store endringsprosessar både med å byggje ny kommune, men også endringsprosessar i dagens Volda for å ta ned drifta og finne nye måtar å arbeide på innanfor ulike felt. Dette må kombinerast med strenge prioriteringar der ein må seie nei for at noko skal prioriterast. Dette krev god dialog i høve til brukarane, gode prosessar på tvers i organisasjonen og mellom politikarane og administrasjonen.

1 HOVUDOVERSIKT DRIFTSBUDSJETT

Utgangspunktet for budsjettarbeidet er budsjettet for 2017. Dette vert framskriven til alle dei fire åra i økonomiplanperioden. Deretter startar endringar i forhold til både inntekts- og utgiftssida. Prosessen i år har hatt fokus på å få til eit meir realistisk budsjett og då meir tilpassa rekneskapen og eksisterande driftsnivå. Dette kjem fram av tala og tiltaka som no vert lagt fram. Arbeidet med å få på plass eit meir realistisk budsjett og dermed eit betre rapporteringsgrunnlag vil halde fram i 2018. Det er viktig å få involvert leiarar ute i einingane meir i rapporteringsarbeidet. Dette krev at det vert sett av nok ressursar i stabseiningane økonomi og personal, slik at vi sikrar god støtte og opplæring til dei som skal involverast.

Framskrive budsjett inneheld bruk av disposisjonsfondet på vel 18,9 mill kr pr år i perioden. Så mykje midlar er ikkje på fondet, så det er behov for å redusere bruken. Større investeringar framover gjer det også nødvendig å sikre at det eksisterar eit disposisjonsfond slik at ein har ein reserve om rentene begynner å stige. Veksten i frie inntekter finansierer lønnsvekst og tiltak som det frå statleg hald er skapt forventningar til. Endringar i talet på flyktningar inn til Noreg gjer at Volda ikkje får busette så mange flyktningar som tidlegare år. Tilskotet vert mindre frå og med 2018 og det er dermed nødvendig å sjå på tenestene vi leverer til denne gruppa og starte ei nedtrapping, slika at utgiftene stemmer meir med dei inntektene som kjem.

Budsjettrammene som no vert lagt fram er stramme. God budsjettkontroll gjennom året er viktig slik at intensjonane som ligg i budsjettet vert gjennomført.

Tabellen under er ein komprimert utgåve av hovudoversikt drift for komande økonomiplanperiode og viser både brutto- og netto driftsresultat:

HOVUDOVERSIKT DRIFT VOLDA KOMMUNE ØKONOMIPLAN 2018-2021/BUDSJETT 2018						
	Regnskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Rammetilskot	-260 078 170	-271 711 000	-279 200 000	-279 200 000	-279 200 000	-279 200 000
Skatt på inntekt og formue	-206 754 873	-200 000 000	-208 400 000	-208 400 000	-208 400 000	-208 400 000
Eigedomsskatt	-17 113 341	-17 000 000	-17 500 000	-17 800 000	-18 100 000	-27 850 000
Andre driftsinntekter	-342 256 745	-289 945 736	-275 717 526	-275 717 526	-275 717 526	-274 717 526
Sum driftsinntekter	-826 203 129	-778 656 736	-780 817 526	-781 117 526	-781 417 526	-790 167 526
Sum driftsutgifter	805 650 311	781 631 287	785 450 508	776 024 579	773 951 179	772 051 179
BRUTTO DRIFTSRESULTAT	-20 552 818	2 974 551	4 632 982	-5 092 947	-7 466 347	-18 116 347
Sum finansinntekter	-8 810 785	-7 150 000	-8 670 000	-8 670 000	-8 670 000	-8 670 000
Sum finansutgifter	39 601 431	52 099 000	51 456 596	52 643 914	53 858 670	65 326 746
Netto finanskostnader	30 790 646	44 949 000	42 786 596	43 973 914	45 188 670	56 656 746
Motpost avskrivninger	-32 673 123	-28 530 000	-28 530 000	-28 530 000	-28 530 000	-28 530 000
NETTO DRIFTSRESULTAT	-22 435 295	19 393 551	18 889 578	10 350 967	9 192 323	10 010 399
Bruk av tidligere års regnskapsmessig mindreforbruk	-25 397 311	0	0	0	0	0
Bruk av disposisjonsfond	-9 519 163	-18 896 898	-17 896 734	-9 358 123	-8 199 479	-9 017 554
Bruk av bundne fond	-14 239 381	-5 874 297	-2 882 201	-2 882 201	-2 882 201	-2 882 201
SUM BRUK AV AVSETNINGER	-49 155 855	-24 771 195	-20 778 935	-12 240 324	-11 081 680	-11 899 755
Overført til investeringsregnskapet	5 507	0	0	0	0	0
Dekning av tidligere års merforbruk	0	0	0	0	0	0
Avsetninger til disposisjonsfond	37 906 211	0	0	0	0	0
Avsetninger til bundne fond	12 189 520	5 377 644	1 889 357	1 889 357	1 889 357	1 889 357
SUM AVSETNINGER	50 101 238	5 377 644	1 889 357	1 889 357	1 889 357	1 889 357
RESULTAT	-21 489 912	0	0	0	0	0

I budsjettforslaget er det lagt opp eit negativt netto driftsresultat på kr 18,9 mill kr i 2018. Vi får dermed ein resultatgrad som er negativ med 2,42 % av driftsinntektene. 2018 er saldert ved bruk av 17,9 mill kr av disposisjonsfondet, ein reduksjon i bruk av fond frå 2017 på om lag 1,0 mill kr. Sjølv om vi i perioden reduserer fondsbruken ser vi at vi på slutten av perioden har redusert driftsfondet med 44,4 mill kroner:

Saldo 31.12	Regnskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Disposisjonsfond	60 043 333	63 871 417	45 974 683	36 616 560	28 417 081	19 399 527

I 2021 aukar vi eigedomsskatten til 3 promille. Samtidig kjem kapitalkostnadar til rehabilitering ungdomsskulen, idrettshallen, symjehall og kino/kultursal.

1.1 Driftstiltak økonomiplan 2018-2021

Følgjande tiltak er lagt inn i rådmannen sit framlegg og er med på å endre driftsrammene frå år 2017 og framover i økonomiplanperioden:

ØKONOMIPLAN 2018-2021 VOLDA KOMMUNE/BUDSJETT 2018				
ENDRINGAR DRIFTSBUDSJETT				
	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Framskrivning av budsjett 2017	0	0	0	0
Sentrale tiltak:				
Auke i Frie inntekter frå statsbudsjett	-15 889 000	-15 889 000	-15 889 000	-15 889 000
Endring eigedomsskatt, auke som følgje av vekst bustadar	-500 000	-1 000 000	-1 500 000	-2 000 000
Endring Eigedomsskatt - nytt lovverk		200 000	400 000	600 000
Auke i eigedomsskatt til 3 promille				-9 450 000
Reduksjon til tilskudd Flyktning inkludert EM	8 261 450	8 261 450	8 261 450	8 261 450
Reduksjon i tenestene knytt til flyktningar	-1 000 000	-3 000 000	-4 000 000	-4 000 000
Endring renter som følgje av nye investeringar	-1 724 532	-1 436 534	-1 091 098	-1 092 592
Endring renter som følgje av betre forvaltning	-1 000 000	-1 000 000	-1 000 000	-1 000 000
Endring avdrag	2 082 128	2 981 448	3 850 768	4 320 338
Auka utbytte Tussa (kr. 10 000 pr aksje)	-1 340 000	-1 340 000	-1 340 000	-1 340 000
Lønnsvekst (inkl lokale fohandlingar 2017 og endring pensjon)	11 126 750	11 126 750	11 126 750	11 126 750
Digitalisering og innovasjon, samordning skule og barnehage	-2 600 000	-6 800 000	-10 300 000	-12 200 000
Kapitalkostnad Ungdomsskule				4 500 000
Kapitalkostnad ny Barnehage i sentrum				0
Kapitalkostnad svømmebasseng				2 500 000
Tilskot og leige Idrettshall			3 000 000	3 000 000
Kapitalkostnad kino og kultursal				4 000 000
Regulering driftsfond	1 000 164	9 538 775	10 697 419	9 879 344
Rådmann og stab:				
Voldskoordinator	63 400	63 400		
Nasjonalt digitaliseringsfond	181 060			
NAV - Auka overføring til Ørsta husleige og fellesutgifter	750 000	750 000	750 000	750 000
Konsekvensjustering Rådmann, Samfunn og rådgjeving	95 836	95 836	95 836	95 836
Konsekvensjusteringar Økonomiavdeling	-433 662	-433 662	-433 662	-433 662
Konsekvensjusteringar Kultur og Service	-488 355	-488 355	-488 355	-488 355
Tilskot VTI Symjegruppe	100 000	100 000	100 000	100 000
Konsekvensjusteringar Politisk verksemd	771 109	771 109	771 109	771 109
Konsekvensjusteringar Lønn og personal	-124 857	-124 857	-124 857	-124 857
Ikkje disponerte løyvingar Fellesområde	-6 780 000	-6 780 000	-6 780 000	-6 780 000

ØKONOMIPLAN 2018-2021 VOLDA KOMMUNE/BUDSJETT 2018				
ENDRINGAR DRIFTSBUDSJETT				
	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Vidareføring prosjekt kommunale kvalifiseringstiltak	1 200 000			
Opplæring og oppvekst				
Konsekvensjusteringar Opplæring og oppvekst	3 303 309	3 303 309	3 303 309	3 303 309
Styrka bemanning PPT	340 000	200 000		
Helse og omsorg				
Konsekvensjusteringar Helse og omsorg	3 018 230	3 018 230	3 018 230	3 018 230
Styrking bemanning innan rus og psykiske helsetenester	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
Teknisk				
Konsekvensjusteringar Teknisk sektor	2 141 532	2 141 532	2 141 532	2 141 532
Sjølvkost, Internkostnader husleige inkl reinhald	-40 000	-40 000	-40 000	-40 000
Reduksjon straum som følge av EPC	-400 000	-800 000	-800 000	-800 000
Redusert budsjett veg om fast dekke på grusareal (investeringstiltak)	-600 000	-500 000	-500 000	-500 000
Auke 50 % fast stilling park (innanfor eige budsjett/fordelt lønn)	0	0	0	0
Reduksjon husleige Åsenbygget				1 000 000
Utvikling				
Konsekvensjustering Utvikling	-38 915	-38 915	-38 915	-38 915
Barnevern:				
Konsekvensjustering Barnevern 244 - Volda sin andel	-2 090 516	-2 090 516	-2 090 516	-2 090 516
Tiltaksstilling barnevern – funksjon 251	610 000	310 000		
Reduksjon kostnad EM Volda	-995 131	-2 100 000	-2 100 000	-2 100 000
ØKONOMIPLAN 2018-2021	0	0	0	0

Alle endringar vert omtala vidare i framlegget.

Årsverksramme

Volda kommune nyttar Agresso som ERP system. Det er viktig at vi hentar ut rapportar automatisk frå systemet. I budsjettframlegget vert det lagt ut heimlar slik dette er definert i systemet pr. i dag. Det krevst ein gjennomgang med kvar enkelt leiar på dei ulike sektorar og ansvarsområde for å kvalitetssikre tala. I kvalitetsikringa ligg å rydde opp i årsverk knytt til vikar/engasjement/fast. Oppryddinga kan medføre endringar i løpet av rapportering 2018.

Tabellen under viser årsverksramma for 2018:

	Årsverk	Årsverk
Sektor	01.01.2018	Auke i framlegg
Rådmann	1	
Samfunn og rådgjeving	2,6	
Personal og organisasjonsstab	20,6	0,2
Økonomistaben	10,3	
Opplæring og oppvekstsektoren	292,5	
Helse- og omsorgssektoren	260,6	1,5
Kultur og servicesektoren	11,9	-0,5
Teknisk sektor	52,59	0,5
Sjølvkosttenester	5	
Utvikling	9	
Barneverntenesta Hareid, Ulstein, Volda og Ørsta	67,1	3
Samla stillingsressursar Volda kommune	733,2	737,9

2 SEKTORANE OG STABANE

Kapittel 2 har omtale av mål, utfordringar og budsjетtrammer.

2.1 INNLEIING

Kommentarane for sektorane er skrивe av sektorsjefane der dei skriv om status, utfordringar og melder inn behov. Rådmannen sitt forslag til nye tiltak framgår i tabell under den økonomiske oppstillinga for 2018 – 2021. Det har vore ein prosess i leiarteamet der ein har hatt overordna og heilskapleg fokus på prioriteringar. Det er lagt opp til ein strategi med tiltak for å redusere drifta ved ein kombinasjon av endring i arbeidsmåtar, digitalisering, planlagt reduksjon i stillingar og samordning av skular og barnehagar i perioden. Effekt som følge av desse tiltaka vert ført attende til driftsfond. I perioden må ein bruke driftsfond for å balansere drifta. I ein slik situasjon må ein ha stram styring og ikkje tillate mange nye tiltak. Det er derfor lagt opp til ei restriktiv linje med tanke på nye stillingar. Det vert stilt krav om at sektorane arbeider med prioritering og prosessar for å nytte eksisterande ressursar til å løyse oppgåvene i åra framover.

Kommunane får store utfordringar med å tilretteleggje digitale tenester for innbyggjarane og samtidig hente ut gevinstar ved nye arbeidsmåtar. Digitaliseringa er brukardrive og kommunane kan ikkje velje om ein vil vere med på denne utviklinga.

Regjeringa utarbeidde nasjonal digitaliseringsstrategi i 2015, jfr Stortingsmeding nr 27 2015 – 2016; Digital Agenda for Norge. Meldinga peikar på 5 hovudprioriteringar:

- *Brukeren i sentrum*
- *IKT er en vesentlig innsatsfaktor for innovasjon og Produktivitet*
- *Styrket digital kompetanse og deltakelse*
- *Effektiv digitalisering av offentlig sektor*
- *Godt personvern og god informasjonssikkerhet*

Desse prioriteringane er følgt opp i Perspektivmeldinga som kom i vår og i Statsbudsjettet for 2018. Det er tydelege signal om å utvikle tenestene med sikte på forenkling og auka tilgjengelegheit. Samtidig er det tydelege signal om at redusert vekst i bruk av oljeinntekter kombinert med aukande pensjons- og demografikostnader må dekkjast ved effektivisering i offentlig sektor og auka sysselsetting. Digitalisering er sett på som eit sentralt virkemiddel for effektivisering og produktivitetsauke.

KS og regjeringa samarbeidet om ei felles finansieringsordning for å gjere kommunane i stand til å møte den digitale utfordringa. Regjeringa går inn med 125 mill kr og føreset at kommunesektoren går inn med det same. KS har løyvd 40 mill. Dei store bykommunane går inn med 35 mill og resten er invitert til å gå inn med kr 20 pr innbyggjar og fylkeskommunane med kr 5 pr innbyggjar. For Volda utgjør dette kr 181 060. Dette vert ei nasjonal satsing for å

få utvikla felles standardar og felles løysingar som kjem heile kommunesektoren til gode. Det er svært viktig at kommunane deltek i denne finansieringsordninga for å få nødvendig utvikling slik at kommunesektoren ikkje heng etter i høve til folk sine behov og forventningar, men også i høve til nødvendige omstillingskrav og statleg digitalisering av tenester som skal samarbeide med dei kommunale. Kommunane på Søre Sunnmøre samarbeider om felles digital strategi.

Kommunen bør utnytte infrastrukturen og bygningsmassen optimalt. Det er så langt ikkje lagt inn midlar til å leige eksterne lokale til ungdomsklubb. Dette må avklarast nærare. Tilbod for uorganisert ungdom er viktig, og det bør gjerast ei grundig vurdering av kva tiltak som vil vere dei rette for å førebyggje og stimulere denne gruppa. Det er ulike syn på om det er rett å bruke ressursar på lokale, eller om ein bør bruke desse ressursane til personale som kan følgje opp ungdomane med ulike oppfølgingstiltak. Det er hittil ikkje gjort ei grundig vurdering av ulike alternativ. Det vert lagt fram eiga sak på dette.

Akuttmedisinforskrifta med krav til legevakt gjeld frå mai 2018. Det vert arbeidd med ei interkommunal løysing som ikkje er endeleg avklart. I alle høve må Volda kommune gjere tiltak for å tilfredsstille minimumskrava i forskrifta til hjelpersonell og kompetanse. Dette må ein kome attende til i eiga sak og budsjettkorrigering.

Interkommunalt samarbeid vert kommentert av leiarane for den respektive vertskommune. Slike samarbeid er krevjande av fleire grunnar. Desse operer i andre styringslinjer og vert ikkje ein del av den tette og heilskaplege planlegginga i kommunen. Rådmennene i samarbeidskommunane treng å samordne budsjettprosessane saman med desse leiarane tidleg for å sikre felles forståing og føringar. Vi ser også at enkeltkommunar har eigne bestillingar og prioriteringar som gjer at vi m.a for barnevernet no kan få ei differensiert ordning der nye arbeidsmåtar som familieterapi berre gjeld dei kommunane som er villig til å leggje inn ressursar til slik tidleg innsats. Vidare ser vi at samarbeidstiltak som på administrativt nivå var avklart tidleg i året ikkje er forankra politisk i alle kommunane og kan risikere å ikkje verte prioritert. Dette gjeld voldskoordinatør der vi har fått 750 000 (50 %) tilskot til ei stilling over 2 år. Eigenandelen er liten på kvar kommune, men kan verte for stor dersom det ikkje vert tilstrekkeleg samarbeid om ein slik ressurs.

2.2 MÅLKART

Malen for mål er bygt opp slik at den er integrert både i budsjett, tertialrapportering og årsrapportering.

Felles målkart for kommunen

Det vert etablert eit felles målkart for kvart av dei 4 fokusområda **omdøme, medarbeidar, tenester og økonomi**. Kommunen brukar verktøyet 10-faktor for arbeidsmiljøundersøking/utvikling. Undersøkinga vart gjennomført i 2017 og skal gjennomførast på nytt hausten 2018.

Alle delar av organisasjonen skal følgje opp med handlingsplanar og tiltak frå undersøkinga i 2017.

Dette er vist under for kommunen samla og vidare for den enkelte sektor:

MÅL 2018 VOLDA KOMMUNE		
OMDØME		
Mål	Resultat	Kommentar
Volda kommune skal ha god beredskap mot aktuelle kriser og uønska hendingar		
Brukarane skal oppleve å vere tilfredse med tenestene.		
MEDARBEIDAR		
Mål	Resultat	Kommentar
Oppgavemotivasjon: motivasjon for selve oppgavene (fagbegrep: indre motivasjon)		
Mestringstro: tiltro til egen jobbkompetanse		
Selvstendighet: opplevd tillit og mulighet til å jobbe selvstendig (fagbegrep: autonomi)		
Bruk av kompetanse: opplevd bruk av egen kompetanse (fagbegrep: kompetansemobilisering)		
Mestringsorientert ledelse: ledelse med vekt på å gjøre medarbeiderne best mulig ut fra sine forutsetninger, slik det oppleves av medarbeiderne		
Rolleklarhet: tydelig kommuniserte forventninger, slik det oppleves av medarbeiderne		
Relevant kompetanseutvikling: opplevd mulighet for utvikling av relevant formal- og realkompetanse		

MÅL 2018 VOLDA KOMMUNE		
Fleksibilitetsvilje: villighet til å være fleksibel på jobb		
Mestringsklima: opplevd kultur for å samarbeide og gjøre hverandre gode		
Nytteorientert motivasjon: ønske om å bidra til andres måloppnåelse (fagbegrep: prososial motivasjon)		
Nærveret skal aukast i høve til 2017		
TENESTER		
Mål	Resultat	Kommentar
Tenesteyting og sakshandsaming i samsvar med lov- og regelverk		
ØKONOMI		
Mål	Resultat	Kommentar
Resultatgrad på 1,75 % (netto driftsresultat i høve til totale inntekter)		

Sektorleirane vert utover det overordna målkartet utfordra på måleindikatorar for den enkelte sektor. Måla skal vere målbare, og ein må skilje mellom mål og aktivitetar/tiltak.

Nokre av måla krev evt innbyggjar-, medarbeidar- og brukarundersøking. Slike undersøkingar vert å avklare i samband med årshjulet og budsjettprosessen.

2.3 BUDSJETTRAMMER

Statsbudsjett for 2018 har følgjande prognose for løns- og prisauke:

	Prosent
Løn	2,80 %
Prisvekst	1,60 %

Lønsutgifter utgjør 2/3 av driftsbudsjettet for kommunesektoren. Det er forventet at lønsutgiftene til kommunesektoren vil øke med 2,8 %. Dette er også innarbeidd i budsjettet til Volda kommune. Lønnsveksten er ikke fordelt ut på sektornivå, men avsett som sentral pott. Når resultat av lønnsforhandlingene er klare vil de bli fordelt ut basert på resultat.

Det er ikke lagt inn kompensasjon for prisauke på varer og tjenester.

Føresetnader for budsjettering av pensjon

Alle tilsette betaler 2 % av løna sin til pensjonsleverandøren. Det resterende vil bli betalt av arbeidsgjevar. Under er det gjort greie for føresetnadene som ligger til grunn ved utrekning av arbeidsgjevar sin andel for 2018.

Lærarane er medlem av statens pensjonskasse. Selskapet opplyser at arbeidsgjevar sin andel er estimert til 13,34 % av pensjonsgrunnlaget i 2018.

Alle andre tilsette i kommunen er medlemmer av KLP. Arbeidsgjevar sin andel er estimert til å være 19,82 % av pensjonsgrunnlaget for sjukepleiarar i 2018. For alle øvrige tilsette er prognosen 18,05 % av pensjonsgrunnlaget.

Arbeidsgjevaravgift på 14,1 % kommer i tillegg.

Tabellen under viser utvikling i budsjetttrammene fra 2016 – 2021 for hver sektor, fordelt på utgift og inntekt (bruttorammer):

BUDSJETTSKJEMA 1 B VOLDA KOMMUNE ØKONOMIPLAN 2018-2021/BUDSJETT 2018						
Sektor	Regnskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Utgifter	1 857 184	1 954 071	2 234 642	2 053 582	1 990 182	1 990 182
Inntekter	-205 841	-65 984	-65 984	-65 984	-65 984	-65 984
Rådmann	1 651 343	1 888 087	2 168 658	1 987 598	1 924 198	1 924 198
Utgifter	2 628 911	2 414 780	2 551 249	2 551 249	2 551 249	2 551 249
Inntekter	-1 230 623	-1 031 355	-1 031 355	-1 031 355	-1 031 355	-1 031 355
Samfunn og rådgjeving	1 398 288	1 383 425	1 519 894	1 519 894	1 519 894	1 519 894
Utgifter	25 438 134	18 881 145	20 450 768	19 250 768	19 250 768	19 250 768
Inntekter	-15 029 448	-1 310 850	-1 677 424	-1 677 424	-1 677 424	-1 677 424
Personal og organisasjon	10 408 686	17 570 295	18 773 344	17 573 344	17 573 344	17 573 344
Utgifter	8 296 834	8 030 026	8 198 573	8 198 573	8 198 573	8 198 573
Inntekter	-2 233 094	-1 255 427	-1 773 757	-1 773 757	-1 773 757	-1 773 757
Økonomi	6 063 740	6 774 599	6 424 816	6 424 816	6 424 816	6 424 816
Utgifter	9 409 141	8 837 312	9 767 312	9 767 312	9 767 312	9 767 312
Inntekter	-552 033	-120 000	-300 000	-300 000	-300 000	-300 000
NAV Kommune	8 857 108	8 717 312	9 467 312	9 467 312	9 467 312	9 467 312
Utgifter	255 723 710	251 876 967	257 963 392	257 823 392	257 623 392	257 623 392
Inntekter	-59 057 987	-48 512 408	-49 748 759	-49 748 759	-49 748 759	-49 748 759
Opplæring og oppvekst	196 665 723	203 364 559	208 214 633	208 074 633	207 874 633	207 874 633
Utgifter	251 456 669	243 867 136	244 552 146	244 552 146	244 552 146	244 552 146
Inntekter	-67 008 421	-62 135 142	-57 316 553	-57 316 553	-57 316 553	-57 316 553
Helse og omsorg	184 448 248	181 731 994	187 235 593	187 235 593	187 235 593	187 235 593
Utgifter	16 890 619	13 943 472	13 452 550	13 452 550	16 452 550	16 452 550
Inntekter	-7 326 352	-2 421 329	-2 260 395	-2 260 395	-2 260 395	-2 260 395
Kultur og service	9 564 267	11 522 143	11 192 155	11 192 155	14 192 155	14 192 155
Utgifter	4 287 529	2 266 713	3 037 822	3 037 822	3 037 822	3 037 822
Inntekter	-226 155	0	0	0	0	0
Politisk verksemd	4 061 374	2 266 713	3 037 822	3 037 822	3 037 822	3 037 822
Utgifter	76 646 394	76 981 846	75 441 086	75 141 086	75 141 086	75 141 086

BUDSJETTSKJEMA 1 B VOLDA KOMMUNE ØKONOMIPLAN 2018-2021/BUDSJETT 2018						
Sektor	Regnskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Inntekter	-40 443 027	-42 034 221	-39 217 269	-39 217 269	-39 217 269	-38 217 269
Teknisk	36 203 367	34 947 625	36 223 817	35 923 817	35 923 817	36 923 817
Utgifter	23 491 370	23 481 755	23 923 469	23 923 469	23 923 469	23 923 469
Inntekter	-23 492 522	-23 481 755	-23 923 469	-23 923 469	-23 923 469	-23 923 469
Sjølvcosttenester	-1 152	0	0	0	0	0
Utgifter	9 868 900	10 182 369	9 990 485	9 990 485	9 990 485	9 990 485
Inntekter	-3 915 012	-3 304 355	-2 984 704	-2 984 704	-2 984 704	-2 984 704
Utvikling	5 953 888	6 878 014	7 005 781	7 005 781	7 005 781	7 005 781
Utgifter	112 188 318	101 593 389	97 754 857	96 349 988	96 039 988	96 039 988
Inntekter	-112 599 242	-101 593 389	-97 754 857	-96 349 988	-96 039 988	-96 039 988
Barneverntenesta (vertsk.)	-410 924	0	0	0	0	0
Utgifter	16 278 978	29 886 218	27 460 143	26 055 274	25 745 274	25 745 274
Inntekter	0	0	0	0	0	0
Barnevern Volda kommune	16 278 978	29 886 218	26 800 571	26 800 571	26 800 571	26 800 571
Utgifter	59 846 086	44 557 944	41 874 750	35 674 750	31 174 750	29 274 750
Inntekter	-56 021 318	-53 311 030	-45 930 280	-45 930 280	-45 930 280	-45 930 280
Fellestenester	3 824 768	-8 753 086	-4 055 530	-10 255 530	-14 755 530	16 655 530


Detaljert informasjon om endring i rammer kjem fram i omtalen under kvar sektor.


2.4 HELSE OG OMSORGSSEKTOREN

Helse og omsorg omfattar førebygging, rehabilitering og legeteneste, sjukeheim, heimeteneste til heimebuande og i omsorgsbustad, tre dagsenter for ulike brukargrupper, rus- og psykisk helseteneste og avlastningstilbod for barn og unge.

Utan unntak opplever dei ulike tenesteområda stor etterspurnad etter tenester. Rekruttering etter viktig fagkompetanse har vore utfordrande siste året, særskildt sjukepleiekompetanse. Erfaring viser at dei store stillingane er sentrale for kvalitet, kompetanse, kulturbæring og kontinuitet. Det er eit felles ynskjemål for tilsette og administrasjon å ha flest mogleg store stillingar. Sjukefråvær verkar inn på alle desse faktorane, då det ofte er vanskar med å få inn vikar med ønska kompetanse og som ikkje har tilsvarende føresetnader til å ivareta dei fire kommunane på lik line med fast tilsette. Sjukefråværet for 2.tertial 2017 er for heile sektoren knapt 11%.


Det har vore gjennomført kartlegging i dei ulike einingane på fordeling heile stillingar, deltidsstillingar og uønska deltid.





Snart seks år etter innføring av Samhandlingsreforma og i kombinasjon med det vi opplever er ein forsmak i auken av talet eldre, merkar ein utfordringane strammar seg til. Korttidsavdelinga har hatt mest fullt belegg gjennom heile 2017 og ein har så langt i år hatt 50 betalingsdøgn til sjukehuset. Ein modell og ei kort forklaring kan illustrere fakta.

Konsekvens av samhandlingsreforma



Dei gule pilene illustrerer dei utskrivningsklare pasientane frå sjukehuset. Dei fleste kjem til Klokkearstova (sjukeheimen), nokre kjem (tilbake) til omsorgsbustad og nokre kan reise direkte heim. I praksis har det skjedd ei forskyving av tyngre omsorgsoppgåver (grøne og

raude piler) som tidlegare låg høgt i pyramiden, som har flytta nedover. Årsaka er at talet langtidsplassar i institusjon vart redusert då Klockarstova rettvist vart omgjort til korttidsavdeling, samt at talet eldre aukar.

Korleis skal kommunen best finne løysingar som sikrar innbyggjarane lovpålagde og gode tenester, utan at ein må fortsette å bygge ut kostbare sjukeheimplassar og døgnbemanna omsorgsbustader?

Som illustrasjonen viser har pyramiden fått utvida grunnmur med eit kvitt felt, det vil seie at fleire oppgåver er tenkt må løysast gjennom heimebaserte tenester. Folk vil bu heime lenge som råd, ein må dimensjonere og tilby kompetente tenester slik at det vert mogleg å bu heime lenger. Ein vesentleg faktor for å lukkast vil vere å få nyttigjort velferdsteknologi. Skal kommunen nyttiggjere seg velferdsteknologi og sette dette i eit system, slik at effektuttaket bidreg til å demme opp for auka behov for tenester, må kommunen bruke ressursar for å etablere og implementere dette. Utan dedikert prosjektleiar vil ein vanskeleg lukkast. I tillegg vil det vere behov for å sette av ressursar til innkjøp av utstyr, som ei stadig meir innovativ leverandørgruppe tilbyr. Her må det gjerast rette val og bruk og dokumentasjon må integrerast i den etablerte tenesta.

Andre sentrale utfordringar er å rekruttere nok og rett kompetanse og å utnytte ressursane optimalt gjennom endringsvilje og god styring/ leiing.

Styrke heimebasert

Overgangen til at ein i større grad må utnytte moderne velferdsteknologi er eit mykje omtala tema i nasjonal samanheng. Helsedirektoratet har vore tydelege overfor kommunane på denne satsinga fleire år. Velferdsteknologi må verte ein integrert del av kommunal helse- og omsorgsteneste. Dette er ei stor og viktig tenesteovergrepande satsing i kommunen der prosjektleiarstilling er avgjerande for å lukkast.

Nattevakta i ambulerande heimeteneste er sårbar. Tre forhold er viktige. For det første vil ei slik satsing på heimebaserte tenester også inkludere behov for auka kompetanse på natt, for i det heile kunne forsvare det heimebaserte tilbodet. Ein må dimensjonere med sjukepleiar på natt. At ein ikkje rår til berre omgjerding av eksisterande stilling, er at etterspurnaden etter tenester vil auke med fleire brukarar og ikkje minst at aleine på natt i voldasamfunnet i seg sjølv er ei påkjenning. Eit fjerde moment er at stadig meir krevjande oppgåver inne i dei døgnbemanna omsorgsbustadane også medfører betydeleg meir uro. Ofte må ein leige inn ekstra nattevakt for å takle dette. Ei styrka ambulerande nattevakt kan vere erstatning for ekstrainnleige i mange høve, inkludert fordelene med å vere mobil.

Førebyggjande arbeid

Satsing på dagtilbod

Tilrår reduksjon av dagpris frå 237 til 160,-. Prisen er samkjørt med dei andre sjustjernekommunane, effekten vonar vi skal vere auka deltaking, då dagtilbodet er eit viktig

tiltak for å forlenge butid heime. Sentralt å bruke tilgjengelege verkemiddel for å utsette behovet for meir omfattande og meir kostbare tenester.

Førebyggjande heimebesøk

Dette fortsetter som før, tilbod om besøk til alle som fyller 80år inneverande år. Råd og tips om det som er viktig, med alt frå kosthald, tilrettelegging, fysisk aktivitet mm.

Folkehelsekoordinator og Frisklivsrettleiar

Dette er ei nykomponert stilling av funksjonar som tidlegare har vore delt på to.

Frisklivsfunksjonen har leie delvis nede knapt to år, så det er flott at denne no får ei muligheit til å supplere det kommunale tilbodet.

Kvardagsrehabilitering

Kommunen har satsa på kvardagsrehabilitering og brukar tverrfaglege ressursar på dette. Denne måten å jobbe på vil vere svært viktig i strategien med å la folk kunne bu heime så lenge som råd. Om intensiv trening med å styrke kvardagsferdigheitar lukkast og ein kan utsette flytting til eit høgare omsorgsnivå nokre månader, har ein oppnådd noko viktig.

Informasjon og brukarmedverknad

Sektoren skal sette fokus på god omdømebygging. Dei gode historiene skal fram og brukarar og pårørande skal oppleve dei blir hørt og tekne på alvor.

Fagdag og vidare satsing på leiarutvikling

Nokre av einingane i sektoren er godt i gang med ordninga ”fagdag”. For dei er det gode tilbakemeldingar på ordninga. Vonleg kjem dei andre einingane i gang med det første, ikkje minst også for behovet er absolutt tilstade. To einingar som ikkje er i gang vil måtte bruke av midlane for vikarinnleige. Det er uråd å få dette som ei stabil ordning utan. Ein ser også at utfordringane som leiar i sektoren er store og at det trengst stødige og tydelege leiarar. Ein må kontinuerleg dyrke godt leiarskap for å nå krav og mål som ligg til sektoren.

Nye bustader på Rotset

Kommunen får ferdigstilt nye bustader på Rotset i vinter. Dei aktuelle bebuarane har budd ulike plassar i kommunen tidlegare, felles er eit behov for oppfølging knytt til buevne og relasjon til omgjevnader. Det vil vere uheldig om kommunen ikkje fyl opp med ressursar knytt til bustaden. Det er også forventa av mange som har kjennskap til dei aktuelle bebuarane at der vert forutsigbart og stadleg tilsyn.

Doktorhaugen

Nye bustader for utviklingshemma skulle først stå ferdig for ca 3 år sidan. Om lag fem årsverk vart stipulert behov for då og skulle verte oppretta i oktober 2015. Av ulike grunnar er bustadane endå ikkje komne, men er stipulert kan stå ferdig til årsskiftet 2018/ 2019. Behovet for dei fem årsverka vil vere uforandra.

Kapasitet på Klokkar er sårbar

Tal plassar må aukast, alternative løysingar er vurdert og landa på at ein vil auke kapasitet ved å opne opp for å gjere om fleire rom til dobbeltrom på Klokkarstova. Dette vil ikkje redusere tal langtidsplassar på sjukeheimen og kan såleis vere ei smidig ordning. Ein må fortløpande

gjere vurderingar på slik løysing og evt. konsekvensane av den. På eit eller anna tidspunkt kan det bli aktuelt å vurdere lokalitetar utover Klokkearstova, då er i tilfelle Kapteinstova aktuell å utvide mot. Dersom rom må takast i bruk frå Kapteinstova, vil det gå ut over talet langtids plassar. Bemanningssituasjonen må vurderast fortløpande, slik som no. Dette inkluderer også legeressursen til sjukeheimen. Plassane ved korttidsavdelinga krev mykje legemerksemd, fleire plassar gir heilt klart auka utfordring, det kan ikkje gå utover dei andre langtids plassane.

Gjennomstrøyminga på Klokkearstova verkar naturlegvis inn på kapasiteten der. Å optimalisere ressursbruk er naudsynt for å nytta kapasiteten godt. Det er små ting som kan hindre utflytting frå Klokkear, eit forsinka hjelpemiddel, vil kunne medføre stopp i utflytting og utløyse betalingsplikt om ein pasient ikkje kan takast inn og vert liggande på sjukehuset.

Helseplattforma

Noreg har ei av verdens aller beste helsetenester. For å nå ambisjonen om høg kvalitet, effektivitet og pasienttryggleik slik [Strategi 2030](#) skildrar det, etablerte Helse Midt-Norge RHF programmet Helseplattformen og inngjekk i løpet av 2016 samarbeidsavtalar med samtlige kommuner i Midt-Noreg. Med dette kan heile helsetenesta bli botne saman i ei felles journalløysing, og ein kan samle all naudsynt helseinformasjon på ein oppdatert stad.

Visjonen er i tråd med det nasjonale målet «Ein innbyggjar - ein journal». Systemet må omfatte heile helsetenesta som pasientar må forholde seg til, anten det er den kommunale omsorga, fastlegar i heimkommunen, lokalsjukehuset eller regionen sitt universitetssykehus.

Innføring av Helseplattforma blir eit omfattande prosjekt i kvart helseføretak og kvar kommune. Tilsette skal få nytt arbeidsverktøy og løysinga vil også føre med seg nye måtar å arbeide på for svært mange. Pasienten vert sett i sentrum og har ein journal i alle sine møter med helsetenesta, uavhengig av organisatorisk eining.

Teneste og utviklingsmål		
➤ Styrke førebyggjande arbeid og utsetje behov for langvarig heildøgns teneste	➤ Ha gode avlastnings- og korttidstilbod for personar i alle aldrar	➤ Ha gode heildøgnsstilbod i små eller individuelle einingar til brukarar med særskilde behov
➤ Utarbeidd gode målmetodar for utnytting av arbeidstida i heimebasert omsorg, der ansikt til ansikt-tid, transporttid og anna tid kan synleggjerast	➤ Styrke leiarane sin kompetanse i leiing, forvaltning og helserett	➤ Til ei kvar tid ta imot uskrivingsklare pasientar

➤ Nytte ØH-plassane i tråd med statleg utrekna måltal for kommunen og integrere nye kommunale ØH-oppdrag i etablert tilbod.	➤ Attraktiv arbeidsplass med styrka arbeidsmiljø og redusert sjukefråver	➤ Effektiv og sikker informasjonsutveksling på alle arbeidsplassar
➤ Betre brukarane sine moglegheiter til å meistre eigen kvardag	➤ Brukarane og pårørande opplever ein tryggare kvardag	➤ Tilrettelagt for smart-husteknologi i alle nye omsorgsbustader
➤ Brukarane har ein aktiv og meningsfull kvardag	➤ Frivillegkoordinatorane har etablert godt nettverk til frivillege lag og organisasjonar	➤ Tilpassa fysiske omgjevnader for personar med demens
➤ Gi gode og individuelt tilpassa tenester til enkeltpersonar med spesielle omsorgsbehov	➤ Gjere velferdsteknologiske løysingar tilgjengelege for flest mogleg av brukarane	➤ Kvardagsrehabilitering skal vere ein integrert del av tenestene

Utfordringar 2018 - 2021

1. Kapasitet på Klokkearstova må utvidast. Ein ser føre seg gradvis utviding av kapasitet ved omgjerung frå enkeltrom til fleire dobbeltrom. Fleire pasientar medfører ytterlegare press på dei tilsette. Planen er at ein gradvis utnyttar fleire rom på Klokkearstova til dobbeltrom så lenge det er praktisk mogleg. Fleire pasientar inn der vil gi eit ytterlegare press på dei tilsette, legeressursen og fysio- og ergoterapiressurs. Ein vil og gjere om eit smitterom (nybygd i 2004, men nytta som langtids plass) til nettopp smittebruk og evt. avlastingsrom. Smitte prøver vi unngå ha inne på Klokkearstova.
2. Nye bustader for dobbeldiagnostiserte står ferdig i februar. Tenesta har jobba hardt med tanke på kor langt eksisterande bemanning kan strekkast og kva ein evt. må få tilført av ressursar for å føre naudsynt tilsyn/ teneste til dei som skal bu i desse bustadane.
3. Styrking av heimebaserte tenester er avgjerande for at eldreomsorga skal kunne møte framtid utfordringane om ein skal unngå å måtte bygge bustader for å takle veksten. Det siste er ikkje berekraftig, å styrke heimebasert teneste inkludert dimensjonering for å implementere og nyttiggjere seg velferdsteknologi, krev omfattande omstilling og endringsevne, både for tilsette og for brukarar. Denne satsinga vil vere grunnlaget for den kommunale strategien for å takle veksten i eldreomsorga som no verkeleg har starta.

4. Det vart sist år oppretta 3,5 årsverk ved avlastinga barn og unge/ barneavlastinga, med forventning om at dette skulle finansierast innanfor ramma til sektoren. Denne bestillinga kjem i tillegg til at sektoren skulle finansiere meirutgifter på over 1 mill for eit nytt BPA tiltak, der brukar gjennom sin rett valgte at kommunen skulle kjøpe desse tenestene av ekstern leverandør. Stillingane i barneavlastinga er lagt inn som heilårsverknad i lønnsbudsjettet (framskrive budsjett frå 2017 til 2018).
5. Ikkje auke kapasitet på tal langtidsplassar er ei stor utfordring.
6. Fastlegane i Volda ber igjen om at ny fastlegeheimel vert etablert. Gjennom almenlegeutvalet til samarbeidsutvalet har det vore meldt behov for å opprette ein ny fastlegeheimel. Legane melder at dei ikkje har kapasitet til å ta imot alle førespurnader om fastlege. Dei melder og om så stor vaktbelastning at situasjonen ikkje kan halde fram slik. Ein manglar kontor til ny legeheimel, men fastlegane er innstilt på at, fram til legesenteret vert ombygd/ utvida, ny fastlege må kunne bruke av ledige legekontor, dvs bytte kontor frå dag til dag. Det kan gjerast då legane har ulike offentlege oppdrag utanfor legekantoret og at dette gir ulike ledige kontor frå dag til dag.
7. Intensjonsavtale i kommunen seier ein skal tilstrebe heile vakter. Heile vakter gir fleire goder. Reint personalpolitisk vil det vere eit godt tiltak, det vil kunne gi lågare sjukefråvær og gi større fleksibilitet i høve aktivitet i avdelinga då ein slepp å komprimere tiltak pga det er då det er tilstrekkeleg bemanning (f.eks. tidspunkt for middagsavvikling).

Økonomiske rammer 2018 – 2021

Sektor	Regnskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Utgifter	251 456 669	243 867 136	244 552 146	244 552 146	244 552 146	244 552 146
Inntekter	-67 008 421	-62 135 142	-57 316 553	-57 316 553	-57 316 553	-57 316 553
Helse og omsorg	184 448 248	181 731 994	187 235 593	187 235 593	187 235 593	187 235 593

Endring i rammer kjem av følgjande tiltak:

	2018	2019
<i>Lokale forhandlingar 2017 - årsverknad 2018</i>	1 485 367	1 485 367
<i>Konsekvensjusteringar Helse og omsorg</i>	3 018 230	3 018 230
<i>Styrking bemanning innan rus og psykiske helsetenester</i>	1 000 000	1 000 000

Under konsekvensjusteringar kjem auke i rammer sett i høve til rekneskapen 2. tertial 2017. Dette er demed ikkje friske midlar til nye tiltak, men ei auke for å tilnærme seg den drifta ein har i sektoren i dag.

Sektoren har meldt inn tiltak som gjeld auke i stillingar. Tiltaka er ikkje innarbeidd i rådmanns sitt forslag. Det er likevel funne rom for å legge inn 1 mill kroner til styrka bemanning innan rus og psykiske helsetenester. Tiltaka som er meldt inn, men ikkje innarbeidd er:

	2018	2019	2020	2021
Auke i sjukepleiar heimetenesta frå 54 % til 75 %	144 797	144 797	144 797	144 797
Bemanning Mylnevegen	2 820 117	3 671 480	3 671 480	3 671 480
Bemanning Doktorhaugen		4 127 056	4 127 056	4 127 056
Etablere sjukepleiar natt heimetenestene	618 587	1 599 936	1 599 936	1 599 936
100 % stilling kreftsjukepleiar	414 862	414 862	414 862	414 862

Årsverk

Ansvar	2018
Hamna dagsenter	13,9
Avlastning born og unge/Barnebustadar	5,9
Helsesjef	1,9
Sjefs-fysioterapeut	2,8
Kommune-ergoterapeut	2,0
Interkommunal nattlegevaktordning	0,3
Legetenesta, kommunal del (frå 2014)	3,1
Legetenesta, privatpraktiserande del (frå 2014)	7,4
Felles kommuneoverlege Volda-Ørsta	1,0
Pleie- og omsorgsleiar	15,0
Hasletunet/Seljetunet	15,5
Piletunet/Kleppetunet	16,7
Ottastova/Karvestova	15,8
Kapteinstova/Klokkarstova	14,5
Dagavdelinga	3,5
Leiar sone 1	23,6
Barstadtun	19,5
Fjordsyn	16,0
Mork bustadar	9,3
Kleppevegen	8,6
Bømarka	8,1
Severinhaugen	18,5
Avlastning Bømarka	1,0
Rus og psykisk helseteneste	10,8
Gnisten dagsenter	3,7
Døgntilbod psykisk helse	11,1
Styrk arbeid	3,0
Kjøkenavdelinga	5,9
Driftsavdelinga	2,3
Helse og omsorg	260,6

Kommentarar frå sektorleiarar på tiltak:

- Helse- og omsorgstenestene er inne i ei svært utfordrande tid. Det er høge forventningar til dei kommunale tenestene, både når det gjeld kapasitet, kompetanse og nytenking. Kompetansebygging er utfordrande fordi det må skje samstundes som ein har ansvar for brukarar som treng teneste. Derfor er det viktig å sette dette i eit system som sikrar målretta kompetansebygging. Ordninga med fagdag må vidareførast.
- Forskyvinga av pasientar som vist i tenestepyramiden, medfører stor arbeidsbelastning. Fjorårets rapport frå Stamina påpeika at mange tilsette opplevde høg arbeidsbelastning. Dette er ikkje endra siste året og ein ser eit urovekkande høgt sjukefråvær spesielt innanfor eldreomsorga.
- Sjukefråveret har auka siste året, spesielt i institusjonstenesta.
- Kortvakter 3 etg. Intensjonsavtale i kommunen seier ein skal tilstrebe heile vakter. Heile vakter gir fleire goder. Reint personalpolitisk vil det vere eit godt tiltak, det vil kunne gi lågare sjukefråvær og det vil gi større fleksibilitet i høve aktivitet i avdelinga då ein slepp å komprimere tiltak pga det er då det er tilstrekkeleg bemanning. Ofte utløyser arbeidsmengda at seinvakter(som er ferdig kl 21.00) må gå overtid for at alle skal kome seg i seng. For heile 3 etg. utgjer dette 1,73 årsverk.
- Grunnbemanninga i 3 etg. ikkje tilstrekkeleg korrigerert i forhold til det faktum at pasientane har behov for meir tenester no enn tilfellet var då grunnbemanninga var lagt i 2004. For å auke opp heile 3 etg til det som vert vurdert som behovet, trengst det 8,64 årsverk.
- Auke av grunnbemanning i 2 etg. på institusjon(demenseininga) med 80% stilling, dvs styrke dagvaktene med 40% og seinvaktene med 40%.
- Utfordringar knytt til nye brukarar som anten flyttar til kommunen eller som flyttar ut av foreldreheimen, og som har behov for vedvarande og omfattande tenester. Til ei viss grad har ein klart å tilpasse tenester utan det store meirforbruket, men dette vert stadig vanskelegare. Siste året har to personar kome til i butenesta for funksjonshemma utan tilføring av ressursar.
- Auka pleietyngde og kompleksitet hjå bebuarane på Fjordsyn. Tre faste tilsette på ei bugruppe er delvis sjukmelde då dei ikkje klarer gå dagvakter på helg, bemanninga er då lågare enn i vekedagane. To tilsette på dei 13 bebuarar er ei krevjande vakt. Har bedt om 30% stilling for å betre situasjonen.
- Fjordsyn melder behov ekstra nattevakt, då nattevakter med ansvar for 30 bebuarar på to etasjer er krevjande. Effekten av at brukarar bur lenger heime før dei kjem inn(også i omsorgsbustad) gjer at dei er langt meir hjelpetrengande når dei kjem inn enn tidlegare. Nattevakta dei ber om utløyser 1,77 årsverk.
- Nedvask av fellesareal i døgnbemanna omsorgsbustader vert salderingspost. Dei er ikkje nedvaska sidan dei vart tekne i bruk. Vanskeleg å prioritere ressursbruk på dette i konkurranse med direkte tenesteyting. Burde vore sett av midlar til dette.
- Tildelingskontoret har vurdert omfanget av sine oppgåver og har meldt behov om å auke ei deltidsstilling frå 65% til 100%. Grunngevinga er stadig auke av saksmengde. Dei tilsette opplever kvardagen stressande og kontoret har i lengre tid hatt utfordringar knytt til høgt sjukefråvær.

- Bemanning til dei planlagde omsorgsbustadane på Doktorhaugen vart eigentleg oppretta i budsjettsaka desember 2015, med oppstart okt. 2016. Bustadane er ikkje bygde, oppstart frå 01.01.19. Midlar tilsvarende for 4,5 årsverk er lagt inn.
- Det er meldt behov for auke av grunnbemanning på Solkroken med ei kortvakt på 5 t kveld dagleg, tilsvarende 65% still. Auka pleietyngde og kompleksitet hos bebuarane på Solkroken, bugruppe som er tilpassa personar med demens. Ein person på kveldsvakt med ansvar for åtte bebuarar er vanskeleg om ein skal bevare ro i avdelinga, og dekke behova på ein forsvarleg måte. I tillegg er samla pleiebehov på heile huset auka, som gjer det veldig sårbart om ein treng å vere to i nokre situasjonar, medan pleiar på Solkroken ikkje kan forlate avdelinga då det raskt oppstår uro om personalet ikkje er til stades.
- Bygging av nye bustader for eldre med særskilde behov. Einskilde med demenssjukdom kan ha det svært vanskeleg og også utvikle åtferd som vert krevjande for omgivnadane. Det er etisk og praktisk utfordrande at desse bur tett innpå andre personar. Medbebuarar føler seg utrygge i eigen heim og uttrykker uro i høve slik situasjon. Andre kan slite med psykisk sjukdom som vert utfordrande når ein bur tett innpå andre. På jamna er det alltid nokon i desse målgruppene, tilbodet kommunen kan tilby er ikkje tilfredstillande for nokon som er involvert. Behovet for slike leilegheiter har vore signalisert over fleire år. I mange år har det vore tankar om at eit slikt bygg som skal dekke desse behova, også må inkludere nok kapasitet til å kompensere for ei eventuell avvikling av Mork bustader, som gjennom mange år kun har fått avbøtande tiltak på renovering/ vedlikehald pga i påvente av anna tilbod.
- Nye arbeidsmåtar og innretning av tenestene med førebygging og tidleg innsats skal gi brukarane høgare livskvalitet ved at dei i større grad kan utvikle det friske og ta i bruk eigne ressursar. Dette skal ikkje gå på akkord med nødvendige hjelpebehov, men rett teneste på rett nivå til rett tid kan utsetje pleiebehov og redusere utgiftsbruken. Volda kommune er i gang med prosessar i denne utviklinga. Helse- og omsorgstenestene må i tida framover kunne ta ut effekt av nye arbeidsmåtar, og må arbeide systematisk målretta i prosess med politikarane og brukarrepresentantar for å lykkast med dette.
- Etablering i Prestegarden, inventar og utstyr. Kontorfasilitetar, må omgjere prosjekt i 4 etg til å bygge ut fleire kontor. Endringane og utviding av funksjonar er ikkje kompensert for.
- Det har siste åra vore kutta i tal offentlege tiltaksplassar , noko som har medført at færre av dei som tidlegare oppfylte NAV sine krav til arbeidsdeltaking i VTA får høve til arbeid der no. Kommunen blir sittande att med ansvar for denne gruppa og har planar om å organisere eit tilbod kalla "Arbeidslaget". "Arbeidslaget" har som målsetting å gje tilpassa arbeid til om lag 20 deltakarar frå 3 einingar i sektoren, rus & psykisk helseteneste, tenesta- og butenesta for funksjonshemma. Målgruppa er primært personar som mottek uførepensjon og/eller er i ei avklaringsfase i høve arbeidsevne. Personane er i alder 20-40 år og pr. i dag 16 aktuelle personar. Ein ser føre seg å drifte «Arbeidslaget» som ein type jobbsentral, lokalisert til Rådhuskantina, der uløyste kommunale vaktmeisteroppgåver, praktisk arbeid i institusjon eller andre deltenester vil utgjere viktig del av arbeidsoppgåvene.

«Arbeidslaget» er tenkt driftast innanfor allereie eksisterande ressursar.

- Nye krav til legevakt vert gjeldande frå 01.05.2018. Prosjektrapport på ei samordna legevaktsteneste for sjustjernekommunane er levert, men endeleg løysing er ikkje landa. Økonomiske konsekvensar for ny ordning er ikkje berekna no, men dette må bakast inn i budsjettet når det er klart.
- Det ligg føre lovforslag om at alle kommunar innan 2020 skal ha psykologstilling knytt til helse- og omsorgstenestene. I kva omfang kravet vil vere og om ei omdefinering av allereie kommunal stilling vil stette nye føringar, er ikkje klargjort.

SATSINGAR 2018 HELSE OG OMSORG		
OMDØME		
SATSINGAR 2018	RESULTAT	KOMMENTAR
Helse- og omsorg skal vere ein attraktiv arbeidsplass med godt arbeidsmiljø og godt omdøme		Målsettinga er at auka fokus på godt omdøme vil medføre god rekruttering av fagkompetanse. Ein positiv omtale om sektoren i media kvar månad.
TENESTER		
SATSINGAR 2018	RESULTAT	KOMMENTAR
Handhaldne terminalar i heimetenesta kopla til fagsystemet Gericar betrar kommunikasjonen og kvaliteten i tenestene, planleggje betre ressursbruken.		Ordning innført tidlegare, men utvida til fleire rus- og psykisk helseteneste.
Tildelingskontoret er forvaltareining i sektor helse og omsorg, rett teneste på rett nivå.		Rett teneste på rett nivå. Ny forskrift om rett til sjukeheims plass eller tilsvarande døgnbemanna omsorgsbustad vedtatt i kommunestyre 26.10.2017. Målsetjing å unngå at nokon står på venteliste lenger enn 14 dagar.
Helse- og omsorg skal ha stabile og gode avlastingstilbod til personar med demens og-/eller andre funksjonsvanskar.		Det blir sett av ei leilegheit til tiltaket på Solkroken. Dette for å legge til rette for forutsigbarheit og tryggleik både for brukarar og pårørande.

SATSINGAR 2018 HELSE OG OMSORG		
Utskrivingsklare pasientar frå sjukehus får kommunalt tilbod i tråd med samarbeidsavtalen, og kommunen skal ikkje betale for liggjedøgn på sjukehus		Kommunen har etablert system og rutiner som sikrar optimal utnytting av tverrfaglege fagressursar knytt til korttidsavdelinga. Tildelingskontoret si rolle og mandat på utnytting av tilgjengelege plassar er godt innarbeidd i sektoren.
Strategi og satsingar for helse- og omsorgstenester komande 10 år er forankra administrativt og politisk.		Prosess med THO skal føre fram til politisk fundamentert strategi.
Brukarutval er etablert og/ eller opne informasjonsmøter på tenestenivå er avholdt x 2 pr. år.		Brukarmedverknad er ein lovfasta rett og gode system på dette er eit virkemiddel for å forbetre og kvalitetssikre tenestene.
MEDARBEIDAR		
SATSINGAR 2018	RESULTAT	KOMMENTAR
Nærvær på 91 %		
ØKONOMI		
SATSINGAR 2018	RESULTAT	KOMMENTAR
Månadleg økonomirapportering med fokus på å halde økonomisk ramme på alle nivå i sektoren.		Rutine i høve månadleg rapportering skal fortsette med enda meir tilpassa opplæring i høve økonomistyring. Einingsleiarane har etablert kunnskap om budsjett og rekneskap og skal etablere og handheve interne rutinar/ system for betre styring av variabel løn.

SATSINGAR 2018 HELSE OG OMSORG

Brukarutval er etablert og/ eller
opne informasjonsmøter på
tenestenivå er avholdt x 2 pr. år.

Brukarmedverknad er ein lovfesta rett
og gode system på dette er eit
virkemiddel for å forbetre og
kvalitetssikre tenestene.

2.5 KULTUR OG SERVICESEKTOREN

Sektoren omfattar servicekontor med politisk sekretariat, arkiv og indre tenester, kino, bibliotek, frivilligsentral og ungdomsklubb. I tillegg har servicekontoret ansvar for sakshandsaming som er lagt i frontlina, som t.d. skjenkesaker.

Tenestene i sektoren har eitt fellestrekk: Dei yter i stor grad publikumsretta tenester, kulturavdelinga ved å gje gode kulturtilbod til innbyggjarane og servicekontoret ved å gje god informasjon om alle dei ulike tenestetilboda kommunen har å by på.

Teneste- og utviklingsmål		
➤ Aktiv informasjon om kommunen sine tenester, tilrettelegging av tenester på skjema og profilering av Volda.	➤ Elektroniske skjema på heimesida og digital kommunikasjon med innbyggjarane skal gi forenkla tenester for brukarane og frigjorte ressursar i administrasjonen.	➤ Aktiv frivillig sektor
➤ Fokus på barn og unge og leggje til rette for positive opplevingar og deltaking innan ulike arenaer og aktivitetar i kommunen.	➤ God fagkompetanse som sikrar god og effektiv sakshandsaming.	➤ Handheve kommunen sin ruspolitikk i tråd med god førebygging og streng oppfølging av brot på alkohollova.

Utfordringar 2018- 2021

- Sektoren har framleis for lite kapasitet til å kunne ta initiativ til kulturtiltak og kulturarrangement, dette har si årsak i fråveret av ei eiga stilling dedikert til kultur (etter at kultursjefstillinga blei inndratt frå januar 2014).
- Ungdomsklubben står ved eit vegskilje: Lokala i 2. etg. på samfunnshuset har vist seg å ikkje vere tenelege, og det er i skrivande stund uavklart om ungdomsklubben skal halde fram med drift som ungdomsklubb eller om ein i staden skal rette større innsats mot ungdomsretta tiltak i samarbeid med andre sektorar i kommunen.
- Frivilligsentralen har ei sentral rolle i å formidle kunnskap om moglege stønadsordningar og medverke til å styrke kompetansen til dei frivillige innan styrearbeid og andre område som kan styrke organisasjonslivet i kommunen.
- Biblioteket satsar vidare på tradisjonelle bibliotek-tenester, men også å vidareutvikle samarbeidet med andre delar av kulturavdelinga: t.d. Lån ein Volding, tilbod om kurs i bruk av PC og nettbrett, arrangement retta mot ungdom og debattkveldar med ulike tema. I 2018 vil ein også legge vekt på etablere samarbeid med biblioteket i Hornindal.

- Kinoen held fram arbeidet med å gje eit godt og variert kinotilbod til innbyggjarane, og er eit viktig lågterskeltilbod i kommunen.
- I tida fram mot samanslåinga, vil vi arbeide tett saman med tilsette i Hornindal for å bygge den nye arkivorganisasjonen, der vi bl.a. vil legge vekt på å utarbeide gode rutinar og styrka opplæring i bruk av sak-/arkivsystemet. Integrasjon mot andre fagsystem er heilt sentralt. Den nye kommunen vil truleg også føre til endringar i organisasjonskartet, noko som betyr at rutinar og sak-/arkivsystem må byggast opp og tilpassast den nye organiseringa.
- Prosessen med å førebu innkjøp/oppgradering av nytt arkivsystem vil truleg starte i 2018 som eit prosjekt gjennom SSIKT. Det vil bli lagt vekt på integrering mot andre fagsystem og å utnytte moglegheita til effektivisering gjennom digitalisering og best mogleg utnytting/bruk av systemet.
- Det er stort etterslep på ordning, listeføring og etikettering av arkivmateriale for perioden 1964 og fram til i dag, jf avvik ved statleg tilsyn i 2014. Etterslepet utgjer om lag 430 hyllemeter, og Statsarkivet vurderer at det er behov for omkring 2,5 årsverk for å ordne og listeføre denne mengda med papirbaserte arkiv. Det er ikkje mogleg å få satt av ressursar til dette arbeidet i den daglege drifta til sektoren. Det er ønskeleg at Volda kommune fekk ordna og listeført dette store etterslepet snarast råd, særleg med tanke på den føreståande kommunesamanslåinga med Hornindal.
- 25. mai 2018 blir EU sine nye personvernreglar gjort gjeldande. Krava til handsaming av avvik, varsling av berørte og kontinuerleg arbeid med informasjonssikkerheita vil bli skjerpa i det nye regelverket. Dette vil krevje gjennomgang og tilpassing av dei eksisterande rutinane og opplæring av/informasjon til dei tilsette om det nye regelverket.
- Innan utgangen av 2017 har Volda kommune tatt i bruk ei ny intranettside, intranettsida er utvikla i samarbeid med dei andre kommunane på søre Sunnmøre. Målsettinga er at flest mogleg av dei tilsette skal få tilgong til denne sida og at viktig intern kommunal informasjon blir lett tilgjengeleg for dei tilsette. Servicekontoret vil også bistå med å vidareutvikle internettsida i samarbeid med dei andre kommunane på Søre Sunnmøre.

Økonomiske rammer 2018- 2021

Sektor	Regnskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Utgifter	16 890 619	13 943 472	13 452 550	13 452 550	16 452 550	16 452 550
Inntekter	-7 326 352	-2 421 329	-2 260 395	-2 260 395	-2 260 395	-2 260 395
Kultur og service	9 564 267	11 522 143	11 192 155	11 192 155	14 192 155	14 192 155
Utgifter	4 287 529	2 266 713	3 037 822	3 037 822	3 037 822	3 037 822
Inntekter	-226 155	0	0	0	0	0
Politisk verksemd	4 061 374	2 266 713	3 037 822	3 037 822	3 037 822	3 037 822

Endring i rammer kjem av følgjande tiltak:

	2018	2019	2020	2021
Lokale forhandlingar 2017 - årsverknad 2018	58 367	58 367	58 367	58 367
Konsekvensjusteringar Kultur og Service	-488 355	-488 355	-488 355	-488 355
Konsekvensjusteringar Politisk verksemd	771 109	771 109	771 109	771 109
Tilskot og leige Idrettshall			3 000 000	3 000 000

Under konsekvensjusteringar er der reduksjon i stilling på bibliotek, som må sjåast i samanheng med redusert tilskot asylmottak/flyktning.

ÅRSVERK	ÅR 2018
Sektor for kultur og service	12.20

SATSINGAR 2018 KULTUR OG SERVICE		
OMDØMME		
SATSINGAR 2018	RESULTAT	KOMMENTAR
Aktiv informasjon om kommunen sine tenester, tilrettelegging av tenester på skjema og profilering av Volda.		Gjennomsnittleg antal nyhendeoppslag pr veke på Facebook, Twitter og web. God og oppdatert informasjon til tilsette via intranett
Auke antal journalførte dokument i sak/arkivsystemet pr år		Intensivere opplæring av tilsette i sak-/arkivsystemet, forbetre rutinene, og gjere best mogleg bruk av dei ulike funksjonane i systemet. Betre opplæring og større bevisstheit rundt kva som skal journalførast og regelverket knytt til dette.
Ingen negativ omtale av sektoren i media.		
MEDARBEIDAR		
SATSINGAR 2018	RESULTAT	KOMMENTAR
Arbeide vidare med handlingsplan knytt til 10-faktor prosjektet		

SATSINGAR 2018 KULTUR OG SERVICE**TENESTER**

SATSINGAR 2018	RESULTAT	KOMMENTAR
Nytte midlane som er sett av til drift av ungdomsklubben til tiltak retta mot ulike ungdomsgrupper		Enten gjennom vidare drift av ungdomsklubben eller ved konkrete tiltak retta mot ungdom
Arrangere debattmøter i biblioteket		
Starte arbeidet med å etablere felles arkivteneste med Hornindal kommune (rutinar, aktivplan mm)		
Frivilligsentralen skal arrangere minimum eit opplæringstiltak/kurs for frivillig sektor.		
Alle institusjonane i kommunen få tilbod om eit variert kulturtilbod frå den kulturelle spaserstokken.		
Volda filmteater skal ha eit besøkstal på minimum 14000.		
Ny personvernforordning trer i kraft 25. mai 2018		Organisere opplæring av leiarane og sikre oppfølging av overordna rutinar. Gjennom arkivsamarbeidet på Søre Sunnmøre sørge for auka kunnskap i ulike fagsystem gjennom gode arkivrutiner og ROS-analyser på dei enkelte fagsystema.
Slutføre arbeidet med kulturminneplan for Volda kommune.		

ØKONOMI

SATSINGAR 2018	RESULTAT	KOMMENTAR
God økonomisk styring		Avvik mot budsjett skal vere minimalt.

2.6 OPPLÆRING OG OPPVEKSTSEKTOREN

Opplæring- og oppvekstsektoren omfattar tenestemråda svangerskapsomsorg, helsestasjon- og skulehelseteneste, barnehage, grunnskule, læringssenteret med vaksenopplæring og introduksjonsprogrammet for flyktningar. PPT er organisert under Ulstein som vertskommune.

Visjon for sektoren:

Volda kommune har trygge barn og unge som deltek, meistarar og lærer

Teneste- og utviklingsmål		
➤ Tidleg innsats skal vere eit grunnleggjande prinsipp. Sektoren skal arbeide førebyggjande for å fremje eit godt psykososialt miljø, ha ein helsefremjande funksjon og bidra til å jamne ut sosiale skilnader. Barn, unge og vaksne skal oppleve tryggleik og sosialt tilhøyr. ➤ Helsestasjon og skulehelsetenesta skal fremje god psykisk, fysisk og sosial helse hos barn og unge, samt førebygge sjukdom, skade og lyte.	➤ I samarbeid med heimane arbeide for at alle barn og unge skal ha like mogelegheiter til å utvikle evnene sine og bidra til at barn, unge og vaksne opplever motivasjon for og glede over eiga meistring og læring i det daglege. ➤ Sikre naudsynt digital infrastruktur og IKT-utstyr og – system som motiverer til læring, sikrar utvikling av barn og unge sine digitale ferdigheiter i barnehage og skule, og som fungerer som ein god støttefunksjon for alle tilsette i sektoren.	➤ Sektoren skal vere ein lærande organisasjon der erfaringsdeling og kunnskaps- og ferdigheitsutvikling har fokus. Barn, unge og vaksne skal møte godt kvalifiserte tilsette som evnar å sjå kvar einskild og møte deira behov. ➤ Styrke det ordinære tilbodet og vri ressursbruken over frå støttetiltak og spesialundervisning for at fleire barn og elevar skal få tilbodet sitt i fellesskap med andre og få utbyte av det ordinære og tilpassa tilbodet.

Utfordringar 2018 -2021

- Tidleg og tverrfagleg innsats for å sikre at flyktningar vert integrert gjennom det kommunale tenesteløpet vert i stand til å gjennomføre utdanning og kjem seg ut i arbeidsmarknaden.
- Oppgradering av det fysiske arbeidsmiljøet på helsestasjonen, i Mork, Engeset, Oppigarden, Sollia og Folkestad barnehagar samt Volda ungdomsskule.
- Oppgradere uteområda i barnehagane, slik at desse er tilpassa og eigna til dei ulike aldersgruppene.
- Kroppsøvingсанlegg for sentrumsskulane, inkludert opplæringsbasseng.
- Arbeidsplassar til pedagogar i barnehagane.
- IT-løysingar som gir tilsette gode verktøy til eige arbeid og i det pedagogiske arbeidet i helsestasjon, barnehage og skule.
- Sikre god grunnressurs i helsestasjonen, barnehagen og skulen.
- Ressursar til kompetanseheving.
- Styrke den tverrfaglege samhandlinga.

Økonomiske rammer 2018 -2021

Sektor	Regnskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Utgifter	255 723 710	251 876 967	257 963 392	257 823 392	257 623 392	257 623 392
Inntekter	-59 057 987	-48 512 408	-49 748 759	-49 748 759	-49 748 759	-49 748 759
Opplæring og oppvekst	196 665 723	203 364 559	208 214 633	208 074 633	207 874 633	207 874 633

Endring i rammer kjem av følgjande tiltak:

	2018	2019	2020	2021
Lokale forhandlingar 2017 - årsverknad 2018	1 206 761	1 206 761	1 206 761	1 206 761
Styrka bemanning PPT	340 000	200 000		
Konsekvensjusteringar Opplæring og oppvekst	3 303 365	3 303 365	3 303 365	3 303 365

Tiltaket konsekvensjusteringar er auke i høve til ordinær drift. Sektoren fekk mellom anna auke i rammene sine i 2017 på 2 mill kr., knytt til introduksjonsprogrammet flyktning.

Sektoren har også meldt inn tiltak som det ikkje er funne dekning for i rådmann sitt framlegg, dette er:

	2018	2019	2020	2021
Varing styrking av helsesøsterressurs	363 677	875 518	875 518	875 518

Tiltaket varig styrking av helsesøster er ikkje innarbeidd. I 2018 vil talet på flyktningar utgjere 1/3 samanlikna med 2017. Dette vil sannsynleg medføre mindre behov for ressursar

inn mot denne gruppa frå 2018 og utover, men det er ikkje gjort reduksjon i budsjettet i denne omgang. Dermed er der ei styrke inn mot 2018.

Kommentar til tiltak frå sektorleiar:

Jfr vedteken kvalitetsplan for sektoren og eige punkt der som gjeld utvikling av tenestene, er varig styrking av helsesøsterressurs lagt inn som forslag til nytt tiltak i 2018. Grunna prosjektmidlar frå helsedirektoratet som finansierer slik styrking fram til 31.07.2018, har tiltaket 5/12-effekt i 2018. I kroner er det lagt inn 270 000,- ekskl. arb.gjevaravgift og sosiale kostnader.

Det vert vidare lagt inn forslag om samordningar innanfor barnehage- og skuledrifta.

I samband med deltaking i den nye regionale PP-tenesta, vart det gjort vedtak om at Volda i perioden 01.07.17 – 31.07.19 skal dekke 0,5 stilling i tillegg til grunnressursen. Dette vert ein tiltak i 2018 som det er knytt kostnad til.

Innafor barnehagedrifta har auka barnetal i Lauvstad og Mork barnehagar gjort det naudsynt å auke bemanninga for å stette normkrava. Innanfor spes.ped.tiltak i førskule utfører kommunen sine eigne spesialpedagogar denne tenesta. Dette kjem til syne som auke i personalressursen innanfor denne tenesta. Samstundes er utgifter til kjøp av denne tenesta redusert. Fleire borm med særskilde behov har byrja i barnehagen det siste året, og det har auka behovet for ressursar til særskilte tiltak.

Årsverk

Ansvar	2018
Skulesjef	4,0
Skulesjef - logoped	1,0
Rektor Volda ungdomsskule	43,3
Rektor Austefjord skule	7,0
Rektor Folkestad skule	12,7
Rektor Dalsfjord skule	11,1
Rektor Mork skule	12,4
Rektor Øyra skule	48,5
Rektor Bratteberg skule	28,4
Rektor Vikebygda skule	11,7
Rektor vaksenopplæringsenteret	21,4
Rektor kulturskulen	7,6
Barnehage	4,4
Styrar Sollia barnehage	16,0
Engeset barnehage	14,9
Mork barnehage	10,4
Austefjord barnehage	2,6
Folkestad barnehage	4,2
Lauvstad barnehage	5,2
Oppigarden barnehage	15,2

Ansvar	2018
Leiande helsesøster	9,3
Kommune-jordmor	1,4
Opplæring og oppvekst	292,5

SATSINGAR 2018 OPPLÆRING OG OPPVEKST		
HELSESTASJONEN		
SATSINGAR 2018	RESULTAT	KOMMENTAR
Utarbeide <i>Plan for helsestasjon i Volda 2018-2020</i>		Det er naudsynt å revidere gjeldande plan
Etablere/vidareføre gruppetilbod ✓ For barn som opplever skilsmisse ✓ Jentegrupper i ungdomsskulen – 2 pr år ✓ Gruppetilbod psykisk helse for minoritetsungdom		
Barselomsorga skal følgje nasjonal fagleg retningslinje.		Ei varig styrking av ressurs til jordmor vil sikre oppfølging av retningslinjene.
Kunne gje tilbod om foreldrerettleiing.		Er tildelt prosjektmidlar til 50 % stilling fram til 31.07.18. Ei varig styrking er naudsynt for å kunne vidareføre denne funksjonen.
Etablere felles helsestasjon for ungdom og studentar ved nye Øyra skule		
Gjennom tverrfagleg samhandling styrke foreldre sin kunnskap om kosthald og aktivitet		
Vidareutvikle formalisert samhandling mellom helsestasjon og barnehage		
Oppretthalde minst 50 % pedagogtettleik i barnehagane		
BARNEHAGAR OG GRUNNSKULE		

SATSINGAR 2018 OPPLÆRING OG OPPVEKST		
SATSINGAR	RESULTAT	KOMMENTAR
Utarbeide <i>Plan for barnehagane i Volda 2018 -2020</i>		
Utarbeide plan for tilsyn av barnehagar 2018 – 2020 og gjennomføre etter oppsett plan.		
Evaluerer og vidareutvikle rutinane kring overgang barnehage-barneskule/SFO-ungdomsskule		
Ei styrking av det ordinære og tilpassa tilbodet skal redusere behovet for støttetiltak og spesialpedagogisk hjelp i barnehage, og spesialundervisning i grunnskule		Viss det ordinære og tilpassa tilbodet gir utbyte for fleire barn og elevar, vil behovet for støttetiltak og spesialundervisning bli mindre.
Innføre nettbrett/PC som pedagogisk verkty i barnehage og grunnskule og sikre naudsynt kompetanse mellom dei tilsette		Målet er 1 nettbrett/PC pr 2 barn i dei to eldste årskulla i barnehage, og 1 til 1 i grunnskule
Innføre oppvekstadministrativ programvare for barnehage og skule/SFO		
Tidleg oppdage barn og elevar som treng ekstra hjelp og støtte og utarbeide rutinar for tiltak og oppfølging		Det skal utarbeidast system/tiltak som skal sikre at rett tiltak vert sett inn på rett tidspunkt. Kartleggingar og ressursteamet er dømte på dette
Grunnskulepoeng og resultata på eksamen skal vere høgare enn fylkes- og landsgjennomsnittet.		Her har Volda vist gode resultat som det må vere eit mål å halde fram med.
Talet på elevar som på dei nasjonale prøvene presterer på meistringsnivå 1 i 5. klasse og meistringsnivå 1 og 2 i 8. og 9. klasse, skal reduserast med 15 % samanlikna med skuleåret 15/16		For både enkeltindivid og samfunnsøkonomisk er det størst gevinst å hente ved å rette innsatsen mot denne elevgruppa.

SATSINGAR 2018 OPPLÆRING OG OPPVEKST

Skulefritidsordningane skal støtte den språklege og sosiale utviklinga til elevane.		
70 % av deltakarane i introduksjonsprogram skal gå over til skule eller arbeid etter avslutta program.		
Alle busette einslege mindreårige flyktingar skal gå ut med greidd grunnskuleeksamen		
Utarbeide rammeplan og mål for kulturskuledrifta		
Identifisere og styrke tiltak som reduserer sjukefråværet		
Informasjon på kommunen sine heimesider skal vere oppdatert.		

2.7 TEKNISK SEKTOR

Teknisk sektor omfattar tenesteområda veg, vatn, avløp, brannvern oppfølging av forureininglova (miljø) og forvaltning, drift og vedlikehald av kommunale bygg. Sektoren har ansvar for både drift og anlegg. Det er store anleggs- og byggjeprojekt som skal gjennomførast. Erfaringsvis har det vore budsjettert større volum av investeringar enn det sektoren har hatt kapasitet til å gjennomføre.

Teneste- og utviklingsmål		
➤ Levere tenester av god kvalitet til innbyggjarane, næringslivet, andre kommunale sektorar og overordna mynde.	➤ Arbeide for auka busetnad og næringsutvikling gjennom utbygging av infrastruktur	➤ Milepelsplan på tvers av sektorområda inkl regulering, grunn-ervert, prosjektering og utbygging under felles prosjektleiing
➤ Det skal vere trygt å ferdist for alle trafikantar	➤ Planlegging og drift av tenestene med fokus på folkehelse	➤ Sikre god og trygg vassforsyning
➤ God beredsskap mot uønska hendingar og for takle slike hendingar dersom dei oppstår	➤ Bygningsmassen skal forvaltest slik at dei gir god kvalitet for brukarar og tilsette, samt ikkje fortaper sin verdi	➤ Velje arbeidsmåtar og teknologiske verkty som gir mest mogleg teneste ut av ressursane

Utfordringar 2018-2021

Det vert framleis ei utfordring med ingeniørkapasitet i teknisk sektor i 2018, då særleg inn mot Vatn og Avløp. Volumet på dagleg drift og inn mot kommunale og private utbyggingar, legg beslag på all kapasitet, slik at der ikkje er ledig kapasitet til å arbeide med store og naudsynte investeringsprosjekt. Ut frå sektorsjefen si vurdering er det ein føresetnad for framdrift i desse prosjekta at driftstiltak for styrking med ein ingeniør, vert vedteken.

Kommunalteknisk:

For å prioritere Volda kommune sin eigedomsmasse med fokus på bygg, vart vedlikehald av kommunale uteområder i tilknytning til bygga, i 2014, overført til park og kyrkjegards-avdelinga. Der vart tilført ei 50% stilling i 2017, men utan styrking av budsjettet. Park og kyrkje avdelinga er heilt sprengd, og vi må prioritere mellom dei ulike park og gravlundene. Vi rekk ikkje å halde alle grøntareal bedd og tred ved like med noverande budsjettamme og ressursar. Tillegg kjem der stadig nye areal som må vedlikehaldast, utan at der følgjer med ressursar. Nye Øyra skule og oppgradering av elvadalen medfører auka areal, men der har ikkje følgd med ressursar til vedlikehald så langt. Skal vi evne å løyse ei tenleg/naudsynt mengde av dei ekstra oppgåvene, trengs ein ekstra stillingsressurs på heilårsbasis og ein ekstra

stilling i vekstsesongen. Ekstra stilling i vekstsesongen ligg som driftstiltak, innanfor noverande ramme, og vi vonar at denne og ekstra stilling på heilårsbasis vert medteken. Alternativet er å la «Helsehagane», bedd og buskvekstar i sentrum, gro igjen, eller fjerne dei, og akseptere at parkar og skulegarder er sjuskete og dårleg vedlikehaldne. Kyrkjegardane vil vi alltid prioritere først. Totalt har vi no 2,5 stillingar som er dedikert til Park og kyrkjegardsdrift. Til samanlikning har Ørsta kommune, med mindre slåtteareal, 4 stk 100% stillingar til Park og Kyrkjegardsdrift.

Vegdrift er ei utfordring i Volda kommune. Der er ei stadig aukande kommunal veglengd som må haldast ved like og oppgraderast. Vi tek over vegar frå fylkeskommunen og frå private utbyggjarar, i tillegg til dei vegane og byggefelta vi bygger sjølv. Med den økonomiske situasjon som Volda kommune står overfor dei kommande åra, er vi fortalt at det ikkje realistisk å auke løyvinga til veg. Difor tek vi i 2018 grep over investeringsbudsjettet, og dersom desse prosjekta vert vedtekne, kan vi drive meir effektivt og spare inn på ramma. Vi rekk framleis ikkje over alt naudsynt og forventta vedlikehald, særskilt då grøfterensk og kantklipping. Med fast dekke på alle kommunale vegareal vil vi spare jamlege utrykningar for reparasjon av holer, og kan då prioritere meir tid til prosjekter inn mot innvestering eller sjølvkost. Vegdrift fekk tilført ein million i revidert budsjett i mai 2017 for å dekkje eit akutt grus behov på kommunale vegar, i tillegg til å legge noko nytt fast dekke på vegar som utgjorde trafikkfare for trafikantar og brøytemannskap. Det reelle behovet for reparasjon av fast dekke i trafikktryggings samanheng, var nær åtte millionar. Det var der ikkje rom for i revidert budsjett, og vi er då framleis på etterskot med vegvedlikehald. Vi har 5,4 stillingar på veg, til å drifte 140 km med kommunale vegar i tillegg til parkeringsplassar og snuareal. Sjølv om vi har investert to millionar i forsterking av kommunale vegar kvart år dei siste ti åra, så greier vi ikkje å halde tritt med slitasje på vegnettet. Dette vil verte betre belyst når vi i løpet av 2018 får på plass ein kommunedelplan for vegar.

Fagarbeidarar i kommunalteknisk avdeling og sjølvkost, deltek i brøyteordning av fem brøyteroder ved Volda sentrum. Til det trengs minimum 10 mann pluss to reservar. Med ei totalbemanning på 15 fagarbeidarar, så er nær alle med på brøyteordninga. Der er såleis ikkje rom for å nedbemanne i denne avdelinga. Snøbrøyting er ikkje budsjettert med meir enn ein million kroner, dette dekkjer ikkje fullt ut Beredskapsutgifter, som kjem enten der kjem snø eller ikkje. Dersom det vert ein snørik vinter, må brøytekostnader tilførast i revidert budsjett i mai. Kostnadene til brøyting har variert mellom 2 og fem millionar dei siste fire åra.

Sjølvkost:

Sjølvkosområdet vart i 2015 skilt ut som eigen økonomisk sektoreining, for at ein skulle kunne ha betre kontroll med økonomien til kommunalteknisk avdeling gjennom året. Dette grepet ser ut til å verte gjennomført for 2018, slik at vi kan forvente betre kontroll med driftsrekneskapet gjennom året.

Eininga driftar og vedlikehald også 12 større og mindre vatn og avløpsanlegg.

Krav frå Mattilsynet og krav i drikkevassforskrifta gjer at det er behov for større investeringar som vil auke vatn og avløpsgebyra. Større investeringar og større anlegg vil også føre til fleire

vedlikehaldsoppgåver og auka bemanningsbehov i framtida på driftssida av sektoren. Det er også eit bemanningsbehov på administrasjonssida for å komme opp på gjennomføringsevna ein må ligge på for ikkje å få auka etterslep på vedlikehaldsoppgåver og investeringsprosjekt.

Eininga har det siste året kjøpt inn program og utstyr for å bli meir digitalisert og effektive. Det står igjen noko arbeid for å få full effekt av programma som er kjøpt inn og noko utstyr står også at på investeringslista.

På investeringssida er nokre prosjekt allereie i prosjekteringsfasa og vil bli klare til gjennomføring i løpet av 2018.

Brann:

Arbeidsmengda i avdelinga har auka betydelig siste åra. Nye foreskrifter og generelt auka krav til tenesta gjer det utfordrande å henge med. I 2016 kom ny forebyggjande foreskrift. Der er det betydelige endringar og auka krav både når det gjeld feiing og tilsyn, noko det må avsettast resursar til å jobbe med komande åra. Auke i antall oppdrag, auka krav og forventningar for beredskapsavdelinga har også auka arbeidsmengda og krava til det å vere kommunen sin brann- og redningsmann. Volda, med sin fjordar og spreidde busetnad, er ei utfordrande og kostnadskrevjande kommune å drive beredskapsarbeid i, og det er viktig at kommunen legg godt til rette slik at arbeidstilhøva for brannmannskapet og beredskapen både på bygdene og i sentrum vert godt ivareteken også for framtida.

Eigedom:

Eigedom har ei krevjande byggmasse som krev kontinuerlig vedlikehald for å ta vare på dei verdiane som er skapt i Volda kommune. Slik det er i dag har vi ikkje nok personell til drifta, der stadig nye driftskrav melder seg (leikeplasskontroll, legionellahandtering, radonmåling, innemiljø etc.) og krav til vedlikehald med eit stort etterslep. Det er naudsynt for avdelinga at det blir tilsett meir personell for å oppretthalde forvaltning, drift og vedlikehald. I planperioden ligg inne forslag om tilsetting av 3 driftsteknikarar til som skal gå inn i alle delar av FDV(forvaltning, drift og vedlikehald). Det vart ikkje funne rom til dette i budsjett og økonomiplan, men ved fleire nybygg under utvikling vil denne utfordringa forsterke seg. Slik det er i dag må ein forvalte, drifte og vedlikehalde større bygningsmasse med likt tal personell. Den daglege drifta som skal til for å drive verksemd i bygget kan ikkje reduserast på, derfor vil dette ha konsekvens for vedlikehaldet.

Det jamne vedlikehaldet som må gjennomførast på bygga er ei driftsutgift for kommunen og tilrådd norm er kr 200 pr. m² (2015 tal), ein må ha nok midlar i kroner og humankapital til gjennomføring.

Tildelingskontoret og eigedom har utvikla eit svært godt samarbeid (også med andre tenester) som har medført god gjennomstrøyming i kommunale bustadar. Dette medfører krav til

oppgradering av husvære som har vore utleigt kontinuerlig i 10-20 år. Denne oppgraderinga kjem i tillegg til det etterslepet som er på andre kommunale bygg, som er naudsynt å ta tak i. Mykje av dette vert løyst gjennom tilsetjing av 2 tømrarar i 100% på investering. Større prosjekt kan kome som forslag til kommunestyret, der ein samhandlar med ulike tenester for å nå målsettingar i kommuneplanen.

Økonomiske rammer 2018-2021

Sektor	Regnskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Utgifter	76 646 394	76 981 846	75 441 086	75 141 086	75 141 086	75 141 086
Inntekter	-40 443 027	-42 034 221	-39 217 269	-39 217 269	-39 217 269	-38 217 269
Teknisk	36 203 367	34 947 625	36 223 817	35 923 817	35 923 817	36 923 817
Utgifter	23 491 370	23 481 755	23 923 469	23 923 469	23 923 469	23 923 469
Inntekter	-23 492 522	-23 481 755	-23 923 469	-23 923 469	-23 923 469	-23 923 469
Sjølvkosttenester	-1 152	0	0	0	0	0

Endring i rammer kjem av desse tiltaka:

	2018	2019	2020	2021
<i>Lokale forhandlingar 2017 - årsverknad 2018</i>	257 733	257 733	257 733	257 733
	2 141	2 141	2 141	2 141
<i>Konsekvensjusteringar Teknisk</i>	532	532	532	532
Auke 50 % fast stilling park (innanfor eige budsjett/fordelt lønn)	0	0	0	0
<i>Redusert budsjett veg om fast dekke på grusareal (investeringstiltak)</i>	-600 000	-500 000	-500 000	-500 000
<i>Reduksjon straum som følgje av EPC</i>	-400 000	-800 000	-800 000	-800 000
<i>Sjølvkost, Internkostnadar husleige inkl reinhald</i>	-40 000	-40 000	-40 000	-40 000

Auken i tiltaket konsekvensjusteringar må sjåast i samanheng med underskotet i 2016 og er ei reell tilpasning mot driftsnivå i 2016 og 2017.

Følgjande tiltak er meldt inn, men ikkje innarbeidd i framlegg til rådmann:

	2018	2019	2020	2021
Reinhald - auka areal Mork barnehagar	82 165	82 165	82 165	82 165
Reinhald - skulemodul Mork skule	137 389	137 389	137 389	137 389
Reinhald - skulemodul Volda ungdomsskule	137 389	137 389	137 389	137 389
Reinhald - Øyra skule	137 389	137 389	137 389	137 389
Ny leiar for Vatn- og avløpsavdelinga	0	0	0	0

Årsverk

Ansvar	2018
Leiar eigedomsavdeling	7,6
Eigedomseininga, ingeniørløn til fordeling	5,0

Ansvar	2018
Eigedoms-eininga, skule og barnehage	17,0
Eigedoms-eininga, administrasjon, kultur og idrett	1,7
Eigedoms-eininga, utleigebustader for oms.-bustader	0,6
Leiar kommunalteknisk avdeling	12,0
Teknisk sektor, ingeniørløn til fordeling	3,0
Kommunale vegar	2,0
Gartnarområdet	1,0
Seksjon brannvern	2,7
Teknisk	52,59
Vass-forsyning	2,0
Avløpsområdet	1,0
Seksjon feiing	2,0
Sjølvcosttenester	5

Kommentarar på tiltak frå sektorleiar

Auke 50% fast stilling park, Innanfor eige budsjett

Der vart oppretta ny 50% stillingsheimel på Park/Kyrkje i 2017. Der har vi rekruttert ei usedvanleg dyktig dame (einaste kvinnelege tilsette i kommunalteknisk avdeling). Ho har vore 100% sysselsett i 2017 som fast sjukevikar for å dekke 50%. Vi står i fare for å miste henne til 100% fast stilling i anna kommune. Vi ynskjer å auke hennar stilling til 100% fast, utan å auke budsjettet, finansiert ved at vi ikkje tek inn sjukevikarar ved fråvær. Dette som eit tiltak for å rekruttere/behalde dyktig arbeidstakar. Når det er sagt så treng vi auka ressurs på Park/kyrkje for å betjene auka areal kring Øyra skule og langs Elvadalen.

Kostnad kr 0

Redusert driftsbudsjett til veg, dersom investeringsbudsjettet for fast dekke på grusareal, vert vedteke

Dersom der leggjast fast dekke på kommunale grusareal, vegar og parkeringsplassar, vil vi kunne spare uføresette kosnader etter snørydding og flaum. Det kan i dag påreknast ein kostnad på kr 700.000,- annakvart år i nygrusing av dei tiltenkte areala. Denne kosnaden vert tilført sektoren i reviderte budsjett. Fast dekke gir i tillegg reduserte vedlikehaldsutgifter i form av mindre medgått tid til leigebrøyting, raskare grøfterensk og ein treng ikkje rykke ut og tette holer i vegane.

Innsparing kr 600.000,- i 2018, og Kr 500.000,- vidare i økonomiplanperioda.

Ny leiar/ingeniør for vatn og avløps avdelinga

vatn og avløps-avdelinga i volda komune er grovt underbemanna på ingeniørsida. Slik har det vore i mange år, med det resultat at vi ikkje rekk å iverksetje kritiske investeringar i tillegg til dagleg drift. Dersom ikkje dette tiltaket vert innvilga, vert der ikkje start på planlegging og bygging av nytt hovedreinseanlegg, i tillegg til at det vert stopp i utbyggingsområder som

Urbakkfoten, Bratteberg, strand feltet og næringsområdet Øvre Rotset. Dette tiltaket er forankra i ny hovudplan for vatn og avløp som vart lagt ut på høyring av formannskapet 30/10.

Kostnad kr 0, då stillinga vil verte 100% belasta sjølvkost.

Reinhald auka areal Mork barnehage

Auka areal Mork barnehage treng 15% stilling til reinhald.

Kostnad Kr 82.165,- pr år

Reinhald skulemodul Mork skule

Skulemodular har berre hatt midlertidige avtalar, modulane er kjøpt inn og skal inn i ordinær skuledrift. Manglande stillingsressurs ved skulemodul Volda ungdomsskule er 25% stilling.

Kostnad Kr 137.389,- pr år

Reinhald skulemodul Volda ungdomsskule

Skulemodular har berre hatt midlertidige avtalar, modulane er kjøpt inn og skal inn i ordinær skuledrift. Manglande stillingsressurs ved skulemodul Volda ungdomsskule er 25% stilling.

Kostnad Kr 137.389,- pr År

Reinhald auka areal Øyra skule

Ved etablering av ny skule manglar ein reinhaldskapasitet på nytt stort areal. Etter Insta 800 og reinhaldsmodul er det rekna ut 2 100% stillingar i manko.

Kostnad Kr 1.096.946,- pr År

Tilsetjing reinhaldar 50% stilling i Prestegata 33 (også fremma for 2017)

I Prestegata 33 er der no full drift med reinhaldsavdeling, FDV avdeling og feiar med meir. Det er no krav til reinhald av lokala. Der er ikkje stillingsheimel til dette arbeidet. Det må tilsetjast ein ressurs på 50% stilling for reinhald her.

Kostnad Kr 263.734,- pr År

SATSINGAR 2018 TEKNISK		
OMDØME		
SATSINGAR	RESULTAT	KOMMENTAR
Alle skriftlege førespurnadar skal gjennomgå ein mottakskontroll og få tilbakemelding innan 4 veker		Antal førespurnader som ikkje har fått svar i samsvar med forvaltningslova og skildring av tiltak for å følgje opp
Brannberedskapen skal opplevast som god		

SATSINGAR 2018 TEKNISK		
Fokus på miljø, sørgje for gode tiltak blir gjennomført i tråd med kommuneplan med satsing på klima og miljø.		Gjennomføring av EPC – programmet.
TENESTER		
SATSINGAR	RESULTAT	KOMMENTAR
Brannberedskap som tilfredsstiller dimensjoneringsforskrifta og vurdert risiko i heile kommunen		
Risikobasert tilsyn i særskilte brannobjekt		
Feiing etter behov og tilsyn kvart 4 år i alle bustadar.		
Førebyggjande brannvernopplæring for alle 6. klassingar i kommunen		Antal klassar det er gjennomført opplæring i
Vedlikehald, rehabilitering og oppgradering for å gi brukarane brukarvenlege lokale så langt det er mogleg innanfor den kommunale bygningsmasse		Gjennomføre innovative prosjekt, planmessig gjennomføring av oppgradering, rehabilitering, vedlikehald, samt ny bygg.
Utarbeide rutinar og standardar for arbeidet som vært gjennomført ved drift og vedlikehald av kommunale vassverk og avløpsreinslegg		
MEDARBEIDAR		
SATSINGAR	RESULTAT	KOMMENTAR
Behalde og rekruttere personell		
Nærver på min 92 %		
Lukke avvika brannvernet fekk i 2016 etter tilsyn frå Arbeidstilsynet og DSB		

SATSINGAR 2018 TEKNISK		
Brannmannskapa gjennomført opplæring, øving/kurs og tryggleiksutstyr slik at dei kan utføre redningsinnsats på ein trygg måte		Antal tilsette som har gjennomført kurs og type kurs
Starte arbeidet med å etablere ein oppgradert eller ny base for driftsoperatørane ved Myrtun i samsvar med arbeidsmiljølova		
Regelmessige møter med alt personell og rutine på enkeltvis samtalar		
Medarbeidarsamtale med alle tilsette etter avtalt intervall.		
ØKONOMI		
SATSINGAR	RESULTAT	KOMMENTAR
Tilpasse standard på tenestene og gjere tiltak for å halde budsjettramma		
God prosjektstyring ved koordinering og planlegging med rett progresjon i høve regulering, finansiering og grunnkjøp.		Antal prosjekt som vert drive etter denne prosjektmetodikken
Betre oppfølginga av leverandørar og entreprenørar som utførar oppdrag for kommunen.		
Initiere innovative/nytenkjande tiltak		Antal prosjekt som vert initiert

2.8 UTVIKLINGSSEKTOREN

Sektoren har ansvar for utarbeiding av kommuneplanar, handsaming av reguleringsplanar og rettleiing av saker innanfor plan- og bygningslova og andre lover som sektoren forvaltar. Handsaming av søknader om bygg, anlegg og deling av grunneigedom, samt registrere tiltak i matrikkelen ligg også til sektoren. Vidare har sektoren ansvar for kart- og delingsforretningar, seksjoneringssaker og forvaltninga av det digitale kartverket for grunn- og eigedomsdata.

Utviklingssektoren er eigedomsskattekontor. Ørsta som vertskommune driv landbrukskontor for Volda kommune. Utviklingssektoren er kontaktinstans overfor landbrukskontoret og koordinerer landbrukssaker som skal til politisk handsaming i Volda kommune.

Teneste- og utviklingsmål		
➤ Leie prosessen med revisjon av kommuneplan og følgje framdrifta i planprogrammet	➤ Følgje opp vedteken planstrategi	➤ Tilretteleggje for nye bustad- og næringsareal slik at behovet for tomtetilgong vert følgt opp
➤ Signal ved førehandskonferansar før oppstart av private reguleringsplanar skal vere føreseielege og politisk forankra	➤ Halde lovfastlagde sakshandsamingsfristar	➤ Arealpolitikk som balanserer mellom behov for dyrka jord og busetting på bygdene
	➤ God kompetanse og sikre god fagleg oppdatering	➤ God rettleiingsteneste i landbruket

Utfordringar 2018 -2021

Stabil arbeidsstab er ei utfordring og ein liten sektor er sårbar ved eventuell sjukdom/sjukmelding blant dei tilsette. Vi har no fått auka vår kapasitet på arealplanlegging, men det vil framleis vere eit lite fagmiljø der ein er avhengig av at ein unngår langtidsfråver for å klare dei lovpålagte tidsfristane. I tillegg har sektoren har starta med revisjon av arealdelen av kommuneplanen. Dette er ein krevjande og omfattande prosess som vil binde opp mykje av tida til planleggarane.

Sektoren har teke ansvaret for eigedomsskattekontoret ved innføring av eigedomsskatt. Dette er gjort utan tilføring av ressursar. Dette resulterer at andre oppgåver har fått lågare prioritet.

Det dukkar stadig oftare opp kompliserte juridiske problemstillingar i samband med plan- og byggesakshandsaming. Dette er ekstra utfordrande da ingen ved sektoren har formell juridisk kompetanse.

Vi skulle ha hatt betre koordinering av gjennomføring av planar saman med teknisk sektor. Det hadde ført til raskare framdrift og meir føreseielegheit.

Økonomiske rammer 2018-2021

Sektor	Regnskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Utgifter	9 868 900	10 182 369	9 990 485	9 990 485	9 990 485	9 990 485
Inntekter	-3 915 012	-3 304 355	-2 984 704	-2 984 704	-2 984 704	-2 984 704
Utvikling	5 953 888	6 878 014	7 005 781	7 005 781	7 005 781	7 005 781

Tiltak som endrar rammene frå 2017 til 2018 er knytt til lønnsvekst frå 2017.

Sektoren har meldt inn eit tiltak som ikkje er prioritert i framlegg frå rådmann:

	2018	2019	2020	2021
Byggeskikkpris - oppretting	50 000	50 000	50 000	50 000

Årsverk

Ansvar	2018
Seksjon plan	4,0
Leiar oppmålings- og bygningsavdeling	5,0
Utvikling	9

SATSINGAR 2018 UTVIKLING

OMDØME

SATSINGAR	RESULTAT	KOMMENTAR
Alle som vender seg til Volda kommune skal få svar i samsvar med krava i forvaltningslova		

MEDARBEIDAR

SATSINGAR	RESULTAT	KOMMENTAR
Medarbeidersamtale med alle tilsette		
Nærver skal aukast i høve til 2017		

SATSINGAR 2018 UTVIKLING		
(ambisjonsnivå på min 95 %)		
Sjukefråver pga av arbeidsmiljø skal ikkje forekome		
TENESTER		
SATSINGAR	RESULTAT	KOMMENTAR
Folkehelseperspektivet skal vere med i all planlegging		
Søke om tilskot til minst eit friluftslivstiltak jf kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv (KIFF-planen)		
Rullering av KIFF-planen (både rullering av hovedplanen og handlingsdel)		
Tenesteyting og sakshandsaming i samsvar med lov- og regelverk		
Koordinering av gjennomføring av planar saman med teknisk sektor		
Ferdigstilling av kommuneplanen sin arealdel med ROS-analyse og konsekvensutgreiing (KU)		
Revisjon av overordna ROS-analyse frå 2013		
Rullering av handlingsprogrammet til klimaplanen		
ØKONOMI		
SATSINGAR	RESULTAT	KOMMENTAR
Halde den økonomiske ramma		Avvik mot budsjett skal vere minimalt.

2.9 ØKONOMIAVDELINGA

Økonomiavdelinga har fagansvar for rekneskap og økonomistyring. I tillegg har avdelinga ansvar for utadretta tenester som innkrevjing av skatt og avgifter, og Husbankordninga med Startlån, bustøtte og tilskot. Som stabseining har vi eit ansvar ut i avdelingane med oppfølging innan økonomistyring og finansforvaltning. I dette ligg også ansvaret med opplæring innan fagområda. Avdelinga har vidare ansvaret med å føre rekneskapen til Volda kyrkjeleg Fellesråd. Det siste året har også avdelinga fått ansvaret med å koordinere mellom kommunen og innkjøpssamarbeidet i Ålesund.

Teneste- og utviklingsmål		
➤ Tilsette på økonomiavdelinga skal gi støttetjeneste til alle einingar i kommunen som gir grunnlag for god oversikt og god økonomistyring ➤ Vi skal vere imøtekomne og serviceinnstilt overfor kundar og brukarar av våre tenester.	➤ God finans- og økonomiforvaltning ➤ I samarbeid med leiarane i kommunen skal vi vere støtte og pådrivar for betre kvalitet i arbeidet med rapportering	➤ Leie budsjett- og økonomiplan-prosessar som sikrar brei involvering og brei kunnskap om kommunen sine rammevilkår

Utfordringar 2018-2021

- Vi må i 2018 involvere meir leiarne ute i einingane i økonomistyringsarbeidet. For å lykkast med dette er det viktig å sette av nok ressursar i avdelinga til opplæring. I tillegg må vi sikre at godt verktøy er på plass og at grunnlaget for rapportering er mest mogleg korrekt både i rekneskap og i budsjett. Dette vil vere ein endringsprosess i korleis ein arbeider med økonomistyring i kommunen, både for tilsette i avdelinga og leiarane ute.
- Volda og Hornindal vert *ein* kommune frå og med 2020. Vi vil fram til dette er ein realitet, arbeide med å etablere felles økonomireglement med rutinar, kontoplan m.m. Ny kommune vil truleg gi endringar i organisasjonskartet. Dette betyr at økonomisystem må tilpassast endringane og byggast opp på nytt.
- Det er forventningar til enno betre utnytting av elektronisk fakturahandsaming for å frigjere ressursar (med omsyn til inn- og utgåande fakturaer), samt integrasjon av økonomisystemet og fagsystema. Dette er med på å forenkle og utvikle tenestene i sektorane (digitalisering av tenester).

- Volda kommune er med i innkjøpssamarbeidet på Sunnmøre. I dette ligg at vi er pliktig til å vere lojale med dei rammeavtalane som vi har sagt at vi er med på. Vi må sikre at desse avtalane er kjent blant innkjøparane våre og at dei vidare er lojale mot desse leverandørane. Klarer vi å følgje opp dette vil vi kanskje klare å redusere kostnadane våre.

Økonomiske rammer 2018-2021

Sektor	Regnskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Utgifter	8 296 834	8 030 026	8 198 573	8 198 573	8 198 573	8 198 573
Inntekter	-2 233 094	-1 255 427	-1 773 757	-1 773 757	-1 773 757	-1 773 757
Økonomi	6 063 740	6 774 599	6 424 816	6 424 816	6 424 816	6 424 816

Endringar i rammene i økonomiplanperioden:

	2018	2019	2020	2021
Lokale forhandlingar 2017 - årsverknad 2018	83 879	83 879	83 879	83 879
Konsekvensjusteringar Økonomiavdeling	-433 662	-433 662	-433 662	-433 662

Auka inntekt er lagt inn, noko som reduserer rammene til avdelinga med 0,4 mill kr. Dette er inntekter i form av sal av tenester, som har lagt i rekneskapen dei siste åra. Avdelinga har hatt mindreforbruk både i 2015 og i 2016, noko som gjer det forsvarleg å endre rammene.

Årsverk	2018
Økonomiavdelinga	10,3
Økonomi	10,3

SATSINGAR 2018 ØKONOMIAVDELINGA

OMDØMME

SATSINGAR	RESULTAT	KOMMENTAR
Betale faktura til rett tid		Volda kommune skal oppfattast som gode betalarar av våre leverandørar. Pr. i dag har vi for høge utgifter i gebyr/purringar. Målet er å redusere dette i 2018.

SATSINGAR 2018 ØKONOMIAVDELINGA		
MEDARBEIDAR		
SATSINGAR	RESULTAT	KOMMENTAR
Nærver på 97 %		
Medarbeidarsamtale med alle tilsette ein gong i året		
Utarbeide handlingsplan knytt til 10-faktor prosjektet		
TENESTER		
SATSINGAR	RESULTAT	KOMMENTAR
Innkjøpsstrategi		Utarbeide reglement og rutinar for innkjøp i Volda kommune. Sikre god opplæring og lojalitet av rammeavtalar
Utviklingsarbeid for å auke andel elektronisk faktura (i tråd med nasjonal satsing)		I 2017 klarte vi 50 % over på EHF. Målet for 2018 er 70 %
Starte arbeidet med å etablere felles økonomifunksjon med Hornindal kommune (økonomireglement, rutinar, kontoplan mm)		
Sikre god opplæring til alle leiarar for å få fokus på økonomistyring lengst ut mot tenesteproduksjon		Utarbeide årshjul med datoar for rapportering og sette av dagar for opplæring.
Sikre at grunnlaget for økonomirapportering er oppdatert og korrekt i forholdet mellom budsjett og rekneskap		Dette betyr at budsjettet skal vere rett periodisert og at rekneskapen er oppdatert med dei kostandar og inntekter som skal førast på perioden det rapporterast på.
ØKONOMI		
SATSINGAR	RESULTAT	KOMMENTAR

SATSINGAR 2018 ØKONOMIAVDELINGA

God økonomisk styring		Avvik mot budsjett skal vere minimalt.
-----------------------	--	--

2.10 PERSONAL- OG ORGANISASJONSAVDELINGA

Personal- og organisasjonsavdelinga omfattar løns- og personalstaben og Seksjon Innvandring. Fram til 31.12.2017 låg også IKT til avdelinga, men frå 01.01.2018 er IKT overført til SSIKT, med tre heile stillingar. Løns- og personalstaben har i tillegg det administrative ansvaret for lærlingordninga i kommunen, samt for frikjøpte tillitsvalde og hovudverneombodet.

Teneste- og utviklingsmål		
➤ Legge til rette for ein brei prosess i arbeidet med arbeidsgjevarstrategi for Nye Volda kommune	➤ Starte eit leiarprogram som utviklar meistringsorienterte leiarar, som balansera godt mellom tydelege forventningar og støtte der dei tilsette vert sett og verdsett	➤ Utnytte potensialet i eksisterande og implementere nye dataprogram, forenkle arbeidsprosessar og måle kost/nytteeffekt
➤ Ha arenaer og hendingar som gir tilsette i Volda kommune felles tilhøyre	➤ Kvalitetssystem som er utvikla for heile organisasjonen.	➤ Sikre gode resultat og eit berekraftig busetjings- og integreringsarbeid.

Utfordringar 2018-2021

- Digitalisering: Avdelinga vil kunne frigjere ein del ressursar til utviklingsarbeid ved å gjere manuelle lønsoperasjonar elektroniske (reiserekningar, permisjonssøknadar, timelister osv.) Viktig at vi difor kan få prioritert å bruke tid til å få på plass dette. Ein manglar i dag HR system, men ved val av nye løysingar er det viktig å tenke heilheitleg i forhold til kva heile organisasjonen treng, både no og i framtida.
- Kommunesamanslåing: Personalavdelinga kjem til å vere tungt involvert i kommunesamanslåingsprosessen. Regelverk og rutinar i Volda og Hornindal må harmoniserast, særavtalar må kartleggast og seiast opp, ansatte skal inplasserast i ny organisasjon osv. Ein vil difor ha mindre kapasitet til andre oppgåver.
- Leiarprogram: Med tanke på at personalavdelinga vil vere svært involverte i kommunesamanslåingsprosessen vert det utfordrande å køyre eit leiarprogram parallelt. Ein bør difor vurdere å gå til innkjøp av dette eksternt, med fokus på meistringsleiing.
- Internopplæring: Internopplæringa som avdelinga køyrer i dag skal vidareutviklast. Denne inkluderer i dag nytilsattopplæring og internopplæring av leiarar og nøkkelpersonar, men framover må ein få på plass opplæringsbolkar også av nye leiarar.

- Rekruttering: På enkelte områder i organisasjonen har ein utfordringar knytt til rekruttering. Det er difor eit behov for ein overordna rekrutteringsstrategi for kommunen. Omdømebygging vil vere ein viktig del av dette.
- Nedgang i busetjingstal: Låge ankomststal til landet gir reduksjon i tal flyktningar som skal busetjast, og dermed lågare inntekter til kommunen. Dette krev justering/ev. nedbygging av kapasiteten på busetjings- og integreringsfeltet. Samstundes har kommunen fleire flyktningar og deltakarar med rett og plikt til introduksjonsprogram og grunnleggjande kvalifisering. Vi må difor gjennom ein utfordrande prosess der vi ser på korleis redusere og samtidig oppretthalde tilstrekkeleg kapasitet og kompetanse til å gi gode nok tenester og kvalifiseringstiltak, og slik sikre gode resultat og eit berekraftig busetjings- og integreringsarbeid.
- Auke i antal lærlingar: Dei siste åra har det vore ein stor auke i antal lærlingar (frå 11 til 21) utan at ein har auka ressursen som koordinerer ordninga. Ein ser at enkelte lærlingar har større behov for tilrettelegging og oppfølging enn tidlegare, og det er difor viktig at ein har nok ressursar til dette. Ein auke i lærlingar har også gitt oss stor auke i overføringar frå fylkeskommunen, og ein auke i ressursen for å koordinere lærlingane vil ein kunne dekke inn gjennom denne. Eit politisk vedtak om auke i antal lærlingar fører til auka behov for koordinering, og ein må difor ta konsekvensane av dette gjennom tilføring av ressursar.

Økonomiske rammer 2018-2021

Sektor	Regnskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Utgifter	25 438 134	18 881 145	20 450 768	19 250 768	19 250 768	19 250 768
Inntekter	-15 029 448	-1 310 850	-1 677 424	-1 677 424	-1 677 424	-1 677 424
Personal og organisasjon	10 408 686	17 570 295	18 773 344	17 573 344	17 573 344	17 573 344

Endringar i rammer frå 2017 til 2018 kjem av følgjande tiltak:

	2018	2019	2020	2021
Lokale forhandlingar 2017 - årsverknad 2018	146 755	146 755	146 755	146 755
Auke i lærlingar, auka tilskot og auka ressurs (engasjement)	0	0	0	0
Flytting fellesutgifter for samlingar, leiaropplæring m.m.	0	0	0	0
Vidareføring prosjekt kommunale kvalifiseringstiltak	1 200 000			
Konsekvensjustering Personal og organisasjon	-124 857	-124 857	-124 857	-124 857

Stillingane på IKT vert overført til SSIKT frå 01.01.18. Dette ligg i tiltaket konsekvensjusteringar.

Årsverk

Ansvar	2018
Seksjon IKT*	
Seksjon innvandring***	0,6
Personal- og organisasjonssjef	7,0
Lærlingar****	10,3
Verneombod og HTV**	2,4
Personal og organisasjon	20,3

*Frå 2018 er IKT-avdelinga i si heilskap overført til SSIKT.

**Hovudverneombodet gjekk frå 20 % ressurs til 40 % ressurs i 2017, med effekt frå april månad.

***Seksjon innvandring har 1 årsverk, der 50% av stillinga har vore finansiert av EM-tenesta i Ørsta (25%) og Volda (25%). Frå 1.1.2018 har det kome framlegg frå leiar av EM-tenesta i barnevernet om reduksjon på 10% frå EM-tenesta i Ørsta (frå 25% til 15%).

****Ein har ca 21 lærlingar, men desse har redusert løn. Tal på lærlingar kan endre seg hausten 2018, då nokon sluttar og andre startar.

SATSINGAR 2018 PERSONAL OG ORGANISASJON		
OMDØME		
SATSINGAR	RESULTAT	KOMMENTAR
Tilsette og leiarar får pålitelege svar på henvendingar		
Korrekte tenester til rett tid		
Volda kommune framstår som ei heilheitleg og samla kommune – ”vi-følelse”		Profilering og fokus på omdømebygging
MEDARBEIDAR		
SATSINGAR	RESULTAT	KOMMENTAR
Nærver på 97 %		
Medarbeidarsamtale med alle tilsette ein gong i året		
Utarbeide handlingsplan knytt til 10-faktor prosjektet		
Utarbeide opplæringsplanar		

SATSINGAR 2018 PERSONAL OG ORGANISASJON**TENESTER**

SATSINGAR	RESULTAT	KOMMENTAR
Administrere medarbeidarundersøking 10-faktor		Legge til rette for ein god prosess ved forareid, gjennomføring og etterarbeid av medarbeidarundersøkinga.
Implementere Win Tid		Sørgje for at tidsregistrering og fråværsregistrering er på plass i heile organisasjonen.
Gjennomgåande revisjonsarbeid		Sørgje for at ta initiativ slik at reglement og rutinar blir revidert etter oppsett plan
Profesjonell rekruttering		Fremje Volda kommune som arbeidsgjevar og sørgje for at vi rekrutterar rett kompetanse til rett tid. Utvikle strategi for omdømebygging med felles motto og profileringsartiklar
Trepartssamarbeid		Sørgje for eit godt og utviklande trepartssamarbeid i heile organisasjonen
Internopplæring		Gjennomføre nytilsattopplæring minimum 2 gangar pr år, samt starte eit nytilsattprogram for nye leiarar.

ØKONOMI

SATSINGAR	RESULTAT	KOMMENTAR
God økonomisk styring		Avvik mot budsjett skal vere minimalt.
Nærværsarbeid		Å auke nærværet er god økonomi for kommunen. Ein auka bruk av bedriftshelsetenesta eller satsing på oppretting av

SATSINGAR 2018 PERSONAL OG ORGANISASJON

		prosjektressurs, kan gje auka nærvær.
--	--	---------------------------------------

2.11 BARNEVERNTESTA HAREID, ULSTEIN, VOLDA OG ØRSTA

Gjeld den lovpålagte barnevernstenesta for Hornindal, Hareid, Ulstein, Volda og Ørsta, jfr Lov om barnevernstenester. Volda kommune er som vertskommune ansvarleg for utarbeiding av budsjett, med eit mål om at lovkrava vert oppfylt for dette tenestområdet i alle samarbeidskommunane.

Utfordringar 2018-2021

Etter snart 4 års drift er organisasjonen godt etablert med solide strukturar og gode rutiner. Vi har rasjonalisert og effektivisert drifta så langt vi maktar med dei ressursane vi har hatt til rådvelde. På sikt kan både digitalisering og andre strukturelle høve kunne bidra ytterlegare, men her er vi ikkje no. Vi erfarer at det er dei menneskeleg ressursane vi manglar for å kunne stette alle lovkrava, og samstundes fylle kravet om å gi barn og foreldre «fagleg forsvarlege tenester». Vi blir jamleg kontrollert om vi utfører dei lovpålagte krava om 3 mnds undersøkingsfrist, om minimum 4 oppfølgingsbesøk for barn som bur utafor heimen, om jamn evaluering av tiltaks- og omsorgsplanar, om systematisk og dokumentert evaluering av hjelpetiltak, om systematisk oppfølging av foreldre etter omsorgsovertaking, ivaretaking av fosterheimar mm. Her har vi manglar, noko som vi stadig kritisert for, i medias og i forvaltningsrapportar. Vi erfarer også ein svært stor auke i meldingar, også i saker som omhandlar vald mot barn – dette er særleg arbeids- og tidkrevjande saker.

Det er belastande å arbeide i barnevernstenesta; nok menneskelege ressursar for å få utført dei lovpålagte oppgåvene må derfor prioriterast, slik at både tenesta og kommunane unngår negativt renommè av den grunn.

Økonomiske rammer 2018-2021

Sektor	Regnskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Sum utgifter	112 188 318	101 593 389	97 754 857	96 349 988	96 039 988	96 039 988
Sum inntekter	-112 599 242	-101 593 389	-97 754 857	-96 349 988	-96 039 988	-96 039 988
Barneverntenesta (vertsk.)	-410 924	0	0	0	0	0
Sum utgifter	16 278 978	29 886 218	27 460 143	26 055 274	25 745 274	25 745 274
Sum inntekter	0	0	0	0	0	0
Barnevern Volda kommune	16 278 978	29 886 218	27 460 143	26 055 274	25 745 274	25 745 274

Endring i rammer frå 2017 og økonomiplanperioden for Volda kommune:

	2018	2019	2020	2021
Konsekvensjustering Barnevern 244 - Volda sin andel	-2 090 516	-2 090 516	-2 090 516	-2 090 516
Tiltaksstilling barnevern - funksjon 251	610 000	310 000	0	0
Reduksjon kostnad EM Volda	-995 131	-2 100 000	-2 100 000	-2 100 000

Endringar i økonomiplanperioden felles Barnevernteneste:

Samla har vi lagt opp til ein reduksjon i høve årets budsjett, først og fremst ved å kutte på tiltaksbudsjetta F 251 og F 252 for fleire av kommunane (NB! I vedlagte oversikt skal det inn kr 200 000 på F251 på Hornindal)

Med bakgrunn i positive signal frå rådmennene i Ulstein og Volda har vi, som ein konsekvens av dette, **lagt inn ei tiltaksstilling (kr 610 000) for kvar av desse to kommunane på F 251 – hjelpetiltak i heimen**. Dette vert å organisere som prosjekt der ein må registrere tidsbruk og effekt spesielt for Volda og Ulstein av desse tiltaka. Ut frå signal frå rådmannen i Ørsta har vi *ikkje* lagt inn dette for Ørsta kommune. Dersom Ørsta og Hareid ikkje prioriterer dette vil hjelpetiltak som PMTO og familie/foreldreveiledning ikkje vil bli gitt som eit tilbod til familiar i desse kommunane. Vertskommunemodellen fråtek ikkje kommunane det faglege og juridiske ansvaret for barnevernet, og samarbeidskommunen kan instruere vertskommunen. I prinsippet er det kommunestyret som kan gjere dette når det gjeld prinsipielle avgjerder som økonomiske prioriteringar.

Det er utfordrande å ha ulike løysingar for dei respektive kommunane i samarbeidet. Samtidig er det viktig å vere fleksibel og prøve å tilpasse tenesta til den enkelte kommune. Vi har kome til at ei slik differensiert løysing kan vere praktisk gjennomførbar, altså det å tilby *ulike tenester* til barna i våre samarbeidskommunar. Det er derfor opp til både Hareid, Ulstein og Volda kommune å bestemme om ein ønskjer å sette dei same begrensingane som Ørsta har gjort for å få barnevernsbudsjetta ytterlegare ned. Risikoen kan verte auke i utgiftene til tiltak på F 251 (kompenserande tiltak/kjøp av tenester) og F 252 (omsorgsovertakingar) på sikt.

Vårt hovudargument er som følgande:

Å kunne få kvalitativt betre barnevernstenester og gode hjelpetiltak, var noko av hovudhensikta med å etablere ei interkommunal barnevernsteneste frå 2014. Alle samarbeidskommunane mangla hjelpetiltak som kunne bidra til endring i utøvinga av foreldrerolla, såkalla *endringsfokuserte tiltak*. Alle kommunane nytta i stor grad, ofte svært kostbare *kompenaserande tiltak*, det vil seie tiltak som ikkje var retta direkte mot å skape forandring i barna sin omsorgssituasjon. Til trass for ein omfattande omstillingsprosess og fleire tilhøve som ikkje har fungert optimalt, har vi frå 2014 vald å halde fast på og prioritere dette faglege fokuset, ved å øymerke fagstillingar (familie- og andre terapeutar), til å arbeide i Familieteamet vårt. Desse arbeider direkte inn i heimane, med rettleiing og endringsarbeid, i hovudsak retta mot foreldra og måten dei utøver foreldrerolla si på.

Vår erfaring er at dei aller fleste foreldre både ønskjer og evner å forandre på forhold som ikkje fungerer godt nok i heimen. Eksempel på dette kan vere å lære korleis ein skal kunne ha ein god døgnrytme slik at familien fungerer i dagleglivet, korleis sitte ved middagsbordet og få dette til å bli ei positiv oppleving for både vaksne og barn, korleis sette grenser og gi omsorg til barna utan å bruke vald. Vi opplever ein voldsom auke i saker som gjeld vold mot barn frå deira omsorgspersonar. Ein stor del av desse sakene gjeld foreldre med anna kulturell bakgrunn, men vold blir også nytta av etnisk norske foreldre. Særleg når det gjeld typen vald som vi kan karakterisere som «oppdragarvold», er det viktig at foreldra får hjelp til å utvikle andre måtar å sette grenser for barna på.

For foreldra vil det å få god rettleiing og hjelp til å få nye måtar å handtere ulike situasjonar på, skape ei oppleving av *meistring*. For barna er det avgjerande å oppleve *positive endringar* i familiesamspelet, i omsorga dei får frå sine foreldre og i stemninga i heimen.

For oss som arbeider i barnevernstenesta, som i vårt arbeid skal bidrage til at barn får ein god oppvekst, er desse terapeutane eit avgjerande verkemiddel. Slikt endringsarbeid som vi her snakkar om, har ikkje den enkelte sakshandsamar verken tid eller kompetanse til å utøve på eiga hand.

Og vi ser at det nyttar! Det kan vere noko tidleg å konkludere, men vi synest å sjå ein tendens til nedgang i omsorgsovertakingar. Tidlegare var det å flytte barna ut av ein uholdbar heimesituasjon ofte det einaste alternativet, rett og slett for vi ikkje hadde noko «å hjelpe oss med». Vi ser at mange foreldre både har evne, vilje og kapasitet til å gå inn i krevjande, men positive endringsprosessar for at situasjonen for barna skal bli betre i heimen.

Då det statlege barnevernet Bufetat vart etablert, var noko av formålet at dei skulle tilby slike tenester til kommunane. Dette har dessverre ikkje fungert, og dei kan heller ikkje tilby slike tenester i dag. Det er derfor viktig at kommunane sjølv tar ansvar og grep for å kunne tilby foreldre god og målretta rettleiing der det trengs. For barna er dette heilt avgjerande.

MÅL:

- Få betre økonomikontroll ved å ta i bruk økonomidelen av fagprogrammet «Familia» ved å styrke kontorpersonalet med ei stilling.
- Overføre midlar frå tiltaksutgifter til lønnsutgifter for å 1) kunne sikre at lovkrava gjeldande fristar og andre tilhøve som teljast og som vi rapporterer på vert halde, og sikre gode evalueringar av alle tiltak som blir sett i verk, samtidig som vi kan tilby gode endringstiltak til dei som kan nyttiggjere seg dette, slik at foreldra sjølv kan gi barna tilfredsstillande omsorg.

Rasjonalisere ytterlegare? Effektivisere ytterlegare? Ein lærande organisasjon med kritisk blick på eiga verksemd og arbeidsmåtar. Betre tenester. Mulig sal av tenester. Overhalde fristane og fylle dei lovpålagte oppgåvene. Fråver av negative merknader frå forvaltninga eller ved rapportering til Fylkesmannen. Ingen negative presseoppslag om manglande oppfølging og kontroll av barn som vi har ansvar for.

2.12 NAV

I mai 2014 vart Nav-kontora for Volda og Ørsta slått saman til eitt felles kontor med Ørsta som vertskommune. Dette inneber at Ørsta kommune driv tenestene også for Volda kommune. Nav er ei viktig teneste, og det er viktig at Nav-tenesta inngår i det tverrfaglege samarbeidet med dei øvrige tenestene i kommunen. Det er behov for å gjere ei evaluering av samanslåinga for få oversikt over effekten av denne omorganiseringa. I den samanheng må vi også sikre faste rutiner for rapportering og budsjettering.

Teneste og utviklingsmål		
➤ Gi alle høve til å kome i arbeid	➤ Å gi alle barn og unge høve til å utvikle seg	➤ Betre levevilkåra for vanskelegstilte
➤ Aktivt tverrfagleg samarbeid med tenestene i Volda kommune	➤ Bruke viremidla fleksibelt ut frå individuelle behov for raskast mogleg kome i aktivitet eller arbeid	➤ Månadleg rapportering av økonomisk forbruk og tertialrapportering på tenestene

Ørsta er vertskommune for Nav-kontoret. Volda kommune kan instruere og gi styringssignal for tenesta i samsvar med samarbeidsavtalen. Ørsta kommune vert bedt om å rapportere på oppfølginga av måla.

Folkehelse

Arbeidslina ligg til grunn i NAV, fokus på arbeid skal vere ein raud tråd i det meste av arbeidet vårt. Forsking viser at det å vere utan arbeid aukar dødelegheit, helseproblem og forbruk av helsetenester. Å vere i arbeid aukar sjølvkjensla, gir betre psykisk helse og generelt betre helse. Arbeidsmiljølova seier også at det å vere i arbeid skal vere helsefremjande. Arbeidsfokuset understøttar folkehelseperspektivet.

Fakta om avdelinga

NAV Ørsta/Volda har pr. i dag 19,9 statlege og 8,75 kommunale årsverk. Av dei statlege årsverka er 0,5 årsverk knytt til settekontorordning. Av dei kommunale årsverka er 0,6 knytt til gjeldsrådgjeving, resten er knytt til rettleiing/sakshandsaming.

Kontoret har kommunal minimumsløysing, og skal yte sosiale tenester knytt til genererell råd og rettleiing, økonomisk rådgjeving, økonomisk stønad, midlertidig butilbod, kvalifiseringsprogrammet og individuell plan. I tillegg har vi gjeldsrådgjeving.

Kontoret er i dag organisert i to avdelingar, samt med eiga gruppe tilsette som har hovudoppgåvene sine knytt til kommunale tenester. Vi jobbar likevel etter prinsippet om integrerte tenester.

Mål og tiltak

NAV styrer etter eige målekort. I dette er det lagt inn fleire indikatorar og måltal sentralt, i tillegg har vi lagt inn ein del eigne kommunale parameter. For sistnemnde er målet å redusere både antal som mottek sosialhjelp, antal som har denne ytinga som hovudinntektskilde, samt gjennomsnittleg tid brukarane mottek slik stønad. Vi har elles som mål å auke antal deltakarar i kvalifiseringsprogrammet.

Konkrete tiltak for å nå måla, er m.a. målretta bruk av eige styringssystem, oppretting av KVP-nettverk for Søre Sunnmøre, meir utadretta jobbing, tettare samarbeid med samarbeidspartar og eiga kompetanseheving.

Status/utfordringar

Fleire brukarar og rask omstilling vil prege NAV framover.

NAV får fleire brukarar og må handtere eit arbeidsliv i raskare omstilling, men får nye mogelegheiter gjennom digitalisering. Det er hovudfunna i NAV si nye omverdsanalyse.

Endringstakta i samfunnet ser ut til å auke. NAV må vere førebudd på raske omprioriteringar, som følge av mogelege brå omstillingar på arbeidsmarknaden, endringar i tilstrøyming av flyktningar og andre uføresette hendingar.

Vi må rette arbeidet vårt endå meir inn mot arbeid, arbeidsgjevarar og arbeidsmarknaden. Ufaglært ungdom og flyktningar med lite skulegang vil verte særleg utsette grupper på arbeidsmarknaden, og desse gruppene, saman med langtidsledige, vil vere hovudsatsingsgrupper også framover.

Samfunnsutviklinga viser veksande utfordringar m.o.t. auke i ledigheita og fattigdom hos flyktningar. Kommunen si avgjerd om kor mange flyktningar ein ynskjer å busetje, påverkar også ressursbruken i NAV i stor grad. Vi har ei viktig rolle i arbeidet med integrering av flyktningar, dette i samarbeid med øvrig del av kommunen, som har hovudansvar for norskopplæring og introduksjonsprogram.

Innføring av kanalstrategi, sjølvbeteningsløysingar og redusert opningstid, har m.a. gitt oss høve til å jobbe tettare saman med m.a. vidaregåande skular, samt med flyktningkontora i både Volda og Ørsta. Vi har no eigne rettleiarar som jobbar på mobil løysing ute hos desse samarbeidspartane eit par timar ein dag i veka. Dette håper vi skal kome både brukarane, samarbeidspartane og oss sjølve til nytte.

Digitaliseringa vil halde fram for fullt i NAV, førebels er dette mest knytt til statlege tenester. Sjølvbeteningsløysingar knytt til kommunale tenester er også under utvikling, og vil truleg verte lansert i.l.a. 2018. Samla vil effektiviseringa gjennom betre digitale tenester gi betre høve for tettare oppfølging til dei brukarane som treng det mest.

Innføring av aktivitetskrav for sosialhjelp for personar under 30 år, kom i 2017. Aktivitetstilbodet STYRK- aktiv har fungert godt, og vi trur at vilkår og tilbod om aktivitet vil ha effekt på sosialhjelpsbudsjettet framover.

Hovudmålet til NAV er å få fleire i arbeid og aktivitet, og færre på stønad. NAV kan ikkje klare å løyse dette samfunnsoppdraget åleine, men må jobbe saman med andre aktørar. Det er viktig med felles forståing av oppdraget, at alle forstår si eiga rolle i det store biletet, og at vi har eit felles overordna målbilete. Vi vil difor vidareføre samarbeid med m.a. legar/behandlarar, andre avdelingar i kommunen, utdanningsinstitusjonar og ikkje minst arbeidsgjevarar/næringsliv.

Lokalt opplever vi å ha ein god arbeidsplass med svært stabilt og høgt nærvær. Dette meiner vi kjem av stort fokus og jamn jobbing inn mot HMS og trivsel. Dette vil verte vidareført framover. I februar 2018 skal NAV-kontoret flytte til nye lokaler. Dette vil medføre noko auke i husleigekostnadane, men vil samstundes gi kontoret eit positivt løft.

Økonomiske rammer 2018 - 2021

Sektor	Regnskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Sum utgifter	9 409 141	8 837 312	9 767 312	9 767 312	9 767 312	9 767 312
Sum inntekter	-552 033	-120 000	-300 000	-300 000	-300 000	-300 000
NAV Kommune	8 857 108	8 717 312	9 467 312	9 467 312	9 467 312	9 467 312

Endringar i rammene kjem som følgje av auke i husleigekostnad. Volda kommune har tidlegare år ikkje betalt husleige. Etter avtala skal ein frå 2018 betale dette. I og med at NAV flyttar lokaler vil husleiga auke og det er i 2018 behov for auke i overføringar knytt til innkjøp av ein del inventar.

2.12 FELLESOMRÅDET

Dette ansvarsområdet inneheld utgifter og inntekter som ikkje høyrer naturleg heime på den einskilde sektor.

Her er eit utdrag av utgiftene:

- Amortisering av tidlegare års premieavvik på pensjonsområdet
- Revisjon
- Kontrollutval
- Kyrkjeleg fellestråd
- Tilskot til andre trussamfunn
- Diverse kontingentar, som til dømes kopinar og KS
- Driftstilskot til Volda rullarlag, Volda stadion m fl (i høve politiske vedtak)
- Avskrivingar
- Avsett pott til neste års lønnsoppgjer, som vert fordelt ut på sektorar i løpet av året
- Innsparingstiltak som skal rapporterast på og fordelast ut på sektorar gjennom året (sjå omtale av tiltak under)

Her er dei viktigaste budsjetterte inntektene:

- Kalkulatoriske inntekter frå sjølvkostområda
- Vertkommunetilskot for asylmottak
- Tilskot for einslig mindreårige.
- Motpost avskrivingar (inntekt)
- Sal av konsesjonskraft

Økonomiske rammer 2018 – 2021

Sektor	Regnskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Utgifter	59 846 086	44 557 944	41 874 750	35 674 750	31 174 750	29 274 750
Inntekter	-56 021 318	-53 311 030	-45 930 280	-45 930 280	-45 930 280	-45 930 280
Fellestenester	3 824 768	-8 753 086	-4 055 530	-10 255 530	-14 755 530	-16 655 530

Tiltak som er med på å endre rammene i økonomiplanperioden

	2018	2019	2020	2020
Reduksjon til tilskudd Flyktning inkludert EM	8 261 450	8 261 450	8 261 450	8 261 450
Reduksjon i tenester knytt til Flyktning	-1 000 000	-3 000 000	-4 000 000	-4 000 000
Lønnsvekst (inkl lokale fohandlingar 2017 og endring pensjon)	7 696 806	7 696 806	7 696 806	7 696 806
Digitalisering og innovasjon, samordning skule og barnehage	-2 600 000	-6 800 000	-10 300 000	-12 200 000
Ikkje disponerte løyvingar Fellesområde	-6 780 000	-6 780 000	-6 780 000	-6 780 000

Omtale av tiltaka

Lønnsvekst

Det er sett av 2,8 % til neste års lønnsvekst (med verknad frå 1. mai). Dette er i tråd med deflator gitt av KS.

Tilskot og tenester til flyktningar inkl. einslige mindreårige

Som følge av endring i flyktningspolitikken er det forventa at Volda får mindre flyktningar enn tidlegare år. Spesielt gjer dette utslag på tilskot knytt til einslige mindreårige. Tilskotet vert vekke, men det vil gi utfordringar å få ned kostnadssida på kort tid. Det er likevel forventa ein reduksjon på drifta med einslige mindreårige, der ein reduserer frå hausten 2018. Reduksjonen kjem fram i rammene til barnevern Volda kommune.

I tillegg er det lagt inn eit tiltak som skal redusere tenestetilbodet knytt til flyktningar. Talet på flyktningar vil verte redusert i økonomiplanperioden, og det er naturleg å redusere på tenestetilbodet (helsestasjon, opplæring m.m). Reduksjonen er lagt inn med 1 mill i 2018, 3 mill i 2019 og 4 mill kr i 2020-2021.

Digitalisering og innovasjon – samordning barnehagar og skular

Sektorane og stabane vert utfordra på å skaffe seg kunnskap om utfordringsbildet og kva utvikling som skjer innanfor tenesteområda i andre kommunar i inn- og utland. Volda kommune skal vektleggje ein organisasjonskultur med takhøgde for eksperimentering – prøving og feiling. Det er viktig at dei tilsette vert involvert i prosessar med å definere behov som kan gi meir effektive og betre løysingar. Det vert m.a forventa at teknisk sektor gjennomfører minst eitt innkjøp etter metoden for innovative innkjøp i 2018.

Volda kommune har inngått samarbeid med kommunane på Søre Sunnmøre og IKT-drift og strategisk utvikling av tenestene knytt til digitalisering. Det skal leggjast fram ein digitaliseringsstrategi med prioritering av satsingsområde for å forenkle, effektivisere og utvikle tenestene i kommunane. Volda kommune har store forventningar til det interkommunale samarbeidet for IKT drift og for digitalisering/utvikling. Det vert forventa klare mål og systematisk oppfølging for å dokumentere effekt. Det er forventningar til at modellen for innovative innkjøp vert vurdert ved investering av nye programvarer og IT-løysingar.

Saman med samordningar i skule og barnehagar og på sikt kommunesamanslåinga er der moglegheiter for effektivisering og smartare drift. Dette vert synleggjort i rammene på fellesområde. Hovudargumentet for å samle tiltaket er at ein då får det inn i eit rapporteringssystem der ein følgjer opp gjennom året. Alternativet er å fordele innsparingane i sektorane, men då på eit tidspunkt der vi ikkje veit kva effekt eit slikt tiltak vil ha.

Regjeringa har gjennom Perspektivmeldinga, kommuneproposisjonen og statsbudsjettet for 2018 stilt klare forventningar til at kommunane må gjere tiltak for å auke produktiviteten og effektivisere. KOSTRA-tala viser at Volda kommune har eit særleg potensial innanfor skule

og barnehage. Den desentraliserte tenestestrukturen medfører også auka administrative ressursar. Det kostar å administrere så mange einingar, jfr også KOSTRA-tala. I økonomiplanen er det lagt inn tiltak både for å samordne skular og barnehagar, samt instrammings- og omstillingstiltak for å byggje opp at fondsmidlar til ein sjølvberande økonomi.

Utviklinga i sjukefråveret har auka i kommunal sektor på tross av IA-avtale og tiltak for å redusere fråveret. I Volda kommune gjekk fråveret ned i 2016 og litt opp att i 2017. Nærversarbeidet og sjukefråversoppfølginga skal ha sterkt fokus framover. Erfaringane frå dei som har lykkast viser at tett individuell oppfølging er det beste virkemiddelet. Effekten av prosjekt er ofte tidsavgrensa. Det er grunnleggjande å ha trygge, tydelege og støttande leiarar som følgjer tett opp. Kviteseid Omsorgssenter snudde utviklinga frå 15 % til 4,4 % fråver på to år med denne oppskrifta:

- *Fikk til et godt samarbeid mellom ledelse, tillitsvalgte og NAV arbeidslivssenter*
- *Fikk oversikt over sykefraværet og så mønster i dette.*
- *Visualiserte sykefraværet for hver enkelt, både egenmeldt og legemeldt*
- *Snakket med alle ansatte om sykefraværet*
- *Etablerte klare rutiner for melding og oppfølging av sykefravær.*
- *Har en åpen og «ufarlig» dialog om muligheter for tilrettelegging.*
- *Har sykefravær som tema på hvert eneste personalmøte.*
- *Er tydelige og våger å stille krav*
- *Fokus på framsnicking av både arbeidsplass og kollegaer*
- *Er oppmerksom på og fremhever også de jobbene som ikke alltid er like synlig på en arbeidsplass.*

Dei to siste åra i økonomiplanen er relatert til nye Volda. Rådmennene i Hornindal og Volda er i dialog omkring prosessar som kan gjennomførast i samband med etableringsprosjektet. Nye Volda har sysselsetting, kompetanseutvikling og digitalisering som satsingar. Det vert lagt fram eige budsjett for prosjektet nye Volda som skal godkjennast av fellesnemnda. Dette handlar om disponering av statlege tilskot til prosjektet. Det vert foreslått å setje av midlar til felles leiarutvikling, kompetanseutvikling og frikjøp av ressursar til digitalisering i pleie og omsorg (digital omsorg) og i skulen (digitalisering i undervisninga). Vidare vert det lagt til grunn at ein skal starte med nytt sakshandsamingssystem frå oppstarten av ny kommune.

Reduksjon i ikkje disponert avsetjing

Fleire av tiltaka det er sett av midlar på gjennom tidlegare år har komt inn på rammene til etatane gjennom lønnsarbeidet og konsekvensjustert budsjett. Difor vert ramma redusert under fellestenestene.

Kyrkjeleg fellesråd

Kyrkja er ein sjølvstendig juridisk organisasjon som er ansvarleg for si drift innanfor dei tilskota som vert ytt frå kommunen. Dette er følgt opp med ei budsjetteknisk omlegging der tilskotet til Kyrkja vert budsjetttert som ei driftsoverføring frå kommunebudsjettet. Det er lagt

opp til same aktivitet på drifta som i 2017 Tilskot til husleige kjem i tillegg, og er ein del av tenesteytingsavtalen.

3 INVESTERINGAR

Arbeidet med å justere ned investeringar har hatt høg prioritet i budsjettprosessen. I 2017 er det lagt inn investeringar på 455 mill kr. Tidleg i oktober viste rekneskapen at berre 144 mill kr var nytta. Det kan vere mange forklaringar på kvifor ein ikkje klarer å gjennomføre investeringar som planlagt og alle investeringar som ligg i budsjettet har nok ein nytteverdi den dagen dei vert gjennomført. Men investeringar bind kapitalkostnad av drifta. I ein budsjettprosess er det viktig å vere realistisk på korleis ein ønskjer å disponere midlar til å drifte kommunen på eit realistisk tenestenivå. Handlingsrommet er lite og då kan millionar spart på kapitalkostnadar kome til nytte til andre tenester og brukarar.

For å få til eit realistisk investeringsbudsjett, med prosjekt som vi veit vi klarer ressursmessig å gjennomføre i økonomiplanen har det vore nødvendig å «nullstille» inn mot 2018. Dette betyr at vi ikkje overfører restrammer frå 2017 til 2018. Sektorleiarane har hatt ein gjennomgang på alle prosjekt som er budsjetttert med i 2017, gjort ei vurdering på forbruk i 2017 og behov for rammer på prosjekta som skal vere med vidare i 2018- 2021.

I skjema 2A ser vi investeringsrammer og finansiering samla for åra i økonomiplanperioden. Tala som ligg i budsjett 2017 er mykje høgare enn rekneskapen vil vise. Det er heller ikkje tatt opp meir lån i 2017 enn det som vi forventar å ha behov for i året.

Sjølv om vi har klart å redusere ned investeringsnivået er samla investeringsbehov i perioden på 417 mill kr. I dette talet ligg om lag 50 prosjekt som skal gjennomførast og følgjast opp. Dette krev både gode rapporteringsrutinar og prioriteringsevne frå både sektorane som bestiller prosjekta og frå sektor som skal gjennomføre.

Frå og med 2018 vil rapportering på investering verte ein del av tertialrapporten.

Detaljert oversikt over investeringssprosjekta kjem frå kapittel 3.1 og utover. Prosjekta er inndelt etter tenestoområde.

Dei større investeringane i økonomiplanperioden er:

- IKT og digitalisering (digitalisering i skulen og velferdsteknologi)
- Bustadfeltet Urbakkfoten med tilhøyrande veginfrastruktur
- Opparbeiding av Rotset næringsområde
- Rehabilitering/tilbygg Volda ungdomsskule
- Ny sentrumsbarnehage
- Omsorgsbustader
- Idrettshall (investeringstilskot til Volda Campus Arena)
- Svømmehall
- Kino og kultursal
- Reinsanlegg og vassforsyning ut frå avløps- og vassrammeplanen

Tekst	Regnskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Investeringer i anleggsmidler	186 328 374	443 945 363	186 506 600	81 183 000	103 833 000	44 583 000
Utlån og forskutteringer	4 274 100	5 000 000				
Kjøp av aksjer og andeler	2 058 023					
Avdrag på lån	10 929 199	2 500 000				
Dekning av tidligere års udekket	0					
Avsetninger	2 538 053	3 625 277		800 000		
Årets finansieringsbehov	206 127 749	455 070 640	186 506 600	81 983 000	103 833 000	44 583 000
Bruk av lånemidler	-148 425 404	-375 041 276	-131 019 280	-54 994 400	-64 634 400	-35 716 400
Inntekter fra salg av anleggsmidler	-10 665 035					
Tilskudd til investeringer						
Kompensasjon for merverdiavgift	-29 867 754	-72 909 087	-34 751 320	-16 236 600	-20 766 600	-8 866 600
Mottatte avdrag på utlån og refusjoner	-8 821 895	-2 500 000	-736 000	-1 552 000	-832 000	
Andre inntekter	-522 635					
Sum ekstern finansiering	-198 287 487	-450 450 363	-166 506 600	-72 783 000	-86 233 000	-44 583 000
Overført fra driftsregnskapet	-5 507					
Bruk av tidligere års udisponert	-1 915 816	-3 625 277				
Bruk av avsetninger	-9 528 976	-995 000	-20 000 000	-9 200 000	-17 600 000	
Sum finansiering	-209 737 786	-455 070 640	-186 506 600	-81 983 000	-103 833 000	-44 583 000
Udekket/udisponert	-3 610 037	0	0	0	0	0

3.1 IKT INVESTERINGAR

Frå og med januar 2018 er det SSIKT som står for hovudinvesteringar på IKT. I 2018 er det forventa at Volda sin del er på vel 1,9 mill kr. I tillegg kjem der eigne investering knytt til skule, barnehagar og velferdsteknologi. Som det går fram av prosjekta under er der framleis stor satsing på IKT i skulen og barnehagar.

BUDSJETTSKJEMA 2 B INVESTERINGSPROSJEKT VOLDA KOMMUNE ØKONOMIPLAN 2018-2021/BUDSJETT 2018				
IKT INVESTERINGAR (Brutto investeringsramme)	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
IKT Volda kommune (EDB-utstyr rådhus)	600 000	600 000	600 000	
Interkommunale IKT investeringar	1 866 600	750 000	400 000	
IKT-satsing oppvekst (khe)	750 000	750 000	750 000	750 000
Nettbrett barnehage og skule	2 500 000			
Investering velferdsteknologi	1 250 000	1 250 000	1 250 000	1 250 000

3.2 INVESTERING I BARNEHAGE OG GRUNNSKULE

Prosjekteringskostnadar er lagt inn både for opprusting av ungdomsskulen og til ny barnehage i sentrum. Investeringsrammene vert å innarbeide når prosjektering er klar og kostnadane er meir handfaste. Ny barnehage i sentrum meiner vi skal finansierast ved at andre mindre barnehagar vert lagt ned. Sjølv om vi ikkje kjenner kostnadane knytt til utbetring av ungdomsskulen er det likevel synleggjort ei auke i kapitalkostnadar frå og med 2021.

Leikeplassar i barnhage og skule og prosjektet av bøtande tiltak i barnehagar er også prioritert.

BUDSJETTSKJEMA 2 B INVESTERINGSPROSJEKT VOLDA KOMMUNE ØKONOMIPLAN 2018-2021/BUDSJETT 2018				
BARNEHAGAR OG GRUNNSKULE (Brutto investeringsramme)	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Prosjektering Volda u-skule, opprusting	1 000 000			
Leikeplassar (skular/barnehagar)	800 000	800 000		
Prosjektering Ny barnehage sentrum		500 000		
Barnehagar avbøtande tiltak	500 000			

3.3 INVESTERINGAR KULTUR OG IDRETT

Det er lagt inn midlar til planlegging av eit nytt symjeanlegg i 2019. Tiltaket er ei styrking av folkehelsestilbodet i tillegg til å støtte lovpålagd symjeundervisning i grunnskulen.

Idrettshallen er også innarbeid i framlegget, men dette som driftskostnad i form av husleige og stønad (kapitalkostnadar for 30 mill kr).

Prosjektet "Friluftstiltak" er oppretta for å dekkje kommunal eigendel ved søknadar om statstilskot ved sikring/kjøp og tilrettelegging av friluftslivsområde.

Volda skatepark er ein plass der barn og unge får utfolde seg i aktivitet utanfor den organiserte idretten. Budsjettmidler er flytta ut til 2021 i påvente av initiativ frå dei frivillige som nytta skateparken.

BUDSJETTSKJEMA 2 B INVESTERINGSPROSJEKT VOLDA KOMMUNE ØKONOMIPLAN 2018-2021/BUDSJETT 2018				
KULTUR OG IDRETT (Brutto investeringsramme)	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Prosjektering symjehall		625 000		
Friluftstiltak m.m. (aaa)		333 000	333 000	333 000
Skatepark (ga)				250 000

3.4 INVESTERINGAR HELSE OG OMSORG

Det mest kostbare prosjektet i helse og omsorg er bygging av omsorgsbustadar i Doktorhaugen. Dette er bustader til funksjonshemma som har fylt 18 år og som skal flytte frå heimen.

Det er lagt inn planleggingsmidlar til særskilt tilrettelagte omsorgsbustader i 2019. Investeringsmidlar kjem ein attende til i seinare rullering av økonomiplanen når kostnadene vert kjende. Dette er avanserte bustader for pasientar med tyngre pleiebehov, og som bør lokaliserast nær administrasjons-/vaktbase. Til desse bustadane er det knytt både tilskot frå Husbanken og husleige.

Legesenteret har behov for oppgradering og utviding. Eksisterande lokale blir utvida og oppgradert. Dette vert sett i samanheng med flytting av dagsenteret Gnisten til Prestegarden. Prosjektet startar ikkje før 2019.

Folkestadtun står ovanfor fleire oppgraderingsbehov. Dette gjeld mellom anna nytt kjøkken, vaskerom, garderobe (menn), oppgradering av kontor, terrasse, oppgradering vassforsyning (rør) m.m.

I omsorgssenteret har det no vore drift i over 12 år. Både slitasje, fleire tilsette og nye møterom og kontor har gitt behov for nye innkjøp. Fleire kontortilsette har skulder/

nakkeplager og treng hev/senk kontorpultar. I tillegg er det ønske om å kjøpe motiview trimsykel for bebuarar og brukarar av dagsenter. På kjøkkenet har produksjonsutstyret gått over avskrivningstida og slitasje og reparasjonsbehov er aukande. Dei to prosjekta er med på å betre arbeidsmiljøet.

BUDSJETTSKJEMA 2 B INVESTERINGSPROSJEKT VOLDA KOMMUNE ØKONOMIPLAN 2018-2021/BUDSJETT 2018				
HELSE OG OMSORG (Brutto investeringsramme)	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Legesenteret		500 000	3 500 000	
Omsorgsenteret - Inventar og utstyr	2 000 000			
Omsorgsenteret, utskifting av utstyr på kantine	500 000	500 000		
Omsorgsbustader (5stk) Doktorhaugen	17 000 000			
Naudlysanlegg Omsorgsenteret	1 500 000			
Særskilt tilrettelagte omsorgsbustader		1 200 000		
4. etasje omsorgsenteret	625 000			
Folkestadtun – oppgradering	1 800 000	1 800 000		
Solskjerming kommunale bygg - omsorg	1 000 000			
Sansehagen oppgradering av hagen		500 000		

3.5 INVESTERINGAR NÆRINGS- OG BUSTADUTBYGGING

Prosjektet "Næringsområde Øvre Rotset" inneheld regulering, grunnnerv, prosjektering og opparbeiding av området. Prosjektering har starta på den delen av feltet som ligg vest for E39. Vegen gjennom dette området er tilkomst for dei nye bustadane på Rotset som vert ferdige i mars 2018.

Det vert planlagt at ein ikkje startar opp med bustadfeltet Urbakkfoten – Håmyra før 2019. Det er viktig å prioritere prosjektering og utbygging av veg mellom dei to områda.

Sentrumsutvikling er viktig for å gjere Volda meir attraktivt som bumiljø. Prosjekteringa fokuserer seg på gatemiljøet i Hamnakvartalet og bygging av bru/turveg i Elvadalen. Dette er eit trepartssamarbeid mellom næringslivet og tettstadsprogrammet til fylkeskommunen.

BUDSJETTSKJEMA 2 B INVESTERINGSPROSJEKT VOLDA KOMMUNE ØKONOMIPLAN 2018-2021/BUDSJETT 2018				
NÆRINGS- OG BUSTADUTBYGGING (Brutto investeringsramme)	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Bustadfelt Urbakkfoten - Håmyra (aaa)		1 500 000	15 000 000	
Næringsområde Øvre Rotset	17 000 000	5 000 000	5 000 000	
Kommunal del sentrumsutvikling	5 000 000	5 800 000	2 000 000	
Kjøp Fiskerihavna	750 000			

3.6 INVESTERING I SAMFERDSEL

Opprusting og bygging av vegar i Raudemyra, Klepp, Håmyra, Urbakkefoten og Engeset bør sjåast i sammanheng. Dei fem prosjekta sett i sammanheng, strekk seg i heile økonomiperioden og arbeidet bør utførast innanfor perioden. Om ikkje arbeidet vert starta vil dette medføre auka vedlikehaldskostnader.

Areal med grusdekke krev kontinuerleg vedlikehald, særleg i periodar med mykje nedbør. Vi tek sikte på å leggje fast dekke på alle kommunale grusvegar og parkeringsplassar som det er fornuftig å asfaltere, før sommaren 2018. Dette bidrar til innsparing i kostnader knyttet til vegvedlikehald i åra framover. I tillegg har kommunen fått ein god rammeavtale for asfalt som gjeld ut juni 2018.

Utbygging veglys til LED er eit framtidsretta og miljøvenleg tiltak som betalar seg sjølv ved reduserte energiutgifter. I tillegg betaler vi like mykje i vedlikehald av dei gamle armaturane som vi betalar i straumutgifter.

BUDSJETTSKJEMA 2 B INVESTERINGSPROSJEKT VOLDA KOMMUNE ØKONOMIPLAN 2018-2021/BUDSJETT 2018				
SAMFERDSEL (Brutto investeringsramme)	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Opprusting Raudemyrvegen til Samleveg		1 500 000	8 500 000	
Opprusting Kleppevegen til Samleveg				500 000
Sambindingsveg over Håmyra	1 500 000			
Samleveg Urbakkefoten	1 500 000	5 500 000		
Opprusting Engesetvegen forbi Omsorgsenteret til Samleveg	4 000 000	2 000 000		
Utbetring kommunale vegar (aaa)	2 000 000		2 000 000	
Fast dekke kommunale areal/vegar finansiert drift	11 900 000			
Utbygging veglys til LED finansiert ved straumsparing	2 750 000			
Nedgravd avfallsløysing og parkering ved Rådhuset	1 000 000			

3.7 INVESTERINGAR KOMMUNALE BYGG

I samband med gjennomføringsfasen av EPC kontrakten vil det vere mange tiltak som skal gjennomførast i ein periode fram til medio 2018. Denne tiltakspakka er presentert for kommunestyret og godkjent. Her vil vi kunne gjennomføre mange energitiltak i samanheng med generell oppgradering av våre kommunale bygg.

Volda kommune har stort etterslep på vedlikehald av kommunale bygg. Kommunen har lykkast i arbeidet med gjennomstrøyming i dei kommunale bustadene. Dette medfører at det blir stadig fleire bustadar som må oppgraderast når dei skal ut på marknaden igjen etter 10-20 år med jamn utleige.

BUDSJETTSKJEMA 2 B INVESTERINGSPROSJEKT VOLDA KOMMUNE ØKONOMIPLAN 2018-2021/BUDSJETT 2018				
KOMMUNALE BYGG (Brutto investeringsramme)	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
EPC gjennomføringstiltak	32 000 000			
Oppgradering kommunale bygg	4 600 000	4 700 000	5 200 000	
Branndepot Straumshamn		800 000		
Oppgradering Prestegata 33	1 500 000			
Tilbygg Myrtun - strøsandlager for komm.teknisk sektor m.m.	730 000			
Ferdigstilling Brannstasjon etter krav frå Arbeidstilsynet	1 200 000			

3.8 INVESTERING I BRUER OG FLAUMSIKRING

Rehabilitering og levetidsforlenging av andre kommunale bruer er viktig, då tilstandskontroll har avdekt eit rehabiliteringsbehov på fleire bruer. Prosjektet startar ikkje før 2019.

Større nedbørsmengder i dei siste åra har ført til ein del skader på offentlig infrastruktur og private eigendomar. Overvasskapasiteten i og ved Volda sentrum må difor kraftig oppgraderast til å tole ein 200 års flaum.

Geologiske vurderingar tilseier at det bør gjerast førebyggjande tiltak i for sikring av elver og nedløpssystem frå Melshornsida i Volda sentrum. Vi har fått avslag på søknad om statlege tilskot på grunn av for låge nasjonale rammer til førebyggjande tiltak mot flaum og skred. Dette er tiltak som er for store for Volda kommune utan statlege tilskot, og det vil i løpet av 2018 verte lagt fram eiga skal på korleis ein skal arbeide vidare med dette.

BUDSJETTSKJEMA 2 B INVESTERINGSPROSJEKT VOLDA KOMMUNE ØKONOMIPLAN 2018-2021/BUDSJETT 2018				
BRUER OG FLAUMSIKRING (Brutto investeringsramme)	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Levetidsforlenging for bruer		800 000	800 000	
Full rehabilitering av Skinnvikbrua	500 000			
Flomsikring Volda sentrum Melshornsida	10 000 000	7 000 000		
Flomførebygging Heltneelva	4 000 000	7 000 000		

3.9 INVESTERING I MASKINER, VERKTØY OG KØYRETØY

Det er kontinuerleg slitasje på maskinparken, noko som resulterer i at vi jamnleg må skifte ut forelda utstyr. Eigedomsavdelinga treng å bytte ut enkelte utstyr som er i porteføljen, m.a

slåtteutstyr. Innanfor kommunalteknisk er det er innarbeidd gravemaskin med hengjar i 2018 for å effektivisere vegvedlikehaldet.

BUDSJETTSKJEMA 2 B INVESTERINGSPROSJEKT VOLDA KOMMUNE ØKONOMIPLAN 2018-2021/BUDSJETT 2018				
MASKINER, VERKTØY OG KØYRETØY (Brutto investeringsramme)	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Maskiner, verktøy og køyretøy til Egedomsdrift	625 000		500 000	0
Maskiner og køyretøy til parkdrift		300 000	150 000	150 000
Maskiner og køyretøy til vegdrift	3 185 000		750 000	2 500 000
Brann - Beredskapsmateriell og køyretøy	1 500 000	600 000	600 000	600 000

3.10 INVESTERINGAR SJØLVKOST (VATN, AVLØP OG FEIING)

Volda kommune har større etterslep på investeringar innanfor vatn og avløp. Dei største investeringane er knytt til reinseanlegg for sentrum og Morkområdet. Samla sett vil etter kvart føre til auka gebyr. Rammeplanen for vatn og avløp er ute på høyring og skal leggjast fram for kommunestyret til slutthandsaming etter nyttår. Det er lagt inn relativt høgt ambisjonsnivå for 2018, og detaljplanlegging av prosjekta må også vise framdriftsplan som viser om det er realistisk å gjennomføre heile investeringsprogrammet i 2018. Det er store behov for investeringar på vass- og avløpssektoren, også tiltak som ein kan få pålegg om å iverksetje. Teknisk sektor ber om ei ekstra stilling for å ha tilstrekkeleg kapasitet. Sjølv om dette går på sjølvkostområdet, så er det ikkje foreslått auka med fleire ingeniørar. Først bør ein gjere ein gjennomgang av prioriteringane og vurdering av betre utnyttning av tilgjengeleg stillingsressursar.

BUDSJETTSKJEMA 2 B INVESTERINGSPROSJEKT VOLDA KOMMUNE ØKONOMIPLAN 2018-2021/BUDSJETT 2018				
SJØLVKOST (Brutto investeringsramme)	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Avløp samleinvestering	24 450 000	17 125 000	46 500 000	34 000 000
Vatn samleinvestering	20 875 000	12 250 000	10 000 000	3 750 000
Feiing	250 000			500 000

4 ØKONOMISKE RAMMEVILKÅR

Vi skal i dette kapitlet sjå på faktorar som er avgjerande for den økonomiske handlefridomen:

- Finansområdet
- Fondsmidlar
- Statsbudsjettet for 2018
- Frie inntekter
- Generelle statstilskott
- Folketalsutvikling
- Eigedomsskatt
- Næringsutvikling
- Kommunereforma

Vi skal i tillegg sjå på Volda kommune i høve til andre kommunar (KOSTRA).

Tabellen under viser budsjettskjema 1 A for komande økonomiplanperiode. Budsjettskjema 1A viser kor mykje som kan fordelast til drift etter at det er teke omsyn til netto finans-kostnader og netto avsetningar. I resten av kapittel 2 er det gjort grundig greie for føresetnadane som ligg til grunn utrekning av budsjettskjema 1A.

SKJEMA 1A DRIFT - VOLDA KOMMUNE - ØKONOMIPLAN 2018-2021/BUDSJETT2018						
	Regnskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Skatt på inntekt og formue	-206 754 873	-200 000 000	-208 400 000	-208 400 000	-208 400 000	-208 400 000
Ordinært rammetilskudd	-260 078 170	-271 711 000	-279 200 000	-279 200 000	-279 200 000	-279 200 000
Sum frie inntekter	-466 833 043	-471 711 000	-487 600 000	-487 600 000	-487 600 000	-487 600 000
Eigedomsskatt	-17 113 341	-17 000 000	-17 500 000	-17 800 000	-18 100 000	-27 850 000
Andre direkteog indirekte skatter	0	-700 000	-700 000	-700 000	-700 000	-700 000
Andre generelle statstilskudd	-35 772 783	-35 439 000	-34 558 300	-34 558 300	-34 558 300	-34 558 300
SUM FRIE DISPONIBLE INNTETER	-519 719 167	-524 850 000	-540 358 300	-540 658 300	-540 958 300	-550 708 300
Renteinntekter	-2 100 000	-2 100 000	-2 100 000	-2 100 000	-2 100 000	-2 100 000
Utbytte Tussa	-4 679 126	-3 500 000	-4 840 000	-4 840 000	-4 840 000	-4 840 000
Avkastning plasseringar	-1 823 469	-1 500 000	-1 500 000	-1 500 000	-1 500 000	-1 500 000
Renteutgifter/finansutgifter	17 928 566	25 395 000	22 670 468	22 958 466	23 303 902	29 902 408
Avdrag på lån	21 475 931	26 574 000	28 656 128	29 555 448	30 424 768	35 294 338
NETTO FINANSINNTEKTER OG UTGIFTER	30 801 902	44 869 000	42 886 596	44 073 914	45 288 670	56 756 746
Dekn av tidl års merforbruk	0	0	0	0	0	0
Til ubundne avsteneringer	37 886 211	0	0	0	0	0
Til bundne avsteneringer	75 039	700 000	700 000	700 000	700 000	700 000
Bruk av tidl års regnsk overskot	-25 397 311	0	0	0	0	0
Bruk av disposisjonsfond	-8 619 883	-18 896 898	-17 896 734	-9 358 123	-8 199 479	-9 017 554
Bruk av bundne avsetninger	0	0	0	0	0	0

SKJEMA 1A DRIFT - VOLDA KOMMUNE - ØKONOMIPLAN 2018-2021/BUDSJETT2018						
	Regnskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
NETTO AVSETNINGER	3 944 056	-18 196 898	-17 196 734	-8 658 123	-7 499 479	-8 317 554
Overført til investeringsbudsjettet	5 507	0	0	0	0	0
TIL FORDELING DRIFT	-484 967 702	-498 177 898	-514 668 438	-505 242 509	-503 169 109	-502 269 108
Sum fordelt drift fra skjema 1B	484 967 702	498 177 898	514 668 438	505 242 509	503 169 109	502 269 108
Merforbruk Mindreforbruk	0	0	0	0	0	0

4.1 FINANSOMRÅDET

Volda kommune har dei tre siste åra hatt ei auke i langsiktig gjeld, spesielt gjeld dette lånegjeld. Gjelda har auka ytterlegare i 2017, men som nemnt tidlegare er auken forventa å bli lågare enn budsjettet. Investeringsane i førre kapittel viser i tillegg at den kjem til å auke ytterlegare i økonomiplanperioden.

Langsiktig gjeld	2016	2015	2014
Pensjonsforpliktingar	889 864 072	848 548 841	839 559 270
Lånegjeld (inklusive sertifikatlån)	904 704 685	779 692 344	762 753 455
Sum langsiktig gjeld	1 794 568 757	1 628 241 185	1 602 312 725


I det opphavlege budsjettet for 2017 var det gjort vedtak om låneopptak på ca 230 mill kr. Framdrifta på investeringsprosjekta indikerte imidlertid at det kun var naudsynt å gjennomføre 50 mil kr av dette låneopptaket. Investeringsane i førre kapittel viser i tillegg at den kjem til å auke ytterlegare i økonomiplanperioden:

Langsiktig lånegjeld	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Ordinære lån (*)	851 002 851	875 700 000	1 012 814 472	1 054 490 024	1 109 466 256	1 118 754 918
Startlån	53 701 834	53 701 834	53 701 834	53 701 834	53 701 834	53 701 834
Sum langsiktig lånegjeld	904 704 685	929 401 834	1 066 516 306	1 108 191 858	1 163 168 090	1 172 456 752

Tabellen under viser planlagde låneopptak i komande økonomiplanperiode. Prognose på gjeldsutviklingen går også fram av tabellen:

Lånegjeld	2017	2018	2019	2020	2021
01.jan	851 000 000	875 700 000	1 012 814 472	1 054 490 024	1 109 466 256
Låneopptak	50 000 000	165 770 600	71 231 000	85 401 000	44 583 000
Avdrag	25 300 000	28 656 128	29 555 448	30 424 768	35 294 338
Lånegjeld pr. 31.desember	875 700 000	1 012 814 472	1 054 490 024	1 109 466 256	1 118 754 918

Under er utvikling av langsiktig gjeld i økonomiplanperioden illustrert grafisk:



Finansutgifter

Tabellen under viser prognose for finansutgifter i komande økonomiplanperiode:

	Regnskap 2016	2017	2018	2019	2020	2021
Rente utgifter	17 128 566	24 595 000	21 870 468	22 158 466	22 503 902	29 102 408
Rente Startlån	800 000	800 000	800 000	800 000	800 000	800 000
Sum renter	17 928 566	25 395 000	22 670 468	22 958 466	23 303 902	29 902 408
Avdrag	21 475 931	26 574 000	28 656 128	29 555 448	30 424 768	35 294 338
Sum finansutgifter	39 404 497	51 969 000	51 326 596	52 513 914	53 728 670	65 196 746

Rentevilkår

Volda kommune har i 2017 hatt ei gjennomsnittsrente på rundt 2,2 %. Samanlikna med nabokommunane er dette høgare enn det dei oppnår. I desse dagar har vi difor ute eit anbod der vi ber ulike forvaltarar om ei tilbakemelding på samansetjinga av låna vår. Det er forventningar om å få ned gjennomsnittsrenta innanfor same risiko som vi har i dag. Dette er synleg i tabellen over, som viser at ei forventning på rentereduksjon på 1 mill kr pr år.

Renta har over tid vore uvanleg låg. Det er viktig å vere merksam på at renta vil stige dersom det vert auka etterspørsel innanfor dei større verdsøkonomiane. Volda kommune er risikoutsett med så høg lånegjeld. Ein del av renta er bunden, men dersom renta aukar med 1 prosentpoeng vil brutto renteauke utgjere ein årleg meirkostnad på om lag 5,8 mill.

Avdrag

Volda kommune budsjetterer med minimumsavdrag på sine langsiktige lån. Verdien av anleggsmidlane (bygningar, transportmidlar etc.) og levetida til desse, er avgjerande for kor mykje vi må betale i årlege avdrag. Minimumsavdrag kan bli rekna ut ved 2 ulike metodar, forenkla metode eller avansert metode. Volda kommune nyttar metoden som gir den lågaste avdragsbelastninga pr år (avansert metode).

Forslag til ny kommunelov er sendt på høyring. I forslaget til ny kommunelov vert det lagt opp til at det ikkje lenger er lov å nytte denne modellen. Dette vil føre til fleire mill kr i auka årlege avdrag for Volda kommune, men vil ikkje få effekt før ny kommunelov trer i kraft i 2020.

Lånegjeld delt inn i kategori

Det er ikkje all gjeld som belastar kommune sin økonomi. Vi har mellom anna lån knytt til investeringar på sjølvkostområdet (vatn og avlaup). Innbyggjarane betalar renter og avdrag knytt til desse låna. Investeringar på omsorgsområdet (som sjukeheim og omsorgsbustader) der staten finansierer delar av investeringane er eit anna døma. Figuren under viser kommunen si lånegjeld pr 31.12.2016 delt inn i disse kategoriene:




Diagram 1. Ordinære langsiktig lånegjeld

Finansinntekter

Tabellen under viser dei budsjetterte finansinntektene for dei neste 4 åra:

	Regnskap 2016	2017	2018	2019	2020	2021
Renteinntekter formidlingslån	-600 000	-600 000	-600 000	-600 000	-600 000	-600 000
Ordinære renteinntekter	-1 500 000	-1 500 000	-1 500 000	-1 500 000	-1 500 000	-1 500 000
Utbytte Tussa	-3 128 000	-3 500 000	-4 840 000	-4 840 000	-4 840 000	-4 840 000
Verdiauke obligasjonsfond m.m.	-1 823 469	-1 500 000	-1 500 000	-1 500 000	-1 500 000	-1 500 000
Sum	-7 051 469	-7 100 000	-7 100 000	-7 100 000	-7 100 000	-7 100 000

Renteinntekter Startlån (Husbanken)

Renteinntektene er det låntakarane betalar i renter. Dette skal samsvare nokolunde med det kommunen har i renteutgifter til Husbanken. Men det viser seg at renteinntektene har vore lågare enn renteutgiftene.

Utbytte Tussa

Volda kommune har 484 aksjar i Tussa (15,96 %). Dette er såkalla B-aksjar som ikkje er fritt omsettelege og berre kan eigast av kommune eller fylkeskommune. Volda kommune har saman med dei andre eigarane inngått ein aksjonæravtale som skal gjelde i 6 år. Kommunen har hatt eit langsiktig siktemål med eigarskapen i Tussa. Kommunen har også finansielt motiv for å vere eigar i Tussa, og det er viktig å signalisere overfor selskapet at kommunen har forretningsmessig forventning om at Tussa Kraft AS leverer økonomiske resultat som gjer at Volda kommune får ei tilfredsstillande avkastning av den kapitalen som er stilt til rådighet for selskapet. Dersom Tussa Kraft AS ikkje greier å levere resultat etter Volda kommune sine forventningar i aksjonæravtaleperioden, bør kommunen vurdere sitt strategiske eigarskap i selskapet.

Volda kommune fekk ca 3,9 mill kr i 2017. Det er budsjettert med utbytte på 4,8 mill kr pr år, og utgjer kr 10.000 pr aksje. Dette er noko større enn dagleg leiar har signalisert, og ein kjem tilbake til dette ved handsaming av 1. tertialrapport for 2018.

Aktiva (plasseringar obligasjonsfond, pengemarknadsfond)

Det er budsjettert med ei avkastning på ca 1,5 mill kr pr år. Ved utgangen av september 2017 så har porteføljen ein verdi på ca 60,1 mill kr.

Det er ikkje lagt inn auke på plassering av ledig likviditet. Årsaken er at vi inn mot 2018 har eit ønske om å gjennomføre investeringar som planlagt og at vi ikkje har unytta midlar ståande til disposisjon i same grad som tidlegare.

4.2 FONDSMIDLAR

Det er 4 ulike fond i kommunerekneskapen:

- Bundne driftsfond
- Ubundne driftsfond (inkludert disposisjonsfond)
- Ubundne investeringsfond
- Bundne investeringsfond

Volda kommune hadde ved inngangen til 2017 omlag 146,6 mill kr på ulike fond. Både i 2017 og dei komande åra i økonomiplanperioden er det budsjettert med bruk av fond, spesielt disposisjonsfond. Tabellen under viser korleis saldoen på fonda vil endre seg om budsjettala i perioden vil halde seg:

Saldo 31.12	Regnskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Disposisjonsfond	60 043 333	63 871 417	45 974 683	36 616 560	28 417 081	19 399 527
Bundne driftsfond	21 830 827	21 334 174	20 341 330	19 348 486	18 355 642	17 362 798
Ubundne investeringsfond	62 488 914	65 119 191	45 119 191	36 719 191	19 119 191	19 119 191
Bundne investeringsfond	2 305 782	2 305 782	2 305 782	2 305 782	2 305 782	2 305 782
Sum	146 668 856	152 630 564	113 740 986	94 990 019	68 197 696	58 187 298

Bundne driftsfond

Bundne driftsfond kan berre brukast til bestemte formål i driftsrekneskapen. Pr. 31.12.2016 hadde Volda kommune i overkant av 22 mill kr i bundne driftsfond, fordelt på 111 ulike fond. Hensikta med bundne fond er at desse skal nyttast til det bestemte føremålet innan ei tidsperiode. Ved rekneskapsavslutning kvart år vert det gjort eit arbeid med å hente inn midlar, slik at desse ikkje vert ståande over år.

Dei største bundne fond er:

- Sjølvkostområdet vassverk er på 1,2 mill kr.
- Fond for kompensasjonsmidlar for næringslivet i Volda (auka arbeidsgjevaravgift) utgjer ca 2,5 mill kr.
- Konesjonsfond for kraftfondet utgjer 1,6 mill kr.
- Kommunereforma utgjer ca 1 mill kr.
- 2,38 mill kr bunde driftsfond knytt til integrering av flyktningar.
- Bustadtilskot for etablering er på ca 1 mill kr.
- Kvalitetsutvikling for barnehage er på kr. 947.000.
- Fond for folkehelse er på kr. 600.000.
- Kommunalt rusarbeid er på kr. 566.000.

Disposisjonsfond

Disposisjonsfond kan nyttast fritt på både investering og driftsbudsjettet. Eit viktig føremål til disposisjonsfondet er å kunne møte utgifter som det ikkje er tatt høgde for, som til dømes:

- Renteauke
- Lønsoppgjeret vert dyrare enn forventa
- Auke i talet på ressurskrevjande brukarar

All bruk av disposisjonsfond må vedtakast av kommunestyret.

Ubundne investeringsfond

Ubundne investeringsfond kan nyttast til eigen- eller del-finansiering av kommunale investerings prosjekt. Fonda utgjer samla 62,5 mill kr ved 31.12 2016.

Dei ubundne investeringsfonda til Volda kommune skriv seg i hovudsak frå sal av Volda kommunale el-verk og Tussa-aksjar (utgjer i overkant av 50,8 mill kr ved utgangen av året). Desse midlane vart i si tid likviditetsmessig plassert i finansmarknaden (aksje, obligasjon og pengemarknadsfond). Ved eventuell bruk av investeringsfonda til å finansiere investeringar må plasseringa i obligasjon - og aksjemarknaden bli tilsvarende redusert.

Det er om lag 2,8 mill kroner i fond mindreforbruk frå tidlegare år.

Bundne investeringsfond

Bundne investeringsfond kan berre brukast til bestemte formål i investeringsrekneskapen, og er på kr 2.136.158,- ved utgangen av 2016.

4.3 FRIE INNTEKTER

Det overordna formålet med inntektssystemet er å gjere det mogleg for kommunane å gi eit likeverdig tenestetilbod til innbyggjarane sine. For å oppnå dette målet vert det ved fordelinga av rammetilskotet teke omsyn til strukturelle ulikskapar i kommunane og fylkeskommunane (utgiftsutjamning) og ulikskapar i skatteinntektene (inntektsutjamning). Rammetilskotet utgjør saman med skatteinntektene dei frie inntektene som kommunane fritt disponerer innanfor gjeldande lover og forskrifter. Det vert også gitt eit skjønstilskot for å korrigere for forhold som ikkje blir ivaretekne godt nok i fordelingssystemet elles. Inntektssystemet inneheld i tillegg verkemiddel som utelukkande er grunngejevne med regionalpolitiske målsetjingar.

Tabellen under viser kor mykje Volda kommune kan vente å få i frie inntekter i 2017-2021 (utdrag frå KS sin prognosemodell):

1000 kr	2017	2018	2019	2020	2021
Innbyggertilskudd (likt beløp pr innb)	211 051	215 266	215 686	215 938	216 250
Utgiftsutjevningen	4 673	10 609	10 617	10 622	10 628
Overgangsordning - INGAR	6 346	-648	-	-	-
Saker særskilt ford (inkl. helsestasjon skolehelse og arbavg)	1 749	1 720	1 720	1 720	1 328
Regionsentertilskudd		3 392	3 393	3 393	3 393
Ordinært skjønn inkl bortfall av dif.arb.avg.	-	1 360	-	-	-
Overgangsordning - kommuner som skal slås sammen	624	640	640		
Budsjettavtale H, FrP, KrF, V - Stortinget	-716				
RNB 2017 - endringer i rammetilskudd	507				
RNB 2012-2016, samt Dok8:135 S (2014-15)					
Sum rammetilsk uten inntektsutj	224 233	232 339	232 057	231 674	231 599
"Bykjetrekket"					
Netto inntektsutjevning	42 671	48 183	48 183	48 183	48 183
Sum rammetilskudd	266 904	280 522	280 240	279 857	279 782
Skatt på formue og inntekt	205 964	208 439	208 439	208 439	208 439
Sum skatt og rammetilskudd (avrundet)	472 900	489 000	488 700	488 300	488 200

Under følgjer nærmare omtale av dei mest sentrale elementa:

Brutto innbyggjartilskot

I utgangspunktet vert innbyggjartilskotet fordelt med likt beløp pr innbyggjar for alle kommunane. Innbyggjartilskotet var kr 23.726 per innbyggjar i budsjettframlegg for 2018, og utgjør 215,2 mill kr. for Volda kommune. Dette talet er endeleg fordi det er innbyggjartalet per 01.07.2017 som er grunnlaget for innbyggjartilskotet.

Det samla innbyggjartilskottet vert fordelt mellom kommunane ved at det vert teke omsyn til utgiftsutjamning, inntektsutjamning, samt ein del andre forhold.

Inntektsutjamning

Utjamning av skatteinntekter skjer løpende gjennom året. Dette medfører at kommunane 7 gonger i året får utjamna skatteinntekter sine. Systemet fungerer slik:

- Kommunane får kompensert 60 % av differansen mellom eige skattenivå og skattenivået på landsbasis.
- Kommunar med skatteinntekter over landsgjennomsnittet blir trekt 60 % av differansen mellom eige skattenivå og landsgjennomsnittet.
- Kommunar som har skatteinntekter under 90 % av landsgjennomsnittet, får i tillegg kompensert 35 % av differansen mellom eigne skatteinntekter og 90 % av landsgjennomsnittet. Ordninga blir finansiert ved at alle kommunar får eit trekk tilsvarende det tilleggskompensasjonen kostar.

I budsjettet for 2018 har vi budsjettert med ei skatteinntekt på 76,4 % av landsgjennomsnittet. Noko som inneber at vi får ei inntektsutjamning på vel 48,1 mill kr.

Utgiftsutjamning

I tenesteytinga er det til dels store kostnadsskilnader mellom kommunane. Gjennom utgiftsutjamninga i inntektssystemet skal kommunane i prinsippet få full kompensasjon for dei kostnadsskilnadane som dei sjølve ikkje kan påverke. Det gjeld til dømes aldersfordelinga, og strukturelle og sosiale tilhøve i kommunen. Denne kompensasjonen skjer i praksis gjennom kostnadsnøkkelen, som består av ulike kriterium med vektorer. Gjennom kostnadsnøkkelen, og eit oppdatert sett med kriteriedata, blir utgiftsbehovet for kvar kommune berekna, og deretter blir tilskotet fordelt til kommunane etter deira varierende utgiftsbehov. Utgiftsutjamninga er ei rein omfordeling – det som blir trekt inn frå nokre kommunar blir delt ut att til andre kommunar.

I indeksen for berekna utgiftsbehov er landsgjennomsnittet 1,00. Kommunar med ein indeks som er større enn 1,00 har eit utgiftsbehov per innbyggjar som er større enn landsgjennomsnittet, mens kommunar med ein indeks som er mindre enn 1,00 har eit utgiftsbehov som er mindre enn landsgjennomsnittet. For eksempel har ein kommune med indeks 0,99 eit berekna utgiftsbehov som er ein prosent lågare enn landsgjennomsnittet, mens ein kommune med ein indeks på 1,07 eit berekna utgiftsbehov som er sju prosent høgare enn landsgjennomsnittet.

Volda kommune er i 2018 19 % dyrare å drifte enn landsgjennomsnittet, og blir dermed kompensert for dette med 10,6 mill kr:

VOLDA kommune

Beregning av utgiftsbehov - tillegg/trekk i kroner for år
(utgiftsutjevne tilskudd)

2018

prisnivå år 2018

	HELE LANDET		VOLDA Utgifts- behovs- indeks			Bruk av folketall 1.7.2017	
	Vekt	Antall	Antall	indeks	Pst. utslag	Tillegg/ fradrag i utgiftsutj	
						kr per innb	1000 kr
0-1 år	0,0054	118 267	196	0,9640	-0,02 %	-10	-88
2-5 år	0,1414	246 598	362	0,8539	-2,07 %	-1 036	-9 401
6-15 år	0,2646	634 798	1 153	1,0566	1,50 %	751	6 813
16-22 år	0,0225	465 492	965	1,2059	0,46 %	232	2 109
23-66 år	0,1033	3 035 065	4 902	0,9395	-0,62 %	-313	-2 843
67-79 år	0,0551	555 836	1 039	1,0874	0,48 %	241	2 191
80-89 år	0,0758	177 201	347	1,1391	1,05 %	529	4 800
over 90 år	0,0382	44 561	109	1,4229	1,62 %	810	7 353
Basistillegg	0,0189	325	0,6138	1,0985	0,19 %	93	847
Sone	0,0101	20 473 409	57 719	1,6400	0,65 %	324	2 942
Nabo	0,0101	9 385 627	23 585	1,4618	0,47 %	234	2 123
Landbrukskriterium	0,0021	1	0,0027	1,5519	0,12 %	58	528
Innvandrere 6-15 år ekskl Skand	0,0071	49 464	63	0,7409	-0,18 %	-92	-837
Norskfødte med innv foreld 6-15 år ekskl Skand							
Flyktninger uten integreringstilsk	0,0084	147 902	147	0,5782	-0,35 %	-178	-1 613
Dødlighet	0,0451	41 160	60	0,8480	-0,69 %	-344	-3 121
Barn 0-15 med enslige forsørger	0,0164	122 673	177	0,8393	-0,26 %	-132	-1 199
Lavinntekt	0,0103	260 937	336	0,7490	-0,26 %	-130	-1 177
Uføre 18-49 år	0,0065	94 623	113	0,6947	-0,20 %	-100	-903
Opphopningsindeks	0,0096	224	0	0,3987	-0,58 %	-290	-2 628
Urbanitetskriterium							
Aleneboende 30 - 66 år	0,0194	449 127	598	0,7745	-0,44 %	-219	-1 991
PU over 16 år	0,0483	19 487	38	1,1343	0,65 %	326	2 953
Ikke-gifte 67 år og over	0,0451	342 622	577	0,9796	-0,09 %	-46	-418
Barn 1 år uten kontantstøtte	0,0173	40 654	76	1,0827	0,14 %	72	651
Innbyggere med høyere utdann	0,0190	1 321 033	2 704	1,1907	0,36 %	182	1 649
I Kostnadsindeks	1,0000			1,01920	1,92 %	963	8 738

Inntektsgarantiordninga (INGAR)

Føremålet med inntektsgarantiordninga er å gje kommunane ei meir heilskapleg skjerming mot brå nedgang i rammetilskotet, og dermed gjere inntektssystemet meir fleksibelt og føreseieleg. Ordninga sikrar at ingen kommunar har ein berekna vekst i rammetilskotet frå eit år til det neste som er lågare enn 300 kroner per innbyggjar under berekna vekst på landsbasis, før finansiering av sjølve ordninga. Inntektsgarantiordninga tek utgangspunkt i endringa i totalt rammetilskot på nasjonalt nivå, målt i kroner per innbyggjar. I berekninga blir talet på innbyggjarar per 1. juli 2017 brukt. Volda kommune blir i 2018 trekt med 0,6 mill kr gjennom ordninga.

4.4 GENERELLE STATSTILSKOT

Under følger ei oversikt over integreringstilskota (prognose) 2017-2021.

Generelle statstilskot	2017 (prognose)	2018	2019	2020	2021
Integreringstilskott	35 994 175	30 768 300	30 768 300	30 768 300	30 768 300

Prognosen viser ei reduksjon i tilskott i neste periode på grunn av færre flyktingar i 2018.


Integreringstilskottet er budsjettert slik i komande økonomiplanperiode:

Busetjingsår	Sats	Tal flyktningar	Budsjett 2018
År 1 (2018)	237 000,00	8	1 896 000,00
År 1 (2018)	187 000,00	6	1 122 000,00
År 2 (2017)	239 000,00	55	13 145 000,00
År 3 (2016)	171 000,00	46	7 866 000,00
År 4 (2015)	85 500,00	47	4 018 500,00
År 5 (2014)	71 600,00	38	2 720 800,00
SUM		200	30 768 300,00

4.5 FOLKETALSUTVIKLING

Folketalet i Volda har dei siste åra hatt ei positiv utvikling og pr. 01.01.2017 var det 9102 innbyggjarar i kommunen.

Tabell folketalsutvikling i Volda 2006–2017. Alle tal pr. 01.01. kvart år.



Statistisk sentralbyrå (SSB) har publisert framskrivingar av folketalet basert på tal for 2016.

Framskriving av folketalet fram mot 2040, basert på middels nasjonal vekst (MMMM):

	2016	2017	2018	2019	2020	2025	2030	2035	2040	Auke i %
0 år	88	103	109	114	118	123	120	117	115	30,7
1-5 år	472	465	489	524	546	658	664	652	640	35,6
6-12 år	824	830	812	789	792	794	952	981	968	17,5
13-15 år	326	337	343	362	363	354	342	424	434	33,2
16-19 år	512	489	482	462	473	516	475	532	598	16,8
20-44 år	2968	3047	3113	3170	3181	3308	3427	3415	3398	14,5
45-66 år	2416	2436	2452	2459	2477	2462	2502	2642	2820	16,7
67-79 år	975	1008	1039	1062	1091	1205	1251	1276	1348	38,2
80-89 år	340	341	341	352	346	430	560	631	668	96,5
>90 år	116	117	115	111	119	108	112	146	199	71,5
Totalt	9037	9173	9295	9407	9506	9958	10405	10816	11188	23,8


Tabellen ovanfor er basert på SSB sitt MMMM-alternativ (middels nasjonal vekst), som føreset at fruktbarheit, levealder, innanlandsk flytting og nettoinnvandring held seg på eit mellomnivå. Etter MMMM-alternativet vil vi få ein relativt stor auke i folketalet fram mot 2040. Samla sett vil folketalet auke med 23,8 prosent (2151 innbyggjarar). Vi ser ein

dramatisk auke i gruppa 67–79 år, 80–89 år og > 90 fram mot 2040, noko som i åra framover vil gi oss store utfordringar i pleie- og omsorgssektoren. Det er positivt at talet på barn i alderen 0–12 år aukar med i gjennomsnitt om lag 27,9 prosent og at vi har ei rimeleg stabil utvikling i aldersgruppene 20–66 år. Dette er imidlertid utviklinga i eit langt perspektiv og situasjonen vil variere i perioden.

Demografi



Folketalsutvikling, 2000 til 2017 og framskriving til 2030




Volda kommune

Kjelde: SSB, Panda 8

Demografi




Barn og ungdom, 1986 til 2017 og framskriving til 2030



Volda kommune

Kjelde: SSB 10


Tal personar 67 år og eldre



Volda kommune

Kjelde: SSB 16


Forsørgarbyrde for eldre, 1986 til 2040



Volda kommune

Definisjon av forsørgarbyrde for eldre:
Forholdet mellom tal personar i aldersgruppa 20 til 66 år (yrkesaktive) og tal eldre personar 67 år og eldre (yrkespassive).

Kjelde: SSB 17


 Volda kommune

Kjelde: SSB 18

Økonomiplanperioden 2018–2021

For økonomiplanperioden 2018–2021 tek ein utgangspunkt i MMMM-alternativet.

	2018	2019	2020	2021	Auke i %
0 år	109	114	118	121	11,0
1-5 år	489	524	546	590	20,7
6-12 år	812	789	792	767	-5,5
13-15 år	343	362	363	358	4,4
16-19 år	482	462	473	489	1,5
20-44 år	3 113	3 170	3 181	3 213	3,2
45-66 år	2 452	2 459	2 477	2 469	0,7
67-79 år	1 039	1 064	1 091	1 128	8,6
80-89 år	341	352	346	351	2,9
90 år eller eldre	115	111	119	110	-4,4
Totalt	9 295	9 407	9 506	9 596	3,2

Framskrivinga for økonomiplanperioden 2018–2021 (utdrag av MMMM-alternativet) – Kjelde:SSB

Volda kommune får ein auke i talet på barn i alderen 0–5 år i økonomiplanperioden og ein nedgang i talet på skuleelevar i aldersgruppa 6–12 år. Vi ser ein auke i talet på 67–79 åringar på 8,6 prosent og ein nedgang på 4,4 prosent i aldersgruppa 90 år og over. Dei andre aldersgruppene får ein svak vekst i perioden 2017 til 2020.

4.6 EIGEDOMSSKATT

Første året med eigedomsskatt var i 2014, med ein sats på 2 promille. Denne satsen er ført vidare ut 2018. I økonomiplanen er det lagt til grunn at satsen vert heldt på 2 promille i perioden 2018-2020, med auke til 3 promille i 2021. Grunnen til at satsen er 3 promille frå 2021 er at regjeringa foreslår at eigedomsskatten kan bare aukast med maksimalt 1 promille i året.

Det er dermed budsjettet med 17,5 mill kr i inntekter frå eigedomsskatten i 2018 med ei auke på 0,5 mill for kvart år fram til 2020 grunna nybygging og prisauke på bustadar. Samstundes så har regjeringa i forslag til statsbudsjett fjerna den såkalla maskinskatten frå og med 2019. For Volda sin del vil det totalt utgjere totalt omtrent 1 mill mindre i eigedomsskatt. Dette skal gradvis reduserast over 5 år slik at reduksjonen vert ca 200 000 kr i 2019 og med tilsvarende reduksjon for kvart år fram til og med 2023. For eigedomsskatten i 2021 er det lagt inn ein eigen auke på ca 9,5 mill høve til utskriven eigedomsskatt i 2020 grunna auke av satsen til 3 promille.

Kommunestyret har i vedtaket om innføring av eigedomsskatt føresett at den skal søkjast avvika i 2019. Bygging av Øyra skule med påfølgjande auka gjeldsbelastning og kapitalutgifter gjer at Volda kommune må pårekne eigedomsskatt i svært lang tid framover. Det er likevel svært viktig å ha kritisk fokus på drifta for å unngå auke i eigedomsskatten utover nivået som er foreslått, og heller gjere tiltak for ev nedtrapping. Dette vil vere naturleg å sjå i samanheng med tenestestruktur på skule og barnehage der Volda kommune driv vesentleg dyrare enn statleg normert nivå. Dette er også i samsvar med konklusjonen til den politiske arbeidsgruppa som har førebudd eit grunnlagsdokument til budsjett- og økonomiplanarbeidet.

Når ein skal vurdere belastninga eigedomsskatten inneber for innbyggjarane, så bør ein sjå dei samla avgiftene på eigedom i kommunen. Avgiftene på vatn, avløp og renovasjon er låge i Volda kommune samanlikna med kommunane i regionen, landet og i kommunegruppa. Dette inneber at sjølv med eigedomsskatt, så vil Volda kommune kome relativt godt ut på samla avgiftsnivå samanlikna med mange andre kommunar. For avløp har Volda kommune oppbygd store fond. I 2014 vart det kravd inn berre ½ avgift for avløp. Det vert også gjort i 2015.

I 2016 var det 365 kommunar i landet som hadde innført eigedomsskatt, og fleire er i gong med å utgreie eigedomsskatt. Vi har no ei utvikling med reduksjon i inntektsskatt/personskatt og formuesskatt medan kommunar innfører eigedomsskatt på grunn av ein svært pressa kommuneøkonomi. I eit makroperspektiv vil det vere viktig å sjå samfunnsøkonomien i samanheng, og effekten av dette er at når staten ikkje fullt ut fullfinansierer velferdstenestene så må ein del kommunar kompensere med eigedomsskatt.

4.7 NÆRINGSUTVIKLING

Kraftfond og næringsfond

Årleg tilvekst på næringsfond-kraft er no på kr. 735 000, med tillegg av renter . Reknar ein rund sum er det til disp **kr. 750 000 pr. år.**

Kommunestyret hadde på slutten av 2016 opp eiga sak om næringsfond-kraft og vidareførte prinsippa for løyving. Fordelinga vert då slik:

• Løyving til Sunnmøre Kulturnæringshage AS (Hoppid)	kr. 150 000
• Tilskot Volda Næringsforum	kr. 360 000
• Dei Nynorske Festspela	kr. 75 000
• Veka	kr. 20 000
• X2	kr. 50 000
• Kammermusikkfestivalen	kr. 20 000
• DokFilm	kr. 20 000
• Animasjonsfestivalen	kr. 20 000
• Naturfestivalen	kr. 10 000
• StudiebygdA-drift portal	<u>kr. 25 000</u>

SUM

kr. 750 000

Pr. dato er det ingen unytta løyving på fondet bortsett frå det som ennå ikkje er utbetalt for 2017.

Kommunen har framleis til disp. omlag kr. 280 000 på næringsfond-stat/kommune; midlar som skal nyttast etter retningslinjer derifrå.

Kulturnæringshagen – nyetableringar

Kommunestyret vedtok i sak 139/13 å fornye avtalen med Møre og Romsdal fylkeskommune om drift av lokalt hoppid.no-kontor for åra 2013-2016. Den avtalen er forlenga og blir automatisk fornya med eit år om gangen om den ikkje er sagt opp av ein av partane innan 1.oktober i avtaleåret. I samsvar med kst.vedtak i sak 59/12 driftar Sunnmøre Kulturnæringshage AS det lokale hoppid.no-kontoret for kommunen (sjå <http://www.skn.no/ressursar/hoppid-no-kurs-og-nettverk>).

I følge Fylkesstatistikken for 2017 (nett publisert) vart det i 2016 registrert 70 nyetableringar i Volda (2015 – 78). Dette gir ei etableringsgrad på 11, med 8 nyetableringar pr. 1000 innbyggjarar. Tilsvarende for Ørsta var 80 (2015 – 69) , etableringsgrad 12, med 8 nyetableringar pr. 1000 innbyggjarar. Gjennomsnittet for Møre og Romsdal var ei etableringsgrad på 12, med 8 nyetableringar pr. 1000 innbyggjarar.

Volda næringsforum fekk i 2017 overført ei rammeløyving på kr. 360 000.

Næringsforumet har eit budsjett på om lag 1 mill kr. Drifta er avhengig av kommunalt tilskot i tillegg til medlems-/serviceavgift, andre tilskot og sal av tenester. I 2017 har Volda næringsforum selt prosjektbistand til Volda kommune i samband med sentrumsprosjektet, reiseliv og ulike prosjekt gjeldande flyktningar og innvandrarar. Kommunen har varsla om at for 2018 vil vurdere desse ordningane på nytt.

Volda kommune bør ha ei klar forventning om at offentleg og privat næringsliv i Volda melder seg inn i næringsforumet, og nyttar dette som eit samla serviceorgan overfor næringslivet. Dette gjer at kommunen kan forhalde seg til eit samordna næringsliv, samtidig som det gir næringslivet eit økonomisk fundament for å oppretthalde eit rådgjevingsorgan. Rådmannen foreslår at Volda kommune går inn med eit driftstilskot over kraftfondet på kr 360 000, og eit tilskot frå driftsbudsjettet kr 10 000. Tilskotet til Volda Næringsforum vert styrka med løns- og prisstigning, dvs 2,6 % avrunda oppover til kr 370 000.

Volda kommune var med og stifta foreininga Volda næringsforum og er medlem i foreininga. Volda kommune er største enkeltbidragsytar gjennom årleg tilskot. Ordførar og rådmann er assosierte medlemmer med møterett til styret. Ordførar og rådmann har tidlegare etterlyst innkalling, sakliste og møtereferat frå styremøta i denne kommunestyrevalperioden. Frå i haust har dette retta seg og kommunen er såleis tilfreds med at forretningsordenen overfor kommunen vert fulgt opp då dette er eit vilkår for utbetaling av tilskot til foreininga. Eit viktig formål med etablering av foreininga var å få eit strategisk møtepunkt mellom næringslivet og kommunen.

Når det gjeld dei statlege næringsfondsmidlane vil det ut frå signala i forslaget til statsbudsjett heller ikkje i 2018 verte noko påfyll til Volda kommune. Dette resulterer i at kommune ikkje har midlar utover ubrukt løyving (sjå framanfor) til å gi tilskot til nyetablerarar og til bedriftsutvikling.

Campusutvikling

Volda kommune har ynskt å vere ein aktiv part i Campusutviklinga, jfr. at kommunestyret i møte 28.8.15 gjorde slikt vedtak:

Samarbeid om sambruksbygg for medieundervisning og kulturhus på campusområdet starta med bakgrunn i prosessen med utviklingsplan for høgskuleområdet i 2015. Volda kommune vart invitert med HVO og Statsbygg sin utviklingsplanprosess. Kommunestyrt fekk framlagt campusutviklingsplanen i møte 27.08.15 og gjorde positivt vedtak om å delta aktivt i strategien med sikte på å utvikle sambruksløyving i nytt mediebygg. Vidare slutta kommunestyret seg til strategien om samarbeid om kunnskapspark.

Denne prosessen er no inne i ei kritisk fase der ein må ta stilling til om kommunen framleis skal ta del i prosjektet med mediehus/kultursal. Det vert lagt fram eiga sak om det no i november.

Tilrettelegging for bustadbygging

Volda kommune har positiv folketalsutvikling, men for å kome inn under vekstkommunekategorien og få vekstkommunetilskot, så må innbyggjarveksten kome over 1,6 % over ein 3-årsperiode. Volda ligg sentralt geografisk i høve eit akseptabelt pendlingsomland på om lag 60 000 innbyggjarar. Volda har sentrale regionfunksjonar, og bør ha grunnlag for folketalsvekst. I budsjett- og økonomiplanen er det foreslått opparbeiding av nye byggjefelt for å stimulere folketalsvekst.

Tilrettelegging for næringsetablering

Arbeidsmarknaden i Volda er tufta på kompetansemiljøet i dei offentlege institusjonane. Det er viktig at kommunen er tilretteleggjar og er tydelege overfor myndigheitene om viktigheita av å ha desse institusjonane i regionen vår også i framtida, jfr. det som no er signalisert når det gjeld t.d. Tingretten.

Parallelt med dette er det viktig at Volda har strategiar for å stimulere til arbeidsplassar i det private næringslivet. Volda næringsforum og Sunnmøre Kulturnæringshage er rådgjevingorgan som er sentrale for å hjelpe bedrifter i gang, kople offentlege og private interesser i partnerskap, og vere talerøyr for næringslivet sine interesser.

Sikring av restareal og opparbeiding av det regulerte næringsområde på Rotset og Sentrumsutviklingsprosjektet er viktige tiltak som er oppstarta og står føre.

Reiseliv

Pr. dato er Volda kommune ikkje medlem av nokon reiselivsdestinasjon.

Kommunestyret gjorde i møte 16.06.16, PS-sak 82/16 vedtak om å omdisponere midlane som tidlegare var avsett til medlemsskap i Desinasjon Ålesund og Sunnmøre til *prosjektet og utviklingsarbeidet "destinasjon Volda"*. Vedtaket lyder slik:

- 1. Volda kommunestyre godkjenner at avsette midlar for 2016, kr. 253 000,- til reiselivsutvikling vert overført Volda Næringsforum. Midlane skal øyremerkast til bruk i prosjektet og utviklingsarbeidet "destinasjon Volda", og vert organisert av Volda Næringsforum. Midlane skal inn til vidare nyttast med særleg utgangspunkt i utvikling av reiselivet i heile kommunen. Ein føreset difor at det vert styrt av ei prosjektgruppe som vert oppretta og slik samansett: 2 representantar frå Volda Næringsforum, 2 frå Volda Reiselivslag og 2 frå Volda kommune.***
- 2. Kommunestyret ber om rapportering i årsrapport og ein prosjektrapport innan 1.juli 2017 i samsvar rådmannen sin konklusjon i denne saka.***
- 3. Kommunestyret vil vurdere effekten av måloppnåing og resultat opp mot kor vidt det skal løyvast midlar vidare. Dette vil kommunestyret kome attende til i samband med budsjettet for 2018.***

Volda kommune sine representantar i prosjektgruppa er Fride Sortehaug og Anders Egil Straume med Odd Harald Sundal som vara (jfr. PS-sak 148/16)

Arbeidsgruppa leverte rapporten innanfor fristen jfr. vedtaket pkt. 2. Før ein gjer endeleg vedtak er det ynskjeleg å sjå den i samanheng med kommunesamanslåinga og prosjektet «Nye næringar på gamle tufter».

Rådmannen meiner at reiselivsnæringa i Volda kommune har eit potensial for utvikling. Føresetnaden for dette er at det er aktørar innanfor næringa som har ambisjonar, og at desse definerer sine behov for tilrettelegging og støtte og er i dialog med kommunen, næringsapparatet i kommunen og regionalt.

Etter at vedtak er gjort vil kommunen på nytt ta stode til om ein skal knyte seg til eit destinasjonsselskap og evt. kva selskap det skal vere. Kommunen må i den samanheng vurdere kva som er optimal bruk av ressursar som bidrag for å utløyse auka aktivitet i reiseliv i Volda i åra som kjem.

4.8 KOMMUNEREFORMA

Volda og Hornindal har gjort vedtak om å slå seg saman og ny kommune trer i kraft frå 1.januar 2020.

Det vart i juni innkalla til felles kommunestyremøte og dei formelle vedtaka er gjorde om;

- Volda vert namnet på den nye kommunen.
- Storleik på det nye kommunestyret (33 representantar)
- Val av Fellesnemnd og kriterium for samansetjing og funksjonar til fellesnemnda etter Inndelingslova §26.
- Val av revisor for verksemda i Fellesnemnda (Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS)

Prosjektarbeidet med kommunesamanslåinga er no godt i gang med Fellesnemnda som overordna styringsorgan og med eiga styringsgruppe med rådmannen i Volda som prosjektleiar.

Økonomiske rammer og budsjett for kommunesamanslåinga er det Fellesnemnda som gjer vedtak om , og det vert lagt fram eiga sak til Fellesnemnda om det. Fellesnemnda skal elles gje fråsegn til dei to kommunane sine budsjett.

4.9 KOSTRA tal Volda kommune

KOMMUNE – STAT –RAPPORTERING (KOSTRA) er et nasjonalt informasjonssystem for å få fram relevant styringsinformasjon om kommunal verksemd. Informasjonen om kommunale tenester og bruken av ressursar på ulike tenestoområde blir registrert og stilt opp på ein måte som bør være relevant og interessant for avgjerdstakarar, både nasjonalt og lokalt.

Informasjonen skal tene til betre grunnlag for analyse, planlegging og styring, og såleis gi grunnlag for å vurdere om nasjonale mål blir nådd. KOSTRA tek sikte på forenkling av innrapportering frå kommunesektoren til staten med utgangspunkt i prinsippa om at data i størst mogleg grad skal vere nyttige for både kommunesektoren og staten, og at data berre skal registrerast ein gong med sikte på å bli brukt fleire gonger.

KOSTRA har som mål å bringe fram relevant, påliteleg, aktuell og samanliknbar styringsinformasjon om kommunal verksemd. Informasjonen skal gi grunnlag for betre statleg og kommunal styring og betre dialog mellom kommunane og innbyggjarane.

Tala som vert lagt fram her er tal frå 2016 rekneskapen. Samlikningsgrunnlag er Ørsta kommune, Møre og Romsdal og Landet utanom Oslo

Nøkkeltall

	Volda 2015	Volda 2016	Ørsta	Møre og Romsdal	Landet uten Oslo
Økonomi					
Frie inntekter i kroner per innbygger	49 213	51 289	52 217	52 632	52 158
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	3,1 %	2,7 %	2,5 %	3,5 %	4,1 %
Netto lånegjeld i kroner per innbygger	79 666	91 767	63 655	83 968	67 036
Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter	93,0 %	99,7 %	82,7 %	100,5 %	83,1 %

Nettodriftsutgifter pr. innbygger og tenestoområde 2016 (justert for utgiftsbehov)

	Volda	Ørsta	Møre og Romsdal	Landet uten Oslo
Pleie og omsorg	17 402	17 166	17 108	16 455
Grunnskole	13 272	12 715	13 117	13 104
Barnehage	8 141	8 580	8 514	8 090
Adm, styring og fellesutgifter	4 701	4 430	4 515	4 443
Sosiale tjenester	2 028	1 822	2 349	2 684
Kommunehelse	2 247	2 038	2 246	2 489
Barnevern	2 036	1 935	1 854	1 984
Kultur og idrett	1 101	1 549	1 747	2 097
Plan, kulturminner, natur og nærmiljø	765	577	579	632

	Volda	Ørsta	Møre og Romsdal	Landet uten Oslo
Andre områder	2 680	2 914	2 661	2 316
- Brann og ulykkesvern	1 009	1 012	943	807
- Kommunale boliger	-348	-111	-133	-34
- Samferdsel	1 391	1 445	1 046	898
- Næringsforv. og konsesjonskraft	-155	-98	116	-10
- Kirke	783	666	689	655
Totalt	54 373	53 726	54 691	54 294

PLEIE OG OMSORG	Volda 2015	Volda 2016	Ørsta	Møre og Romsdal	Landet uten Oslo
Prioritet					
- Institusjoner (f253+261) - andel av netto driftsutgifter til plo	37,4 %	36,7 %	45,3 %	43,4 %	44,4 %
- Tjenester til hjemmeboende (f254) - andel av netto driftsutgifter til plo	55,3 %	55,6 %	52,4 %	51,8 %	50,3 %
Produktivitet					
- Brukerbetaling i institusjon i forhold til korrigerte brutto driftsutgifter	13,9	13,5	14,4	13,0	12,6
- Brukerbetaling, praktisk bistand, i prosent av korrigerte brutto driftsutg	1,6 %	1,4 %	1,3 %	1,2 %	1,2 %
- Korrigerte brutto driftsutg pr. mottaker av hjemmetjenester (i kroner)	246 107	244 374	230 271	268 217	247 605
- Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass	1 042 069	1 117 181	1 017 398	1 041 027	1 101 656
- Utgifter per beboerdøgn i institusjon	2 839	2 924	2 766	3 041	3 295
Dekningsgrad					
- Andel beboere i institusjoner 80 år og over	63,5 %	75,6 %	88,5 %	73,9 %	69,2 %
- Andel beboere på institusjon under 67 år	16,5 %	0,0 %	0,0 %	8,5 %	10,9 %
- Andel hjemmetj.mottakere med omfattende bistandsbehov, 0-66 år	18,9 %	18,7 %	27,2 %	23,4 %	19,6 %
- Andel plasser i skjermet enhet for personer med demens	50,0 %	50,0 %	20,4 %	23,0 %	27,8 %

	Volda 2015	Volda 2016	Ørsta	Møre og Romsdal	Landet uten Oslo
GRUNNSKULE					
Produktivitet					
- Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskole (202), per elev	93 790	97 957	90 657	93 595	91 514
Dekningsgrad					
- Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning	8,1 %	7,8 %	7,3 %	8,6 %	7,8 %
- Andel elever i grunnskolen som får særskilt norskopplæring	4,0 %	3,7 %	3,9 %	4,8 %	5,6 %
- Andel elever i kommunens grunnskoler, av kommunens innbyggere 6-15 år	97,3 %	98,4 %	96,4 %	96,9 %	95,8 %
Kvalitet					
- Elever per kommunal skole	141	143	192	174	221
- Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 1.-10.årstrinn	11,9	12,1	13,0	12,9	13,4

BARNEHAGE	Volda 2015	Volda 2016	Ørsta	Møre og Romsdal	Landet uten Oslo
Produktivitet					
- Korrigerte brutto driftsutgifter i kroner per barn i kommunal barnehage	173 551	193 811	190 814	190 730	187 734
- Korrigerte brutto driftsutgifter til kommunale barnehager per korrigert oppholdstime (kr)	56	61	62	63	62
Dekningsgrad					

BARNEHAGE	Volda 2015	Volda 2016	Ørsta	Møre og Romsdal	Landet uten Oslo
- Andel barn 0 år i kommunale barnehager i forhold til innbyggere 0 år	4,5 %	1,9 %	3,8 %	1,2 %	1,1 %
- Andel barn 1-5 år med barnehageplass	97,9 %	98,4 %	93,2 %	92,6 %	91,5 %
- Andel barn i kommunale barnehager i forhold til alle barn i barnehage	52,6 %	52,0 %	59,0 %	47,3 %	49,3 %
- Andel minoritetsspråklige barn i barnehage i forhold til alle barn med barnehageplass	11,3 %	10,0 %	8,6 %	12,5 %	14,5 %
Kvalitet					
- Antall barn korrigert for alder per årsverk til basisvirksomhet i kommunale barnehager	5,9	5,8	6,0	5,9	6,0

BARNEVERN	Volda 2015	Volda 2016	Ørsta	Møre og Romsdal	Landet uten Oslo
Prioritet					
- Andel netto driftsutgifter til saksbehandling (funksjon 244)	31,2 %	30,0 %	36,3 %	33,2 %	30,9 %
- Netto driftsutgifter (funksjon 244, 251, 252) per barn med tiltak	115 780	132 520	139 961	148 265	180 238
- Netto driftsutgifter per barn som er plassert av barnevernet (funksjon 252)	219 065	210 104	201 913	267 362	295 070
Produktivitet					
- Brutto driftsutgifter per barn som er plassert av barnevernet (f. 252)	219 065	210 104	507 587	377 515	392 722
- Brutto driftsutgifter per barn som ikke er plassert av barnevernet (funksjon 251)	5 023	17 707	25 037	27 984	34 876
Dekningsgrad					
- Andel barn med barnevernstiltak ift. innbyggere 0-17 år	6,8 %	6,3 %	5,3 %	5,3 %	4,9 %

SOSIALE TENESTER	Volda 2015	Volda 2016	Ørsta	Møre og Romsdal	Landet uten Oslo
Produktivitet					
- Brutto driftsutgifter pr. sosialhjelpsmottaker, i kroner	119 711	144 591	100 569	0	97 738
- Brutto driftsutgifter til introduksjonsordningen pr. innbygger	816	1 196	413	0	0
- Brutto driftsutgifter til økonomisk sosialhjelp pr. mottaker	30 578	31 818	29 713	0	43 288
Dekningsgrad					
- Andel mottakere med sosialhjelp som hovedinntektskilde	60,8 %	58,5 %	52,1 %	0,0 %	48,8 %
- Andel netto driftsutg. til råd, veiledning og sosialt forebyggende arbeid	23,1 %	35,4 %	51,3 %	56,1 %	39,5 %
- Andelen sosialhjelpsmottakere 18-24 år, av innbyggerne 18-24 år	4,1 %	4,6 %	5,4 %	0,0 %	0,0 %
- Andelen sosialhjelpsmottakere i alderen 20-66 år, av innbyggerne 20-66 år	2,9 %	3,1 %	2,4 %	0,0 %	4,0 %
Kvalitet					
- Gjennomsnittlig stønadslengde mottakere 18-24 år	3,2	4,2	3,9	0,0	0,0
- Gjennomsnittlig stønadslengde mottakere 25-66 år	4,3	4,4	4,6	0,0	0,0
- Gjennomsnittlig utbetaling pr. stønadsmåned	7 095	6 797	6 582	0	0

KOMMUNEHELSE	Volda 2015	Volda 2016	Ørsta	Møre og Romsdal	Landet uten Oslo
Produktivitet					
- Årsverk av ergoterapeuter pr. 10 000 innbyggere (khelse+plo)	0,7	0,7	4,1	3,1	3,9
- Årsverk av psykiatriske sykepleiere per 10 000 innbyggere (khelse+plo)	5,4	4,6	3,6	4,5	4,6
Dekningsgrad					
- Fysioterapiårsverk per 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	7,2	8,2	8,7	8,7	9,2

- Legeårsverk pr 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	11,3	12,8	12,2	11,3	10,7
- Årsverk av helsesøstre pr. 10 000 innbyggere 0-5 år. Funksjon 232	109,8	109,2	68,2	77,0	73,1
- Årsverk av jordmødre pr. 10 000 fødte. Funksjon 232	160,7	165,5	94,1	73,6	66,0

KULTUR OG IDRETT	Volda 2015	Volda 2016	Ørsta	Møre og Romsdal	Landet uten Oslo
Prioritet					
- Brutto investeringsutgifter til kultursektoren per innbygger	50,9	68,0	458,2	1 410,9	953,5
Produktivitet					
- Korrigerte brutto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskoler, per bruker	14 432	15 329	15 543	17 620	18 583
Dekningsgrad					
- Andel elever (brukere) i grunnskolealder i kommunens musikk- og kulturskole, av antall barn i alder	23,6 %	23,3 %	14,9 %	21,1 %	14,2 %
- Antall innbyggere per kinosete	32	38	43	57	64
- Antall årsverk ved kommunalt drevet fritidssenter	1,0	0,7	2,0	0,0	0,0
Kvalitet					
- Antall fritidssenter	1	1	1	112	1 027
- Antall frivillige lag som mottar kommunale driftstilskudd	0	0	21	931	13 847
- Besøk i folkebibliotek per innbygger	2,9	4,6	3,6	3,0	4,8

PLAN, KULTURMINNER, NATUR OG NÆRMILJØ	Volda 2015	Volda 2016	Ørsta	Møre og Romsdal	Landet uten Oslo
Produktivitet					
- Gebyrinnt. ialt byggesaksbehandling og seksjonering pr m2 godkj. bruksareal. Kr	122	81	135	105	120
- Gj.snittlig saksbehandlingstid for byggesaker med 12 ukers frist. Kalenderdager	0	50	13	41	38
- Kommunale energikostnader, per innbygger	767	914	756	891	863
- Korrigerte brutto driftsutgifter kart og oppmåling, per årsinnbygger	212	206	130	208	170
- Korrigerte brutto driftsutgifter naturforvaltning og friluftsliv, per årsinnbygger	8	15	52	38	105
- Korrigerte brutto driftsutgifter plansaksbehandling, per årsinnbygger	206	292	238	222	234
- Korrigerte brutto driftsutgifter rekreasjon i tettsteder, per årsinnbygger	185	201	146	132	160
- Standardgebyr for oppmålingsforetning for areal tilsvarende en boligtomt 750 m2	15 300	17 300	15 300	16 190	16 781

SAMFERDSEL	Volda 2015	Volda 2016	Ørsta	Møre og Romsdal	Landet uten Oslo
Prioritet					
- Nto. dr.utg. ekskl. avskrivninger i kr pr. km kommunal vei og gate	60 136	66 338	71 902	70 982	87 378
Produktivitet					
- Bto. dr.utg. ekskl. avskrivninger i kr pr. km kommunal vei og gate	63 545	67 914	77 693	81 041	104 962
- Bto. dr.utgifter i kr pr. km kommunal vei og gate	82 939	89 331	101 061	112 826	136 122
- Korr. bto. dr.utg. i kr pr. km komm. vei og gate	82 924	89 331	101 000	109 508	128 929
Kvalitet					
- Andel kommunale veier og gater uten fast dekke	18,9 %	23,0 %	47,2 %	23,5 %	31,3 %

KOMMUNALE BOLIGAR	Volda 2015	Volda 2016	Ørsta	Møre og Romsdal	Landet uten Oslo
-------------------	------------	------------	-------	-----------------	------------------

Prioritet					
- Brutto investeringsutgifter til boligformål per innbygger i kroner	771	1 267	4 190	1 754	1 527
Produktivitet					
- Brutto driftsutgifter per kommunalt disponert bolig	29 195	38 873	54 700	54 782	55 915
Kvalitet					
- Antall husstander tilkjent statlig bostøtte fra Husbanken per 1000 innbyggere	16	17	12	15	19
- Kommunalt disponerte boliger per 1000 innbyggere	26	26	23	22	21

BRANN OG ULYKKESVERN	Volda 2015	Volda 2016	Ørsta	Møre og Romsdal	Landet uten Oslo
Prioritet					
- Antall boligbranner pr. 1000 innbyggere	0,55	0,11	0,00	0,32	0,34
- Antall utrykninger: sum utrykninger til branner og andre utrykninger pr. 1000 innbyggere	1,3	0,0	0,0	0,0	0,0
Dekningsgrad					
- Årsverk i brann- og ulykkesvern pr. 1000 innbyggere	0,38	0,37	0,81	0,73	0,71
- Årsverk til funksjon 338 pr. 1000 innbyggere	0,29	0,29	0,33	0,26	0,25
- Årsverk til funksjon 339 pr. 1000 innbyggere	0,09	0,09	0,48	0,47	0,46
Kvalitet					
- Årsgebyr for feiing og tilsyn - ekskl. mva. (gjelder rapporteringsåret +1)	423	423	505	447	442

VEDLEGG

HOVUDOVERSIKTER

Budsjettskjema 1A

SKJEMA 1A DRIFT - VOLDA KOMMUNE - ØKONOMIPLAN 2018-2021/BUDSJETT2018						
	Regnskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Skatt på inntekt og formue	-206 754 873	-200 000 000	-208 400 000	-208 400 000	-208 400 000	-208 400 000
Ordinært rammetilskudd	-260 078 170	-271 711 000	-279 200 000	-279 200 000	-279 200 000	-279 200 000
Sum frie inntekter	-466 833 043	-471 711 000	-487 600 000	-487 600 000	-487 600 000	-487 600 000
Eigedomsskatt	-17 113 341	-17 000 000	-17 500 000	-17 800 000	-18 100 000	-27 850 000
Andre direkteog indirekte skatter	0	-700 000	-700 000	-700 000	-700 000	-700 000
Andre generelle statstilskudd	-35 772 783	-35 439 000	-34 558 300	-34 558 300	-34 558 300	-34 558 300
SUM FRIE DISPONIBLE INNTETER	-519 719 167	-524 850 000	-540 358 300	-540 658 300	-540 958 300	-550 708 300
Renteinntekter	-2 100 000	-2 100 000	-2 100 000	-2 100 000	-2 100 000	-2 100 000
Utbytte Tussa	-4 679 126	-3 500 000	-4 840 000	-4 840 000	-4 840 000	-4 840 000
Avkastning plasseringar	-1 823 469	-1 500 000	-1 500 000	-1 500 000	-1 500 000	-1 500 000
Renteutgifter/finansutgifter	17 928 566	25 395 000	22 670 468	22 958 466	23 303 902	29 902 408
Avdrag på lån	21 475 931	26 574 000	28 656 128	29 555 448	30 424 768	35 294 338
NETTO FINANSINNTEKTER OG UTGIFTER	30 801 902	44 869 000	42 886 596	44 073 914	45 288 670	56 756 746
Dekn av tidl års merforbruk	0	0	0	0	0	0
Til ubundne avsteneringer	37 886 211	0	0	0	0	0
Til bundne avsteneringer	75 039	700 000	700 000	700 000	700 000	700 000
Bruk av tidl års regnsk overskot	-25 397 311	0	0	0	0	0
Bruk av disposisjonsfond	-8 619 883	-18 896 898	-17 896 734	-9 358 123	-8 199 479	-9 017 554
Bruk av bundne avsetninger	0	0	0	0	0	0
NETTO AVSETNINGER	3 944 056	-18 196 898	-17 196 734	-8 658 123	-7 499 479	-8 317 554
Overført til investeringsbudsjettet	5 507	0	0	0	0	0
TIL FORDELING DRIFT	-484 967 702	-498 177 898	-514 668 438	-505 242 509	-503 169 109	-502 269 108
Sum fordelt drift fra skjema 1B	484 967 702	498 177 898	514 668 438	505 242 509	503 169 109	502 269 108
Merforbruk Mindreforbruk	0	0	0	0	0	0

Budsjettskjema 1B

BUDSJETTSKJEMA 1 B VOLDA KOMMUNE ØKONOMIPLAN 2018-2021/BUDSJETT 2018						
Driftsrammer Sektor	Regnskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Utgifter	1 857 184	1 954 071	2 234 642	2 053 582	1 990 182	1 990 182
Inntekter	-205 841	-65 984	-65 984	-65 984	-65 984	-65 984
Rådmann	1 651 343	1 888 087	2 168 658	1 987 598	1 924 198	1 924 198
Utgifter	2 628 911	2 414 780	2 551 249	2 551 249	2 551 249	2 551 249
Inntekter	-1 230 623	-1 031 355	-1 031 355	-1 031 355	-1 031 355	-1 031 355
Samfunn og rådgjeving	1 398 288	1 383 425	1 519 894	1 519 894	1 519 894	1 519 894
Utgifter	25 438 134	18 881 145	20 450 768	19 250 768	19 250 768	19 250 768
Inntekter	-15 029 448	-1 310 850	-1 677 424	-1 677 424	-1 677 424	-1 677 424
Personal og organisasjon	10 408 686	17 570 295	18 773 344	17 573 344	17 573 344	17 573 344
Utgifter	8 296 834	8 030 026	8 198 573	8 198 573	8 198 573	8 198 573
Inntekter	-2 233 094	-1 255 427	-1 773 757	-1 773 757	-1 773 757	-1 773 757
Økonomi	6 063 740	6 774 599	6 424 816	6 424 816	6 424 816	6 424 816
Utgifter	9 409 141	8 837 312	9 767 312	9 767 312	9 767 312	9 767 312
Inntekter	-552 033	-120 000	-300 000	-300 000	-300 000	-300 000
NAV Kommune	8 857 108	8 717 312	9 467 312	9 467 312	9 467 312	9 467 312
Utgifter	255 723 710	251 876 967	257 963 392	257 823 392	257 623 392	257 623 392
Inntekter	-59 057 987	-48 512 408	-49 748 759	-49 748 759	-49 748 759	-49 748 759
Opplæring og oppvekst	196 665 723	203 364 559	208 214 633	208 074 633	207 874 633	207 874 633
Utgifter	251 456 669	243 867 136	244 552 146	244 552 146	244 552 146	244 552 146
Inntekter	-67 008 421	-62 135 142	-57 316 553	-57 316 553	-57 316 553	-57 316 553
Helse og omsorg	184 448 248	181 731 994	187 235 593	187 235 593	187 235 593	187 235 593
Utgifter	16 890 619	13 943 472	13 452 550	13 452 550	16 452 550	16 452 550
Inntekter	-7 326 352	-2 421 329	-2 260 395	-2 260 395	-2 260 395	-2 260 395
Kultur og service	9 564 267	11 522 143	11 192 155	11 192 155	14 192 155	14 192 155
Utgifter	4 287 529	2 266 713	3 037 822	3 037 822	3 037 822	3 037 822
Inntekter	-226 155	0	0	0	0	0
Politisk verksemd	4 061 374	2 266 713	3 037 822	3 037 822	3 037 822	3 037 822
Utgifter	76 646 394	76 981 846	75 441 086	75 141 086	75 141 086	75 141 086
Inntekter	-40 443 027	-42 034 221	-39 217 269	-39 217 269	-39 217 269	-38 217 269
Teknisk	36 203 367	34 947 625	36 223 817	35 923 817	35 923 817	36 923 817
Utgifter	23 491 370	23 481 755	23 923 469	23 923 469	23 923 469	23 923 469
Inntekter	-23 492 522	-23 481 755	-23 923 469	-23 923 469	-23 923 469	-23 923 469
Sjølvcosttenester	-1 152	0	0	0	0	0
Utgifter	9 868 900	10 182 369	9 990 485	9 990 485	9 990 485	9 990 485
Inntekter	-3 915 012	-3 304 355	-2 984 704	-2 984 704	-2 984 704	-2 984 704
Utvikling	5 953 888	6 878 014	7 005 781	7 005 781	7 005 781	7 005 781
Utgifter	112 188 318	101 593 389	97 754 857	96 349 988	96 039 988	96 039 988
Inntekter	-112 599 242	-101 593 389	-97 754 857	-96 349 988	-96 039 988	-96 039 988
Barneverntenesta (vertsk.)	-410 924	0	0	0	0	0
Utgifter	16 278 978	29 886 218	27 460 143	26 055 274	25 745 274	25 745 274
Inntekter	0	0	0	0	0	0
Barnevern Volda kommune	16 278 978	29 886 218	27 460 143	26 055 274	25 745 274	25 745 274
Utgifter	59 846 086	44 557 944	41 874 750	35 674 750	31 174 750	29 274 750
Inntekter	-56 021 318	-53 311 030	-45 930 280	-45 930 280	-45 930 280	-45 930 280
Fellestenester	3 824 768	-8 753 086	-4 055 530	-10 255 530	-14 755 530	-16 655 530

Budsjettskjema 2A

SKJEMA 2B INVESTERINGAR - VOLDA KOMMUNE - ØKONOMIPLAN 2018-2021/BUDSJETT2018						
Tekst	Regnskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Investeringer i anleggsmidler	186 328 374	443 945 363	186 506 600	81 183 000	103 833 000	44 583 000
Utlån og forskutteringer	4 274 100	5 000 000				
Kjøp av aksjer og andeler	2 058 023					
Avdrag på lån	10 929 199	2 500 000				
Dekning av tidligere års udekket	0					
Avsetninger	2 538 053	3 625 277		800 000		
Årets finansieringsbehov	206 127 749	455 070 640	186 506 600	81 983 000	103 833 000	44 583 000
Bruk av lånemidler	-148 425 404	-375 041 276	-131 019 280	-54 994 400	-64 634 400	-35 716 400
Inntekter fra salg av anleggsmidler	-10 665 035					
Tilskudd til investeringer						
Kompensasjon for merverdiavgift	-29 867 754	-72 909 087	-34 751 320	-16 236 600	-20 766 600	-8 866 600
Mottatte avdrag på utlån og refusjoner	-8 821 895	-2 500 000	-736 000	-1 552 000	-832 000	
Andre inntekter	-522 635					
Sum ekstern finansiering	-198 287 487	-450 450 363	-166 506 600	-72 783 000	-86 233 000	-44 583 000
Overført fra driftsregnskapet	-5 507					
Bruk av tidligere års udisponert	-1 915 816	-3 625 277				
Bruk av avsetninger	-9 528 976	-995 000	-20 000 000	-9 200 000	-17 600 000	
Sum finansiering	-209 737 786	-455 070 640	-186 506 600	-81 983 000	-103 833 000	-44 583 000
Udekket/udisponert	-3 610 037	0	0	0	0	0

Budsjettskjema 2B

BUDSJETTSKJEMA 2 B INVESTERINGSPROSJEKT VOLDA KOMMUNE ØKONOMIPLAN 2018-2021/ BUDSJETT 2018				
PROSJEKT	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
IKT INVESTERINGAR				
Kjøp av IKT-utstyr	480 000	480 000	480 000	
Moms-utgift investering med kompensasjon	120 000	120 000	120 000	
Utgifter	600 000	600 000	600 000	
Moms-kompensasjon investering frå 2014	-120 000	-120 000	-120 000	
Bruk av årets opprinnelege låneopptak	-480 000	-480 000	-480 000	
Inntekter	-600 000	-600 000	-600 000	
IKT Volda kommune (EDB-utstyr rådhus)	0	0	0	
Kjøp av IKT-utstyr	1 493 280	600 000	320 000	
Moms-utgift investering med kompensasjon	373 320	150 000	80 000	
Utgifter	1 866 600	750 000	400 000	
Moms-kompensasjon investering frå 2014	-373 320	-150 000	-80 000	
Bruk av årets opprinnelege låneopptak	-1 493 280	-600 000	-320 000	
Inntekter	-1 866 600	-750 000	-400 000	

**BUDSJETTSKJEMA 2 B INVESTERINGSPROSJEKT VOLDA KOMMUNE ØKONOMIPLAN 2018-2021/
BUDSJETT 2018**

PROSJEKT	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Interkommunale IKT investeringar	0	0	0	
Kjøp av IKT-utstyr	600 000	600 000	600 000	600 000
Moms-utgift investering med kompensasjon	150 000	150 000	150 000	150 000
Utgifter	750 000	750 000	750 000	750 000
Moms-kompensasjon investering frå 2014	-150 000	-150 000	-150 000	-150 000
Bruk av årets opprinnelege låneopptak	-600 000	-600 000	-600 000	-600 000
Inntekter	-750 000	-750 000	-750 000	-750 000
IKT-satsing oppvekst (khe)	0	0	0	0
Kjøp av IKT-utstyr	2 000 000			
Moms-utgift investering med kompensasjon	500 000			
Utgifter	2 500 000			
Moms-kompensasjon investering frå 2014	-500 000			
Bruk av årets opprinnelege låneopptak	-2 000 000			
Inntekter	-2 500 000			
Nettbrett barnehage og skule	0			
Kjøp av IKT-utstyr	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
Moms-utgift investering med kompensasjon	250 000	250 000	250 000	250 000
Utgifter	1 250 000	1 250 000	1 250 000	1 250 000
Moms-kompensasjon investering frå 2014	-250 000	-250 000	-250 000	-250 000
Bruk av årets opprinnelege låneopptak	-1 000 000	-1 000 000	-1 000 000	-1 000 000
Inntekter	-1 250 000	-1 250 000	-1 250 000	-1 250 000
Investering velferdsteknologi	0	0	0	0
BARNEHAGAR OG GRUNNSKULE				
Nybygg, vedlikehald, byggetenester	800 000			
Moms-utgift investering med kompensasjon	200 000			
Utgifter	1 000 000			
Moms-kompensasjon investering frå 2014	-200 000			
Bruk av årets opprinnelege låneopptak	-800 000			
Inntekter	-1 000 000			
Prosjektering Volda u-skule, opprusting	0			
Nybygg, vedlikehald, byggetenester	640 000	640 000		
Moms-utgift investering med kompensasjon	160 000	160 000		
Utgifter	800 000	800 000		
Moms-kompensasjon investering frå 2014	-160 000	-160 000		
Bruk av årets opprinnelege låneopptak	-640 000	-640 000		
Inntekter	-800 000	-800 000		
Leikeplassar (skular/barnehagar)	0	0		
Nybygg, vedlikehald, byggetenester		400 000		
Moms-utgift investering med kompensasjon		100 000		
Utgifter		500 000		
Moms-kompensasjon investering frå 2014		-100 000		

**BUDSJETTSKJEMA 2 B INVESTERINGSPROSJEKT VOLDA KOMMUNE ØKONOMIPLAN 2018-2021/
BUDSJETT 2018**

PROSJEKT	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Bruk av årets opprinnelege låneopptak		-400 000		
Inntekter		-500 000		
Prosjektering Ny barnehage sentrum		0		
Nybygg, vedlikehold, byggetenester	400 000			
Moms-utgift investering med kompensasjon	100 000			
Utgifter	500 000			
Moms-kompensasjon investering frå 2014	-100 000			
Bruk av årets opprinnelege låneopptak	-400 000			
Inntekter	-500 000			
Barnehagar avbøtande tiltak	0			
KULTUR OG IDRETT				
Nybygg, vedlikehold, byggetenester		500 000		
Moms-utgift investering med kompensasjon		125 000		
Utgifter		625 000		
Moms-kompensasjon investering frå 2014		-125 000		
Bruk av årets opprinnelege låneopptak		-500 000		
Inntekter		-625 000		
Prosjektering symjehall		0		
Nybygg, vedlikehold, byggetenester		266 400	266 400	266 400
Moms-utgift investering med kompensasjon		66 600	66 600	66 600
Utgifter		333 000	333 000	333 000
Moms-kompensasjon investering frå 2014		-66 600	-66 600	-66 600
Bruk av årets opprinnelege låneopptak		-266 400	-266 400	-266 400
Inntekter		-333 000	-333 000	-333 000
Friluftstiltak m.m. (aaa)		0	0	0
Overføring til andre private (inkl. lag og org.)				250 000
Utgifter				250 000
Bruk av årets opprinnelege låneopptak				-250 000
Inntekter				-250 000
Skatepark (ga)				0
HELSE OG OMSORG				
Nybygg, vedlikehold, byggetenester		400 000	2 800 000	
Moms-utgift investering med kompensasjon		100 000	700 000	
Utgifter		500 000	3 500 000	
Moms-kompensasjon investering frå 2014		-100 000	-700 000	
Bruk av årets opprinnelege låneopptak		-400 000	-2 800 000	
Inntekter		-500 000	-3 500 000	
Legesenteret		0	0	
Kjøp av driftsmiddel	1 600 000	0	0	0
Moms-utgift investering med kompensasjon	400 000	0	0	0
Utgifter	2 000 000	0	0	0

**BUDSJETTSKJEMA 2 B INVESTERINGSPROSJEKT VOLDA KOMMUNE ØKONOMIPLAN 2018-2021/
BUDSJETT 2018**

PROSJEKT	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Moms-kompensasjon investering frå 2014	-400 000	0	0	0
Bruk av årets opprinnelege låneopptak	-1 600 000	0	0	0
Inntekter	-2 000 000	0	0	0
Omsorgsenteret - Inventar og utstyr	0	0	0	0
Nybygg, vedlikehald, byggetenester	400 000	400 000		
Moms-utgift investering med kompensasjon	100 000	100 000		
Utgifter	500 000	500 000		
Moms-kompensasjon investering frå 2014	-100 000	-100 000		
Bruk av årets opprinnelege låneopptak	-400 000	-400 000		
Inntekter	-500 000	-500 000		
Omsorgsenteret, utskifting av utstyr på kantine	0	0		
Nybygg, vedlikehald, byggetenester	13 600 000	0	0	0
Moms-utgift investering med kompensasjon	3 400 000			
Utgifter	17 000 000			
Moms-kompensasjon investering frå 2014	-3 400 000			
Bruk av årets opprinnelege låneopptak	-13 600 000			
Inntekter	-17 000 000			
Omsorgsbustader (5stk) Doktorhaugen	0			
Nybygg, vedlikehald, byggetenester	1 200 000			
Moms-utgift investering med kompensasjon	300 000			
Utgifter	1 500 000			
Moms-kompensasjon investering frå 2014	-300 000			
Bruk av årets opprinnelege låneopptak	-1 200 000			
Inntekter	-1 500 000			
Naudlysanlegg Omsorgsenteret	0			
Nybygg, vedlikehald, byggetenester		960 000		
Moms-utgift investering med kompensasjon		240 000		
Utgifter		1 200 000		
Moms-kompensasjon investering frå 2014		-240 000		
Bruk av årets opprinnelege låneopptak		-960 000		
Inntekter		-1 200 000		
Særlig tilrettelagte omsorgsbustader		0		
Nybygg, vedlikehald, byggetenester	500 000			
Moms-utgift investering med kompensasjon	125 000			
Utgifter	625 000			
Moms-kompensasjon investering frå 2014	-125 000			
Bruk av årets opprinnelege låneopptak	-500 000			
Inntekter	-625 000			
4. etasje omsorgsenteret	0			
Nybygg, vedlikehald, byggetenester	1 440 000	1 440 000		
Moms-utgift investering med kompensasjon	360 000	360 000		
Utgifter	1 800 000	1 800 000		

**BUDSJETTSKJEMA 2 B INVESTERINGSPROSJEKT VOLDA KOMMUNE ØKONOMIPLAN 2018-2021/
BUDSJETT 2018**

PROSJEKT	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Moms-kompensasjon investering frå 2014	-360 000	-360 000		
Bruk av årets opprinnelege låneopptak	-1 440 000	-1 440 000		
Inntekter	-1 800 000	-1 800 000		
Folkestadtun - oppgradering	0	0		
Nybygg, vedlikehald, byggetenester	800 000			0
Moms-utgift investering med kompensasjon	200 000			0
Utgifter	1 000 000			0
Moms-kompensasjon investering frå 2014	-200 000			0
Bruk av årets opprinnelege låneopptak	-800 000			0
Inntekter	-1 000 000			0
Solskjerming kommunale bygg - omsorg	0			0
Nybygg, vedlikehald, byggetenester		400 000		
Moms-utgift investering med kompensasjon		100 000		
Utgifter		500 000		
Moms-kompensasjon investering frå 2014		-100 000		
Bruk av årets opprinnelege låneopptak		-400 000		
Inntekter		-500 000		
Sansehagen oppgradering av hagen		0		
NÆRINGS- OG BUSTADUTBYGGING				
Nybygg, vedlikehald, byggetenester		1 200 000	12 000 000	
Moms-utgift investering med kompensasjon		300 000	3 000 000	
Utgifter		1 500 000	15 000 000	
Moms-kompensasjon investering frå 2014		-300 000	-3 000 000	
Bruk av ubundne investeringsfond		-1 200 000	-12 000 000	
Inntekter		-1 500 000	-15 000 000	
Bustadfelt Urbakkfoten - Håmyra (aaa)		0	0	
Nybygg, vedlikehald, byggetenester	4 000 000	4 000 000	4 000 000	
Grunnkjøp (m/avgifter og gebyr)	12 000 000	0	0	
Moms-utgift investering med kompensasjon	1 000 000	1 000 000	1 000 000	
Utgifter	17 000 000	5 000 000	5 000 000	
Moms-kompensasjon investering frå 2014	-1 000 000	-1 000 000	-1 000 000	
Bruk av ubundne investeringsfond	-16 000 000	-4 000 000	-4 000 000	
Inntekter	-17 000 000	-5 000 000	-5 000 000	
Næringsområde Øvre Rotset	0	0	0	0
Nybygg, vedlikehald, byggetenester	4 000 000	4 000 000	1 600 000	
Moms-utgift investering med kompensasjon	1 000 000	1 000 000	400 000	
Avsetning til ubundne investeringsfond	0	800 000	0	
Utgifter	5 000 000	5 800 000	2 000 000	
Refusjonar frå staten	0	-800 000	0	
Moms-kompensasjon investering frå 2014	-1 000 000	-1 000 000	-400 000	
Bruk av ubundne investeringsfond	-4 000 000	-4 000 000	-1 600 000	

**BUDSJETTSKJEMA 2 B INVESTERINGSPROSJEKT VOLDA KOMMUNE ØKONOMIPLAN 2018-2021/
BUDSJETT 2018**

PROSJEKT	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Inntekter	-5 000 000	-5 800 000	-2 000 000	
Kommunal del sentrumsutvikling	0	0	0	
Grunnkjøp (m/avgifter og gebyr)	750 000			
Utgifter	750 000			
Bruk av årets opprinnelege låneopptak	-750 000			
Inntekter	-750 000			
Kjøp Fiskerihavna	0			
SAMFERDSEL				
Nybygg, vedlikehold, byggetenester		1 200 000	6 800 000	
Moms-utgift investering med kompensasjon		300 000	1 700 000	
Utgifter		1 500 000	8 500 000	
Moms-kompensasjon investering frå 2014		-300 000	-1 700 000	
Bruk av årets opprinnelege låneopptak		-1 200 000	-6 800 000	
Inntekter		-1 500 000	-8 500 000	
Opprusting Raudemyrvegen til Samleveg		0	0	
Nybygg, vedlikehold, byggetenester				400 000
Moms-utgift investering med kompensasjon				100 000
Utgifter				500 000
Moms-kompensasjon investering frå 2014				-100 000
Bruk av årets opprinnelege låneopptak				-400 000
Inntekter				-500 000
Opprusting Kleppevegen til Samleveg				0
Nybygg, vedlikehold, byggetenester	1 200 000			
Moms-utgift investering med kompensasjon	300 000			
Utgifter	1 500 000			
Moms-kompensasjon investering frå 2014	-300 000			
Bruk av årets opprinnelege låneopptak	-1 200 000			
Inntekter	-1 500 000			
Sambindingsveg over Håmyra	0			
Nybygg, vedlikehold, byggetenester	1 200 000	4 400 000		
Moms-utgift investering med kompensasjon	300 000	1 100 000		
Utgifter	1 500 000	5 500 000		
Moms-kompensasjon investering frå 2014	-300 000	-1 100 000		
Bruk av årets opprinnelege låneopptak	-1 200 000	-4 400 000		
Inntekter	-1 500 000	-5 500 000		
Samleveg Urbakkfoten	0	0		
Nybygg, vedlikehold, byggetenester	3 200 000	1 600 000		
Moms-utgift investering med kompensasjon	800 000	400 000		
Utgifter	4 000 000	2 000 000		
Moms-kompensasjon investering frå 2014	-800 000	-400 000		
Bruk av årets opprinnelege låneopptak	-3 200 000	-1 600 000		

**BUDSJETTSKJEMA 2 B INVESTERINGSPROSJEKT VOLDA KOMMUNE ØKONOMIPLAN 2018-2021/
BUDSJETT 2018**

PROSJEKT	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Inntekter	-4 000 000	-2 000 000		
Opprusting Engesetvegen forbi Omsorgsenteret til Samleveg	0	0		
Nybygg, vedlikehold, byggetenester	1 600 000		1 600 000	
Moms-utgift investering med kompensasjon	400 000		400 000	
Utgifter	2 000 000		2 000 000	
Moms-kompensasjon investering frå 2014	-400 000		-400 000	
Bruk av årets opprinnelege låneopptak	-1 600 000		-1 600 000	
Inntekter	-2 000 000		-2 000 000	
Utbetring kommunale vegar (aaa)	0		0	
Nybygg, vedlikehold, byggetenester	9 520 000			
Moms-utgift investering med kompensasjon	2 380 000			
Utgifter	11 900 000			
Moms-kompensasjon investering frå 2014	-2 380 000			
Bruk av årets opprinnelege låneopptak	-9 520 000			
Inntekter	-11 900 000			
Fast dekke kommunale areal/vegar finansiert drift	0			
Nybygg, vedlikehold, byggetenester	2 200 000			
Moms-utgift investering med kompensasjon	550 000			
Utgifter	2 750 000			
Moms-kompensasjon investering frå 2014	-550 000			
Bruk av årets opprinnelege låneopptak	-2 200 000			
Inntekter	-2 750 000			
Utbygging veglys til LED finansiert ved straumsparing	0			
Nybygg, vedlikehold, byggetenester	800 000			
Moms-utgift investering med kompensasjon	200 000			
Utgifter	1 000 000			
Moms-kompensasjon investering frå 2014	-200 000			
Bruk av årets opprinnelege låneopptak	-800 000			
Inntekter	-1 000 000			
Nedgravd avfallsløysing og parkering ved Rådhuset	0			
KOMMUNALE BYGG				
Nybygg, vedlikehold, byggetenester	25 600 000			
Moms-utgift investering med kompensasjon	6 400 000			
Utgifter	32 000 000			
Moms-kompensasjon investering frå 2014	-6 400 000			
Bruk av årets opprinnelege låneopptak	-25 600 000			
Inntekter	-32 000 000			
EPC gjennomføringstiltak	0			
Nybygg, vedlikehold, byggetenester	3 680 000	3 760 000	4 160 000	
Moms-utgift investering med kompensasjon	920 000	940 000	1 040 000	
Utgifter	4 600 000	4 700 000	5 200 000	

**BUDSJETTSKJEMA 2 B INVESTERINGSPROSJEKT VOLDA KOMMUNE ØKONOMIPLAN 2018-2021/
BUDSJETT 2018**

PROSJEKT	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Moms-kompensasjon investering frå 2014	-920 000	-940 000	-1 040 000	
Refusjon frå andre (private)	-736 000	-752 000	-832 000	
Bruk av årets opprinnelege låneopptak	-2 944 000	-3 008 000	-3 328 000	
Inntekter	-4 600 000	-4 700 000	-5 200 000	
Oppdgradering kommunale bygg	0	0	0	
Nybygg, vedlikehald, byggetenester		640 000		
Moms-utgift investering med kompensasjon		160 000		
Utgifter		800 000		
Moms-kompensasjon investering frå 2014		-160 000		
Bruk av årets opprinnelege låneopptak		-640 000		
Inntekter		-800 000		
Branndepot Straumshamn		0		
Nybygg, vedlikehald, byggetenester	1 200 000			
Moms-utgift investering med kompensasjon	300 000			
Utgifter	1 500 000			
Moms-kompensasjon investering frå 2014	-300 000			
Bruk av årets opprinnelege låneopptak	-1 200 000			
Inntekter	-1 500 000			
Oppgradering Prestegata 33	0			
Nybygg, vedlikehald, byggetenester	584 000			
Moms-utgift investering med kompensasjon	146 000			
Utgifter	730 000			
Moms-kompensasjon investering frå 2014	-146 000			
Bruk av årets opprinnelege låneopptak	-584 000			
Inntekter	-730 000			
Tilbygg Myrtun - strøsandlager for komm.teknisk sektor m.m.	0			
Nybygg, vedlikehald, byggetenester	960 000			
Moms-utgift investering med kompensasjon	240 000			
Utgifter	1 200 000			
Moms-kompensasjon investering frå 2014	-240 000			
Bruk av årets opprinnelege låneopptak	-960 000			
Inntekter	-1 200 000			
Ferdigstilling Brannstasjon etter krav frå Arbeidstilsynet	0			
BRUER OG FLAUMSIKRING				
Nybygg, vedlikehald, byggetenester		640 000	640 000	
Moms-utgift investering med kompensasjon		160 000	160 000	
Utgifter		800 000	800 000	
Moms-kompensasjon investering frå 2014		-160 000	-160 000	
Bruk av årets opprinnelege låneopptak		-640 000	-640 000	
Inntekter		-800 000	-800 000	
Levetidsforlenging for bruer		0	0	

**BUDSJETTSKJEMA 2 B INVESTERINGSPROSJEKT VOLDA KOMMUNE ØKONOMIPLAN 2018-2021/
BUDSJETT 2018**

PROSJEKT	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Nybygg, vedlikehold, byggetenester	400 000			
Moms-utgift investering med kompensasjon	100 000			
Utgifter	500 000			
Moms-kompensasjon investering frå 2014	-100 000			
Bruk av årets opprinnelege låneopptak	-400 000			
Inntekter	-500 000			
Full rehabilitering av Skinnvikbrua	0			
Nybygg, vedlikehold, byggetenester	8 000 000	5 600 000		
Moms-utgift investering med kompensasjon	2 000 000	1 400 000		
Utgifter	10 000 000	7 000 000		
Moms-kompensasjon investering frå 2014	-2 000 000	-1 400 000		
Bruk av årets opprinnelege låneopptak	-8 000 000	-5 600 000		
Inntekter	-10 000 000	-7 000 000		
Flomsikring Volda sentrum Melshornsida	0	0		
Nybygg, vedlikehold, byggetenester	3 200 000	5 600 000		
Moms-utgift investering med kompensasjon	800 000	1 400 000		
Utgifter	4 000 000	7 000 000		
Moms-kompensasjon investering frå 2014	-800 000	-1 400 000		
Bruk av årets opprinnelege låneopptak	-3 200 000	-5 600 000		
Inntekter	-4 000 000	-7 000 000		
Flomførebygging Heltneelva	0	0		
MASKINER, VERKTØY OG KØYRETØY				
Nybygg, vedlikehold, byggetenester	500 000		400 000	0
Moms-utgift investering med kompensasjon	125 000		100 000	0
Utgifter	625 000		500 000	0
Moms-kompensasjon investering frå 2014	-125 000		-100 000	0
Bruk av årets opprinnelege låneopptak	-500 000		-400 000	0
Inntekter	-625 000		-500 000	0
Maskiner, verktøy og køyretøy til Eignedomsdrift	0		0	0
Nybygg, vedlikehold, byggetenester		240 000	120 000	120 000
Moms-utgift investering med kompensasjon		60 000	30 000	30 000
Utgifter		300 000	150 000	150 000
Moms-kompensasjon investering frå 2014		-60 000	-30 000	-30 000
Bruk av årets opprinnelege låneopptak		-240 000	-120 000	-120 000
Inntekter		-300 000	-150 000	-150 000
Maskiner og køyretøy til parkdrift		0	0	0
Nybygg, vedlikehold, byggetenester	2 548 000		600 000	2 000 000
Moms-utgift investering med kompensasjon	637 000		150 000	500 000
Utgifter	3 185 000		750 000	2 500 000
Moms-kompensasjon investering frå 2014	-637 000		-150 000	-500 000
Bruk av årets opprinnelege låneopptak	-2 548 000		-600 000	-2 000 000

**BUDSJETTSKJEMA 2 B INVESTERINGSPROSJEKT VOLDA KOMMUNE ØKONOMIPLAN 2018-2021/
BUDSJETT 2018**

PROSJEKT	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Inntekter	-3 185 000		-750 000	-2 500 000
Maskiner og kjøretøy til vegdrift	0		0	0
Kjøp av transportmiddel	1 200 000	480 000	480 000	480 000
Moms-utgift investering med kompensasjon	300 000	120 000	120 000	120 000
Utgifter	1 500 000	600 000	600 000	600 000
Moms-kompensasjon investering frå 2014	-300 000	-120 000	-120 000	-120 000
Bruk av årets opprinnelege låneopptak	-1 200 000	-480 000	-480 000	-480 000
Inntekter	-1 500 000	-600 000	-600 000	-600 000
Brann - Beredskapsmateriell og kjøretøy	0	0	0	0
SJØLVKOST				
Nybygg, vedlikehald, byggetenester	19 560 000	13 700 000	37 200 000	27 200 000
Moms-utgift investering med kompensasjon	4 890 000	3 425 000	9 300 000	6 800 000
Utgifter	24 450 000	17 125 000	46 500 000	34 000 000
Moms-kompensasjon investering frå 2014	-4 890 000	-3 425 000	-9 300 000	-6 800 000
Bruk av årets opprinnelege låneopptak	-19 560 000	-13 700 000	-37 200 000	-27 200 000
Inntekter	-24 450 000	-17 125 000	-46 500 000	-34 000 000
Avløp samleinvestering	0	0	0	0
Nybygg, vedlikehald, byggetenester	16 700 000	9 800 000	8 000 000	3 000 000
Moms-utgift investering med kompensasjon	4 175 000	2 450 000	2 000 000	750 000
Utgifter	20 875 000	12 250 000	10 000 000	3 750 000
Moms-kompensasjon investering frå 2014	-4 175 000	-2 450 000	-2 000 000	-750 000
Bruk av årets opprinnelege låneopptak	-16 700 000	-9 800 000	-8 000 000	-3 000 000
Inntekter	-20 875 000	-12 250 000	-10 000 000	-3 750 000
Vatn samleinvestering	0	0	0	0
Nybygg, vedlikehald, byggetenester	200 000			400 000
Moms-utgift investering med kompensasjon	50 000			100 000
Utgifter	250 000			500 000
Moms-kompensasjon investering frå 2014	-50 000			-100 000
Bruk av årets opprinnelege låneopptak	-200 000			-400 000
Inntekter	-250 000			-500 000
Feiing	0			0

Budsjettskjema 4

ØKONOMISK OVERSIKT DRIFT VOLDA KOMMUNE ØKONOMIPLAN 2018-2021/BUDSJETT 2018						
	Regnskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Brukerbetalinger	-25 041 207	-26 406 081	-27 349 031	-27 349 031	-27 349 031	-27 349 031
Andre salgs- og leieinntekter	-48 964 397	-48 738 932	-49 516 207	-49 516 207	-49 516 207	-48 516 207
Overføringer med krav til motytelse	-227 521 445	-170 789 113	-161 847 488	-161 847 488	-161 847 488	-161 847 488
Rammetilskudd	-260 078 170	-271 711 000	-279 200 000	-279 200 000	-279 200 000	-279 200 000
Andre statlige overføringer	-39 010 783	-41 091 110	-34 894 300	-34 894 300	-34 894 300	-34 894 300
Andre overføringer	-1 718 913	-2 220 500	-1 410 500	-1 410 500	-1 410 500	-1 410 500
Skatt på inntekt og formue	-206 754 873	-200 000 000	-208 400 000	-208 400 000	-208 400 000	-208 400 000
Eiendomsskatt	-17 113 341	-17 000 000	-17 500 000	-17 800 000	-18 100 000	-27 850 000
Andre direkte og indirekte skatter	0	-700 000	-700 000	-700 000	-700 000	-700 000
SUM DRIFTSINNTEKTER	-826 203 129	-778 656 736	-780 817 526	-781 117 526	-781 417 526	-790 167 526
Lønnsutgifter	445 392 310	448 575 173	465 588 862	464 393 993	463 883 993	463 883 993
Sosiale utgifter	113 325 507	136 220 914	134 238 849	134 238 849	134 238 849	134 238 849
Kjøp av varer og tjenester som inngår i komm tjenesteprod	96 271 784	88 060 283	85 123 572	84 473 572	84 473 572	84 473 572
Kjøp av varer og tjenester som erstatter komm tjprod	106 317 595	74 121 788	78 616 355	78 435 295	78 371 895	78 371 895
Overføringer	47 374 932	58 439 341	45 236 249	36 431 380	34 621 380	32 721 380
Avskrivninger	32 673 122	28 530 000	28 530 000	28 530 000	28 530 000	28 530 000
Fordelte utgifter	-35 704 939	-52 316 212	-51 883 379	-50 478 510	-50 168 510	-50 168 510
SUM DRIFTSUTGIFTER	805 650 311	781 631 287	785 450 508	776 024 579	773 951 179	772 051 179
BRUTTO DRIFTSRESULTAT	-20 552 818	2 974 551	4 632 982	-5 092 947	-7 466 347	-18 116 347
Renteinntekter, utbytte og eieruttak	-6 779 126	-5 600 000	-6 940 000	-6 940 000	-6 940 000	-6 940 000
Gevinst på finansielle instrumenter	-1 823 469	-1 500 000	-1 500 000	-1 500 000	-1 500 000	-1 500 000
Mottatte avdrag på utlån	-208 190	-50 000	-230 000	-230 000	-230 000	-230 000
SUM EKSTERNE FINANSINNTEKTER	-8 810 785	-7 150 000	-8 670 000	-8 670 000	-8 670 000	-8 670 000
Renteutgifter, provisjoner og andre finansutgifter	17 928 565	25 395 000	22 670 468	22 958 466	23 303 902	29 902 408
Tap på finansielle instrumenter	0	0	0	0	0	0
Avdrag på lån	21 490 085	26 574 000	28 656 128	29 555 448	30 424 768	35 294 338
Utlån	182 781	130 000	130 000	130 000	130 000	130 000
SUM EKSTERNE FINANSUTGIFTER	39 601 431	52 099 000	51 456 596	52 643 914	53 858 670	65 326 746
RESULTAT EKSTERNE FINANSIERINGSTRANSAKSJONER	30 790 646	44 949 000	42 786 596	43 973 914	45 188 670	56 656 746
Motpost avskrivninger	-32 673 123	-28 530 000	-28 530 000	-28 530 000	-28 530 000	-28 530 000
NETTO DRIFTSRESULTAT	-22 435 295	19 393 551	18 889 578	10 350 967	9 192 323	10 010 399
Bruk av tidligere års regnskapsmessig mindreforbruk	-25 397 311	0	0	0	0	0
Bruk av disposisjonsfond	-9 519 163	-18 896 898	-17 896 734	-9 358 123	-8 199 479	-9 017 554
Bruk av bundne fond	-14 239 381	-5 874 297	-2 882 201	-2 882 201	-2 882 201	-2 882 201
SUM BRUK AV AVSETNINGER	-49 155 855	-24 771 195	-20 778 935	-12 240 324	-11 081 680	-11 899 755
Overført til investeringsregnskapet	5 507	0	0	0	0	0
Dekning av tidligere års merforbruk	0	0	0	0	0	0
Avsetninger til disposisjonsfond	37 906 211	0	0	0	0	0
Avsetninger til bundne fond	12 189 520	5 377 644	1 889 357	1 889 357	1 889 357	1 889 357
SUM AVSETNINGER	50 101 238	5 377 644	1 889 357	1 889 357	1 889 357	1 889 357
REGNSKAPSMESSIG MER- MINDREFORBRUK	-21 489 912	0	0	0	0	0

Budsjettskjema 5

ØKONOMISK OVERSIKT INVESTERING VOLDA KOMMUNE ØKONOMIPLAN 2018-2021/ BUDSJETT 2018						
	Reknnskap 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021
Salg av driftsmidler og fast eiendom	-10 665 035					
Andre salgsinntekter	-522 635					
Overføringer med krav til motytelse	-1 817 813		-736 000	-1 552 000	-832 000	
Kompensasjon for merverdiavgift	-29 867 754	-72 909 087	-34 751 320	-16 236 600	-20 766 600	-8 866 600
Statlige overføringer						
Andre overføringer						
Renteinntekter, utbytte og eieruttak						
SUM INNTEKTER	-42 873 237	-72 909 087	-35 487 320	-17 788 600	-21 598 600	-8 866 600
Lønnsutgifter	-219					
Sosiale utgifter						
Kjøp av varer og tj som inngår i kommunal tj.prod.	153 746 921	365 353 303	151 755 280	64 946 400	83 066 400	35 466 400
Kjøp av varer og tj som erstatter kommunal tj.prod	1 911 917	1 652 973				
Overføringer	30 669 755	76 939 087	34 751 320	16 236 600	20 766 600	9 116 600
Renteutg, provisjoner og andre finansutg						
Fordelte utgifter						
SUM UTGIFTER	186 328 374	443 945 363	186 506 600	81 183 000	103 833 000	44 583 000
Avdragsutgifter	10 929 199	2 500 000				
Utlån	4 274 100	5 000 000				
Kjøp av aksjer og andeler	2 058 023					
Dekning tidligere års udekket						
Avsetning til ubundne investeringsfond	2 428 327	3 625 277		800 000		
Avsetninger til bundne fond	109 726					
SUM FINANSIERINGSTRANSAKSJONER	19 799 375	11 125 277	0	800 000	0	0
FINANSIERINGSBEHOV	163 254 512	382 161 553	151 019 280	64 194 400	82 234 400	35 716 400
Bruk av lån	-148 425 404	-375 041 276	-131 019 280	-54 994 400	-64 634 400	-35 716 400
Salg av aksjer og andeler						
Mottatte avdrag på utlån	-7 004 082	-2 500 000				
Overføringer fra driftsregnskapet	-5 507					
Bruk av tidligere års overskudd	-1 915 816	-3 625 277				
Bruk av disposisjonsfond	-300 000					
Bruk av bundne driftsfond						
Bruk av ubundne investeringsfond	-5 153 654	-995 000	-20 000 000	-9 200 000	-17 600 000	
Bruk av bundne investeringsfond	-4 075 322					
SUM FINANSIERING	-166 879 785	-382 161 553	-151 019 280	-64 194 400	-82 234 400	-35 716 400
UDEKKET/UDISPONERT	-3 625 273	0	0	0	0	0

NOTAT FRÅ TEKNISK – VERBAL DEL INVESTERINGAR

Eigedom Interne byggeprosjekt som ikkje vert pusja av andre sektorar

EPC gjennomføringstiltak

I samband med gjennomføringsfasen av EPC kontrakten vil det vere mange tiltak som skal gjennomførast i ein periode fram til medio 2018. Denne tiltakspakka er presentert for kommunestyret og godkjent. Her vil vi kunne gjennomføre mange energitiltak i samanheng med generell oppgradering av våre kommunale bygg. Tiltaket vil bidra til at kommunen når målet i kommuneplanen «klimate og miljø». Målet med reduksjon i energibruk på 30% i snitt på kommunale bygg vil bli innfridd her i fleste bygg frå barnehagestørrelse og oppover. Energioppfølging og energileiing er ein del av prosjektet.

Oppgradering Prestegata 33

Eit av formåla med kjøp av Prestegata 33 var etablering av eigedom i bygget. Det er viktig å få samla ressursane til eigedom med fokus på FDV (forvaltning, drift og vedlikehald) og reinhald i bygget. Etablering av ein slik base er elementær for smartare drift, der ein samlar kompetansen og skapar god samhandling. Dette er også vist til i rapporten frå forvaltningsrevisjon av kommunalt vedlikehald (handsama i K-sak 130/12). Dette vil også frigjere utgifter til husleige hjå Volda vassverk (Myrtun), som dekker inn kapitalkostnad på låneopptak. Tiltaket vil bidra til å nå målet i kommuneplanen «tenester», både under målsetjing tenestene skal vere i samsvar med lover og forskrifter, og med god nok kvalitet, samt omdømme (tilby gode tenester tilpassa innbyggjarane sitt behov. Skape ein kultur for openheit, læring og innovasjon, og legge til rette for nyskaping og digital tenesteproduksjon i organisasjonen).

I 2016 gjennomførte arbeidstilsynet tilsyn med Prestegata 33, der er pålegg om ferdigstilling av bygget med fokus på skitten og rein sone til personell i brannavdelinga. Løysinga i dag er ikkje tilfredsstillande. Planlegging er oppstarta haust 2017. Bygget er klargjort for gjennomføring av siste del av prosjekt og ein vil kunne etablere tilfredsstillande soner og gardarobor for kvinner og menn. Tiltaket vil bidra til å nå målet i kommuneplanen «tenester», både under målsetjing tenestene skal vere i samsvar med lover og forskrifter, og med god nok kvalitet.

Oppgradering kommunale bygg

Volda kommune har stort etterslep på vedlikehald av kommunale bygg. Det har blant anna vore arbeidd mykje med gjennomstrømming av kommunale bustadar, som medfører at det blir stadig fleire bustadar som må oppgraderast når dei skal ut på marknaden igjen etter 10-20 år med jamn utleige. Det er tilsett 2 tømrarar som arbeidar 100% på dette investeringsprosjektet som vil gjennomførast vidare kvart år i kommande budsjett og økonomiplan. Prosjektet vil bli nytt på all kommunal bygningsmasse som har krav til oppgradering. Dette er arbeid som alltid vil rullere med å eige bygg. Tiltaket vil bidra til å nå mål i kommuneplanen innanfor dei fleste område, alt etter kva bygg ein har prioritet på (dette er varierende). Underliggende er at prosjektet alltid vil ha med seg målet «klimate og miljø» i alle tiltak som blir gjennomført. Ein har fokus på attvinning og energibruk. Folkehelse og attraktivitet der ein legg til rette for barn, unge og vaksne sitt oppvekstmiljø viktige rettesnorar.

Branndepot Staumshamn

Gamalt branndepot er utrangert og det nytt depot er innarbeid i budsjett og økonomiplan.

Tiltaket vil bidra til å nå målet ”Volda kommune skal ha eit velfungerande brann- og redningsvesen i heile kommunen” innafor temaområde 4.10, Samfunnstryggleik, i kommuneplanen sin samfunnsdel.

Maskiner Verktøy og køyrety til Eigedomsdrift

Eigedom treng å bytte ut enkelte utstyr som er gåent i porteføljen t.d. enkelte bilar. Det er mangel på utstyr til brøyting og arbeid inne på kommunale byggområder (leikeplassar, uteområde kring bygg m.m.)

Naudlysanlegg Omsorgsenteret

Myndigheitskrav etter Brann og Eksplosjonsvernloven med Forskrift om brannforebygging. Utforming er gitt i Norsk standard NS 3926. Kort fortalt er det krav til at rømningsvegar/fellesområder skal være forholdsvis opplyst 1 time etter straumutfall i tillegg til rømningsvegen skal være merka med grønt lysskilt og vegen til rømningsveg skal være merka med grønt lysskilt. Dagens system er naudlysanlegg med desentralisert batteripakke. Desentralisert batteripakker med over 600 batteripakker er kostnadskrevende og uoversiktlig å holde vedlikehalde. Batteripakker til disse lysarmaturane er ikkje i handel lenger og anlegget krev oppgradering.

Eigedom byggeprosjekt pusja av sektor for oppvekst

Volda ungdomskule, opprusting

Brannteknisk analyse og teknisk tilstandsvurdering er tatt av bygget. Det er klart behov for oppgradering av bygget. Ei oppgradering av bygget bør inkludere framtidige behov for drift av ungdomsskule i sentrum. Tiltaket vil bidra til å nå målet i kommuneplanen «attraktivitet», der målsetjing er vidareutvikle dei gode oppvekst- og utdanningsmoglegheitene i Volda. Strategi med prioritet av god kvalitet på barnehage- og skulebygg, med tilhøyrande uteområde.

Der er satt av 800.000 + mva til utgreiing.

Leikeplassar ved skular og barnehagar 2016

Eigedom har starta arbeidet med å styrke fokus på trygge kommunale leikeplassar (skular/barnehagar). Vi arbeidar i dag med gode kontrollrutinar, der 2 driftsteknikarar har tilsynsmynde. Vi ser at mykje av leikeapparata ikkje stettar dagens krav og må fjernast. Dette må erstattast med alternative leikeapparat. Ein ser godt verdien av å skape utfordrande og gode leikeareal som t.d ved rådhusparken. Dagens leikeareal vil bli oppgradert etter naudsynt behov. Tiltaket vil bidra til å nå målet i kommuneplanen «folkehelse», med mål om at barn og unge i Volda skal ha eit oppvekstmiljø som motverkar psykiske og fysiske vanskar og andre livsstilssjukdommar. Ein av strategiane på dette er å tilby sunne og inkluderande oppvekstmiljø som gir barn og unge høve til å oppleve meistring, og utvikle sine eigne evner, interesser og sjølvbilde. Tiltaket vil også bidra til å nå målet i kommuneplanen «attraktivitet», der målsetjing

er vidareutvikle dei gode oppvekst- og utdanningsmoglegheitene i Volda. Strategi med prioritet av god kvalitet på barnehage- og skulebygg, med tilhøyrande uteområde.

Ny barnehage sentrum

Det er blir arbeidd med ny framtidsretta barnehagestruktur der ein legg opp til nybygg av ein stor barnehage i sentrum. Eit slikt nybygg vil kunne erstatte barnehagane i sentrum som står ovanfor omfattande renovering/oppgradering. Med eit nybygg vil ein kunne erstatte dei 3 sentrumsbarnehagane. Tiltaket vil bidra til å nå målet i kommuneplanen «attraktivitet», der målsetjing er vidareutvikle dei gode oppvekst- og utdanningsmoglegheitene i Volda. Strategi med prioritet av god kvalitet på barnehage- og skulebygg, med tilhøyrande uteområde.

400.000 + mva til utgreiing i 2019

Barnehagar avbøtande tiltak

Det blir arbeidd med tankar kring framtidig barnehagestruktur i Volda sentrum, der nytt barnehagebygg ligg inne med planleggingsmidlar i budsjett og økonomiplan. Dette tiltaket vil sørge for naudsynte oppgraderingstiltak i påvente av ferdigstilling av prosjektet framtidig barnehagestruktur. Tiltaket vil bidra til å nå målet i kommuneplanen «attraktivitet», der målsetjing er vidareutvikle dei gode oppvekst- og utdanningsmoglegheitene i Volda. Strategi med prioritet av god kvalitet på barnehage- og skulebygg, med tilhøyrande uteområde.

Eigedom byggeprosjekt pusja av sektor for Helse og Omsorg

Særleg tilrettelagte omsorgsbustadar

Prosjektet ligg inne med start i planarbeid 2018. Kommunen manglar bustadar knytt til brukarar som har spesielle behov for tilrettelagt bustad pga sjukdom med fleire diagnoser innan geriatri som td. demens og psykiatri. Dette er brukarar som ikkje passer inn i ordinære omsorgsbustadar eller sjukeheim, og som har behov for tilrettelagt skjerming som kan giast ved bygningsmessig tilpassa bustader. Ved etablering av tilbod og rokking av brukarar internt i alle butilboda/tenestetilboda vil ein kunne erstatte bustadar som har vore på Mork bustadar. Tiltaket vil bidra til å nå målet i kommuneplanen «tenester», både under målsetjing tenestene skal vere i samsvar med lover og forskrifter, og med gode nok kvalitet, samt omdømme (tilby gode tenester tilpassa innbyggjarane sitt behov).

Omsorgsbustader 4 stk Dokterhaugen

Kommunen pliktar å tilby bustader til funksjonshemma som har fylt 18 år og som skal flytte frå heimen. I forbindelse med søknadsprosess kom det inn klage på tiltaket og kommunen må omregulere området, dette arbeidet er godt i gang. Dersom prosessen går greitt framover med omregulering og søknadsprosses, kan det tenkjast at oppstart kan skje tidlig 2018. Tiltaket vil bidra til å nå målet i kommuneplanen «tenester», både under målsetjing tenestene skal vere i samsvar med lover og forskrifter, og med god nok kvalitet, samt omdømme (tilby gode tenester tilpassa innbyggjarane sitt behov). Tiltaket er også i tråd med mål om busetting i kommuneplanen.

13.600.000+mva i 2018

4 etasje omsorgssenteret

Volda omsorgssenter har stort areal i øvste et. som ikkje er realisert. Kapasiteten i bygget er sprengt, både på avdelingsnivå og i kontorfløy.

400.000+mva i 2018 (foreslått enkle kontor ,,,,medeigne folk,,, 3 stk kontor??) Har ikkje eigne folk til dette prosjektet, 400.000 vil knappast kunne noko av grunnlaget for etablering av kontor her oppe, brannkonsept, tekniske installasjonar som skal til for etablering. Dersom det ligg inne 400.000, er dette å sjå som førebunde arbeid for etablering av kontor, men ingen kontor. Kanskje like godt å ta vekk dei 400.000.

Solskjerming kommunale bygg Omsorg

Melding frå helse og omsorg kring manglande solskjerming på møterom og kontor. For å legge til rette for godt arbeidsmiljø må solskjerming etablerast.

Oppgradering

Folkestadun står ovanfor fleire oppgraderingsbehov. Dette gjeld mellom anna nytt kjøkken, vaskerom, garderobe (menn), oppgradering av kontor, opparbeiding av parkeringsplassar, terrasse, oppgradering vassforsyning (rør)m.m. Det ligg også inne krav om tiltak frå arbeidstilsynet. Tiltaket vil bidra til å nå målet i kommuneplanen «tenester», både under målsetjing tenestene skal vere i samsvar med lover og forskrifter, og med god nok kvalitet.

Legesenteret

Legesenteret har behov for oppgradering og utviding. Der vil frigjerast kapasitet i 4 et. som kan støtte ein del av behovet for legesenteret. Eksisterande lokale blir utvida og oppgradert. Tiltaket vil bidra til å nå målet i kommuneplanen «tenester», både under målsetjing tenestene skal vere i samsvar med lover og forskrifter, og med god nok kvalitet.

Kommunalteknisk diverse Prosjekt

Volda Skatepark Tak og Lys, Kommunal andel

Der er eit yrande liv på Volda skatepark i Sommer halvåret, der barn og unge får utfolde seg i aktivitet utanfor den organiserte idretten. Denne aktiviteten stoppar opp på hausten og vinteren på grunn av mørke og snø. Volda kommune ynskjer difor å bidra til ei vidareutvikling av Volda skatepark slik at ho kan nyttast heile året. Budsjettmidler er flytta ut til 2021 i påvente av initiativ frå dei frivillige som nytta skateparken.

Tiltaket vil bidra til å nå målet ”*Alle skal ha mulegheit til å delta i eit breitt, variert og aktivt kultur- og idrettsliv*” innafor temaområde Attraktivitet i kommuneplanen sin samfunnsdelen.

Myrtun på Rotset, skifte av 13 stk 31 år gamle industriporter etter HMS krav.

Myrtun på Rotset er utgangspunktet for all kommunalteknisk aktivitet i Volda kommune. Her er basen til fagarbeidarane maskiner og utstyr. Der er 13 stk industriportar inn i garasjeanlegget. Alle desse er 31 år gamle, manuelle og utslitte. Vekta for å opne og lukke desse portane overskrider HMS kraf for manuelle løft, slik at der er stor fare for skader på fagarbeidarane våre, som nyttar desse portane kvar dag. Det som er budsjettert er 13 stk nye

portar, ferdig montert med motor og elektrisk installasjon, basert på budsjettpris frå ein enkelt leverandør.

Friluftstiltak m.m. 2018 – 2021

Prosjektet er oppretta for å dekkje kommunal eigendel ved søknadar om statstilskot ved sikring/kjøp og tilrettelegging av friluftslivsområde. Statlege tilskotsordningar gjer det attraktivt for kommunane å intensivere satsinga på sikring og tilrettelegging av slike område. Verdien av dei midlane som Volda kommune sett av til friluftslivsprosjekt vert ofte dobla ved tildeling av tilskot frå spelemidlane eller frå friluftslivsmidlar til sikring og tilrettelegging løyvd over statsbudsjettet.

Dei næraste planane omfattar kjøp og tilrettelegging av friområdet på Andaneset og rehabilitering av turvegen øvst i Elvadalen.

I kommuneplanen sin samfunnsdel er temaet vektlagt slik:

Mål: Alle skal ha mulegheit til å delta i eit breitt, variert og aktivt kultur- og idrettsliv.

Alle skal ha tilgang til natur- og friluftsliv i kvardagen.

Stryke Volda-Ørsta som eit attraktivt reise- og friluftslivsområde.

Strategi: Vidareutvikle gang- og stinettverket og sikre gode tilkomstar til natur- og friluftslivsområde.

Sikre, utvikle og legge til rette for viktige friluftslivsområde i heile kommunen.

Kommunal del av sentrumsutvikling 2017 og 2018

Gatemiljø i Hamnekvartalet

År: 2018

Detaljprosjekteringa av turveg mellom Volda sentrum og Presteholmen vart fullført i 2017 og vert klargjort for igangsetting i inneverande år. Prosjekteringa av turvegen var ein del av eit oppdrag som også omfatta gatemiljøprosjekt Hamnekvartalet – begge med basis i Utviklingsplanen for Volda sentrum.

Ein er nesten i mål med detaljprosjekteringa i Hamnekvartalet også, men her møtte ein på utfordringar i siste fase som medførte at arbeidet stoppa opp. Spørsmålet som står uavklart her er løyve til bruk av grunn av eit område vest for Snippa. Kommunen er i forhandlingar med grunneigar om dette og det er svært viktig for å kome vidare med dette prosjektet at ein lukkast med forhandlingane og får til ein avtale. Dersom dette går i orden kan ein fullføre detaljprosjektet nokså raskt og ha klart eit nytt gatemiljøprosjekt for gjennomføring.

Bygging bru – turveg, Elvadalen

År: 2018

Detaljprosjektering av bru og turveg mellom Volda sentrum og Presteholmen i Elvadalen er fullført og tiltaket er klargjort for gjennomføring

Det er i formannskaps-sak PS 79/17 gjort vedtak om å iverksette tiltaket med ei kalkulert kostnadsramme på kr 5 000 000,-.

Kommunen har mottatte tilsegn om tilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune på kr 1 696 000 og frå lokalt næringsliv kr 300 000,-. Det vert også søkt om tilskot på kr 1 000 000,- frå spelemidlane til tiltaket. Etter å ha innhenta pristilbod på tiltaket veit ein meir eksakt kva dette vil koste og det er behov for å sette av kr 7 300 000 + mva i 2018

I kommuneplanen sin samfunnsdel er temaet vektlagt slik:

Mål: Volda skal vere eit attraktivt og særprega sentrum for auka handel og aktivitet
Det skal vere trygt, triveleg og attraktivt for trafikantar i Volda sentrum
Ta vare på og utvikle element som er viktige for Volda sitt særpreg og identitet

Strategi: Realisere tiltak i samsvar med Utviklingsplanen for Volda sentrum og satse på velstelte grøntanlegg og fleire attraktive møteplassar
Sikre eit estetisk og universelt utforma sentrum som inviterer til å gå og sykle.
Legge til rette for ein heilskapeleg utforming av sentrum med vekt på identitet, kvalitet, estetikk og urbane kvalitetar.

Ta vare på smug, fjordgløtt og grøne lunger, og sikre eit ope sentrum mot fjorden.

Legge til rette for utvikling av hamneområdet og sjølinja, og sikre kopling mellom fjord og fjell.

Betre veg, gate og parkeringsstrukturen i sentrumskjerna

Utbygging veglys til LED finansiert ved innsparing 2016 – 2020

Volda Kommune drifter i dag om lag 2400 veglyspunkt. 690 av desse er av den gamle PCB typen. PCB armaturane dreg nær 200 watt for å gi 100watt med lys. Nyare armatur dreg 110-120 watt. Eit LED armatur dreg berre 22 watt og gir 100 watt lys. Det er realistisk å skifte om lag 400 lyspunkt pr. år, og det vil ta 4 år å skifte alle lyspunkt langs kommunale vegar, til LED. Dette er eit framtidretta og miljøvenleg tiltak som betalar seg sjølv ved reduserte energiutgifter. I tillegg betaler vi like mykje i vedlikehald av dei gamle armaturene som vi betaler i straumutgifter. Vedlikehaldsutgiftene vil vi spare i 10 år for kvart armatur då LED armaturane har 10 års garanti. Dette prosjektet vil Volda kommune spare pengar på i tillegg til at innbyggjarane får betre lys langs vegane og mindre lysforureining, då LED lys er meir retnings

fokusert. Alle veglysa vert utskifta med LED for 2,75 millionar pr år i 4 år, medan Kr 200.000,-/år går til utskifting av heile stolpepunkt etter kvart som Mørenett byggjer ned luftspenn til kabel. Innan utgangen av 2017 skal 800 punkt i og ved Volda sentrum vera utskifta. Det er planlagt utskifting av 4-800 punkt i 2018.

Tiltaket vil bidra til å nå målet ”*Volda kommune skal arbeide for å skape gode haldningar og bevisstheit om rett energibruk*” innafor temaområde Klima og miljø i kommuneplanen sin samfunnsdelen. Og

Tiltaket vil bidra til å nå målet ”*Det skal vera gode kommunikasjonar til alle delar av kommunen*” innafor temaområde Samfunnstryggleik i kommuneplanen sin samfunnsdelen.

Sansehagen, utbygging av hagen ved Volda omsorgsenter

Dette prosjektet vert eit pilotprosjekt for innovative innkjøp, som må startast med ei grundig behovsvurdering utført av Helse og Omsorg.

Mål for prosjektet: Trygg og sikker hage for bebuarane, pårørande og alle. Dørane skal kunne stå opne på dag og kveldstid. Lett å orientere seg og bevege seg i. Gjenkjennelige kulturelle element frå stad eller tid. Trygge stiar. Lett og tydelig. Ha gode kvileplassar. Stadar for varieande aktivitetar. Stimulere til sanseopplevingar. Ryddig miljø gir god oversikt. Ut frå sol og heilårsbruk.

El-bil parkering, nedgravd avfallsløysing og parkering ved Rådhuset

Der er på sikt planlagt parkeringsplass på dei areala der Driveklepphuset/musikkskulen og gamle barnehagen oppom samfunnshuset i dag er lokalisert. Der er planar om elbil, elsykkel og el-moped lading på Driveklepptomta og vanleg parkering oppom samfunnshuset. Planane for desse prosjekta er ikkje fastsett endå, men dei to bygga må i første omgang rivast, då dei utgjør ei miljøfare. Det er i tillegg fornuftig å etablere nedgravd avfallsløysing for Samfunnshuset, Rådhuset, legesenteret, Uppheim og Ebeneser, på driveklepptomta. Dette vil frigjere areal kring alle desse bygga, som tidlegare har vore besett med avfallsdunkar. Midlar avsett i budsjettet for 2018 skal dekke riving av to bygg i tillegg til nedgravd avfallsløysing.

Kjøp Fiskerihavna

Volda kommune har tilbod frå kystverket om å kjøpe Fiskerihamna i Volda sentrum.

Kommunalteknisk byggefelt og næringsområde

Næringsområde Øvre Rotset 2017 – 2020

Løyvinga er ei total ramme som skal dekkje regulering, grunnnerverv, prosjektering og opparbeiding av området. Det er inngått kontrakt med privat konsulent om regulering av området. Reguleringsplanen er i fasen for sluttbehandling, og konkrete tiltak er venta i 2018. Prosjektering har starta på den delen av feltet som ligg vest for E39. Vegen gjennom dette området er tilkomst for dei nye ROP bustadane som vert ferdig i mars 2018.

Tiltaket vil bidra til å nå målet ”*Volda skal kunne tilby ein variert arbeidsmarknad*” innafor temaområde Attraktivitet i kommuneplanen sin samfunnsdelen.

Utbygging bustadfelt Urbakkfoten

Løyvinga er ei total ramme som skal dekkje regulering, grunnnerv, prosjektering og opparbeiding av området. Det er inngått kontrakt med privat konsulent om regulering av området. Reguleringsplanen er i fasa for sluttbehandling, og konkrete tiltak er venta i 2020 og 2021. utbygginga er finansiert ved tomtsalg.

Tiltaket vil bidra til å nå målet ”Volda kommune skal kunne tilby nok og varierte byggeklare tomter og bustader, og attraktivt bomiljø” innafor temaområde Busetting i kommuneplanen sin samfunnsdelen.

Kommunalteknisk utbygging av Veg ny eller stor fornying.

Sambindingsveg over Håmyra

Denne vegen vert fullført med unntak av topplag asfalt i Januar/februar 2018.

Samleveg Urbakkfoten:

Prosjektering av samleveg vil starte i 2018 med utbygging i 2019. Vegen skal knytast med samlevegen over Håmyra når Raudemyrvegen og Kleppevegen er ferdig opprusta.

Tiltaket vil bidra til å nå målet ”Volda kommune skal kunne tilby nok og varierte byggeklare tomter og bustader, og attraktivt bomiljø” innafor temaområde Busetting i kommuneplanen sin samfunnsdelen.

Opprusting av Raudemyrvegen til samleveg

Raudemyrvegen må opprustast og utvidast før opning av samleveg over Håmyra og Urbakkfoten. Reguleringsarbeidet har starta, og prosjektering utbygging vil starte straks bygging av samlevegen gjennom Urbakkfoten kan opnast for trafikk, då denne vert omkøyringsveg for Solhøgda og Håmyra. Planlagt prosjektering i 2019 og bygging i 2020.

Tiltaket vil bidra til å nå målet ”Volda kommune skal kunne tilby nok og varierte byggeklare tomter og bustader, og attraktivt bomiljø” innanfor temaområde Busetting i kommuneplanen sin samfunnsdelen.

Opprusting av Kleppevegen til samleveg:

Kleppevegen må opprustast og utvidast før opning av samleveg over Håmyra og Urbakkfoten. Reguleringsarbeidet har starta, og prosjektering utbygging vil starte straks Opprusting av Raudemyrvegen er ferdig. Planlagt prosjektering i 2020 og bygging i 2021

Tiltaket vil bidra til å nå målet ”Volda kommune skal kunne tilby nok og varierte byggeklare tomter og bustader, og attraktivt bomiljø” innanfor temaområde Busetting i kommuneplanen sin samfunnsdelen.

Opprusting av Engesetvegen, forbi omsorgsenteret, til samleveg:

Engesetvegen i svingen forbi omsorgsenteret er for smal i svingen til å halde samleveg standard. Dette strekket må opprustast før samlevegen over Raudemyrvegen, Håmyra, Kleppevegen, kan opnast. Gjeldande reguleringsplan i området dekkjer dette tiltaket, slik at tiltaket kan

prosjekterast/utlysast som totalentreprise straks grunnavtalar er på plass. Tiltaket omfattar utviding av vegbane rundt sving ved omsorgsenteret, etablering av busslomme ved Rødekorsbygget, stenging av gamle Engesetvegen forbi Rødekorsbygget og etablering av snuplass ved stengt veg.

Dette arbeidet bør utførast så snart som råd, då dette vegstrekket står føre kostbart vedlikehald som då vil belaste driftsbudsjettet til Volda kommune.

Tiltaket vil bidra til å nå målet "Volda kommune skal kunne tilby nok og varierte byggeklare tomter og bustader, og attraktivt bumiljø" innafor temaområde Busetting i kommuneplanen sin samfunnsdelen.

Kommunalteknisk Oppgradering av Vegnett

Fast Dekke kommunaleareal/vegar finansierte drift

Asfaltering har vi vorte gode og effektive på, samstundes som det ikkje legg beslag på ingeniørressursar. Desse prosjekta vert også godt lagt merke til og verdsett av innbyggjarane i Volda. I tillegg har vi ein svært god rammeavtale med NCC på asfalt som gjeld ut juni 2018.

Areal med grusdekke krev kontinuerleg vedlikehald, særleg i periodar med mykje nedbør. Vi tek sikte på å leggje fast dekke på alle kommunale grusvegar og parkeringsplassar som det er fornuftig å asfaltere, før sommaren 2018. Volda kommune vil då spare vedlikehaldsutgifter ved at vi sparar grusing til ein verdi av ca kr 700.000,- annankvart år, reduserte kostnader til grøfterensk og reduserte utgifter til reparasjonsarbeid på vegane. Såleis kan vi årleg redusere driftsramma til vegdrift tilsvarende finanskostnadane på denne investeringa. Det gir ein konkret payback på om lag 13 år! Det betyr at dette er ein rett investering.

Dei areala som er planlagt asfaltert i 2018 er:

Vegnamn:	Lengde:	Areal:	kost:	Geografi:
Kruse bru - Nova - Shortcut - Sunndalen -	470	1645	177 660	Austefjord
Botnen - Skinvik	650	2275	259 350	Austefjord
Løfoll - Hamre	950	3325	379 050	Austefjord
Vikenes - Høydal	700	2450	279 300	Austefjord
Nedstevegen - Høydal	500	576	65 664	Austefjord
Ødegård - Ytre Høydal	2200	7700	877 800	Austefjord
Årsetvegen	675	2363	255 150	Austefjord
Ervika (frå hovudveg og til kryss)	340	1190	128 520	Austefjord
Åslida - Skare (frå Åslida og ned til Holsvika = 575m)	325	1138	122 850	Austefjord
Dale kai (frå fylkesveg til kaia)	200	700	79 800	Dalsbygda
Rangseter - Hesteflotane	525	1838	209 475	Dalsbygda
Koppen - Høgstøyl	1060	3710	422 940	Lauvstad
Løndalsvegen (frå Nakkevegen til Løndalen)	1000	3500	394 800	Lauvstad
Kryss Løndal mot Skaret	750	2625	299 250	Lauvstad
Sollida	650	2275	259 350	Folkestad
Frå fotballbana til Løndalen (Stigen)	1100	3850	438 900	Folkestad

Vegnamn:	Lengde:	Areal:	kost:	Geografi:
Eikremshammaren	690	2070	223 560	Sentrum
Rotsetstranda Til bom framanfor Myrtun og frå kryss Lisjedalen til bom Botnasanden	520	1820	196 560	Sentrum
Krumsvikneset - Vika - Folkestad	2150	7525	406 350	Folkestad
Åmelfotvegen	300	750	85 500	Dalsfjord
Engesetgeila	464	1392	150 336	Sentrum
Parkering Volda Stadion	1025	4200	650 000	Sentrum
Parkering Volda Skisenter	2000	8000	864 000	Sentrum
Snuplassar - omkøyrslar	800	3200	364 800	Bygdene
Forarbeid før Asfaltering			2 000 000	Alle
Sum (eks. mva):	22891	77808	9 590 965	

Tiltaket vil bidra til å nå målet ”*Det skal vera gode kommunikasjonar til alle delar av kommunen*” innafor temaområde Samfunnstryggleik i kommuneplanen sin samfunnsdelen.

Kommunale vegar, utbetring (aaa)

Volda kommune brukar relativt lite midlar til vegvedlikehald på driftssida. Denne løyvinga er ei investering og kan berre brukast til nyasfaltering eller større rehabiliteringar utover vedlikehald. Dette er ei løyving som har vore fast i mange år, og vert nytta til forsterking av vegar som allereide har fast dekke tilpassa auka trafikkmengd.

Tiltaket vil bidra til å nå målet ”*Det skal vera gode kommunikasjonar til alle delar av kommunen*” innafor temaområde Samfunnstryggleik i kommuneplanen sin samfunnsdelen.

Levetidsforlenging av bruer

Vidare år er der sett av ein sum til rehabilitering og levetidsforlenging av andre kommunale bruer. Tilstandskontroll har avdekt eit rehabiliteringsbehov på fleire bruer. Tidsnok rehabilitering er naudsynt for å unngå større kostnader med bygging av ny bru, slik som i Skinnvika. Sektoren har ikkje kapasitet til dette i 2018, så arbeidet startar i 2019.

Tiltaket vil bidra til å nå målet ”*Det skal vera gode kommunikasjonar til alle delar av kommunen*” innafor temaområde Samfunnstryggleik i kommuneplanen sin samfunnsdelen.

Vatn Samleinvestering

Leidningsutskifting (50/50 med avløp)

For å kunne gjennomføre mindre prosjekt med leidningsutskifting er det naudsynt med nokre frie middel som kan disponerast gjennom året. Slike prosjekt kan være utskifting av enkeltkummar eller kortare leidningsstrekk. Disse prosjekta blir gjennomført på timekost av eksterne entreprenørar kor kommunen kjøper inn og planlegg gjennomføringa.

Porsemyrvegen (50/50 med avløp)

Prosjektet er pågåande og må ha bevilgning for å bli slutført som planlagt.

Naudstraumsagregat

Som eit ledd i beredskapen til kommunen bør alle vassverk utstyrast med naudstarumsagregat for sikre vassforsyning også ved bortfall av straum. Dette scenarioet blir meir og meir aktuelt med auka ekstremvær.

Reservevatn frå Ørsta

Volda kommune har per no ingen reservevassforsyning. Dette er eit krav frå Mattilsynet og i drikkevassforskrifta. Samankopling med Ørsta er naudsynt for å dekke dette kravet.

Nytt vassinntak på Luvstad

Vassinntaket på Luvstad fryser til is ved kalde vintrar. Driftsoperatørane må da legge pumper i Ulvestadelva. Dette arbeidet er både farleg og lite driftssikkert. Dagens inntak slit også med høgt fargetal på vatnet, samt barnåler og lauv som tetter filter i vasverket. Eit permanent inntak i Ulvestadelva må etablerast. I fyrste omgang legg ein kun opp til prosjekteting i 2018, med utførelse i 2019.

Nytt vassinntak på Luvstad

Prosjektering av nytt vassinntak på Luvstad blir ferdig tidleg i 2018 då arbeidet starta i 2017. Med kraftverket i drift skapar minstevasføringa utfordringar for vassverket. Å få på plass eit nytt inntak på vassverket vil derfor bli prioritert av administrasjonen. Inntaket vil være på det nye kraftverket på Dravlaus.

Prosjektering oppgradering av vassverk

Volda kommune har per dags dato ingen godkjente vassverk i samsvar med drikkevassforskrifta. Kommunen må projekte og søke Mattilsynet om å få godkjent nye prosjekterte løysingar før ein kan starte ein omfattande ombygging av fleire vassverk.

Ny base kommunalteknisk drift – Myrtun (50/50 med avløp)

Basen for driftsoperatørane på kommunalteknisk avdeling tilfredstiller ikkje krav i arbeidsmiljøloven til garderobar for ren skitten sone. Det er heller ikkje garderobar for kvinnelige tilsette. Ein har ikkje tilstrekkeleg areal for lagring av røyr og røyrdelar, samt at det ikkje er mogleg å skille vatn og avløpsutstyr. Det må prosjekterast nye bygg før ein går vidare til ein utføringsfase.

Overvassleidning Klokkevegen – Kleppevegen

Grunna auka nedbør og auka utbygging på Klepp har ein fått meir avrenning på kortare tid. Auka asfaltareal og harde overflatar gir raskare avrenning på kortare tid enn ved normal vegetasjon. For å lede vatn ut frå sentrum må ein bygge ei overvassleidning mellom Kleppevegen og Klokkevegen. Dette er eit kritisk punkt i distribusjonsnettet og treng avlastning.

Maskiner og køyretøy (50/50 med avløp)

Delar av VA nettet ligg utanfor veg og i ulendt terreng. Gamle leidningar som ligg under tred og buskass er vanskeleg og vedlikehalde og skifte ved leidningsbrudd. For å kunne komme fram gjennom skog må ein i tillegg til å kappe trær må ein knuse stubbar. Kommunen har ikkje slikt utstyr men trenger dette.

Når røyrdelar, ventilar og anna forbuksmateriell kjem til lageret har ein ikkje truck for å løfte av lastebilane som kjem med varer. Ein nyttar i dag hjullastar, men denne får ikkje kjørt utstyr inn på lageret og opp i reolane. Dette betyr at ein ikkje får utnyttet lagringskapasiteten 100%. Om hjullastaren er ute på oppdrag får ein heller ikkje lasta av bilane.

Administrasjonen på VA disponerar i dag ein gamal opel combo. Bilen er moden for utskifting. Ødelagt støtdempar, vindusspylarpumpe, og store utfordringar med å starte bilen når det er kjølig er nokre av feila på bilen. Avdelinga ynskjer seg ein elbil for å være framsynt og miljøvennleg. Bilen må ha tilstrekkeleg rekkevidde for å kunne kjøre til Høydalen og tilbake utan å måtte laddast.

Avløp Samleinvestering

Vikeneset og Mork Silanlegg

Administrasjonen har utfordringar med å få progresjon i saka. Anlegget bryt stadig sammen og arbeidsforholda blir stadig dårlegare. For å gjøre kompensierende tiltak må ein avse middel for å få på plass ein mellombels reinseløysing. Ein mellombels løysing vil gi ei akseptabel drift fram til nytt reinseanlegg er på plass, men vil på ingen måte være tilfredstillande på lang sikt og med tanke på arbeidforhold. Vidare må ein lande plassering og få detaljprosjektet det nye reinseanlegget.

Avløpsreinsing Fyrde

Det er per dags dato ikkje reinsing av avløpsvatnet i Fyrde. Det må bevilgast middel for prosjektering av tiltak.

Avløpsreinsing Davlaus

Prosjektering av tilkomst til regulert område for avløpsreinsing er starta i 2017. Ein treng middel for gjennomføre prosjektet med tilkomst, samt få prosjektert reinseløysing. Avløpsvatnet på Dravlaus går i dag rett i fjorden på nedsida av skulen.

Ferdigstilling Brannstasjon etter krav frå arbeidstilsynet

Når kommunen tok over "Gjersdalbygget" til brannstasjon måtte det gjerast ein del ombyggingar for å kunne nytte bygget til formålet. Heile prosjektet var, den gongen, kostnadsrekna til ca kr 18 mill. Grunna stram kommuneøkonomi vart prosjektet redusert til eit absolutt minimum, ca kr 9 mill., for å i det heile kunne nytte det som brannstasjon. I ettertid har brannmannskapa gjort ein heil del arbeid på dugnad for å auke standarden, men ein god del står fortsatt att for å fullføre ombygginga. I seinare åra har det vorte høg fokus på arbeidstilhøva til brannmannskap og den risikoen dei utset seg sjølv for i samband med innsats. Det er mellom anna vist til at brannmannskap har vesentlig høgare risiko for ulike kreftformer, og at kommunene må gjere tiltak for å redusere faren. Brannvernet har hatt høg fokus på dette og iverksatt fleire tiltak. I 2016 hadde Arbeidstilsynet tilsyn med Volda brannstasjon. Ein fekk to pålegg der det eine er lukka med innføring av nye prosedyrer og rutiner. Det andre avviket gjeld manglande barrierer mellom rein og skitten sone, og muligheter for mannskapa for å reingjere matriell, kjøretøy og bekledning som er eksponert for kreftfremjande og giftige stoff på ein forsvarleg måte. Mykje av dette er på grunn av det som vart redusert i første trinn av ombygginga. Kommunen er pålagt å gjennomføre desse tiltaka innan 31.12 2017. Grunna

manglande resursar i eigedomsavdelinga har ein ikkje lykkast å kome i gong med arbeidet før på slutten av året, og vi må såleis søkje om utsatt frist. Signal tyder på at vi vil få utsatt frist for gjennomføring, men truleg maksimalt 6 mnd. Det å vere brannmann vil alltid vere ein viss risiko, og det er viktig at kommunen gjer det ein kan for å ta bort dei risikomomenta som er råd. Dette prosjektet er delt i to der eigedomsavdelinga står for bygningstekniske endringar og brannavdelinga for innreiing.

Brann – Beredskapsmatriell og Køyretøy

2018:

Ny befalsvaktbil: kr. 500.000,- + mva

Det vil vere lønsamt for kommunen å kjøpe køyretøy som er utrusta slik at dei kan kjøpast avgiftsfritt. Slik reglane er no vil ein kunne skifte bil kvart 3-4 år og i prinsippet halde seg med forholdsvis nye køyretøy til ein svært låg driftskostnad. Den bilen ein har no er gamal og reparasjonskostnadane vert høgare og høgare for kvart år. Det er viktig at kommunen har gode og sikre bilar til brukarane og skifte dei ut før driftskostnadane vert for høge. Resterande beløp:

Resterande beløp 175.000

Fornyng av gammalt utrangert redningsutstyr og utstyr til nye bilen på Dravlaus. Ein del utstyr er mellom 15 og 20 år og må utskiftast i komande åra. Mellom anna må både røykdykkarutstyr og frigjeringsutstyr utskiftast, noko som vil krevje bevillingar i komande åra.

Tiltaket vil bidra til å nå målet ”Volda kommune skal til ei kvar tid ha gode system for beredskap” innafor temaområdet ordne beredskapsarbeidet etter leon-prinsippet(lågast mogeleg beredskapsnivå).

Resterande beløp:

Resterande beløp 175.000

Fornyng av gammalt utrangert redningsutstyr og utstyr til nye bilen på Dravlaus. Ein del utstyr er mellom 15 og 20 år og må utskiftast i komande åra. Mellom anna må både røykdykkarutstyr og frigjeringsutstyr utskiftast, noko som vil krevje bevillingar i komande åra.

Feiing

Bilen er feiaren sin hovudarbeidsstad og vert nytta til både verkstad, kontor, kantine mm gjennom alle årstider. Det er strenge krav til reinhald og arbeidsmiljø for feiaren og vi meiner at køyretøyet må skiftast ut minst kvart 5 år slik at feiaren kan ha ein god arbeidsstad som ivaretek tenesta på ein forsvarleg måte og gir kommunen eit godt ansikt utad.

500.000,- i 2021.

Tiltaket vil bidra til å nå målet ”Kommunen som organisasjon skal vere eit førebilete i folkehelsearbeidet” innafor temaområde 4.7, Folkehelse i kommuneplanen sin samfunnsdel.

Teknisk Maskiner, køyrety, vertøy og nødvendig utstyr

Maskiner og køyrety til Vegdrift

Det er kontinuerleg slitasje på maskinparken, noko som resulterer i at vi gjamnleg må skifte ut forelda utstyr.

Planen for 2018 er å bytte ut gammel hjulgravemaskin (verdi 300.000) til ny hjulmaskin med rotortilt og tilhengar.. Dette vil effektivisere arbeidet vårt då ein slik maskin med hengar, kan gjera ein jobb som tidlegare har krevd to mann, gravemaskin, og traktor med hengar. Kostnaden for gravemaskin med hengar, inklusive sal av gammel maskin, er ca 2.300.000,- Dette er ei investering for effektivisering.

Det er i tillegg naudsynt med kantslåttaggregat til hjullastar, slik at vi kan køyre to einingar på kantslått samstundes. Slik det er i dag har vi berre eit kantslått aggregat, tilpassa traktor, dette rekk ikkje rundt på alle kommunale vegar i løpet av ein sesong, særleg med den aukande tilvekst som er på buskar og tre langs vegane. Dette er eit viktig arbeid som må gjerast grundig kvart år for å auke tryggleiken langs kommunale vegar. Eit slikt aggregat kostar Kr 940.000,- Dette er også eit effektiviseringstiltak, då kantslått binder opp ein mann med maskin heile vekstsesonen frå ca midten av juni. To maskiner gjer unna dette arbeidet dobbelt så fort, slik at kapasiteten til eit arbeidslag på 2 mann kan frigjerast til kontinuerleg prosjektarbeid. Kostnad ca Kr 940.000,-

I 2019 treng vi klippehode til kantslått under autovern, kostnad 125.000. og kostebil til smale og andre mindre sentrumsareal. Ein slik eining burde vore ein del av sentrumsprosjektet, for å halde sentrum reint og triveleg. Volda kommune har ikkje pr i dag utstyr til å koste desse areala, og må leige desse tenestene. Kostnad for ein slik lita kostebil, er ca Kr 2.200.000,- Dette må reknast grundigare på og samanliknast med leigekostnad.

Volda kommune har to store traktorar som er i kontinuerleg drift til brøyting, drift VA og Veg. Den eldste traktoren er nær 10 år gamal, og det er naudsynt å skifte ho ut i 2020, medan der framleis er god innbytteverdi. Traktorane kan ikkje driftast til havari, då dei er sentrale i beredskapen til veg og VA i Volda kommune.

Dette er eit samleprosjekt for innkjøp av nødvendige køyrety og maskiner, slik at politikarar og administrasjon, ikkje treng å forhalde seg til ei mengd småprosjekt. Slik kan også ei eventuell restløyving verte overført til året etter.

Tiltaket vil bidra til å nå målet ”*Det skal vera gode kommunikasjonar til alle delar av kommunen*” innafor temaområde Samfunnstryggleik i kommuneplanen sin samfunnsdelen.

Maskiner og køyrety til Parkdrift

Der ryk i snitt ein plenetraktor pr. år, som må erstattast med ein ny, i tillegg til anna utstyr til park/kyrkjegardsdrift? Dette er eit samleprosjekt for innkjøp av nødvendige maskiner, slik at politikarar og administrasjon, ikkje treng å forhalde seg til ei mengd småprosjekt. Slik kan også ei eventuell restløyving verte overført til året etter. I 2014 tok Park avdelinga over alle grøntareala som tidlegare tilhøyrd eigeidom. Dette medførte ei dobling av areal, og ei auke i antall sommarhjelpar. Det er naudsynt med to klippelag som går kontinuerleg i vekstsesonen.

I 2018 har vi løyvde midlar frå tidlegare år, slik at vi kan erstatte ein plentraktor ved behov i klippesesongen, og treng ikkje midlar tilført i 2018.

I 2019 vert det nadsynt å skifte ut gammal liten lastebil som vi treng til transport av gravemaskin til gravferder. Den gamle er utslitt og så tungkøyrd at tilsette klagar. Kostnad Kr 940.000,-

Tiltaket vil bidra til å nå målet ”*Volda kommune skal ha positiv befolkningsvekst lik gjennomsnittet for landet*” innafor temaområde Busetting i kommuneplanen sin samfunnsdelen.

Biblioteket får vidareført den
kulturelle stillinga som dei bli tilført
våren 2016.

• Å oppretthalde tilbodet som

biblioteket gir i dag. Ser vi

på ~~et~~ som eit ~~forebyggende-tiltak~~

og service tiltak for folk i Volda.

2017/1127

Sak 15/17 Årsbudsjett 2017

TOK 15/11-17

Verbal punkt

TOK ~~Utg~~ ber administrasj
utgjøre oppretting av ei
eiga koordinerende iing
for barn og unge, med
sikte på bedre og meir
samarbeidsforhold mellom
~~ringane~~

(modell fram komune)

TOK

Tok bes om at styring
av helseysterressurser vet
videreført hele 2018 og
innskudd i budsjettet for
2019, 1

FRA TOK.

1) Kommunestyret ønskjer ei auka satsing på kultur i Volda kommune . Kommunestyret ber administrasjonen sjå på moglegheitene for å legge denne satsinga til Frivilligsentralen sitt ansvarsområde . for å frigi tid til kulturarbeid må ein sjå på moglegheitene for å flytte nokon av Frivilligsentralen sine eksisterande oppgåver over på frivilligkoordinatorane..

2) Det skal driftast ungdomsklubb i Volda. Klubben må formast ut i frå ungdommen sine egne ønskjer og behov innan for gitte rammer. Kommunestyret ber om at lokale til ungdomsklubb vert utgreidd sett i samanheng med rehabilitering/nybygg av Volda ungdomsskule (verbalpunkt)



Formannskap og kommunestyre

Arkivsak nr.	Løpenr.	Arkivkode	Avd/Sakshandsamar	Dato
2017/1127	14966/2017	151	SVK/ SONHAV	21.11.2017

**MELDING OM POLITISK VEDTAK - RÅD FOR LIKESTILLING AV MENNESKE
MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE - ÅRSBUDSJETT 2018 OG ØKONOMIPLAN
2018-2021**

Vi melder med dette frå at Råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne den 20.11.2017, hadde føre ovannemnde som sak PS 18/17, der det vart gjort slikt vedtak:

- 1. FUNK legg til grunn at ein legg særleg vekt på ein god standart for universell utforming i dei nye investeringane som er planlagt for ungdomsskule, idrettshall, symjehall, omsorgsbustader, kino/kultursal og i sentrumsutviklingsprosjektet.*
- 2. Vi skal primært ha god brukarmedverknad i all tenesteyting i omsorgssektoren. Omdømmebygging må ikkje stå i vegen for ei sannferdig stemme.*
- 3. På sikt er det behov for å etablere ein ny fastlegeheimel.*
- 4. FUNK forventar at nyorganisering av PPT medfører ei tilgjengeleg og kompetent teneste. Satsing på tilpassa opplæring må ikkje vere til hinder for rask og effektiv hjelp for dei som treng det.*

Volda kommune, servicekontoret

Sonja Håvik
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi til:
Kari Mette Sundgot



VOLDA KOMMUNE

Servicekontoret

Formannskap og kommunestyre

Arkivsak nr.	Løpenr.	Arkivkode	Avd/Sakshandsamar	Dato
2017/1127	14963/2017	151	SVK/ SONHAV	21.11.2017

ELDRERÅDET - MELDING OM POLITISK VEDTAK - ÅRSBUDSJETT 2018 OG ØKONOMIPLAN 2018-2021

Vi melder med dette frå at eldrerådet den 20.11.2017, hadde føre ovannemnde som sak PS 16/17, der det vart gjort slikt vedtak:

Helse og omsorgssektoren står framfor svært krevjande utfordringar i åra framover.


Eldrerådet vil peike på det relativt store gapet mellom innmelde – etter vår meining godt dokumenterte – behov for auka bemanning og dei midla som er sette av til dette i budsjett og økonomiplan. Eldrerådet ser det som særskild viktig at sektor helse og omsorg blir godt rusta til å møte utfordringane dei står ovanfor og vi vil uttrykke uro over mangel på ressursar til auka bemanning.

Volda kommune, servicekontoret

Sonja Håviik
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi til:
Kari Mette Sundgot - økonomisjef



DEN NORSKE KYRKJA

Volda kyrkjelege fellesråd

Postboks 17
6101 Volda
Tlf: 70074090
kyrkjeveerja@volda.kyrkja.no

Volda kommune
Stormyra 2
6100 Volda

Volda 29.09.2017
Vår sakshandsamar: JS
Vår ref.: 17/00006-001
Arkivkode: 112

Budsjett 2018 og ØPL 2018-21

Volda kyrkjelege fellesråd handsama sak VKF 31/2017: Budsjett 2018 og ØPL 2018-2021 i sitt møte 21.09.2017 og gjorde følgjande samrøystes vedtak:

1. *Fellesrådet godkjenner førebels driftsbudsjett 2018 og ber om at dette vert lagt fram på nytt når rammevilkåra er klare*
2. *Fellesrådet ber om auke i det kommunale driftstilskotet til følgjande tiltak:*
 - *Fornyng av datadriftsløysing, programvare og utstyr kr. 100.000,-*
 - *Møtegodtgjersle fellesrådet kr. 60.000,-*
 - *Vidareføring og utviding av vedlikehald kyrkjebygg kr. 1.000.000,-*
3. *Fellesrådet ber om auke i det kommunale investeringstilskotet til å dekke låneopptak til følgjande tiltak:*
 - *Rehabilitering hovudorgel Volda kyrkje kr. 2.500.000,-*
 - *Rullestolrampe ved hovudinngang Volda kyrkje kr. 150.000,-*
 - *Planlegging gravplassar kr. 700.000,-*
 - *Anlegg gravplassar kr. 500.000,-*

Driftsbudsjett 2018

Framlegget til driftsbudsjett er i hovudsak ei vidareføring av 2017-budsjettet. Framlegget har med eit par endringar som krev vesentlege auke i det kommunale driftstilskotet.

Budsjettet byggjer på følgjande føresetnadar:

- Prisjustering av det kommunale driftstilskotet på 2,5% (kan bli endra)
- Justering av det kommunale investeringstilskotet til forventa rente- og avdragsutgifter
- Auke av kommunalt investeringstilskot med kr. 220.000,- til nye lån
- Prisjustering av varer og tenester på 2,5% (kan bli endra)
- Lønsjustering jf. Tariffrevisjonen 01.05.2017 og forventa 3% lønsvekst i 2016
- Justering av pensjonskostnadane jf. KLP sine prognoser pr.
- Justering av lønsrefusjon prostesekretær og lønsrefusjonar frå sokneråda
- Avsetting på kr.186.292,- for å redusere akkumulert meirforbruk
- Justering av til skot til EVS volontørtjenesta, avsettingar og bruk av fond
- Fornyng av datadriftsløysing, programvare og utstyr kr. 100.000,-
- Innføring av møtegodtgjersle for fellesrådet - årskostnad kr. 68.500,-
- Satsing på vedlikehald kyrkjebygg - årskostnad kr. 1.000.000,-
- Tilsvarande auke i det kommunale driftstilskotet

Tenesteområdet 0441 Undervisning er justert i høve til tilskotsrammer, løns- og prisvekst og er i balanse slik at det ikkje verkar inn på fellesrådet sitt driftsresultat. I samband med justering av planane for driftsområdet for 2018 er behov for en revisjon av budsjettet innanfor ramma som er lagt.

Inndekking av akkumulert meirforbruk gjennom innsparing

Pr. 31.12.2016 hadde fellesrådet eit akkumulert meirforbruk på kr. 407.304.- Planen er å dekkje inn dette i løpet av tre år slik:

	2017	2018	2019	SAMLA
Saldo overforbruk pr.01.01.	407 304	221 012	111 012	
Innsparing i driftbudsjettet	186 292	110 000	111 012	407 304
Saldo overforbruk pr. 31.12.	221012	111 012	0	

Planen er lagt til grunn i budsjettframlegget

Nye tiltak som krev auke i det kommunale driftstilskotet

Fornyng av datadriftsløysing, programvare og utstyr

Det er eit akutt behov for nye løysingar for datadrift, fagprogramvare for kyrkjekontoret. Vi har i lengre tid nytta utdaterte løysingar som mellom anna ikkje dekkjer gjeldande krav til sak- og arkiv for offentleg administrasjon. For å få dette på plass må vi òg bytte til anna leverandør av terminalserverdrift og fornye ein del utstyr på kontoret. Det er òg behov for å bytte til nye løysingar for drifti og vedlikehald internettsidene våre. av Samla ligg årskostnaden for desse løysingane på kr. 100.000,-

Møtegodtgjersle fellesråd

Fellesrådet har så langt ikkje hatt møtegodtgjersle slik Kyrjelova legg opp til. Lova legg opp til at administrasjonen og råda i lokalkyrkja skal ha same økonomiske rammer som i kommunen. Det vert då naturleg å sjå på møtegodtgjersla for kommunestyret når ein skal fastsette møtegodtgjersla for fellesrådet. Etter gjeldane reglement for møtegodtgjersle for Volda kommune får eit kommunestyremedlem utbetalt kr. 1.095,-.pr. møte.

Ein runde til dei andre fellesråda på Søre Sunnmøre viser følgjande:

Herøy kyrkjelege fellesråd	Følgjer satsen for kommunestyregodtgjersle. Både fellesråd og sokneråd får møtegodtgjersle
Ørsta kyrkjelege fellesråd	Ingen møtegodtgjersle
Hareid sokneråd	kr. 600 pr. møte (truleg same som kommunestyret)

Dersom vi skulle innføre møtegodtgjersle på same nivå Volda kommune vil det gje følgjande årskostnad:

10	10	kr 1 095,00	kr 109 500,00
Arbeidsgjevaravgift 14,1%			kr 15 439,50
Totalt			kr 124 939,50

I og med at arbeidsmengda for fellesrådsmedlemmer er vesentleg mindre enn for kommunestyremedlemmer finn eg det naturleg å sette møtesatsen for fellesrådet lågare, kr. 600,- pr. møte. Dette vil gje følgjande årskostnad:

10	10	kr 600,00	kr 60 000,00
Arbeidsgjevaravgift 14,1%			kr 8 460,00
Totalt			kr 68 460,00

Vedlikehald kyrkjebygg

For å kunne drive eit forsvarleg vedlikehald av kyrkjebygga våre er vi avhengig av ei større tilskotsramme. Fleire av dei større tiltaka i planen for kyrkjebygga er å rekne som vedlikehald og må bli finansiert innanfor driftsbudsjettet:

Volda kyrkje	Tårnur	Forgylling tal og visarar	500 000
Volda kyrkje	Yttervegger tårn	Måling og reperasjon	500 000
Volda kyrkje	Innervegger/tak	Innvendig måling av tak og vegg	500 000
Volda kyrkje	Vindu	Skraping, måling og reperasjon	250 000
Volda kyrkje	Fast inventar	Måling av benkar, dører o.a.	250 000

I 2017 har fellesrådet hatt ei ekstraløyving kr. 500.000,- til vedlikehald. Vi har prioritert å starte reperasjon og måling av Austefjord kyrkje. Dette vil bli slutført i 2018.

For å kome meir a jour med vedlikehaldet av kyrkjebygga må ordninga med ekstraløyving til kyrkjevedlikehaldet bli vidareført og auka. I budsjettframlegget er det derfor lagt inn opp til ei ekstraløyving på **kr. 1.000.000,-** i 2018 til vedlikehald kyrkjebygg.

Investeringsbudsjett 2018

Volda kommune har frå 2016 budsjettert med ei ramme på inntil kr.800.000,- pr. år til investeringstilskot til fellesrådet sine investeringar på kyrkjer og gravplassar. Ramma skal dekkje renter og avdrag på investeringslåna som fellesrådet tek opp til desse investeringane. Tilskotet vert betalt ut på bakgrunn av dei faktiske rente og avdragsutgiftene har kvart år. Dette gjer at fellesrådet sjølv må planlegge låneopptaka og nedbetalinga av låna innanfor denne ramma. Ved utgangen av 2017 vil fellesrådet ha ei total lånegjeld på kr. 13 302 862.

Modellen for *Investeringslån og tilskot 2017 - 2022* viser at tilskotsbehovet for eksisterande lån i 2018 vil vere på **kr. 751.473,-**

Det framleis mange investeringstiltak på Plan for nyanlegg, vedlikehald og fornying som treng lånefinansiering for å bli realisert. Totalt ligg det inne tiltak på kr. 7.350.000,- for kyrkjebygga og kr. 10.280.000 for gravplassane i planen i ØPL-perioden.

Fellesrådet ber om at investeringstilskotet vert auke med **kr. 220.000** frå 2018 for å dekkje lånefinansiering av følgjande tiltak:

Kyrkjebygg – 25 års nedbetalingstid Rentesats 2,1%	
Rehabilitering hovudorgel Volda kyrkje	2.500.000,-
Rullestolrampe ved hovudinngang Volda kyrkje	150.000,-
Sum tiltak kyrkjebygg	2.650.000,-

Gravplassar – 38 års nedbetalingstid Rentesats 2,1 %	
Planlegging utviding Leirshaugen gravplass	500.000,-
Omregulering av gamle felt Leirshaugen gravplass- Steg 2	200.000,-
Nytt gjerde Austefjord kyrkjegard	250.000,-
Nytt gjerde Kilsfjord kyrkjegard	250.000,-
Sum tiltak gravplassar	1.200.000,-

Samla lånebehov	3.850.000,-
------------------------	--------------------

Vedlegg:

*Driftsbudsjett taldel – hovudoversyn
Investeringslån og tilskot 2017 - 2022*

Volda kyrkjekontor


Jostein Stråba
kyrkjeverje

Volda kyrkjelege fellesråd

Investeringslån og tilskot 2017 - 2022

2017

Lån	Lånebeløp	Løpetid	Rentesats	Saldo.01.01.	Nye lån	Eks. avdrag	Ord. Avdrag	Saldo 31.12	Renter	Tilskot
Lån Kilsfjord kyrkje - KLP 8317.50.33001	2 000 000	25	2,05 %	1 684 264			105 264	1 579 000	34 527	
Lån Kilsfjord kyrkje - KLP 8317.50.31769	600 000	25	2,05 %	496 571			41 380	455 191	10 180	
KBN lån 20160698	8 111 310	36	2,00 %	8 111 310			225 320	7 885 990	162 226	
Kyrkjebygg 2016	1 690 000	25	2,10 %	0	1 690 000		11 267	1 678 733	5 915	
Kyrkjegard 2016	1 750 000	38	1,83 %	1 750 000			46 053	1 703 947	32 025	
Sum				12 042 145	1 690 000	0	429 283	13 302 862	244 873	674 157

2018

Lån	Lånebeløp	Løpetid	Rentesats	Saldo.01.01.	Nye lån	Eks. avdrag	Ord. Avdrag	Saldo 31.12	Renter	Tilskot
Lån Kilsfjord kyrkje - KLP 8317.50.33001	2 000 000	25	2,05 %	1 579 000			105 264	1 473 736	32 370	
Lån Kilsfjord kyrkje - KLP 8317.50.31769	600 000	25	2,05 %	455 191			41 380	413 811	9 331	
KBN lån 20160698	8 111 310	36	2,00 %	7 885 990			225 320	7 660 670	157 720	
Kyrkjebygg 2016	1 690 000	25	2,10 %	1 678 733			67 600	1 611 133	35 253	
Kyrkjegard 2016	1 750 000	38	1,83 %	1 703 947			46 053	1 657 895	31 182	
Sum				13 302 862	0	0	485 617	12 817 245	265 856	751 473

2019

Lån	Lånebeløp	Løpetid	Rentesats	Saldo.01.01.	Nye lån	Eks. avdrag	Ord. Avdrag	Saldo 31.12	Renter	Tilskot
Lån Kilsfjord kyrkje - KLP 8317.50.33001	2 000 000	25	2,05 %	1 473 736			105 264	1 368 472	30 212	
Lån Kilsfjord kyrkje - KLP 8317.50.31769	600 000	25	2,05 %	413 811			41 380	372 431	8 483	
KBN lån 20160698	8 111 310	36	2,00 %	7 660 670			225 320	7 435 350	153 213	
Kyrkjebygg 2016	1 690 000	25	2,10 %	1 611 133			67 600	1 543 533	33 834	
Kyrkjegard 2016	1 750 000	38	1,83 %	1 657 895			46 053	1 611 842	30 339	
Sum				12 817 245	0	0	485 617	12 331 628	256 081	741 698

2020

Lån	Lånebeløp	Løpetid	Rentesats	Saldo.01.01.	Nye lån	Eks. avdrag	Ord. Avdrag	Saldo 31.12	Renter	Tilskot
Lån Kilsfjord kyrkje - KLP 8317.50.33001	2 000 000	25	2,05 %	1 368 472			105 264	1 263 208	28 054	
Lån Kilsfjord kyrkje - KLP 8317.50.31769	600 000	25	2,05 %	372 431			41 380	331 051	7 635	
KBN lån 20160698	8 111 310	36	2,00 %	7 435 350			225 320	7 210 030	148 707	
Kyrkjebygg 2016	1 690 000	25	2,10 %	1 543 533			67 600	1 475 933	32 414	
Kyrkjegard 2016	1 750 000	38	1,83 %	1 611 842			46 053	1 565 789	29 497	
Sum				12 331 628	0	0	485 617	11 846 012	246 306	731 923

2021

Lån	Lånebeløp	Løpetid	Rentesats	Saldo.01.01.	Nye lån	Eks. avdrag	Ord. Avdrag	Saldo 31.12	Renter	Tilskot
Lån Kilsfjord kyrkje - KLP 8317.50.33001	2 000 000	25	3,00 %	1 263 208			105 264	1 157 944	37 896	
Lån Kilsfjord kyrkje - KLP 8317.50.31769	600 000	25	3,00 %	331 051			41 380	289 671	9 932	
KBN lån 20160698	8 111 310	36	3,00 %	7 210 030			225 320	6 984 710	216 301	
Kyrkjebygg 2016	1 690 000	25	2,10 %	1 475 933			67 600	1 408 333	30 995	
Kyrkjegard 2016	1 750 000	38	3,00 %	1 565 789			46 053	1 519 737	46 974	

Investeringslån 2017-2022-rev170920

Volda kyrkjelege fellesråd

Investeringslån og tilskot 2017 - 2022

Sum	11 846 012	0	0	485 617	11 360 395	342 097	827 714
-----	------------	---	---	---------	------------	---------	---------

2022

Lån	Lånebeløp	Løpetid	Rentesats	Saldo.01.01.	Nye lån	Eks. avdrag	Ord. Avdrag	Saldo.31.12	Renter	Tilskot
Lån Kilsfjord kyrkje - KLP 8317.50.33001	2 000 000	25	3,00 %	1 157 944			105 264	1 052 680	34 738	
Lån Kilsfjord kyrkje - KLP 8317.50.31769	600 000	25	3,00 %	289 671			41 380	248 291	8 690	
KBN lån 20160698	8 111 310	36	3,00 %	6 984 710			225 320	6 759 390	209 541	
Kyrkjebygg 2016	1 690 000	25	3,00 %	1 408 333			67 600	1 340 733	42 250	
Kyrkjegard 2016	1 750 000	38	3,00 %	1 519 737			46 053	1 473 684	45 592	
Sum				11 360 395	0	0	485 617	10 874 779	340 812	826 428

Totale rente- og avdragskostnader kan bli meir enn tilskotsramma på 800.000 i perioden 2020 - 2022.
Det overskytande må dekkast frå driftsramma elles.



Formannskapet

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2017/1127	14767/2017	151	SVK/ SUNUTN	17.11.2017

**MELDING OM POLITISK VEDTAK - ÅRSBUDSJETT 2018 - ØKONOMIPLAN
2018-2021 - INNSPEL FRÅ UTVAL**

Vi melder med dette frå at Tenesteutval for helse og omsorg den 16.11.17, hadde føre
ovannemnde som sak 12/17, der det vart gjort slikt vedtak:

***THO ser med uro på at det ikkje er sett av nødvendige ressursar til bemanning av ROP-
bustader på Rotset.***

Uroa gjeld både i høve til dei som skal bu der og til omgjevnadane rundt.

***THO ser utifrå behova elles at dette vil utgjere ei ytterlig auke i ramma i sektoren
tilsvarande 2.6 årsverk.***

THO bed om at formannskapet finn midler til nødvendig bemanning.

Sakutgreiinga med vedlegg følger vedlagt.

Sunniva Utnes
Volda kommune, servicekontoret

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi til:
Sonja Håvik

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Bente Kristin Krøvel	Arkivsak nr.:	2017/1127
		Arkivkode:	151

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
12/17	Tenesteutval for helse og omsorg	16.11.2017
15/17	Tenesteutval for oppvekst og kultur	15.11.2017
78/17	Forvaltningsutvalet	21.11.2017

ÅRSBUDSJETT 2018 - ØKONOMIPLAN 2018-2021 - INNSPEL FRÅ UTVAL

Handsaming:

Økonomikonsulent Andreea Beleuta orienterte og svarte på spørsmål.

THO ved leiar Hild Våge kom med følgjande fellesframlegg:

THO ser med uro på at det ikkje er sett av nødvendige ressursar til bemanning av ROP-bustader på Rotset.

Uroa gjeld både i høve til dei som skal bu der og til omgjevnadane rundt.

THO ser utifrå behova elles at dette vil utgjere ei ytterlig auke i ramma i sektoren tilsvarende 2.6 årsverk.

THO bed om at formannskapet finn midler til nødvendig bemanning.

Røysting:

Fellesframlegget frå THO ved leiar Hild Våge vart samrøystes tilrådd.

Tilråding i Tenesteutval for helse og omsorg - 16.11.2017:

THO ser med uro på at det ikkje er sett av nødvendige ressursar til bemanning av ROP-bustader på Rotset.

Uroa gjeld både i høve til dei som skal bu der og til omgjevnadane rundt.

THO ser utifrå behova elles at dette vil utgjere ei ytterlig auke i ramma i sektoren tilsvarende 2.6 årsverk.

THO bed om at formannskapet finn midler til nødvendig bemanning.

Administrasjonen si tilråding:

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Vedleggsliste:

Årsbudsjett 2018 og økonomiplan 2018-2021

Samandrag av saka:

Tenesteutval for oppvekst og kultur, tenesteutval for helse og omsorg og forvaltningsutvalet skal ha høve til å kome med innspel til formannskapet før det gir innstilling til kommunestyret. Rådmannen presenterte budsjettet og økonomiplanen på kommunestyremøte den 09.11.

sektorsjef kultur og service
Inger-Johanne Johnsen

Utskrift av endeleg vedtak:

Formannskapet



VOLDA KOMMUNE

Budsjett-reglement

Gjeld frå: 25.08.2005 Endra: 03.09.2009 Saksbehandler Henrik Skovly	Revisjonsnr. Systemansvarleg Adm.sjef Jarle B. Krumsvik Adm.sjef Jarle B. Krumsvik	Dokumentnr. 1 Godkjent av/dato Kommunestyret 25.08.2005 Kommunestyret 03.09.2009	Nivå Politisk Godkjent av/sak K-sak 0077/2005 K-sak 0056/2009
---	---	--	--

BUDSJETTREGLEMENT

(Endring K-sak 0056/2009: § 6, femte avsnitt, tredje setning vert fjerna:

”Månadsrapportane skal presenterast for driftsstyret, eigedom og forvaltningsstyret og formannskapet, til orientering.”)

§ 1 Formål og iverksetjing

Reglementet fastset dei formelle og praktiske ”køyrereglane” for ulike ansvarsroller og arbeidsoppgåver på budsjettfeltet.

Kommunen skal tilpasse seg reglane og retningslinene med verknad f.o.m. budsjett- og rapporteringsåret 2006.

Resultatmålinga, i fylgje § 8 i reglementet, skal fyrste gong praktiserast på grunnlag av resultata for rekneskaps- og rapporteringsåret 2006.

§ 2 Ord og uttrykk - definisjonar

Med **budsjettmynde** forstår vi mynde til å vedta årsbudsjettet, herunder regulere det i samsvar med lov, forskrift eller reglement.

Med **rammebudsjettering** forstår vi at det einskilde området får fastsett sine disponible midlar (si løyving) som ein total. Kommunestyret skal vedta driftsbudsjettet ved å fastsetje ei ramme (løyving) for såkalla rammeområde.

Med eit **rammeområde** forstår vi eit sett aktivitetar og tenester som sorterer inn under ei bestemt støtteining eller tenesteavdeling, og der den økonomiske aktiviteten er avgrensa av løyvinga som er vedteken for rammeområdet. For tida vert det definert 18 rammeområde. 15 av dei er alle tenesteavdelingane med unnatak av skatteavdelinga. Dei tre andre områda sorterer inn under administrasjonssjef, assisterande administrasjonssjef og personalsjef. Administrasjonssjefen kan endre talet på rammeområde.

Med **løyving** forstår vi den økonomiske ramma som kommunestyret har bestemt som disponibel for det einskilde rammeområde. Kommunestyret fastset løyvingane netto, jf. definisjonen nedanfor.

Med **nettoløyving** for eit rammeområde forstår vi øvre ramme for utgifter og avsetjingar med frådrag av inntekter og bruk av avsetjingar som høyrer heime innanfor rammeområdet.

Med **fordelingsfullmakt** forstår vi mynde til å fordele løyvingane som er vedtekne i årsbudsjettet samt å gi interne retningsliner for dei inntektene som er ført opp i årsbudsjettet.

Med **disponeringsfullmakt** forstår vi mynde til å disponere løyvingane som er ført opp i årsbudsjettet.

Med **budsjettendring** forstår vi endringar som førekjem når kommunestyret aukar eller



VOLDA KOMMUNE

Budsjett-reglement

Gjeld frå: 25.08.2005 Endra: 03.09.2009 Saksbehandler Henrik Skovly	Revisjonsnr. Systemansvarleg Adm.sjef Jarle B. Krumsvik Adm.sjef Jarle B. Krumsvik	Dokumentnr. 1 Godkjent av/dato Kommunestyret 25.08.2005 Kommunestyret 03.09.2009	Nivå Politisk Godkjent av/sak K-sak 0077/2005 K-sak 0056/2009
---	---	--	--

reduserer ramma (løyvinga) for eit eller fleire rammeområde. Det er berre kommunestyret som kan vedta slike budsjettendringar.

Med **budsjettjustering** forstår vi omfordeling av midlar innanfor løyvinga til eit rammeområde.

Med **budsjettresultat** forstår vi det reine **økonomieresultatet** (rekneskapen målt opp mot løyvinga i budsjettet) kombinert med ei vurdering av måloppnåing for det einskilde rammeområdet.

§ 3 Plan- og budsjettprosessen, rammestyring

Revidert Nasjonalbudsjett/kommuneproposisjonen blir vedteken av Stortinget i juni. I midten av august legger administrasjonssjefen fram for kommunestyret ei førebels oversikt over dei økonomiske rammene i komande 4-årige økonomiplanperiode (skjema 1 A og 1 B), basert på det nemnde vedtaket i Stortinget.

Kommunestyret skal fatte vedtak om prioriteringar og mål som grunnlag for den føreståande prosessen. På grunnlag av dette vedtaket og informasjon og styringssignal elles, skal administrasjonssjefen igangsette arbeidet med sitt budsjettframlegg – mellom anna ved å fastsette retningsgjevande rammer for dei enkelte rammeområda. Skjema for utarbeiding (og oppfølging) av resultatmål på avdelingsnivå er med som vedlegg til budsjettreglementet

Økonomiplan og årsbudsjett skal handsamast samstundes. Til grunn for den politiske handsaminga skal administrasjonssjefen ha klart sitt endelege salderde framlegg seinast 10. november slik at formannskapet får handsama økonomiplanen/årsbudsjettet og kome med si innstilling før 1. desember. Administrasjonssjefen sitt forslag skal på høyring i driftsstyret og eigedom og forvaltningsstyret før handsaminga starter i formannskapet. Kommunestyret skal gjere endeleg vedtak før utgangen av året.

Alle forslag til politiske vedtak framsett i løpet av budsjettåret og med budsjettverknad utover vedtekne rammer, skal som hovudprinsipp, knytast til den ordinære handsaminga av årsbudsjettet og økonomiplanen.

§ 4 Styringsprinsipp

Reglane og retningslinene i etterfølgjande paragrafar baserer seg på mål- og rammestyring som det grunnleggjande styringsprinsippet.

§ 5 Årsbudsjettet - formalkrav og delegasjon

Kommunestyret skal fatte eit vedtak for driftsdelen i årsbudsjettet der dei samla midlane til disposisjon skal fordelast ut på alle rammeområda. Den samla ramma til det einskilde



VOLDA KOMMUNE

Budsjett-reglement

Gjeld frå: 25.08.2005 Endra: 03.09.2009 Saksbehandler Henrik Skovly	Revisjonsnr. Systemansvarleg Adm.sjef Jarle B. Krumsvik Adm.sjef Jarle B. Krumsvik	Dokumentnr. 1 Godkjent av/dato Kommunestyret 25.08.2005 Kommunestyret 03.09.2009	Nivå Politisk Godkjent av/sak K-sak 0077/2005 K-sak 0056/2009
---	---	--	--

rammeområdet blir fastsett som ei nettoløyving.

Merinntekter over kr 100.000,- pr. rammeområde skal disponeres av kommunestyret.

Administrasjonssjefen eller dei han gjev fullmakt, fastset ei detaljert fordeling av løyvinga, vedteke av kommunestyret, ut på dei aktuelle tenestene/aktivitetane innanfor kvart rammeområde. Gjennom året har administrasjonssjefen, eller dei delegerte, fullmakt til disponering av midlar mellom ulike teneste-/aktivitetsområde innanfor eit rammeområde, og omdisponere/flytte midlar innanfor det einskilte teneste-/aktivitetsområdet. Ansvarsområde 80 og 90 er administrasjonssjefen sitt ansvar.

Fullmaktene gjeld ikkje for omdisponering av midlar som vil auke dei samla stillingsressursane (-heimlane) til kommunen, eller eventuelt inndra stillingsheimlar.

Kommunestyret fastset investeringsbudsjettet for år 1 som ein del av årsbudsjettvedtaket sitt. Av vedtaket skal samla investeringsramme klart framgå, og korleis ramma fordelar seg på enkeltprosjekt. Administrasjonssjefen har disponeringsfullmakt til å overføre driftsmidlar til investeringstiltak ved å disponere midlar frå den vedtekne løyvinga for rammeområdet. Fullmakta er avgrensa til 1 mill. kr for einskildprosjekt.

Formannskapet har tilsvarende fullmakt til å overføre driftsmidlar til investeringstiltak utan avgrensing til ei bestemt, øvre beløpsgrense.

I alle tilfelle skal eventuell bruk av slik fullmakt framgå av tertialsrapporteringa slik denne er regulert i § 6.

§ 6 Budsjettstyring - rapportering og oppfølging

Ramma for det einskilte rammeområdet i årsbudsjettet er å oppfatte som bindande. Budsjettet skal følgjast opp gjennom året, og det skal gjennomførast endringar/justeringar når det vert vurdert som nødvendig. Budsjettjusteringar/- endringar skal skje i dei tilfella der det synest klart eller svært truleg at løyvinga eller anslag for inntektssida ikkje vil halde.

Gjennom året skal driftsstyret, eigedom og forvaltningsstyret, formannskapet og kommunestyret presenterast tertialsvis økonomi-oppfølgjingsrapportar for dei einskilte rammeområda. Tertialsrapporteringa skal skje i eit samla dokument. Rapporteringa skal òg omfatte status og utsikter for dei generelle (sektorovergripande) inntekts- og utgiftsføresetnadene som er lagt til grunn for skjema 1A i det vedtekne årsbudsjettet. Budsjettet skal vere periodisert slik at det kan samanliknast direkte med rekneskapet. Rapporteringa etter 3. tertial skal framgå av årsrekneskapen og årsmeldinga.

Vedtak om budsjettendringar skal konsentrerast om kommunestyret si behandling av økonomirapporteringa til dei to fyrste tertiala.



VOLDA KOMMUNE

Budsjett-reglement

Gjeld frå: 25.08.2005 Endra: 03.09.2009	Revisjonsnr.	Dokumentnr. 1	Nivå Politisk
Saksbehandler	Systemansvarleg	Godkjent av/dato	Godkjent av/sak
Henrik Skovly	Adm.sjef Jarle B. Krumsvik	Kommunestyret 25.08.2005	K-sak 0077/2005
	Adm.sjef Jarle B. Krumsvik	Kommunestyret 03.09.2009	K-sak 0056/2009

Rekneskapsføringa og registreringa av budsjettendringar/- justeringar skal vere spesielt á jour ved dei aktuelle månadsskifta slik at tertialsrapporteringa gjev eit mest mogleg korrekt bilete av stoda og utsiktene.

Månadsrapportering skal innførast som styringsverktøy i den daglege økonomistyringa i kommunen. Månadsrapporten skal koordinerast og bli utarbeidd av den administrative leiaren som har særskilt overordna budsjettansvar for det einskilde rammeområdet. Månadsrapportane skal presenterast for driftsstyret, eigedom og forvaltningsstyret og formannskapet, til orientering.

§ 7 Krav til spesifikasjon av budsjettmessige konsekvensar i økonomisaker

I alle saker der det vert fatta vedtak med budsjettmessige konsekvensar, skal endringane/justeringane klart framgå av vedtak. Konsekvensane skal framgå av ei oppstilling som spesifiserer både kva for område eller tiltak som skal styrkjast og kvar midlane skal hentast frå for at budsjettet framleis skal vere i balanse.

Administrative budsjettjusteringar skal dokumenterast ved at den einskilde budsjettansvarlege fyller ut ein bestemt rapportmal der dei aktuelle kontosiffera skal spesifiserast og summen i beløpskolonna skal vere null.

§ 8 Resultatmåling - prinsipp og retningslinjer

Det skal synleggjerast eit økonomisk årsresultat for kvart rammeområde. Økonomiresultatet blir målt som forskjellen mellom rekneskapen og løyvinga til området.

Kommunestyret skal i det same møtet som rekneskapsaka vert behandla, fastsetje det endelege resultatet for dei einskilde rammeområda i eiga sak. I tillegg til det reine økonomiresultatet som er definert i 1. ledd, bør kommunestyret trekkje inn vurderingar av måloppnåing (sjå vedlegg) for å fastsetje eit endeleg nivå på det som er kalla budsjettresultat.

I det same året som resultatet vert fastsett, skal eit positivt budsjettresultat stillast til disposisjon for det aktuelle rammeområdet. Midlane blir stilte til disposisjon ved at ramma (løyvinga) til rammeområdet aukar med det same beløpet som det fastsette resultatet. Eit negativt budsjettresultat skal dekkjast inn av det aktuelle rammeområdet. Nedbetalinga (inndekkinga) skal som ein hovudregel skje over maksimalt to år.



VOLDA KOMMUNE

Budsjett-reglement

Gjeld frå: 25.08.2005	Revisjonsnr.	Dokumentnr. 1	Nivå Politisk
Endra: 03.09.2009	Systemansvarleg	Godkjent av/dato	Godkjent av/sak
Saksbehandler	Adm.sjef Jarle B. Krumsvik	Kommunestyret 25.08.2005	K-sak 0077/2005
Henrik Skovly	Adm.sjef Jarle B. Krumsvik	Kommunestyret 03.09.2009	K-sak 0056/2009

Kommunestyret avgjer korleis det einskilde rammeområde skal bruke eit positivt budsjettresultat. Tilsvarende er det kommunestyret som avgjer korleis eit negativt budsjettresultat må finansierast innanfor det einskilde område. Dette skjer også i same kommunestyremøte som handsamar rekneskapsaka.



VOLDA KOMMUNE
Servicekontoret

Formannskapet

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2017/1127	15039/2017	151	SVK/ SUNUTN	22.11.2017

**MELDING OM POLITISK VEDTAK - ÅRSBUDSJETT 2018 - ØKONOMIPLAN
2018-2021 - INNSPEL FRÅ FORVALTNINGSUTVALET**

Vi melder med dette frå at Forvaltningsutvalet den 21.11.17, hadde føre ovannemnde som sak PS 78/17, der det vart gjort slikt vedtak:

Saka vert teke til vitande.

Venleg helseing

Sunniva Utnes
Volda kommune, servicekontoret

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Handsaming:

Økonomikonsulent Andreea Beleuta orienterte og svarte på spørsmål.

Leiar Magnar Sunde som med følgjande framlegg:

Saka vert teke til vitande.

Røysting:

Det vart røysta over Magnar Sunde sitt framlegg.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Forvaltningsutvalet - 21.11.2017:

Saka vert teke til vitande.



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Kari Mette Sundgot	Arkivsak nr.:	2017/215
		Arkivkode:	210

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
204/17	Formannskapet Kommunestyret	28.11.2017

KORRIGERING AV BUDSJETT 2017

Administrasjonen si tilråding:

Budsjett 2017 ver korrigert med følgjande budsjettendringar:

1. Meirinntekt på refundert sjukelønn vert lagt inn som auke på sektorane slik det går fram av tabell 1 i saksframlegget. Samtidig vert sektorane sine budsjetterte utgifter til vikarar auka tilsvarende.
2. Momskompensasjon med tilsvarende momsutgift vert innarbeidd i budsjettet slik det kjem fram av tabell 2.
3. Avskrivningar vert lagt inn i budsjettet slik det går fram av tabell 3, både på utgiftssida og på motpost avskrivningar på inntektssida.

Vedleggsliste:

Uprenta saksvedlegg:

Samandrag av saka:

Volda kommune har i 2017 fått inntekter som ikkje ligg i budsjettet. Dette er inntekter som også har ei utgift. Dette gjeld refundert sjukelønn og refundert momskompensasjon. Desse meirinntektene må sjåast opp i mot vikarutgifter og momsutgift.

Volda kommune har i 2017 også bokført avskrivningar med eit større beløp enn det som ligg i budsjettet. Dette må også korrigerast. Avskrivningane påverkar ikkje resultatet då auken på utgiftssida skal leggst inn som motpost på utgiftssida.

Saksopplysningar/fakta:

Tabell 1 – Meirinntekter Refunder sjukelønn og vikarutgifter

Tabellen viser meirinntekter på refundert sjukelønn pr. sektor.

Refundert sjukelønn 2017				
		Rekneskap 2017	Revidert årsbudsjett 2017	Budsjett- endring
12 Samfunn og rådgjeving	-	43 628	- -	43 628
13 Personal og organisasjon	-	113 584	- -	113 584
14 Økonomi	-	136 204	- -	136 204
20 Opplæring og oppvekst	-	8 440 873 -	6 237 438 -	2 203 435
30 Helse og omsorg	-	12 954 356 -	10 058 038 -	2 896 318
40 Service og kultur	-	247 179 -	348 663	101 484
41 Politisk verksemd	-	131	- -	131
50 Teknisk	-	1 366 013 -	475 806 -	890 207
51 Sjølvkosttenester	-	33 189 -	113 410	80 221
60 Utvikling	-	557 665	- -	557 665
70 Barneverntenesta (vertskommune)	-	2 398 424 -	1 134 100 -	1 264 324
	-	26 291 246 -	18 367 455 -	7 923 791

Tabell 2- Momskompensasjon og utgift

Momskompensasjon og momsutgift vert ført på eit ansvar i rekneskapen, men fordelt på tenester. Endringane som må inn i budsjettet er:

Momskompensasjon og momsutgift 2017				
		Rekneskap 2017	Revidert årsbudsjett 2017	Budsjett- endring
14290 Moms-utgift drift med kompensasjon		11 786 927		11 786 760
17290 Moms-kompensasjon drift (inntekt)	-	11 786 760		- 11 786 760
80 Kommunestyret (skjema 1B)		167	-	-

Tabell 3 – Avskrivingar 2017

Avskrivingar for 2017 er bokført i si heilheit. Det vi ser er at avskrivingane i 2017 er høgare enn budsjettert og må korrigerast. Avskrivingane er i hovudsak bokført på fellesområdet med unntak av dei som går på sjølvkostområdet. Motposten (inntekter) ligg også på fellesområde.

Avskriving 2017				
		Rekneskap 2017	Revidert årsbudsjett 2017	Budsjett- endring
50 Teknisk		744 851	410 000	334 851
51 Sjølvkosttenester		3 675 020	2 540 000	1 135 020
80 Kommunestyret (skjema 1B)		33 935 754	25 580 000	8 355 754
80 Kommunestyret (skjema 1B)	-	38 355 625 -	28 530 000 -	9 825 625
Avskriving 2017	-	38 355 625 -	28 530 000	-

Helse og miljøkonsekvensar:

Ingen

Økonomiske konsekvensar:

Etter budsjettreglementet er det kommunestyret som skal godkjenne meirinntekter på over 100 000 kr pr sektor. Meirinntektene vi her viser til har utgiftspostar og det er difor naturleg at inntektene vert brukt til å budsjettere opp desse.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen

Vurdering og konklusjon:

Sidan meirinntektene det vert vist til over har ei utgiftsside rår vi til følgjande tilråding:

1. Meirinntekt på refundert sjukelønn vert lagt inn som auke på sektorane slik det går fram av tabell 1. Samtidig vert sektorane sine budsjetterte utgifter til vikarar auka tilsvarande.
2. Momskompensasjon med tilsvarande momsutgift vert innarbeidd i budsjettet slik det kjem fram av tabell 2.
3. Avskrivningar vert lagt inn i budsjettet slik det går fram av tabell 3, både på utgiftssida og på motpost avskrivningar på inntektssida.

Rune Sjurgard
Rådmann

Kari Mette Sundgot
Økonomisjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Andreea Beleuta

Klageinstans:



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Asbjørn Moltudal

Arkivsak nr.: 2017/74

Arkivkode: 1519-2017001

Utvalsaksnr

Utval

Møtedato

205/17

Formannskapet
Kommunestyret

28.11.2017

VOLDA CAMPUS ARENA - TILSKOT TIL DEKNING AV KOSTNADER KNYTT TIL REGULERINGSARBEIDET.

Administrasjonen si tilråding:

Kommunestyret vedtek å løyve inntil kr. 250.000,- i samband med reguleringsarbeidet for plan for Volda Campus Arena. Summen inngår som del av kommunen si avsette totalramme for prosjektet.

Dekning: kto 12700.1200.380 Prosj 801750 som vert tilført tilsvarande sum frå disposisjonsfondet.

Vedleggsliste:

- Søknad frå Volda Campus Arena v/A. Bakke om tilskot på kr. 250.000,- i samband med reguleringsarbeidet for plan for Volda Campus Arena.
- PS-sak 31/17 PLANID 1519-2017001 – Plan for Volda Campus Arena – Idrettshall på Jopllassen GBR 19/807- TILSKOT TIL DEKNING AV KOSTNADER KNYTT TIL REGULERINGSARBEIDET

Uprenta saksvedlegg:

- PS.sak 143/16 **VOLDA CAMPUS ARENA AS - BYGGING AV NY IDRETTSHALL I VOLDA**
- PS sak 33/17 PLANID 1519-2017001 - **PLAN FOR VOLDA CAMPUS ARENA – IDRETTSHALL PÅ JOPLASSEN GBR 19/807, OPPSTART AV PLANARABEID.**

Samandrag av saka:

I samband med kostnader knytt til reguleringsarbeidet for Planid 1518-2017001 – Plan for Volda Campus Arena vert det søkt om inntil kr. 250.000,- for å dekke kostnader knytt til reguleringsarbeidet.

Rådmannen rår til at kommunen løyver midlane innanfor kommunen si totalramme for prosjektet.

Saksopplysningar/fakta:**Innleiing:**

Formannskapet vedtok i møte 21.02.2017 PS sak 33/17 å godkjenne oppstart av planprosess for detaljregulering av område O7 på Røysmarka i regi av Volda Campus Arena AS.

Vedtaket lyder slik;

1. *Med grunnlag i brev frå Volda Campus Arena AS av 24.11.16, brev frå Per Mulfvik AS av 18.01.17 og kommunestyret sitt vedtak i sak 143/1, godkjenner formannskapet oppstart av planprosess for detaljregulering av område O7 på Røysmarka i regi av Volda Campus Arena as slik det søkt om.*
2. *Kommunen viser elles til oppsummering etter førehandskonferanse den 9.02.2017, som vidare retningslinjer for planarbeidet.*
3. *Kommunen føreset at det vert etablert ei god kontakt og arena for medverknad i planprosess og prosjekteringsfase for bygg på området som sikrar interessene til, barne- og ungdomsskulen, høgskulen og ev andre i prosjektet, og at kommunestyret sine vilkår i sak 143/16 vert teke i vare*

Ein finn elles grunn til å minne om kommunestyret sitt vedtak den 24.11.2016, i sak PS 143/16 som gav retning om planprosessen. Vedtaket er sitert i vedlagde PS-sak 31/17.

Kommunestyret vedtok så i møte 30.03.17 å løyve inntil kr. 200.000,- , i samband med reguleringsarbeidet. Summen inngår som del av kommunen si avsette totalramme for prosjektet og vart utbetalt i november i år.

Om denne søknaden syner eg til det som går fram av søknaden

Prosjektet er inne i ei avsluttande fase vedr. reguleringsplanen, og vi viser til korrespondanse og godt samarbeid om dette prosjektet.

I samband med reguleringsarbeidet som inkluderer også tilrettelegging av svømmehall har det vore behov for større ressursbruk grunna krav om støyrapport, merknadar/krav frå vegvesenet og arkitektbistand knytta til svømmehall.

I tillegg til dette kjem det kommunalt gebyr (sakshandsamings- og arealgebyr) på kr 55.200,-

Vi søker Volda kommune om tilskot på kr 250.000,- tilsvarande nemnte meirkostnad samt det kommunale sakshandsamings-/og arealgebyr.

Prosjektet har særskild god oppslutning frå lokalt næringsliv og private som samla har ytt vesentleg med midlar i planleggings- og prosjektarbeidet på kr 400.000 – 500.000,-

Kommuneplan, samfunnsdelen.

Folkehelse er overordna og førande prinsipp for kommuneplanen i Volda kommune. Behovet for auka hall-kapasitet er sterkt påpeike i kommunedelplan for Fysisk aktivitet. I fylgje M.R. Idrettskrets har Volda kommune den dårlegaste hallkapasiteten i fylket sett i høve til folketal og aktivitet.

Gjennom plan vil ein kunne legge til rette for slik tiltrengt utviding av hallkapasitet samtidig som ein vil gje gode tilbod til barne og ungdomstrinnet ved skulane i sentrum. Tilrettelegging for hall vil elles kunne bidra til å -"Vidareutvikle dei gode oppvekst- og utdanningsmoglegheitene i Volda, og å Utbetre kroppsøvningsfasilitetar ved Øyra skule og Volda ungdomsskule." slik det er lagt som viktige føringar i kommuneplanen sin samfunnsdel.

Dette vil også vere viktig bidrag i høve til målsettinga i samfunnsplan om å :

- *Styrke samarbeidet, stimulere og legge til rette for frivillige lag og organisasjonar, kultur og fritidsaktivitetar for alle.*
- *Utvikle nye arenaer for kultur og idrettsliv, og synleggjere tilboda lokalt og regionalt.*
- *Ivareta og styrke eldsjelene og stimulere fleire til deltaking i frivillig arbeid, omsorg, integrering med meir.*

Eit anlegg som dette vil klart også kunne bidra til at det vert enda meir attraktivt å busetje seg i Volda.

Dette vil også igjen vil ha positiv effekt på lokalt næringsliv og handel. Større arrangement med mykje publikum vil truleg også slå positivt ut for utvikling i lokalt næringsliv.

Helse og miljøkonsekvensar:

Området er i plan lagt ut til byggeformål. Nærare avklaring vil bli gjort gjennom planprosess.

Økonomiske konsekvensar:

Vert avklara gjennom planprosess, og gjennom eigne saker om økonomisk medverknad frå kommunen.

I fyrste omgang er det no ei sak om medverknad/økonomisk bidrag til regulerings-planarbeidet. Seinare må det fremjast eiga sak om kommunalt engasjement og ev avtale som regulerer kommunen sitt bidrag og leigeforhold i forkant av utbygging.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Vert avklara gjennom planprosess.

Vurdering og konklusjon:

Med bakgrunn i søknaden frå Volda Campus Arena AS, kommunestyret sitt vedtak i sak 143/16 og formannskapet sitt vedtak i PS sak 74/17, der Volda kommune også har interesse av reguleringsprosessen av området, finn rådmannen å rå til å løyve inntil kr. 250.000,-,- i samband med reguleringsarbeidet for plan for Volda Campus Arena.

Rune Sjurgard
Rådmann

Asbjørn Moltudal
Rådmann

Utskrift av endeleg vedtak:

Volda Campus arena as
Oppvekstsjefen
Høgskulen i Volda
Utvikling
Teknisk sektor
Rådmannen

Vedr. Volda Campus Arena.

Prosjektet er inne i ei avsluttande fase vedr. reguleringsplanen, og vi viser til korrespondanse og godt samarbeid om dette prosjektet.

I samband med reguleringsarbeidet som inkluderer også tilrettelegging av svømmehall har det vore behov for større ressursbruk grunna krav om støyrapport, merknadar/krav frå vegvesenet og arkitektbistand knytta til svømmehall.

I tillegg til dette kjem det kommunalt gebyr (sakshandsamings- og arealgebyr) på kr 55.200,-

Vi søker Volda kommune om tilskot på kr 250.000,- tilsvarande nemnte meirkostnad samt det kommunale sakshandsamings-/og arealgebyr.

Prosjektet har særleg god oppslutning frå lokalt næringsliv og private som samla har ytt vesentleg med midlar i planleggings- og prosjektarbeidet på kr 400.000 – 500.000,-

Venleg helsing

For
Volda Campus Arena

Arild Bakke



VOLDA KOMMUNE
Servicekontoret

VOLDA CAMPUS ARENA AS

c/o SR Volda AS Storgata 8
6100 VOLDA

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2017/74	4531/2017	1519-2017001	SVK/ SONHAV	31.03.2017

MELDING OM POLITISK VEDTAK - PLANID 1519-2017001 - PLAN FOR VOLDA CAMPUS ARENA - IDRETTSHALL PÅ JOPLASSEN GBR 19/807 - TILSKOT TIL DEKNING AV KOSTNADER KNYTT TIL REGULERINGSARBEIDET.

Vi melder med dette frå at kommunestyret den 30.03.2017, hadde føre ovannemnde som sak PS 31/17, der det vart gjort slikt vedtak:

Kommunestyret vedtek å løyve inntil kr. 200.000,- i samband med reguleringsarbeidet for plan for Volda Campus Arena. Summen inngår som del av kommunen si avsette totalramme for prosjektet.

Dekning: kto 12700.1200.380 Prosj xxxxxxxx som vert tilført tilsvarende sum frå disposisjonsfondet.

Sakutgreiinga med vedlegg følgjer vedlagt.

Volda kommune, servicekontoret

Sonja Håvik
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi til:
HØGSKULEN I VOLDA
Per Ivar Kongsvik – oppvekstsjef
Jørgen Vestgarden – utviklingssjef
Rune Totland – teknisk sjef
Rune Sjurgard – rådmann
Asbjørn Moltudal - sakshandsamar
Henrik Skovly - økonomisjef
Revisor – Haldis Moltu

Postadresse:
Stormyra 2
6100 Volda

postmottak@volda.kommune.no
Telefon: 70058701

Telefaks:
70058701

www.volda.kommune.no
Org. nr: 939 760 946
Bankgiro: 3991.07.81727

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Asbjørn Moltudal

Arkivsak nr.: 2017/74

Arkivkode: 1519-2017001

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
47/17	Formannskapet	21.03.2017
31/17	Kommunestyret	30.03.2017

PLANID 1519-2017001 - PLAN FOR VOLDA CAMPUS ARENA - IDRETTSHALL PÅ JOPLASSEN GBR 19/807 - TILSKOT TIL DEKNING AV KOSTNADER KNYTT TIL REGULERINGSARBEIDET.

Handsaming:

Erlend Krumsvik reiste spørsmål om sin habilitet, han er styremedlem i Volda Campus Arena, jf fvl. § 6, 1. ledd, nr. 2. Han tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmålet om habilitet.

Røysting habilitet

Erlend Krumsvik vart samrøystes kjent inhabil.

Røysting (26 røysteføre):

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 30.03.2017

Kommunestyret vedtek å løyve inntil kr. 200.000,- i samband med reguleringsarbeidet for plan for Volda Campus Arena. Summen inngår som del av kommunen si avsette totalramme for prosjektet.

Dekning: kto 12700.1200.380 Prosj xxxxxxxx som vert tilført tilsvarende sum frå disposisjonsfondet.

Handsaming i formannskapet:

Røysting:

Samrøystes tilråding i Formannskapet - 21.03.2017 til kommunestyret

Kommunestyret vedtek å løyve inntil kr. 200.000,- i samband med reguleringsarbeidet for plan for Volda Campus Arena. Summen inngår som del av kommunen si avsette totalramme for prosjektet.

Dekning: kto 12700.1200.380 Prosj xxxxxxxx som vert tilført tilsvarende sum frå disposisjonsfondet.

Administrasjonen si tilråding:

Kommunestyret vedtek å løyve inntil kr. 200.000,- i samband med reguleringsarbeidet for plan for Volda Campus Arena. Summen inngår som del av kommunen si avsette totalramme for prosjektet.

Dekning: kto 12700.1200.380 Prosj xxxxxxxx som vert tilført tilsvarende sum frå disposisjonsfondet.

Vedleggsliste:

- Søknad frå Volda Campus Arena v/A. Bakke om oppstart av regulering og dekning av inntil kr. 200.000,- i samband med reguleringsarbeidet for plan for Volda Campus Arena
- Forhåndsvurdering av pris - gbr 19/807 - Joplassen d.s. 28.02.2017

Uprenta saksvedlegg:

- PS.sak 143/16 **VOLDA CAMPUS ARENA AS - BYGGING AV NY IDRETTSHALL I VOLDA**
- PS sak 33/17 **PLANID 1519-2017001 - PLAN FOR VOLDA CAMPUS ARENA - IDRETTSHALL PÅ JOPLASSEN GBR 19/807, OPPSTART AV PLANARABEID.**

Samandrag av saka:

I samband med kostnader knytt til reguleringsarbeidet for Planid 1518-2017001 – Plan for Volda Campus Arena vert det søkt om inntil kr. 200.000,- for å dekke kostnader knytt til reguleringsarbeidet.

Rådmannen rår til at kommunen løyver midlane innanfor kommunen si totalramme for prosjektet.

Saksopplysningar/fakta:

Formannskapet vedtok i møte 21.02.2017 PS sak 33/17 å godkjenne oppstart av planprosess for detaljregulering av område O7 på Røysmarka i regi av Volda Campus Arena AS.

Vedtaket lyder slik;

1. *Med grunnlag i brev frå Volda Campus Arena AS av 24.11.16, brev frå Per Mulvik AS av 18.01.17 og kommunestyret sitt vedtak i sak 143/1, godkjenner formannskapet oppstart av planprosess for detaljregulering av område O7 på Røysmarka i regi av Volda Campus Arena as slik det søkt om.*
2. *Kommunen viser elles til oppsummering etter førehandskonferanse den 9.02.2017, som vidare retningslinjer for planarbeidet.*
3. *Kommunen føreset at det vert etablert ei god kontakt og arena for medverknad i planprosess og prosjekteringsfase for bygg på området som sikrar interessene til, barne- og ungdomsskulen, høgskulen og ev andre i prosjektet, og at kommunestyret sine vilkår i sak 143/16 vert teke i vare.*

I høve søknaden finn ein grunn til å vise til kommunestyret sitt vedtak den 24.11.2016, i sak PS 143/16, der det vart gjort slikt vedtak:

1. *Kommunestyret ser med positiv interesse på at Volda Campus Arena AS byggjer og driv idrettshall i Volda sentrum. Utgreiing av ny hall i kommunal regi vert å legge på vent til Campus Arena er avklart.*
2. *Kommunestyret er innstilt på å gi investeringstilskot som årleg tilskot i 40 år tilsvarende renter og avdrag for eit lån på kr 30 millionar over 40 års nedbetalingstid.*
3. *Kommunestyret er innstilt på at kommunen forhandlar om leige av lokale for kroppsøvingselevane i grunnskulen.*
4. *Føresetnaden for å gå inn med investeringstilskot og leige kroppsøvingelokale er at det er gangavstand til Øyra skule og Volda ungdomsskule, samt at totaløkonomien i prosjektet er realistisk og herunder leigeprisen ligg på eit nivå som for alternative løysingar for kommunen. Vidare vil det vere ein føresetnad for kommunen at hallen kan planleggjast slik, dersom tomta gir rom for det, at den kan byggjast på med eit opplæringsbasseng med sambruk av fellesanlegg, garderober mv. Det må også avklarast om prosjektet skal ta omsyn til framtidig behov for symjeanlegg med 25M konkurransebasseng.*
5. *Dersom Volda Campus Arena AS byggjer hallen på Joplassen ved Høgskulen, så er Volda kommunestyre innstilt på å stille til disposisjon tomteareal under føresetnad av at prosjektet ikkje kjem i konflikt med utvikling av Høgskulen.*
6. *Volda kommunestyre kjem attende til kva som skal skje med Voldahallen etter at utbyggingsplanane for ny hall i regi av Volda Campus Arena AS er klarlagt.*
7. *Avtalen mellom grunneigar og Campus Arena AS må vere kjend for Volda kommune innan avtalen vert inngått."*

I saka om oppstart av planprosess nemnt ovanfor har formannskapet vurdert spørsmål at omsynet til føresetnadane i punkt 4, 5, 6 og 7 er tilstrekkeleg utgreidde og avklara. I og med at formannskapet no har gjort vedtak om oppstart av planprosessen for reguleringsplanen tek ein for gitt at formannskapet føreset at dei vilkåra som ivaretek desse intensjonane i kommunestyrevedtaket må sikrast gjennom planprosessen vidare..

Det betyr m.a at omsynet til pkt. 4 i kommunestyrevedtaket vedkomande svømmebasseng må vurderast i planprosessen, noko som i første rekkje er av Volda kommune si interesse. I samavr med det bør såleis kommunen også ta del i reguleringskostnadene for området.

Når det gjeld pkt. 7 i avtalen er ordførar og rådmannen kjend med kva pris som er gitt for arealet. Med løyve frå Volda Campus Arena den 01. mars 2016 legg rådmannen også fram ei prisvurdering av arealet gjort av Mulvik d.s. 28.02.2017. Vurderinga konkluderer med ein marknadspris no på kr. 2.200,-/m² for tomta gnr. 19 bnr. 807 (Joplassen), noko rådmannen meiner er for høgt sett i høve til lokalisering og dei prisane areal i nærleiken har vore omsett for. Til det er det elles å legge til at kommunen i møte 01.03.2017 har fått oppgitt at prisen Volda Campus Arena har gitt for arealet er lågare enn konklusjonen i skrevet frå Mulvik. I tillegg bør det leggjast til at ved ein slik frivillig avtale kjem kjøpar også unna utan kostnader knytt til handsaming i skjønsretten.

Helse og miljøkonsekvensar:

Området er i plan lagt ut til byggeformål. Nærare avklaring vil bli gjort gjennom planprosess.

Økonomiske konsekvensar:

Vert avklara gjennom planprosess, og gjennom eigne saker om økonomisk medverknad frå kommunen.

I fyrste omgang er det no ei sak om medverknad/økonomisk bidrag til reguleringsplanarbeidet.

Seinare må det fremjast eiga sak om kommunalt engasjement og ev avtale som regulerer kommunen sitt bidrag og leigeforhold i forkant av utbygging.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Vert avklara gjennom planprosess.

Vurdering og konklusjon:

Med bakgrunn i søknaden frå Volda Campus Arena AS, kommunestyret sitt vedtak i sak 143/16 og formannskapet sitt vedtak i PS sak 74/17, der Volda kommune også har interesse av reguleringsprosessen av området, finn rådmannen å rå til å løyve inntil kr. 200.000,-,- i samband med reguleringsarbeidet for plan for Volda Campus Arena

Rune Sjurgard
Rådmann

Asbjørn Moltudal
Ass.rådmann

Utskrift av endeleg vedtak:

Volda Campus arena as
Oppvekstsjefen
Høgskulen i Volda
Utvikling
Teknisk sektor
Rådmannen



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Inger-Johanne Johnsen	Arkivsak nr.:	2014/979
		Arkivkode:	614

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
206/17	Formannskapet Kommunestyret	28.11.2017

UNGDOMSKLUBB

Administrasjonen si tilråding:

Kommunestyret syner til saksutgreiinga og sluttar seg til at det vert iverksett ein prosess for gjennomgang av tiltak retta mot ungdom som forebyggings- og inkluderingstiltak.

Rådmannen vert beden om å leggje fram sak for tenesteutval for oppvekst og kultur om mandat, prosess og tidsfrist. Kommunestyret vil kome attende til nærare handsaming av ev finansiering og rammer for ungdomstilbodet basert brei involvering i prosess og innstilling frå tenesteutvalet. Inntil dette er avklart vert det ikkje inngått avtale om ev leige av eksterne lokale.

Vedleggsliste:

Utkast til leigeavtale Industrigata 17.

Samandrag av saka:

Ungdomsklubbkonseptet vart etablert med bakgrunn i situasjonen for 40 år sidan. Det har ikkje vore ein breiare gjennomgang av tilbodet og målgruppa ut utviklinga og den situasjonen ungdomen står overfor i dag. Rådmannen vil derfor rå til ein gjennomfører ein prosess med brei involvering av ungdomen sjølv og faginstansar før ein konkluderer vidare i saka.

I sak 150/16 gjorde Volda kommunestyre følgjande vedtak:

1. *Det vert vurdert leige av nye lokale for ungdomsklubben i Volda i budsjett og økonomiplan for 2017-2020.*
2. *Ungdomsklubbtilbodet vert evaluerte i løpet av 2018.*

I budsjettvedtaket i desember 2016, punkt 43 blei det vedtatt at det skulle gjerast ei ny vurdering av om det var mogleg å få til nye og meir tenelege lokale for ungdomsklubben.

Ungdomsklubben i Volda hadde tidlegare ein leigeavtale med Partners Eigedom i «Telebygget». Leigeavtalen gjekk ut 31. mai 2014. Det var ei svært dyr leige berre for bruk av lokalet for eit par kveldar i veka, og avtalen vart derfor ikkje lenga. I 2014 blei det vedteke at ei mellombels drift av ungdomsklubben skulle lokaliserast til salongen på samfunnshuset i påvente av ei betre løysing. Ungdomsklubben har fram til no hatt tilhald på Salongen (: 2. etg på samfunnshuset), men har vore stengt sidan medio mai 2017 pga renoveringa av samfunnshuset.

Saksopplysningar/fakta:

Ungdomsklubben i Volda har i 40 år vore ein rusfri, haldningsskapande og inkluderande opphaldsstad for ungdomen i Volda. Klubben har vore ein nøytral, sosial mestringsarena der ungdom sjølv i stor grad er med på å forme tilbodet og jobbar frivillig for å skape noko for andre. Dei har mellom anna ansvar for kiosk/kafédrift, billettering og registrering, ansvar for planlegging og gjennomføring.

Klubben har biljardbord, brettspel, dataspel, sittegruppe, tv, moglegheit for å kjøpe litt snop/enkel mat, men manglar t.d. moglegheit for å ha øvingslokale for lokale band og å kunne arrangere diskotek og konsertar, som ofte blir sett på som sjølvne livsnerven i ein ungdomsklubb.

Talet på brukarar av ungdomsklubben i Volda har minka etter at klubben flytta frå Telebygget til Salongen på samfunnshuset. I 2016 og 2017 varierte antal brukarar ein stad mellom 0 – 10 stk. Dei låge besøkstala blir i stor grad kopla opp mot at lokala på Salongen vert opplevd som å vere ei dårleg løysing for eit ungdomsklubblokale. Når ungdom blir spurt kvifor dei ikkje går på ungdomsklubben, svarar dei ofte at det er på grunn av at lokala ikkje er gode: Salongen er liten - det er berre eitt rom og har svært avgrensa moglegheit til å ha ulike aktivitetar parallelt.

Våren 2017 bad Volda kommune eigarar av lokale som kunne vere aktuell som mellombelse lokale for ungdomsklubben om å ta kontakt for vidare drøftingar. Ingen meldte seg innan fristen. I ettertid har kommunen blitt kontakta av Industrigata 17/Dan Bjørneset som ønskjer å tilby 2. etg i Industrigata 17 som lokale til ungdomsklubben.

I tillegg har Volda Rullarlag tidlegare foreslått eit samarbeid med Volda kommune, der kommunen og rullarlaget kan samarbeide om å bygge eit felles lokale ved idrettsparken. Det føreligg pr dags dato ingen konkrete byggeplanar.

Kommunen har ikkje fått andre tilbod om lokale, og alternativa er derfor

A: Halde fram med dagens driftskonsept:

- 1) Leige Industrigata 17 over ein prøveperiode på ca 2 år
- 2) Klubben held fram i lokala i Salongen/2. etg på samfunnshuset.
- 3) Inngå samarbeid om nye, felles lokale ved idrettsparken, som kan nyttast til klubblokale i kombinasjon med andre aktivitetar i idrettsparken.

B: Vurdere driftskonseptet og vurdere behov og kva som er rette tiltak ut frå dagens situasjon

Vurdere om midlane som er avsett til drift av ungdomsklubben skal nyttast på anna vis t.d. til tiltak og aktivitetar retta spesielt mot ungdom/ulike ungdomsgrupper.

A: Dagens driftskonsept

Industrigata 17

Det er utarbeidd eit *utkast* til kontrakt mellom Industrigata 17 og Volda kommune, og det har vore forhandla om ein avtale der ein kan leige eit samla bruttoareal på 295 m2 (årleg leigepreis kr 320.000) (dvs 1084 kr pr m2), alternativt ein mindre del av arealet (ca 200 m2 – årleg leige ca 217.000 kr) . Dersom det blir inngått avtale om å leige dette lokalet (eller delar av det) til ungdomsklubb, må det reknast utgifter til oppussing, i tillegg til utgifter til reinhald, renovasjon og straum. Dersom dette lokalet skal nyttast til ungdomsklubb, må det vurderast kor stort lokale ungdomsklubben skal leige. Leiar av ungdomsklubben har vore på synfaring og vurdert at lokala kan vere teneleg til lokale for ein ungdomsklubb.

Industrigata 17 ligg rett ved siden av utestaden ”Rokken”, og det må gjerast ei vurdering av om det er ønskeleg å ha ein rusfri ungdomsklubb så nær ein skjenkestad.

Samfunnshust/Salongen:

Skal ungdomsklubben halde fram med drifta si på samfunnshuset når EPC-prosjektet er ferdig (etter planen over nyttår 2018)? Det vil truleg bli svært vanskeleg å rekruttere ungdom til klubben, dersom ein vel å halde fram med drift i dagens lokale. Dersom ungdomsklubben skal få oppslutning frå ungdomen, så er ein nødt til å få auka areal til klubblokale, slik at klubben kan ha fleire parallelle aktivitetar. Ei moglegheit er å ta i bruk lokala i 1. etg på samfunnshuset som kulturskulen hadde fram til den blei flytta til Øyra. Det vil i så fall krevje ein del renovering, men det vil kanskje vere ein aktivitet ein kan involvere ungdommen i.

Ulempa ved å bruke delar av samfunnshuset som lokale for ungdomsklubben, vil bl.a. vere at det blir utfordrande for dei 1-2 tilsette som er på jobb å halde oversikt/kontroll over det som skjer på klubbkveldane når aktiviteten blir fordelt på to etasjer. Dessutan vil kanskje Salongen sitt ”stempel” som ueigna lokale til ungdomsklubb, bli hengande ved ein klubb lokalisert til samfunnshuset, og det vil då bli vanskeleg å få rekruttert ungdom til klubben.

Flytte ungdomsklubben til området ved idrettsparken?

Volda rullarlag har tidlegare teke kontakt med Volda kommune og foreslått at Volda Rullarlag og ungdomsklubben samarbeider om å bygge eit hus som kan romme ungdomsklubb og andre relaterte aktivitetar. Rullarlaget meiner at ein ungdomsklubb med tilbod om musikk, spel og andre aktivitetar kunne vere eit godt tilskot saman med fotball, innandørs og utandørs skating og evt. andre tilbod. Ein ungdomsklubb vil kunne integrere fleire interesser saman, der ein t.d. kan vente på ungdomskafé, spele eller finne andre aktivitetar før og etter handball, fotball, skating, kino osv.

Rullarlaget ser for seg at det er mogleg å bygge ungdomsklubb-hus på området. I så fall må kommunen truleg stille med tomt og bidra til finansiering. Men dersom det blir aktuelt å sette i gang prosessen for å få bygd eit klubblokale i dette området, så vil det gå med tid til finansiering, planlegging, byggesøknad og byggeprosess.

B: Gjennomgang av driftskonseptet – vurdering av tiltak ut frå oppdatert behov

Ungdata som viser psykiske utfordringar hos unge, samt fråfallsprosenten i vidaregåande skule, er indikatorar på at det er behov for samordnande tiltak for å førebyggje og inkludere grupper av ungdom i sosiale aktivitetar og mestringsarenaer. Spørsmålet er om ungdomsklubben etter dagens driftskonsept er det rette. Treffer vi målgruppa godt nok, er aktivitetane med eit klubblokale med musikk og spel det som treffer best, brukar vi ressursane effektivt nok overfor målgruppa? Tida kan vere inne for at ein tek ein gjennomgang av dette saman med ungdomane sjølve, faginstansane som skulehelsetenesta, skulane, barnevernet og foreldre mv.

Det er viktig å nå ut til den gruppa som kan falle utanfor og som ikkje deltek i dei etablerte organiserte tilboda for ungdom. Dette handlar om tidleg innsats, og tiltaket bør sjåast i samanheng med det samla tiltaksapparatet for å førebyggje mot fråfall og utanforskap. Kommunen må også på dette området sikre effektiv bruk av ressursane, slik at ein treffer målgruppa og at tiltaka har effekt. I den samanheng bør ein stille spørsmål om Volda kommune

som har fleire tusen kvadratmeter lokale ledig på kveldstid må bruke ca kr 200 000 til eigne lokale for ein ungdomsklubb. Ei anna problemstilling er om desse midlane heller kan brukast til tilsette som arbeider med ungdomen, og ev om ein kan nytte fleire arenaer. Dette er problemstillingar som ein kan finne løysingar på gjennom ei utgreiing og prosess saman med dei involverte.

Slike tiltak bør ha som målsetting å engasjere ungdom frå ulike miljø/med ulike interesser og gje dei nye møtestadar. Eit samarbeid med ulike sektorar, lag og organisasjonar er sjølvsagt. Samtidig må framtidig tilbod også fange opp behovet for sosiale medie som kommunikasjonskanal og møtestad.

I eit folkehelseperspektiv spelar ulike møtestader ei viktig rolle i arbeidet med førebygging av utanforskap. Det er viktig at ungdom får moglegheit til å delta på ulike lågterskeltilbod og rusfrie arenaer for å førebygge utanforskap. Slike tilbod kan også fungere som ein sosialiserings- og mestringsarena ved at ungdom sjølv står som med-arrangør og ved å vere open for alle; både for organisert og uorganisert ungdom.

Døme på slike tiltak kan vere ulike «pop-up-tilbod»: t.d. konsertar i samarbeid med Rokken, ungdomsfestival, ulike kurs, anti-rus-arrangement, skrivekurs, i tillegg til å halde fram med UKM-arrangement (:Ungdomens kulturmonstring) og Bandcamp. Naturlege samarbeidspartnarar er t.d. skule, barnevern, helseteneste, kulturskule, politi, Røde Kors, frivilligsentralen, biblioteket osv. Eit mogleg scenario som alternativ til eit fast opplegg, kan vere å leige lokale når det er behov for det, til dømes Rokken, Fotballhallen og kulturskulen. Leiar for ungdomsklubben er tilsett i 50% stilling, og kan evt. vere koordinator/prosessleiar for dei ulike tiltaka, engasjere og involvere ungdom i ulike målgrupper og kartlegge kva som er behovet.

Ved ei slik løysing vil målgruppa framleis vere den same som for ungdomsklubben: ungdom mellom 13 og 18 år, og ein bør søke mot å få involvert eit størst mogleg tverrsnitt av ungdomsgruppa. Ein må derfor aktivt ta kontakt med ulike miljø – ikkje berre dei som står utanfor, men også ungdom som er organisert i idrett, i musikkmiljø etc. På den måten får ein eit breiast mogleg nedslagsfelt. Det er viktig at dette blir eit tiltak for alle, uavhengig av interesser, ferdigheiter og inntekt.

Ressursbruk

Budsjettet til Volda ungdomsklubb i 2017 er på omlag 700 000 kr, ein stor del av dette er lønnsmidlar (klubbleiar i 50% stilling + klubbmedarbeidarar som arbeider 5-8 timar pr veke). Dette er basert på «gratis» lokale i samfunnshuset. Skal kommunen leige eksterne lokale, td til kr 200 000 i året, så må driftsbudsjettet plussast på med kr 200 000. I tillegg kjem ev oppussing mv.

Helse og miljøkonsekvensar:

Sett i eit førebyggjande perspektiv er det viktig å oppretthalde og utvikle rusfrie tiltak retta mot ungdom, som bidreg til å motvirke utanforskap gjennom aktivitet og arbeid og som kan knytte ulike ungdomsgrupper saman.

Gode, rusfrie samlingsstader for ungdomen vil gje også ein helse- og miljøgevinst i form av eit positivt oppvekstmiljø i kommunen.

Økonomiske konsekvensar:

Dersom ungdomsklubben skal leige nye lokalar, vil dette krevje ei auke i budsjettet til ungdomsklubben. Dette vert å vurdere i komande budsjett og økonomiplan. Dersom kommunen godtek tilbodet i Industrigata 17 vil det representere ein tilleggskostnad på kr 217.000, slik at budsjettet for ungdomsklubben vil auke frå om lag kr 700 000 til kr 917.000 kr.

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen meiner det er naturleg å gjere ein refleksjon rundt ungdomstilbodet, og om tilbodet med ein fast møtestad med eit fast opplegg er det rette tiltaket for å førebyggje mot utanforskap og inkludere sårbare grupper i fellesskapen. Dette bør sjåast i lys av utfordringane kopla til resultata frå Ungdata, ungdomane sine eigne behov og faglege erfaringar og råd. Det er ikkje tilstrekkeleg å høyre berre eit utval av ressurssterk ungdom representert ved t.d ungdomsrådet. Ein bør gjennomføre ei kartlegging der ein kjem i direkte kontakt med eit større utval ungdomsskuleelevar. Det sentrale vil vere å få kunnskap om korleis kommunen kan tilretteleggje for at dei som er i risiko kan oppleve meistring på arenaer der dei vert integrert i fellesskapen.

Rådmannen vil rå til at det vert utgreidd mandat og prosess overfor tenesteutval for oppvekst og kultur der ein kartlegg behova, tydeleggjer formålet og utgreier løysing. Dette bør gjerast innan eit tidsrom på ca 3 månader, og at ein i denne time-out perioden brukar ungdomsklubbleiaren som prosjektleiar.

Rune Sjurgard
Rådmann

Inger-Johanne Johnsen
sektorsjef kultur og service

Utskrift av endeleg vedtak:
Administrasjonen for vidare arbeid

 VOLDA KOMMUNE	
Saksnr. 14/179	--- SVK
Løpnr.	Sis INGJØH
331	27 JUN 2017
Arkivdel: EMNE2	
Klassering P:	
Klassering S:	

LEIGEKONTRAKT

1. AVTALEN SINE PARTAR

Utleigar

Industrigat AS

Adresse : Industrigata 17, 6101 Volda
 Telefon : 92 41 54 17
 E-post : dan@leikeland.no
 Org. nr. : 998 064 929

Leigetakar

Volda kommune

Adresse : 6100 Volda
 Telefon :
 E-post :
 Org. nr. :
 Leigetakar er registrert i meirverdiavgiftsmantalet.

Leigeobjektet si adresse

Industrigata 17, 6100 Volda

Kommune : 1519 Volda
 Gard nr. : 19
 Bruk nr. : 650 m.fl.

2. LEIGEOBJEKTET SITT AREAL (målt etter reglene i Norsk Standard 3940)

Samla brutto leigeareal BTA

295 m²

Alle areal er brutto BTA; for disponibelt lokale vert arealet målt til midt i skillevegg mot nabolokale, til grenselinje mot felles gangareal, utside vegg mot innvendige fellesareal og vidare til ytterveggen si utside.

./ Leigearealet går fram av teikning som ligg ved denne avtalen, jf. vedlegg nr. 1.

3. LEIGEPERIODE

Leigeavtalen gjeld frå

I leigeperioden gjeld det gjensdig oppseiingsrett med 6 mnd. varslingsfrist fom. August 2018.

4. LEIGE

4.1 Leige

Årleg leige er kr. 320.000,00 for samla brutto leigeareal BTA, jf. pkt. 2 over. Leiga vert tillagt meirverdiavgift i samsvar med til ei kvar tid gjeldande sats.

4.2 Betaling av leige

Leiga startar å løpe frå Leiga skal betalast forskotsvis kvart kvartal med forfall 1. januar, 1. april, 1. juli og 1. oktober.

4.3 Regulering av leigesummen

I leigeperioden skal avtalt leige, jf. pkt. 4.1, kvart år regulerast samsvarande med eventuell auke i Statistisk Sentralbyrå sin konsumprisindeks (KPI), første gong med verknad fra 1.1.2019 og deretter frå 1. januar i dei påfølgande år. Basisindeks KPI pr. 1.1.2018 vert lagt til grunn ved første gongs regulering. Negativ utvikling i KPI skal ikkje nyttast.

Skulle det verte innført auka meirverdiavgift eller auka og/eller nye skattesatsar og avgifter som fell på eigedomen, kan utleigar legge til leiga den del som fell på lokalet.

Dersom offentlig mynde i perioden skulle forby leigeregulering, skal utleigar straks forbodet er oppheva kunne regulere leiga opp til det nivå leiga ville hatt ved normal leigeregulering etter kontrakta.

4.4 Bankgaranti / depositum

Det vert ikkje stilt krav om bankgaranti.

5. DRIFTSKOSTNADER / FELLESKOSTNADER

Leigetakar dekker alle eigne driftskostnader knytt til bruk og drift av lokale herunder og eigen renovasjonsordning. Lokalet har ikkje eigen straummålar. Sidan forbruk er vanskeleg å stipulere kan minusmålar monterast og forbruk vil verte å fakturere i flg. avlest forbruk.

6. BRUK AV LOKALA

6.1 Bruksområde

Lokalet skal berre nyttast til klubblokale for Volda Ungdomsklubb og aktivitetar som er naturleg å knyte til den. Skifte av føremål eller forandring av verksemda i lokalet elles er ikkje tillete utan etter utleigar sitt skriftlege løyve.

Dersom leigetakar sin endra bruk av lokalet medfører auka økonomisk belastning for utleigar, pliktar leigetakar å dekke meirkostnaden inklusive kostnader, refusjonskrav på mva., renter etc.

Lokalet vert utleigd til Ungdomsklubb med den aktivitet som naturleg høyrer til. Lokalet elles må ikkje nyttast på ein slik måte at eigedomen sitt omdøme vert skadd eller slik at det fører med seg rystelsar, støy, lukt eller anna som sjenerer andre leigetakarar eller naboar.

Leigetakar er til ei kvar tid ansvarlag for at verksemda i lokalet vert driven i samsvar med gjeldande lover, forskrifter og reglar. Leigetakar må innhente eventuelle offentlege løyve og etterkome eventuelle offentlege påbod som er ein følgje av leigetakar si verksemd. Leigetakar må sjølv koste alle tiltak i samband med dette.

Leigetakar får ikkje utan utleigar sitt løyve nytte nokon del av eigedomen sitt fellesareal eller utomhusanlegg til lagring eller anna føremål.

Leigetakar plikter å følgje dei instruksar for tekniske anlegg som til eikvar tid gjeld for eigedomen, samt følgje eventuelt andre instruksar som utleigar utarbeider for drift av eigedomen.

7. INNREIING OG STANDARD

7.1 Standard på lokalet

Lokalet veret akseptert overteke som det framstår pr. d.d. Bilete og dokumentasjon elles vert å utarbeide før overtaking.

7.2 Leigetakar si innreiing og eigne arbeider

Leigetakar utfører sjølv all innreiing i lokalet ut over fastsett standard, jf. pkt. 7.1, som er nødvendig for at lokalet på forsvarleg måte skal kunne nyttast til den skisserte bruken.

8. DRIFT OG VEDLIKEHALD

Leigetakar plikter for eiga rekning å halde det innvendige vedlikehald og reinhald. Leigetakar har den fulle vedlikehaldsplikt for det leigde lokalet, herunder vindusruter, vinduspostar, vinduskarmar, innretingar som høyrer til for avløp og forsyning av vatn, gass, varme og straum til elektriske installasjonar i leigetilhøvet.

Utleigar plikter å halde eigedomen utvendig godt vedlike.

Leigetakar plikter å behandle det leigde lokalet, som eigedomen for øvrig, med nødvendig aktsemd og vert elles erstatningspliktig for all skade som skuldast han sjølv, sine tilsette eller andre som han har gjeve adgang til lokalet eller eigedomen for øvrig.

Leigetakar plikter å varsle utleigar ved e-post, SMS eller pr. telefon, om utleigar oppgjev slik, om all skade som oppstår eller som leigetakar vert merksam på. Ved manglande varsling om skade innen rimeleg tid, vil utbetring uansett årsak verte leigetakar sitt ansvar. Ved skade som krev umiddelbare tiltak fra utleigar si side vert det føresett at varsling skjer umiddelbart.

9. FELLESAREAL

9.1 Kva fellesareala omfattar

Fellesareala omfattar alle areal i og ikring anlegget som er avsett for felles bruk. Fellesareala kan utvidast, innskrenkast eller endrast av utleigar. Endring av fellesareal som medfører openbar og vesentleg skade for leigetakar, gjev rett til erstatning for dokumentert påført skade eller rett for leigetakar til å reforhandle leigekontrakta.

9.2 Reglar for bruk

Bruk av fellesareala er underlagt følgjande reglar:

- a) Felles laste- og losseareal, rødingsvegar, samt areal for intern varetransport skal haldast fri for hindringar. Leigetakar plikter snarast mogleg å fjerne varer, utstyr og materialer frå desse areala og ikkje nytte areala som lagerplass.
- b) Leigetakar har sjølv ansvar for søppel og avfallsordning og må sjølv syte for henting/transport til eigna godkjend deponi.

Reglar knytt til bruk av fellesareala kan endrast av utleigar. Leigetakar plikter å følgje dei til en kvar tid gjeldande reglar og bestemmelsar for desse areala, samt å sørgje for at desse vert følgde av tilsette, leverandørar og andre som kan knytast til leigetakar si verksemd i lokalet.

10. FRAMLEIGE

Leigetakar har ikkje rett til å framleige eller å overdra leigeretten til det leigde lokalet.

11. OVERLEVERING AV LOKALA VED LEIGETIDA SITT UTLØP

Ved leigetida sitt utløp skal lokalet leverast attende i rein- og ryddiggjort stand. Leigetakar har ikkje ansvar for verdiminke som følgjer av elde og alminneleg slitasje. Om leigetakar målar-/bygg om heile eller deler av lokalet, kan utleigar krevje at lokalet vert tilbakeført til opprinneleg farge/stand før overlevering jfr.pkt. 7.1.

Fast inventar, skiljeveggar, dører, elektriske installasjonar, VVS-utstyr, himling, belysning, golvbelegg o.a. som leigetakar har installert i lokalet, tilkjem ved leigetilhøvet sitt utløp utleigar utan vederlag så sant ikkje utleigar krev desse fjerna. Spesialutstyr som lysriggar o.l. kan demonterast etter leigetakar sine ynskjer.

12. FORCE MAJEURE

Streik, lockout, blokade eller anna som utleigar ikkje rår over, som t.d. krig, opptøyer, brann, eksplosjon eller inngripen av offentlig mynde, fritenk utleigar frå å oppfylle sine plikter i henhold til kontrakta i den grad dei ikkje kan oppfyllest uten unormalt høge kostnader.

Utleigar kan med øyeblikkeleg verknad heve leigekontrakta dersom lokalet vert øydelagt av brann eller anna hendelig hending, uansett om den skjer før eller etter leigetakar si overtaking av lokalet. Vert lokalet restaurert med ny utleige som formål skal leigetakar ha fortrinnsrett til ny leige.

Ved hendingar skissert over er Utleigar friteken frå å betale erstatning av noko slag dersom slik erstatning ikkje vert dekt av Utleigar si ordinære forsikring.

13. MISLEGHOLD

Vert leige og/eller andre avtalte tilleggsytingar ikkje betalt innan 14 dagar etter at skriftleg påkrav er sendt, vedtek leigetakar tvangsfråviking utan søksmål etter tvangsfullbyrdelseslovens § 13-2, 3. ledd, bokstav a. Påkravet etter tvangsfullbyrdelseslovens § 4-18 skal innehalde varsel om utkasting dersom frivillig fråflytting ikkje skjer, og at slik utkasting kan unngåast dersom leige / avtalt tilleggsyting, med renter og kostnader vert betalt før utkastinga skjer.

Dersom leigetakar ikkje flyttar når leigetida er ute, vedtek leigetakar utkasting i.h.t. tvangsfullbyrdelseslovens § 13-2, 3. ledd, bokstav b.

Gjer leigetakar seg skuldig i vesentleg misleghald av sine plikter etter leigekontrakta, går konkurs, opnar akkord eller vert gjenstand for annan likvidasjon, har utleigar rett til å heve kontrakta med øyeblikkeleg verknad. Leigetakar er frå hevingstidspunktet uberettiga til å foreta realisasjon av eventuelt pantsette aktiva til fordel for panthavar frå lokala utan utleigar sitt skriftlege samtykke. Panthavar kan heller ikkje for eigen rekning foreta slikt salg frå lokala eller på annan måte disponere lokala. Ved heving pliktar leigetakar å flytte frå lokala på det tidspunkt utleigar bestemmer.

Dersom leigetakar flyttar etter utkasting eller etter krav fra utleigar på grunn av vesentleg mislighald, pliktar han å betale for attståande leigetid med frådrag av det som utleigar får inn ved ny utleige.

Gjer leigetakar seg skuldig i vesentleg misleghald av kontrakta kan utleigar heve kontrakta med øyeblikkeleg verknad, og leigetakar pliktar då å flytte ut av dei leigde lokala.

14. FORSIKRING

Kvar av partane held sine interesser forsikra. Utleigar er ikkje ansvarleg for skade eller tap som måtte oppstå ved brann, vassledningsskade m.m. ut over det som vert dekt av utleigar sine forsikringar.

Leigetakar si forsikring skal i tillegg til eigne interesser dekke glasforsikring og avbrudd, samt vere slik utforma at utleigar og dei øvrige leigetakarar vert haldne skadeslause i samband med skader som oppstår i lokala eller på annan måte oppstår som følgje av leigetilhøvet. Utleigar kan kreve nærare dokumentasjon frå leigetakar vedkomande forsikringstilhøve.

15. PROSESSUELLE BESTEMMELSER OG TILHØVET TIL HUSLEIGELOVA

Partane vedtek eigedomen sitt verneting i alle tvister som gjeld leigetilhøvet. Leigetakar kan ikkje gjennomføre motrekning mot utleigar i avtalt leige, felleskostnad o.l. med mindre motkravet er skriftleg erkjent av Utleigar eller rettskraftig avgjort ved dom eller forlik. Dersom ikkje anna er bestemt i kontrakta, gjeld husleigelova sine reglar.

16. UNDERSKRIFT OG TINGLYSING

Leigeretten kan tinglysast. Avtalt leige skal ikkje gå fram av tinglysinga. Utgifter med dette skal dekkast av den av partane som krev tinglysing. Ved eventuell tinglysing skal kontrakta med eventuell tilhøyrande panteobligasjon ha prioritet etter pantegjeld / hefte som til ei kvar tid kviler på eigedomen. For øvrig er kontrakta sideordna med eventuelle andre leigekontrakter som måtte bli å tinglyste på eigedomen.

Leigetakar gir med sin signatur under utleigar fullmakt til å slette tinglyst leigekontrakt seinast ein månad etter leigetilhøvet si avslutning. Ved utleigar si oppseiing av leigetilhøvet aksepterer likeeins leigetakar med sin signatur under at eventuell tinglysing vert sletta ved utløpet av den søksmålsfristen som følgjer av husleigelova dersom adekvat søksmål då ikkje er reist. Leigetakar kan pantsette leigekontrakta (pant i leigerett med driftstilbehør). Det vert få føresett at panthavar erklærer å slette pantobligasjon(ane) når leigetilhøvet er gått ut eller rettmessig avvikla.

Denne avtalen er signert i 2 eksemplar, derav utleigar og leigetakar beheld kvart sitt.

For utleigar:

Volda, den __. __ 20__


For leigetakar:

_____, den __. __ 20__



DAN HELGE BJØRNSET

Vedlegg: 1. Planteikning datert __/__/201__





SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Inger-Johanne Johnsen	Arkivsak nr.:	2017/2250
		Arkivkode:	058

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
207/17	Formannskapet Kommunestyret	28.11.2017

VERTSKOMMUNESAMARBEID OM BIBLIOTEKTENESTER MELLOM VOLDA KOMMUNE OG HORNINDAL KOMMUNE

Administrasjonen si tilråding:

Under føresetnad av likelydande vedtak i Hornindal kommune, godkjenner Volda kommune vertskommuneavtale med Hornindal kommune om Bibliotektenesta frå 01.01.18.

Vedleggsliste:

Framlegg til avtale om vertskommunesamarbeid om bibliotektenester.

Uprenta vedlegg:

[Lov om folkebibliotek](#)
[Kommunelova](#)

Saksopplysningar/fakta:

Hornindal kommune har per i dag ikkje ei bibliotekteneste som stettar lovkrava i folkebiblioteklova (Lov av 20.desember 1985 nr. 108 om Folkebibliotek). Gjennom ein vertskommuneavtale med Volda kommune ynskjer ein å legge til rette for at lovkrava skal verte stetta. Volda folkebibliotek har tilsett 3 fagutdanna bibliotekarar, fordelt på 2.6 (frå 1.1.2018).

Hornindal kommune står utan fagutdanna biblioteksjef, sidan august har ein ikkje fagutdanna vikar vore tilsett i stillinga. Hornindal kommune er såleis i ein situasjon der ein må finne alternative løysingar. Lov om folkebibliotek stiller krav om fagutdanna kompetanse i folkebibliotek:

§5 Kompetanse

Alle kommuner skal ha fagutdannet biblioteksjef. Departementet kan dispensere fra

bestemmelsen i særskilte tilfeller og gir nærmere forskrifter om kvalifikasjonskrav.

Departementet har i det høve sagt følgjande:

Det er bred enighet om at bibliotekfaglig kompetanse i folkebibliotekene er grunnleggende for å sikre gode bibliotektenester. Personalets kompetanse er den viktigste faktoren for å kunne tilby en kvalitetsmessig, forsvarlig bibliotekteneste. Bibliotekenes virksomhet knytter seg ikke bare til driften av en enkelt biblioteksinstitusjon i snever forstand, men omfatter også utvidete og utadrettede oppgaver og funksjoner, når det gjelder skoleverket og som del at et nasjonalt nettverk. Det er viktig å se kravet til kompetanse i sammenheng med lovens formålsparagraf. [...] I en digital utvikling mot et sømløst bibliotektilbud vil det fremdeles være viktig med god kompetanse både på informasjonssøk og organisering, samt annen kompetanse i utvikling av bibliotekets digitale tenester.

Hornindal kommune har hatt dispensasjon frå kravet om fagutdanning, men ein slik dispensasjon følgjer personen, og kan ikkje leggst til grunn for den som tek over stillinga. Lova har framleis opning for at det kan søkjast ny dispensasjon, men som alternativ til dette ynskjer departementet at kommunen bør vurdere om kompetansekravet kan verte oppfylt gjennom samorganisering med andre kommunar.

I framlegg til avtale mellom Hornindal og Volda kommuner vert det lagt opp til at Volda er vertskommune for samarbeidet. I dette ligg det at biblioteksjef i Volda også vert biblioteksjef i Hornindal. Biblioteksjefen har det faglege ansvaret for det samla folkebibliotektilbodet i dei to kommunane. Biblioteksjefen er administrativt knytt til Volda kommune, under sektorområde kultur og service.

Biblioteksjefen ved Volda bibliotek har det daglege arbeidsgjevaransvaret for den/dei tilsette ved biblioteket i Hornindal kommune. Tilsette ved biblioteket i Hornindal skal vere tilsett i Volda kommune, organisert under sektorsjef for kultur og service.

Skulebibliotektenesta i dei to kommunane er ikkje omfatta av denne avtalen.

Økonomiske konsekvensar:

Hornindal kommune dekker utgiftene til drift (t.d. medieinnkjøp), personalressurs på 40% ved biblioteket samt utgifter til biblioteklokaler. I tillegg skal Hornindal kommune betale Volda kommune for bibliotekressurs etter nærmare avtale.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ikkje aktuelt

Vurdering og konklusjon:

I lys av vedtaket om at Hornindal og Volda kommunar skal slå seg saman frå 01.01.2020, finn ein det naturleg å søkje samarbeid med Hornindal kommune om bibliotektenesta allereie no.

Volda kommune har fagutdanna biblioteksjef og bibliotekarar, og gjennom ein vertskommuneavtale med heimel i Kommunelova § 28 – 1 a, vil Hornindal kunne stette lovkrava i Folkebiblioteklova, samstundes som ein får høve til å vidareutvikle bibliotektilbodet gjennom eit større fagmiljø.

Samarbeid om bibliotektenester er i dag grunnleggande for at folkebiblioteka skal kunne utvikle seg og vere aktuelle også i framtida. Biblioteka er ikkje berre ein lånesentral, men i

høg grad ein møtestad. Det vil vere viktig å behalde og vidareutvikle biblioteket som møtestad i ei tid der biblioteketer eit av få gratistilbod og med svært låg terskel for å kunne gjere seg nytte av dei tenestene som biblioteka kan tilby.

Rune Sjurgard
Rådmann

Inger-Johanne Johnsen
sektorsjef kultur og service

Utskrift av endeleg vedtak:

Hornindal kommune

Biblioteksjef i Volda kommune, Tover Aurdal Hjellnes

SAMARBEIDSAVTALE

VERTSKOMMUNESAMARBEID OM BIBLIOTEKTENESTER MELLOM VOLDA KOMMUNE OG HORNINDAL KOMMUNE

1. Føremål og rettsleg grunnlag

Målet med denne samarbeidsavtalen er å sikre at Hornindal kommune stettar krav om fagutdanna biblioteksjef etter lov 20. desember 1985 nr. 108 om folkebibliotek (heretter folkebiblioteklova) § 5.

Det er ei målsetjing å vidareutvikle bibliotektenestene i Hornindal og Volda kommunar, gjennom eit tettare samarbeid. Det skal i det vidare gjerast klart kva som vert kravd ved felles organisering av bibliotekdrifta i framtida, innanfor rammene av ein ny kommunestruktur.

I løpet av avtaleperioden skal ein arbeide for ei vidareutvikling av tenestetilbodet i dei to kommunane, basert på eit tettare og meir forpliktande samarbeid. Fokuset skal vere retta inn mot korleis bibliotektenestene kan verte styrka gjennom fagleg samarbeid og effektiv ressursutnytting. .

Samarbeidsavtalen er inngått med heimel i lov 25. september 1992 nr. 107 om kommuner og fylkeskommuner (heretter kommuneloven) § 28-1 a. Samarbeidet er eit administrativt vertskommunesamarbeid etter kommuneloven § 28-1 b.

2. Organisering

Volda kommune er vertskommune. Hornindal kommune er samarbeidskommune. Hornindal bibliotek vert vidareført som eiga bibliotekeining i avtaleperioden.

Biblioteksjef i Volda kommune er også biblioteksjef ved Hornindal bibliotek. Biblioteksjefen har det faglege ansvaret for det samla folkebibliotektilbodet i dei to kommunane.

Biblioteksjefen er administrativt knytt til Volda kommune, under sektorområde kultur og service.

Biblioteksjefen ved Volda bibliotek har det daglege arbeidsgjevaransvaret for dei tilsette ved biblioteket i Hornindal kommune. Tilsette ved biblioteket i Hornindal skal vere tilsett i Volda kommune, organisert under sektorsjef for kultur og service.

Skulebibliotektenesta i dei to kommunane er ikkje omfatta av denne avtalen.

3. Avgjereslemynde – delegasjon

Mynde vert delegert til rådmannen i vertskommunen i samsvar med bestemmelsane i kommuneloven §§ 28-1 a og 28-1 b.

Rådmannen i Volda kommune får delegert mynde innanfor dei gjevne økonomiske rammene frå Hornindal kommune, til å utføre kommunale oppgåver innanfor området

bibliotekteneste.

Delegasjonen gjeld ikkje i saker som er av prinsipiell betydning. Kva som er av prinsipiell betydning vert fastsett mellom anna ut frå bestemmelsen sin karakter og konsekvensar, herunder om den har økonomisk konsekvens for samarbeidskommunen. Dersom det oppstår saker i vertskommunen som etter ei konkret vurdering må sjåast å vere av prinsipiell betydning, skal saka tilbake til samarbeidskommunen for førebuing og handsaming. Kvar av kommunane vert gjeve rett til å krevje at ei avgjersle skal handsamast som prinsipiell, med den følgje at vedtak må tgjerast av kommunestyrene i begge kommunane.

4. Informasjon til samarbeidskommunen

Samarbeidet skal vere forankra administrativt gjennom regelmessige møter mellom biblioteksjef i Volda og rådmann i Hornindal. Biblioteksjefen skal rapportere om drifta til rådmann i Hornindal. Samarbeidet bør i det vidare verte forankra i Bibliotekplan for nye Volda. Samarbeidskommunen kan til ei kvar tid krevje innsyn i vertskommunen si verksemd på dei område som kjem inn under samarbeidsavtalen. Vertskommunen skal uoppfordra orientere samarbeidskommunen om eventuelle klager, tilsyn, revisjonar mv.

5. Økonomi

Hornindal kommune kjøper bibliotektenester av Volda bibliotek, i form av biblioteksjefressurs. Biblioteksjefressursen skal ivareta at Hornindal kommune stettar kravet til fagutdanna biblioteksjef etter folkebibliotekloven § 5, samt dekkje fagressursar knytt til utgreiing av eit tettare biblioteksamarbeid mellom dei to kommunane på sikt.

For biblioteksjefressurs betalar Hornindal kommune i samsvar med nærare avtale med Volda kommune.

Øvrig driftsutgifter for Hornindal bibliotek vert dekt av Hornindal kommune. Dette omfattar mellom anna mediekjøp og personalressurs i 40 % ved biblioteket, samt utgifter til biblioteklokale.

6. Endring av avtalen

Kvar av kommunane kan krevje samarbeidsavtalen reforhandla i avtaleperioden, dersom det oppstår forhold partane ikkje var klar over ved avtaleinngåing eller kommunene sin situasjon har endra seg.

Endringar i denne avtalen kan berre gjerast skriftleg og etter likelydande vedtak i begge kommunene sine kommunestyre jf. kommuneloven § 28-1 e nr. 1.

7. Uttreden og avvikling av samarbeidet

Avtalen trer i kraft 1. januar 2018. Avtalen går fram til 1. januar 2020, tidspunkt for samanslåing av Volda og Hornindal kommunar.

Dersom begge parter er samde om det, kan samarbeidet verte oppløyst med øyeblikkeleg verknad, jf. kommunelova § 28-1 i nr. 1.

8. Mislighald

Dersom samarbeidskommunen vesentleg mislegheld sine pliktar etter avtalen, kan vertskommunen krevje samarbeidet oppløyst.

Dersom vertskommunen vesentleg mislegheld sine pliktar etter avtalen, kan

samarbeidskommunen krevje samarbeidet oppløyst.

9. Tvisteløysing

Dersom det oppstår tvist mellom kommunane om tolking eller rettsverknad av denne avtalen, skal tvisten fyst søkjast løyst ved forhandlingar. Dersom forhandlingane ikkje fører fram innan 2 – to – månadar, kan kvar av partane krevje tvisten avgjort med endeleg verknad ved dei ordinære domstolene. Vernetting i slike saker skal vere Sunnmøre tingrett.

10. Ikrafttreding/iverksettjing

Denne avtale trer i kraft 1. januar 2018. Avtalen er berre gyldig gjennom vedtak av kommunestyra i begge kommunane , jf. kommuneloven § 28-1 e nr. 1.

Vertskommunen pliktar å orientere Fylkesmannen i Møre og Romsdal så snart vertskommunesamarbeidet er etablert. Vertskommunen skal sende kopi av denne samarbeidsavtalen til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Lars Fjærvold

Arkivsak nr.: 2017/2268

Arkivkode: M00

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
208/17	Formannskapet	28.11.2017
	Kommunestyret	14.12.2017

GEBYR FOR FEIING, VATN OG KLOAKK 2018

Administrasjonen si tilråding:

1. Gebyr for vatn vert vidareført med satsar frå 2017.
2. Gebyr for avløp vert auka med 2,5% i abonnementsgebyr og 2,5% i forbruksgebyr, i høve satsane i 2017.
3. Tilleggsgebyr for avlesing av vassmålar, dersom kommunen må på staden og lese av målar, vert vidareført med sats frå 2017.
4. Målarleige for vassmålar vert vidareført med satsar frå 2017.
5. Satsane for eingongsgebyr for tilknytning til kommunalt vatn og avløp er uendra utover satsane for 2017.
6. Kommunalt vatn- og avlaup skal driftast etter sjølvkostprinsippet.
7. Gebyr for feiing vert vedteke etter gjeldande satsar i vedlegg «Gebyrregulativ feiing og bustadtilsyn 2018»

Vedleggsliste:

1. Gebyrregulativ for vatn og avløp 2018
2. Gebyrregulativ feiing og bustadtilsyn 2018

Saksopplysningar/fakta:

Vedlagt fyljer nytt framlegg til satsar for årsgebyr for vatn, avløp og feiing for 2018.

Volda kommune har fått fleir abonnentar knytt til det kommunale vatn og avløpsnettet. Ca. 10% fleire abonnentar på vatn og avløp utan store meirkostandar knytt til drift og vedlikehald av leidningsnettet gjorde at inntektene vart høgre enn estimer i 2016. Noko tilsvarende vil ein også kunne rekne med for 2018. Før alle rentekostnader og lønnskostandar er fordelt ligg

vatn an til å auke driftsfondet til 2,7 mill. NOK, medan avløpsfondet aukar til 1,5 mill. NOK. Dette er ei auke på ca. 1,5 og 1,35 mill. NOK frå 01.01.2017.

Fondsutvikling vatn og avløp.

Dato:	01.01.2016	01.01.2017	Estimert 01.01.2018
Fond vatn	Kr. 645.000,-	Kr. 1.300.000,-	Kr. 2.700.000,-
Fond avløp	Kr. 3.800.000,-	Kr. 150.000,-	Kr. 1.500.000,-

Då abonnementsinntektane for vatn i 2017 ligg an til å komme på ca. 11,5 mill. NOK og på avløp 6,2 mill. NOK ser administrasjonen det som driftsfonda auka noko frå 2016 til 2017, etter nokre år med nedskrivingar av fonda. I hovudplan vatn og avløp ligg det inne store investeringssummar som gjør at driftsutgiftene på vatn og avløp vil kunne auke med 6 mill. NOK per år på vatn og 8 mill. NOK på avløp. Dagens utgiftsnivå er henholdsvis 10 mill. NOK og 5 mill. NOK. Noko av den auka driftsutgifta vil naturleg dekkast inn med auka tal på abonnentar. Håmyra, Urbakkfoten og K10 er felt som vil bidra positivt i talet på abonnentar. Avløpsgebyret er gebyret som må aukast mest dei kommande åra, då det i dag både er lavast og dei største investeringane vil komme på avløpssida. Ei opptrapping av avløpsgebyret vil dermed vere realistisk med tanke på investeringsbehovet dei kommande åra.

Ein må også ta stilling til kor store dei bunde vatn og avløpsfonda skal være i 2020 når kommunen slår seg saman med Hornindal kommune og korleis ein skal fordele gebyrkostandane då.

Det er per 21.11.2017 har Volda kommune følgjande tal på abonnentar på vatn og avløp:

Abonnement:	Stk. 2016	Stk. 2017
Vatn bustad	2615	2872
Vatn næring	321	328
Vatn fritidseigedom	62	63
Avløp bustad	2501	2740
Avløp næring	296	304
Avløp fritidseigedom	4	5

Prisutvikling på vatn- og avløpsgebyr for ei gjennomsnittleg bustad på 120m² har våre som vist i tabellen under:

År	2015	2016	2017	2018
Samla gebyr vatn	Kr. 2.362,-	Kr. 2.884,-	Kr. 3.028,-	Kr. 3.028,-
Samla gebyr avløp	Kr. 1.391,-	Kr. 1.400,-	Kr. 1.470,-	Kr. 1.497,-

Prisar er oppgjevne eks. moms. I 2015 og 2016 vart det berre krevje inn halvparten av den oppgjevne summen for å redusere driftsfondet som hadde bygd seg opp over tid.

Satsane for tilknytning til kommunalt vatn og avløp vert uendra då ein ser det som positivt at nye og eksisterande bustadar knytt seg til det kommunale vatn og avløpssystemet. Avlesingsgebyr for vassmålars dersom kommunen må på staden og lese av målar vert tilrådd vidareført. Dette vert brukt i dei tilfelle der kommunen over fleire år ikkje motteke avlesingskort og difor har stipulert forbruket på eigedomen. For at det skal bli rett gebyr, utfører kommunen sjølv avlesinga av målar i slike høve. Satsane frå 2017 vert ikkje auka, då kommunen sjølv ved innføring av elektronisk avlesing av vassmålars per SMS sparar administrasjonskostnadar samanlikna med 2017.

Satsane for leige av vassmålar vert vidareført med satsar frå 2017 då ein på sikt ynskjer at alle skal ha vassmålar. Det vil dermed vere hensiktsmessig å ha denne leiga så log som mogleg.

Feiing og bustadtilsyn

Det er ikkje auka avgift for feiing i høve satsane i 2017.

Årsaka til at avgifta ikkje er auka er at vi vil bruke av, og redusere driftsfondet som pr. 01.01.2017 var på kr 1.000.000,-

Vurdering og konklusjon:

Årsgebyr for vatn vert uendra i høve satsane i 2017, då ein truleg vil få fleire abonnentar som vil bidrege til eit noko auka driftsfond på vatn.

Årsgebyret for avløp vert auka med 2,5% for abonnementsgebyr og forbruksgebyr i høve satsane i 2017. Dette då gebyret må aukast for å dekke inn framtidige driftsutgifter og auka tal på abonnentar ikkje er tilstrekkeleg.

Gebyr for feiing og bustadtilsyn vert vedteke som i vedlegg «Gebyrregulativ for feiing og bustadtilsyn 2018»

Rune Sjurgard
Rådmann

Rune Totland
teknisk sjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Klageinstans:



Volda, 22.11.2017

Gebyrregulativ vatn og avløp 2018

Gebyrutrekning er basert på Lov om kommunale vass- og kloakkavgifter av 31.05.1974 og nasjonale/ kommunale forskrifter om vass- og avlaupsgebyr.

Alle prisar skal leggst til 25% mva.

1. Årsgebyr

1.1 Abonnementsgebyr

Kommunen sine totale årsinntekter frå abonnementsgebyra skal dekke fylgjande del av kommunen sine samla kostnader for høvesvis vass- eller avlaupstenestene.

Alle abonnentar i same kategori betalar likt abonnementsgebyr. Abonnementsgebyret vert fastsett med ein sum pr. år for fylgjande kategoriar:

Abonnementsgebyr	Vatn	Avlaup
Hytte/ fritidsbustad	Kr. 752,00 pr. år	Kr. 397,00 pr. år
Bustad	Kr. 1317,50 pr. år	Kr. 699,50 pr. år
Næringseigedom	Kr. 1883,00 pr. år	Kr. 1186,00 pr. år

1.2 Forbruksgebyr

Forbruksgebyret vert utrekna på grunnlag av målt eller stipulert forbruk, begge basert på einingspris nedanfor:

Einingspris

Einingspris for vatn	Einingspris for avlaup
Kr. 10,75 pr. m3	Kr. 6,65 ,- pr. m3

Målt forbruk

Forbruksgebyret vert basert på faktisk vassforbruk (vassmålar) og pris pr. m3. Avlaupsmengda vert rekna lik brukt vassmengde. Unntak frå dette må dokumenterast av abonnenten.

Forbruksgebyr ved bruk av vassmålar:

- Vatn: Einingspris (kr/m3) x målt forbruk(m3).
- Avlaup: Einingspris (kr/m3) x Målt forbruk(m3)

Stipulert forbruk

Forbruksgebyret vert utrekna etter stipulert forbruk og pris pr. m3.

Stipulert forbruk (m3) vert utrekna slik:

Bruksareal BRA x spesifikt forbruk (m3/m2) der:

- Arealet vert utrekna etter bruksareal BRA (m2) etter NS 3940
- Spesifikt forbruk er fastsett til 0,9 m3/m2

Forbruksgebyr; *bustadar*:

- Vatn: Einingspris (kr/m3) x stipulert forbruk (m3)
- Avlaup: Einingspris (kr/m3) x stipulert forbruk (m3)

Forbruksgebyr; *hytter/ fritidshus*:

- Vatn: Einingspris (kr/m3) x stipulert forbruk (m3) x venta brukstid
- Avlaup: Einingspris (kr/m3) x Stipulert forbruk (m3) x venta brukstid

1) Venta brukstid vert sett som andel av året etter fylgjande modell:

- Utleiehytter: venta brukstid = 6 mnd. (50% av året) dvs. faktor 0,5
- Andre hytter/ fritidshus: Venta brukstid = 6 mnd (50% av året) dvs. faktor 0,5

2. Eingongsgebyr for tilknytning

Eingongsgebyr skal betalast ved tilknytning til offentleg vass- og eller avlaupsnett

	Vatn	Avlaup
Eingongsgebyr for tilknytning av hytte/ fritidshus, einingar/ seksjonar og bustad	50 kr/ m2 BRA	100,00 kr/m2 BRA
Eingongsgebyr for tilknytning av næringseigedom	Kr. 25.000	Kr. 40.000

3. Årleg vassmålarleige

Kommunen eig vassmålar for bustad, gardsbruk i drift, næringsbygg, hytte/ fritidsbustader. Desse abonnentane betalar alle kostnader knytt til installering av målar. Vedlikehald av målar m.m. vert dekkja av vassverket. Det skal betalast ein årleg leige for å dekke desse kostnadane, som varierer med målar sin storleik etter fylgjande modell:

- 1/2", 3/4" og 1" : kr. **289,00** pr. år
- 1 1/4", 1 1/2" : kr. **495,50** pr. år
- 2" : kr. **1164,50** pr. år
- 3" og 4" : kr. **1575,00** pr. år
- 6" : kr. **1849,00** pr. år

Målarleige forfell til betaling på 1. termin.

Andre abonnentar kjøper og kostar sjølv sin(e) vassmålar(ar), som skal installerast og vedlikehaldast etter kommunen sin tilvising.

4. Tilleggsgebyr

Avlesingsgebyr for vassmålar kr. 640,- dersom kommunen må lese av.

5. Midlertidig bruk av vatn og avlaup

Eigar/ festar av eigedom som midlertidig vert knytt til kommunen sitt vatn og avlaupsanlegg skal betale abonnementsgebyr og forbruksgebyr etter gjeldande reglar for næringsverksemd, sjå pkt. 1.1 og 1.2.



VOLDA KOMMUNE
BRANNAVDELINGA

Volda, 22.11.2017

Gebyrregulativ feiing og bustadtilsyn 2018

Med heimel i brann og eksplosjonsvernlova §28, 2.ledd vert det kravd gebyr for feiing og tilsyn av bustadhus i Volda kommune. Frekvens på feiing og tilsyn skal vere behovsprøvd.

		Eks mva	inkl. mva
1. Feiing og tilsyn av bustadhus	1 pipeløp	kr. 423,-	528,75
	2 pipeløp	kr. 565,-	706,25
	3 pipeløp	kr. 695,-	868,75

Same avgifta nyttast for fritidsbustadar som har feiing og tilsyn. Frekvens på feiing og tilsyn skal vere behovsprøvd.

		Eks.mva	inkl.mva
2. Fabrikkpipe:	pr. time	kr. 882,-	1102,50
3. Timesats:	pr.time	Eks.mva kr. 835,-	inkl.mva 1043,75

Timesats nyttast ved arbeid utanom lovpålagt feiing og tilsyn.

Til dømes kontroll av piper etter pipebrann, fresing av beksot, ekstra feiing og andre ting som ikkje er dekkja av den ordinære feieavgifta.



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Per Ivar Kongsvik

Arkivsak nr.: 2017/2045

Arkivkode: 231

Utvalsaksnr

Utval

Møtedato

209/17

Formannskapet

28.11.2017

Kommunestyret

BETALINGSSATSAR I SFO, KULTURSKULEN OG BARNEHAGAR 2018

Administrasjonen si tilråding:

1. Skulefritidsordningane

Betalingssatsar for skulefritidsordningane frå 01.08.2018:

<i>Sentrum: pr månad i 11 månader</i>	<i>: 1-3 dagar pr. veke</i>	<i>: kr 1 775,-</i>
	<i>: 4 dagar pr. veke</i>	<i>: kr 2 2315,-</i>
	<i>: 5 dagar pr. veke</i>	<i>: kr 2 856,-</i>

<i>Matpengar pr månad</i>	<i>: 1-3 dagar pr. veke</i>	<i>: kr 111,-</i>
	<i>: 4 dagar pr. veke</i>	<i>: kr 163,-</i>
	<i>: 5 dagar pr. veke</i>	<i>: kr 205,-</i>

Dei andre krinsane: pr månad i 10 månader: 16 timar pr veke : kr 2 122,-

I skulefritidsordningar med avvikande opningstid vert betalinga utrekna i høve til prisen for 16 timars opningstid.

Enkelttimesatsen for alle skulefritidsordningane vert sett til kr 130,-.

For alle ordningane vert det gitt same syskenrabatt som i barnehagane.

Barn nr 2: 30%. Barn nr 3: 50%

Det vert ikkje gitt syskenrabatt mellom barnehage og SFO.

2. Volda kulturskule

Betalingssatsar for Volda kulturskule frå 01.08.2018:

Pr semester for undervisning individuelt og i smågrupper: kr 1836,-

Pr semester for instrumentleige : kr 265,-

Pr semester for materiell i kunstskenen : kr 265,-

Det vert gitt 25 % syskenmoderasjon for elev nr 2 og fleire.

Det vert gitt 25 % moderasjon for instrument nr 2 og fleire for elevar som er påmeldt fleire instrument/diplinar.

3. Barnehagane

Betalingssatsar for Mork, Engeset, Oppigarden, Sollia og Austefjord barnehagar frå 01.01.2018 (med atterhald om at framlegg til statsbudsjett vert vedteke i Stortinget):

Pr. månad i 11 månader : 100 % plass – 5 dagar pr. veke : kr 2 910,-

Matpengar pr. månad i 11 månader : 100 % plass – 5 dagar pr. veke: kr 360,-

Betalingssatsar for Folkestad og Lauvstad barnehagar frå 01.01.2018 (med atterhald om at framlegg til statsbudsjett vert vedteke i Stortinget):

Pr. månad i 11 månader : 100 % plass – 5 dagar pr. veke : kr 2 910,-

Pr. månad i 11 månader : 80 % plass – 4 dagar pr. veke : kr 2 715,-

Matpengar pr. månad i 11 månader : 100 % plass – 5 dagar pr. veke: kr 360,-

Matpengar pr. månad i 11 månader : 80 % plass – 4 dagar pr. veke: kr 290,-

Syskerabatt for barn nr. 2: 30 % og for barn nr. 3: 50 %

Syskenrabatt gjeld for barnehageplass innanfor kommunen, og gjeld barnehageplass i både kommunal- og privat barnehage.

Saksopplysningar/fakta:

Skulefritidsordning

Jfr. opplæringslova § 13-7, skal kommunen ha eit tilbod om skulefritidsordning før og etter skuletid for 1. – 4. årsteg og for born med særskilde behov på 1. – 7. årsteg. I lova heiter det at kommunen kan krevje utgiftene dekte gjennom eigenbetaling frå foreldra.

Volda kommune har gode skulefritidsordningar, og kommunen tilbyr tenesta ved alle barneskulane. Volda kommune har også differensierte tilbod dei føresette kan velje mellom, noko som også er kostnadsdrivande. Dette i sum gjer at det er langt frå at foreldrebetalinga dekker kommunen sine utgifter til drift av ordningane.

Ei samanlikning av netto driftsutgifter i 2016 til skulefritidstilbod mellom kommunane på Søre-Sunnmøre og kostragruppe 11 viser følgjande:

Volda	8738
Vanylven	4842
Ulstein	3231
Herøy	2675
Sande	5270
Hareid	2284
Kostragr 11	4322

Samanlikna med dei andre kommunane har Volda kommune høge netto driftsutgifter. Som tiltak for å redusere driftsutgiftene vart foreldrebetalinga auka med 15 % med verknad frå 01.08.2017. Verknadene av dette tiltaket kjem ikkje til syne i Kostratala for 2016, og ein må forvente at Volda kommune sine driftsutgifter vert redusert i tida som kjem.

Ei samanlikning av satsen for foreldrebetaling pr 01.08.2017 mellom nokre av dei same kommunane viser:

Volda	2800
Ulstein	2700
Herøy	2500
Hareid	2730

Som tabellen viser, ligg Volda kommune no i øvre sjikt når det gjeld foreldrebetalinga. Administrasjonen rår til at satsen difor ikkje vert auka meir enn ein berekna løns- og prisvekst på 2 %.

Administrasjonen rår vidare til å halde satsen for matpengar uendra.

Kulturskulen

Musikk- og kulturskuletilbod er heimla i opplæringslova § 13-6 der det heiter at alle kommunar åleine eller i samarbeid med andre kommunar skal ha eit musikk- og kulturskuletilbod til barn og unge. Ein føreset at tilbodet delvis vert finansiert gjennom foreldrebetaling. I 2017 fann ein det naudsynt å auke elevkontingenten til kr. 3 600,- per år.

Satsen for foreldrebetaling ligg noko over satsen i andre kommunar på Søre-Sunnmøre. Herøy og Ørsta tek kr 3400,- for ein elevplass, medan Hareid oppgir at ein elevplass kostar kr 3170,-. Det er før desse kommunane har fastsett ny sats for 2018.

Administrasjonen ser det som viktig at kulturskulen skal vere tilgjengeleg for alle barn i kommunen. Høge avgifter kan vere med på å støyte elevar vekk. Sjølv om Volda kommune no ligg over nokre andre omliggande kommunar, rår administrasjonen til at elevbetalinga vert auka for å halde tritt med løns- og prisveksten.

Barnehagane

Regjeringa foreslår ei reell auke i maksimalprisen for ein barnehageplass med kr 110,- per månad. Maksimalpris for ein heiltidsplass blir då kr 2 910 per månad / kr 32 010 per år.

Maksimalgrensa vert fastsett i Stortinget sitt årlege budsjettvedtak. Volda kommune krev foreldrebetaling i barnehage tilsvarende maksimal pris på nasjonalt nivå.

Foreldrebetaling vert fastsett i tråd med *Forskrift om foreldrebetaling i barnehager*.

Det står i §1 i *Merknad til Forskrift om foreldrebetaling i barnehager*, at foreldrebetaling for eit deltidstilbod skal settast lågare enn foreldrebetaling for eit heildagstilbod. Deltidstilbod er avtalt opphaldstid under 41 timer per veke. Barnehageeigar står fritt til å bestemme kor mykje lågare prisen for eit deltidstilbod skal vere.

Administrasjonen rår til at matpengane vert uendra.

Syskenrabatt

Kommunen skal syte for at føresette med meir enn eitt barn i barnehage, får reduksjon i foreldrebetalinga. Dette gjeld for barnehageplass innanfor kommunen, og gjeld barnehageplass i både kommunal og privat barnehage. Syskenrabatt omfattar sysken som bur fast saman.

Det vert gitt 30 % syskenrabatt for barn nr 2 og 50 % syskenrabatt for barn nr 3 og fleire.

Reduksjon i foreldrebetaling

Ordninga med 20 t gratis tid i barnehage for alle 3-, 4- og 5-åringar frå familiar med låg inntekt blir vidareført. Frå 1. august 2017 er inntektsgrensa sett til kr 450 000.

Ordninga med rimelegare barnehageplass for familiar med låg inntekt vert også vidareført. Denne ordninga inneber at ingen familiar betalar meir enn 6 % av samla inntekt for ein barnehageplass. I 2018 vil hushaldningar med inntekt under kr 533 500 etter søknad ha rett til redusert foreldrebetaling.

Økonomiske konsekvensar:

Dei føreslegne aukene i foreldrebetaling skal ta høgde for ein forventet løns- og prisvekst, og slik sikre balanse mellom auka utgifter og inntekter.

Vurdering og konklusjon:

Auken i foreldrebetalinga i skulefritidsordninga med verknad frå 01.08.2017 skal føre drifta nærare økonomisk balanse. Volda kommune har ei desentralisert skulefritidsordning som er fleksibel for brukarane. Dette gjer at ordninga er kostnadskrevjande, og det har vore naudsynt å auke inntektene for å kome nærare balanse i drifta. Samstundes ser ein det som viktig at prisen for tilbodet ikkje hindrar born i å få vere ein del av ein viktig lek- og læringsarena.

Med verknad frå 01.08.2018, rår administrasjonen at foreldrebetalinga i skulefritidsordninga ikkje vert auka meir enn ein forventet løns- og prisvekt på 2 %.

Matpengane i skulefritidsordninga vert rådd til å vere uendra i 2018.

I tidsromet 2013 til 2016 vart elevkontingenten i Kulturskulen halde uendra. Med verknad frå 01.08.2016 vart kontingenten auka. Volda kommune er mellom dei kommuna på Søre-Sunnmøre som har høgast elevkontingent, og for 2018 vert det rådd til at prisen berre vert justert for ein forventa løns- og prisvekst på 2 %.

Administrasjonen rår til at det vert kravd foreldrebetalinga i barnehage tilsvarande maksimal pris på nasjonalt nivå.

Rune Sjurgard
rådmann

Per Ivar Kongsvik
oppvekstsjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Opplæring og oppvekst
Kommunale barnehagar
Private barnehagar
Skular med skulefritidsordning
Økonomisjefen

Klageinstans:

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Svein Berg-Rusten

Arkivsak nr.: 2014/2184

Arkivkode: 205

Utvalsaksnr

Utval

Møtedato

210/17

Formannskapet

28.11.2017

Kommunestyret

ENDRING AV BETALINGSSATSAR FOR HELSE- OG OMSORGSTENESTER

Administrasjonen si tilråding:

Eigenbetaling for kommunale omsorgstenester for 2018 vert slik:

Praktisk bistand, herunder også brukarstyrt personleg assistanse:

G= 93.634,-	Inntektsgrunnlag	2017	2018, pr. mnd
<2G	Inntekt<187.268,-	200,-	205,-*
2 – 3G	187.269,- - 280.902,-	1.200,-	1.240,-**
3 – 4G	280.902,- - 374.536,-	1.500,-	1.550,-**
4 – 5G	374.536,- - 468.170,-	1.800,-	1.850,-**
>5G	468.171,->	2.100,-	2.160,-**
Timesats for enkelttimar, sjølvkostbeløp		357,-	370,-**

Sal av mat:

	Kommentar	2017	2018
Sal av middag på institusjon og bufellesskap		90	90**
Sal av frukost i inst. og bufellesskap		50	50**
Sal av kveldsmat i inst. og bufellesskap		50	50**
Varm mat levert i privat heim		100	100**
Kald mat levert i privat heim		85	85
Fullkost pr. døgn		190	170**
Fullkost pr. mnd.		4.900	5.100,-**

Tenester:

	Kommentar	2017	2018
Korttidsopphald på institusjon	Statleg fastsett døgnpris	155	160*
Dagopphald på institusjon	Statleg fastsett	80	80*
Nattopphald på institusjon	Statleg fastsett	80	80*
Tryggleiksalarm pr. mnd.	Lik pris i sjustjerna	320	330**
Alarmknapp i bufellesskap	Pr. mnd.	150	200**
Leige av bodareal pr. mnd.	Inkl. i husleige for dei i bufellesskap	340	350
Overnatting for pårørande	Legeloftet, Fjordsyn, døgnleige utan kost	280	300
Leige av treningssal	Eksterne personar/grupper, pr. time	250	250
Leige av bibliotek ved kaffistova	Avstengt til lukka arrangement	500	500
	Til konfirmasjonar	1.300	1.350

Leige av kafeteria(kaffistova)		1.380	1.440
Dagsenteret	Kveld og helg, inntil 3. timar	620	620
	Konfirmasjonar mm	1.380	1.440

Dagsenteret for eldre på omsorgssenteret:

		2017	2018
Tilbod på dagsenteret,(tilbodet inkluderer ***)	Kostnad pr. dag	237	160
Dagtilbod utan middag		62	65
*** Transport, aktivisering og middag			

Kurdøgnpris:

Utrekna etter statlege føringar		2017	2018
Kurdøgnpris, kommunal kostnad pr. seng pr. natt	Ikkje betalingssats	2.429,-	2.676,-

Hamna dagsenter:

Kva	Pris	Lengd
Ein skuletime, bruk av sanserom inkl. berøringsterapeut.	600,-	45 min
Matpengar, lunsj og kaffe mm.	500,-	1 mnd

*Alle satsar merka med ei stjerne vert fastsett i sentral forskrift, summane er ikkje sentralt vedtekne endå, men desse summane er føreslegne.

** Satsane merka med to stjerner er prissett gjennom samarbeid med sjustjernekommunane. Endringane for alle nye satsar er gjeldande frå 01.01.2018.

Vedleggsliste:

Uprenta saksvedlegg:

<http://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2011-12-16-1349>

Rundskriv I-1/2017 om endring av fribeløp og egenandeler for kommunale helse- og omsorgstenester

Samandrag av saka:

Lover og forskrifter regulerer mykje av det kommunen kan ta betalt for når det gjeld helse- og omsorgstenester. Kommunane i sjustjerna Søre Sunnmøre har for andre år samarbeidd om utarbeiding av prisnivå for mange av tenestene innanfor helse- og omsorg. Endringane frå 2017 til 2018 skil seg stort sett på generell prisauke med nokre unntak. Samarbeidet mellom kommunane har medfører litt endringar, mellom anna på fullkostpris og dagsenterpris. Eit viktig moment for prissamarbeid mellom kommunane, er elektronisk fakturering gjennom Geric. Når prisane er like, kan desse lett hentast fram elektronisk når tenestene skal fakturerast. Kvar kommune får brukt merkantile ressursar meir effektivt på denne måten.

Saksopplysningar:

Betaling for langtidsopphald på institusjon vert regulert i ”forskrift om egenandel for kommunale helse- og omsorgstenester”. Bebuarane betaler etter inntekt med ulike fråtrekksrettar. Dette er heilt regelstyrt og har såleis ikkje relevans i denne saka. Inntekta til den einskilde styrer også kva ein må betale for praktisk bistand, folkeleg kalla ”heimhjelp”. Sentral forskrift regulerer satsen for inntekter opp til 2G, som no er kr. 187.268,-. For inntekter over 2G står kommunane meir fritt til prisfastsetjing. I årets framlegg er forslaget frå kommunesamarbeidet lagt til grunn. Den sentrale forskrifta som fastsetter 2018- satsane, er ikkje vedteken endå, men framlegg til nye satsar er gjort kjend. I framlegg til vedtak er desse tala brukt. Tidlegare år er desse tala først blitt kjende når ny forskrift har blitt sendt ut på nyåret. Her er satsar frå nokre kommunar slik dei var i 2017.

	Abonnement og timesats for praktisk bistand pr. mnd.					
	<2G	2-3G	3-4G	4-5G	>5G	Timesats
Volda 2017	200	1200	1500	1800	2100	357
Ørsta 2017	200	970	1260	1675	2255	305
Ulstein 2017	200	1200	1500	1800	2100	360
Hareid 2017	200	1200	1500	1800	2100	360
Vanylven 2017	200	1200	1500	1800	2100	360
Herøy 2017	200	1400	1750	2100	2450	360
Sande 2017	200	1200	1500	1800	2100	360

Tryggleiksalarm, abonnementskostnad pr. mnd. i 2017

	Volda	Ørsta	Herøy	Ulstein	Sande	Hareid	Vanylven
Mot alarmsentral	320	380	320	320	320	320	320
I bufellesskap	150	160					

Det er skilnad på det forskrift kallar ”dagopphald på institusjon” og det som er dagsenteret for eldre. Dagsenteret for eldre legg vinn på å gi eit fagleg godt tilbod med aktivisering, trening, kulturelle opplevingar, turar, matlaging og mykje meir. Det er sterkt fokus på førebyggjande helsearbeid ved å legge til rette for at folk kan bu heime så lenge som råd. ”Dagopphald på institusjon” er lite brukt hjå oss, men då blir tilbodet gitt i institusjonsavdeling og innhaldet skil seg frå det dagsenteret kan gi. Dette er forklaring på kvifor det er forskjell på statleg fastsett sats for institusjonsopphald og våre dagsenterprisar.

Hamna dagsenter har bygd opp fleire sanse- og kompetanse på berøring. For mange er bruk av desse romma viktige stimuli for ei positiv utvikling. Prisane gjeld for dei som ikkje er tildelt plass på Hamna dagsenter, men treng berøringsterapeut frå Hamna dagsenter for å nytte seg av tilbodet.

Forslaget om å senke kostnad ved å nytte dagsenteret for eldre vert gjort for å sjå om fleire då vil nytte seg av det. Det er viktig at heimebuande nyttar dette, det er eit viktig supplement i strategien med å la folk bu heime så lenge som råd. Her får ein både sosial, fysisk og mental stimulering, alt tilrettelagt for den einskilde.

Helse og miljøkonsekvensar:

Ikkje vurdert

Økonomiske konsekvensar:

Ikkje konkret utrekna då statlege satsar ikkje vedtekne før ny forskrift er vedtatt sentralt. Litt usikker på kva utslaget med å senke pris på dagtilbodet vil medføre. Ein kan likevel grovt kalkulere samla inntektsauke på ca. 60.000,- om desse endringane vert ståande.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ikkje vurdert

Vurdering og konklusjon:

Dei ulike betalingssatsane for omsorgstenester blir endra årleg. Dei fleste endringane vert justerte på grunn av generell prisauke. Prissamarbeidet kommunane imellom på mange av desse tenestene er fornuftig. Ein fordel er at prisane kan leggst inn i fagsystemet GERICA og fakturerast utifrå tenestene brukarane er tildelt. Dette vil kunne spare merkantilt arbeid. Nokre prisar er uendra frå 2017, andre har fått påslag. Det er ingen nye tenester det vert krevd betaling for i 2018.

Rune Sjurgard
Rådmann

Svein Berg- Rusten
Konst. Helse- og omsorgssjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Servicekontoret
Tildelingskontoret

Klageinstans:



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Bodil Brautaset

Arkivsak nr.: 2017/2270

Arkivkode: 223

Utvalsaksnr

Utval

Møtedato

211/17

Formannskapet

28.11.2017

Kommunestyret

TILSKOT TIL PRIVATE BARNEHAGAR 2018

Administrasjonen si tilråding:

Volda kommunestyre godkjenner satsane for tilskot til private barnehagar og opne barnehagar slik det går fram i saksutgreiinga.

Samandrag av saka:

Frå og med 1. januar 2015 skal kommunen rekne ut tilskot til private ordinære barnehagar ut i frå kommunen sitt to år gamle rekneskap. Endringa inneber at tilskotet vert rekna ut ein gong pr. år, noko som gjer ordninga meir føreseieleg for dei private barnehagane. Det er kommunen sine utgifter i eigne kommunale barnehagar som er grunnlaget for utrekning av driftstilskotet til dei private barnehagane. Rekneskapstala knytt til dei kommunale barnehagane i 2016 er dermed grunnlaget for driftstilskotet til dei private barnehagane i 2018.

For kommunar utan kommunale barnhagar er der nasjonale satsar som skal nyttast.

Utrekningane i Volda kommune er gjort i arbeidsgruppe samansett av ressursar frå barnehage, personalavdelinga og økonomiavdelinga. Det er kommunestyret som skal vedta satsane på tilskot.

Saksopplysningar/fakta:

Følgjande satsar vert lagt fram for tilråding for tilskot til private barnehagar i 2018

	Nasjonale satsar 2018	Volda kommune 2018	Kapitaltilskot 2018	Volda kommune 2017
	Kroner per heiltidsplass	Kroner per heiltidsplass	Kroner pr. heiltidsplass	Kroner per heiltidsplass
Ordinære barnehager, barn 0-2 år	209 200	211 558	Sjå eigen tabell	200 530
Ordinære barnehager, barn 3-6 år	100 600	100 613	Sjå eigen tabell	96 432

I forskrift om tildeling av tilskot til private barnehagar §6 står det:

«Kommunen skal gi kapitaltilskudd til private ordinære barnehager per heiltidsplass ut frå barnehagebyggets byggeår. Tilskuddet skal beregnes etter satser fastsett av departementet.»

Satsar for kapitaltilskot til private barnehagar for 2018 er:

Satser for kapitaltilskudd til private ordinære barnehager	
Byggeår	Tilskuddssats per plass
Til og med 2009	8 824
2010-2012	15 700
2013-2015	18 500
2016-2018	22 500

Dersom ein barnehage har fleire bygg med ulikt byggeår, skal kommunen tildele tilskot etter kor mange barn som går i kvart bygg. Barnehagen må difor rapportere om kor mange barn som går i kvart bygg. Byggeåret reknast ut i frå det året då bygget er ferdigstilt.

I forskrift om tildeling av tilskot til private barnehagar § 5a står det:

«Kommunen skal gi tilskudd til pedagogisk bemanning til private ordinære barnehager per heiltidsplass etter følgende tabell:

	Per heiltidsplass per år 2018
Ordinære barnehagar, barn frå null til to år	2214
Ordinære barnehagar, barn frå tre til seks år	1230

Kommunen må gi tilskot til pedagogisk bemanning til private ordinære barnehagar. Tilskotet skal sikre at private barnehagar får kompensert økte utgifter som fylgje av auka krav til pedagogisk bemanning. Dei private barnehagane i Volda kommune har krav på dette tilskotet, sjølv om tilskotssatsen til Volda kommune tar høgde for auka pedagogtettleik i 2016. Dette sidan Volda kommune allereie i 2016 hadde auka pedagogtettleiken i dei kommunale barnehagane.

Sats til **opne barnehagar** er gitt sentralt, både drift og kapital

Sats for tilskot til private opne barnehagar 2018	
Arbeidsgjevaravgiftssone	6-15 timar
Sone 1	21 400

[Sjekkliste for kommuneplan, samfunnsdelen. Slett linken etter bruk.](#)

Folkehelse er overordna og førande prinsipp for kommuneplanen i Volda kommune.

Helse og miljøkonsekvensar:

[Sjå sjekkliste, slett denne linken etter bruk.](#)

Økonomiske konsekvensar:

Tilskot til dei private barnehagane vert rekna ut basert på talet på born som vert meldt inn den 15. desember 2017. Nyttar vi talet på born som er i barnehagen i dag, ser det ut som om budsjetterte midlar til tilskot i 2018 skal halde. Det vert difor ikkje lagt fram budsjettmessige endringar i denne saka.

Vurdering og konklusjon:

Volda kommunestyre godkjenner satsane for tilskot til private barnehagar og opne barnhagar slik det går fram av saksutgreiinga.

Rune Sjurgard
Rådmann

Per Ivar Kongsvik
oppvekstsjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Klageinstans:

**SAKSDOKUMENT**

Sakshandsamar: Eli Øye Vassbotn**Arkivsak** 2014/2066
nr.:**Arkivkode:** 221

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
212/17	Formannskapet Kommunestyret	28.11.2017

AVFALLSGEBYR 2018**Administrasjonen si tilråding:**

Kommunestyret vedtek å godkjenne justering av avfallsgebyr for 2017 i samsvar med vedlagt gebyrregulativ, datert 19.09.2017.

Vedleggsliste:

Særutskrift av rep. sak 12-17 den 10.10.17 om budsjett og avfallsgebyr 2018.

Saksopplysninger/fakta:

Representantskapet og styret i VØR vedtok i 2015 ein fireårs plan for å auke materialgjenvinninga frå 39 % i 2015 til minst 50 % i 2018 og 60 % innan 2020. Auka materialgjenvinning er i tråd med både norsk regjering og EU sine målsettingar. Dette vart understreka av brev frå Miljødirektoratet som er fagorganet for avfall og forureining, til Miljødepartementet i 2016 der dei bad om at regjeringa innførte forbod mot forbrenning av matavfall i forskrifts form.

60 % materialgjenvinning er ambisiøse mål. Men dei er råd å nå. I 2014 oppnådde Tyskland 64 % på nasjonalt nivå. Noreg 39 %. VØR nådde 42 % i 2016. For å auke materialgjenvinninga, må ein få til ein tilsvarande reduksjon i mengdene som går til energigjenvinning. Dvs at innbyggjarane må verte flinkare til å sortere ut meir frå restavfallet.

Meir enn i dag av papp, papir, drikkekartong, plastemballasje, glas-, metallemballasje, elektro- og mat-avfall må ut frå restavfallet.

VØR er godt i gang med å gjennomføre planen. I 2016 kom fjortendagars innsamlinga, eigen behaldar for glas og metallemballasje og større papirbehaldar utan tillegg i pris.

2017 er året då formalitetane skal på plass. Konsesjonsvilkår for drift av nytt avfallsmottak for matavfall med meir, forskriftsendringar som gir innsamling av matavfall legalitet og lånerammene til VØR, skal alle avgjerast hausten 2017.

2018 vert planleggingsåret for utsortering av matavfall, som skal ta til i 2019. Behaldarar må ut til abonnentane og anlegg som skal ta imot matavfallet må byggjast, slik at det står klart til 01.01.2019 når den auka sorteringa tek til.

Ved å sende matavfallet til materialgjenvinning, reknar vi med å nå 50 % materialgjenvinning.

Økonomi.

Gjennomsnittleg renovasjonsgebyr i VØR er 1803,24 pluss mva.

Budsjettert underskot 2018 på kr 2.871.392,- vert i tråd med regelverket å dekkje av tidligare års overskot. Sjølvkostfondet var ved utgangen av 2016 på kr 4.435.418,- Med underskot på sjølvkostområdet renovasjon i 2017 og budsjettert underskot i 2018, reknar vi med underbalanse i 2018. For å få balanse ved årsskiftet 2018/2019 er gebyra lagt på 3,5 %, avrunda til heile kroner.

Sjølvkostområdet slam har eit fond på kr 1.096.856,- ved utgangen av 2016. Då ny kontraktperiode startar opp i 2018, og overgang frå ei kontraktperiode til ei anna normalt fører til prisauke, har vi justert opp gebyra med 3,5 %.

Inntektene.

Vi ventar lavare vekst i abonnementinntektene frå bustader i 2018 enn 2017-16. Vi ser at bustader ligg lenger ute på Finn enn før, og folketalsutviklinga har stoppa litt opp i høve tidligare år.

Vi har lagt inn auka inntekt frå sal over vekta på grunn av kostnadsveksten nedstraums på trevirke og restavfall som vi må ta att på høgre leveringsprisar. Siste tre åra har kostnadene på levering av ureina trevirke og restavfall auka med meir enn 25 %. På ureina trevirke held den sterke prisveksten fram, men for restavfallet har prisutviklinga no stabilisert seg.

Slammet.

Vi ventar marginal auke i tal abonnentar som treng slaminnsamling. Vi er i dag usikre på kva som ventar oss av prisauke, då kontrakten på slaminnsamling no er ute på Doffin. Den vert avgjort i desember, med kontraktsoppstart 1 januar.

Andre inntekter.

Dette gjeld leigeinntekter frå Retura, sal av reinfraksjonar som glas, metall, papir og liknande. På disse områda ventar vi ingen store endringar i høve 2017.

Kostnadane

Driftsbudsjettet er justert med endringar som følgje av satsingane til representantskapet, lovendringar, nye kontrakter på levering av avfall og tilrådingar frå SSB og KLP.

Vi har ikkje lagt inn avskrivningar og auka driftskostnader frå nytt anlegg på Melsgjerdet. Vi kalkulerer at dette anlegget er klart til drift frå 01.01.2019. Kostnader til anlegget er derfor avgrensa til renter på lån. Prosjektering og byggeleing, vert å aktivere.

Vi har lagt inn moderat lønsvekst og auke i pensjonskostnader som tilrådd frå KLP.

I lønsbudsjetten er planlagt innføring av innsamling matavfall frå 01.01.2019, tatt omsyn til med innleige ekstra mannskap som skal køyre ut 6500 dunkar. Det vert og auke i bruk av overtid for å produsere utkøyringsgrunnlag og etterregistrering av behaldarar og behaldartype på den enkelte eigedom. Vi er ein liten organisasjon, og dette er ein stor logistikkoperasjon både fysisk ute på rutene og administrativt. Dunkane må ut hausten 2018, klar til bruk i januar 2019. I samanlikning med 2016 rekneskapen, kjem denne auken klart fram. Satsinga på informasjon og kommunikasjon i samband med omlegginga vi er inne i, held og fram.

Vi har sett ein trend gjennom fleire år med meir bruk av miljøstasjonen, og trur at dette fortsetter.

Heile bransjen er meir og meir opptatt av kvalitet. Vi opplever strengare og strengare krav frå mottakarar av avfallet vårt. Vi har hatt totalkontroll av hushaldningsavfall levert til energigjenvinning dette året, og må rekne med fleire kontrollar.

Det gjeld og brennbart restavfall (grovavfall) som t.d ikkje skal innehalde potteskår, isolasjon, gips og andre ikkje brennbare fraksjonar. Finn mottakarane slikt avfall i det vi leverar frå oss, vert avfallet returnert for ettersortering på vår rekning. Ved fleire avvik, får ein leveringsnekt. VØR sitt tiltak vil vere fysisk kontroll på det som vert kasta for å få kontroll på avfallsstraumen.

Parallelt får vi krav frå overordna mynde på nye områder. Dette aukar også våre kostnader. Konsekvensane av endringar i avfallsforskrifta §11 er eit slikt eksempel. Krav om ei tryggare og meir dokumentert handsaming av det farlege avfallet er bra for dei som arbeidar med det og i neste ledd skal ta det imot. Avgrensinga på maks 1000 kg farleg avfall frå private, sikrar at ikkje renovasjonsgebyret er med på å øydeleggje for konkurransen i byggmarknaden. Ulempen er at dokumentasjonsplikta aukar kostnadene til VØR merkbar.

Mottaksplikta av farleg avfall finansiert av gebyret er av lovgivar avgrensa til 1000 kg pr år, pluss 500 kg Pcb haldige isolerglasruter. Maks plikta pr. år er uråd å dokumentere utan at alt farleg avfall frå private vert registrert og journalført ved mottak.

Konsekvensen er at vi i løpet av 2017, har innført bemanna mottak på miljøstasjonen i Hovdebygda som tar imot det farlege avfallet ved innlevering. Mottaka vi har ute i bygdene for denne type avfall, må erstattast med henteordningar og personleg frammøte av abonnent. Dette kjem på plass ved årsskiftet 2017/18.

Andre kostnadsfaktorar i budsjettet er individuelt vurderte i høve kontrakter og behov. Vi har flytande rente, og trur den vert lav også det komande året.

Vi har kontrakt på levering av restavfall til Rekom AS til 1. desember 2018, så derfor er den store kostnaden kjend. Det gjer at vi unngår kostnadsveksten på levering av restavfall til energigjenvinning som elles gjeld i Nord-Europa og som kjem som eit resultat av at fleire og fleire land sluttar med deponering av avfall og heller leverar avfallet til energigjenvinning. Auka etterspurnad etter energigjenvinning gir auka prisar.

Investeringar – nye tiltak.

Investeringane i 2018 er kopla til utbygging av ny sorteringslinje i Hovdebygda, utbygging av tomt på Melsgjerdet og førebuinga av mottak for matavfall. Det er omlastingsstasjon for avfall og behaldarar og utstyr knytt til satsinga på sortering av matavfall. Totalt 60,6 mill i tomt og bygg og 11,3 mill i utstyr. Tiltaka vil kome tilbake til styret som eigne saker.

Planane om eit eventuelt biogass anlegg saman med samarbeidspartar, vert vidareført i 2018. Vi er inne i ei periode med positiv utvikling og håper vi kan kome nærare realisering i løpet av 2018.

Kostra 2017.

Kostratala for 2017 syner slike standardgebyr:

Stranda	*	kr 3185,-
Gloppen	***	kr 2811,-
Vanylven	*	kr 2437,69
Ålesund	*	kr 2500,-
Ulstein	**	kr 3142,-
Volda/ Ørsta	**	kr 1800,-

* 140L restavfall kvar veke. Papir/papp/plast kvar 4 veke.

** 14 dags innsamling restavfall / papir i 240 l behaldar.

*** Kvar 4 veke restavfall / papir. Annakvar veke matavfall

Vurdering og konklusjon:

Eg rår til at avfallsgebyra vert vedtekne med dei satsane representantskapen har vedtek i sak 12-17, den 10.10.17.

Rune Sjurgard
Rådmann

Utskrift av endeleg vedtak:

Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS, Torvmyrvegen 29, 6160 Hovdebygda

Ørsta kommune, Dalevegen 6, 6150 Ørsta

Servicekontoret, her for oppdatering av heimesida,

Lysing i «Møre» om utlegging til offentlig ettersyn om gebyrsatsane, då dei er vedtekne.

VOLDA OG ØRSTA REINHALDSVERK IKS

Budsjettert resultatrekneskap	2 018	Resultat 2 016
Driftsinntekter		
Salsinntekter	30 350 409	24 046 436
Annan driftsinntekt	-	91 508
Fra fond hushaldning og slam	-	
	<u>30 350 409</u>	<u>24 137 944</u>
Driftskostnader		
Varekostnad	-52 000	-2 080
Lønskostnad	-11 735 635	-8 762 636
Avskrivning	-3 578 806	-3 171 504
Annan driftskostnad	-16 897 972	-12 447 414
Sum driftskostnader	<u>-32 264 412</u>	<u>-24 383 634</u>
Driftsresultat	<u>-1 914 004</u>	<u>-245 690</u>
Finansinntekter og finanskostnader		
Annen renteinntekt	200 000	542 179
Annan finansinntekt		
Annen rentekostnad	-1 502 579	-289 701
Annen finanskostnad		-
Netto finansposter	<u>-1 302 579</u>	<u>252 478</u>
Ordinært resultat før skattekostnad	-3 216 583	6 788
Skattekostnad		262 953
Årsresultat	<u>-3 216 583</u>	<u>-256 165</u>
Årsoppgjerdisposisjonar		
Fond etterdriftiltak av deponi		-6 666
Fond slambehandling		-347 678
Fond hushaldning		-958 306
Annan egenkapital		1 056 485
Sum disponeringer	<u>-</u>	<u>-256 165</u>

Samanlikning i gebyr 2017 -18

1.1	Gebyrtype. Prisar eks mva.	2017	2018
A	Renovasjon standard (140 L rest / 140 L papir)	kr 1 800,00	kr 1 864,00
B	Renovasjon storhushald (240 L rest / 240 L papir)	kr 3 240,80	kr 3 355,20
C	Renovasjon m/kompostavtale (140 L rest/140 L papir)	kr 1 440,00	kr 1 491,20
D	Renovasjon storhushald ekstra (340 L rest / 340 L papir)	kr 4 680,00	kr 4 844,80
E	Renovasjon samarbeid inntil 2 abonnentar standard pr.abb	kr 1 620,00	kr 1 676,80
F	Renovasjon samarbeid 240L/340L/660L pr.abb	kr 1 710,40	kr 1 771,20
G	Renovasjon samarbeid storhush ekstra p rabb. (340 L rest)	kr 2 430,40	kr 2 515,20
H	Renovasjon standard pluss (140 L rest / 240 L papir)	kr 1 800,00	kr 1 864,00
I	Renovasjon storhushald pluss. (240L rest. 340 L papir)	kr 3 240,80	kr 3 355,20
J	Renovasjon kompostering pluss (140 L rest/ 240 L papir)	kr 1 440,00	kr 1 491,20
K	Renovasjon storhushald ekstra plusspr abb (340 L rest)	kr 4 680,00	kr 4 844,80
L	Renovasjon samarbeid inntil 2 abonnentar standard pluss pr abb (140 L rest/ 240 L papir)	kr 1 620,00	kr 1 676,80
M	Renovasjon samarbeid 240/340/660L pluss pr abb	kr 1 710,40	kr 1 771,20
N	Renovasjon samarbeid storhush ekstra pluss pr abb	kr 2 430,40	kr 2 515,20
O	Renovasjon nedgravd felleskontainer	kr 1 800,00	kr 1 864,00
P	Henteavtale kvar 14 dag	kr 265,60	kr 275,20
Q	Renovasjon hyblar	kr 900,00	kr 932,80
R	Ekstra sekk til restavfall	kr 50,40	kr 52,00
S	Renovasjon fritidsbustad fellespunkt	kr 850,40	kr 880,00
T	Renovasjon fritidsbustad med eigen behaldar restavfall	kr 1 000,00	kr 1 035,20
U	Renovasjon fritidsbustad med egne behaldarar for rest- og papiravfall	kr 1 500,00	kr 1 552,80

1.2 Kloakkslam - Heilårsbustad

a)	Gebyr for tøming av slamavskiljar inntil 4,5 m3	kr 1 240,00	kr 1 283,20
b)	Gebyr for årleg tøming av slamavskiljar inntil 4,5 m3	kr 2 480,00	kr 2 566,40
	Kloakkslam Fritidsbustad		
c)	Gebyr for tøming av slamavskiljar inntil 4,5 m3	kr 620,00	kr 641,60
d)	Gebyr for årleg tømning av slamavskiljar inntil 4,5 m3	kr 2 480,00	kr 2 566,40
	Kloakkslam - Tett tank		
e)	Gebyr for tøming av tett tank inntil 6,0 m3	kr 3 295,20	kr 3 411,20
f)	Gebyr pr m3 for tett tank over 6,0 m3	kr 470,40	kr 486,40
	Tillegg til ordinær tømepreis		
g)	Ekstratøming innafor rute	kr 440,00	kr 456,00
h)	Til køyring ved naudtøming innan 24 timar	kr 2 038,40	kr 2 108,80
i)	TIL køyring ved ekstratøming	kr 1 412,00	kr 1 461,60

j)	Tøming med spesialutstyr - std slangelengde	kr 1 412,00	kr 1 461,60
k)	Tøming med spesialutstyr utover std slangelengde pr time:	kr 1 400,00	kr 1 449,60
l)	Gebyr pr m3 for tank over 4,5 m3	kr 545,60	kr 564,80
m)	Gebyr pr m3 for felles kommunale tankar > 4,5 m3	kr 525,60	kr 544,00



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Jørgen Vestgarden

Arkivsak nr.: 2013/2124

Arkivkode: 106

Utvalsaksnr

Utval

Møtedato

213/17

Formannskapet

28.11.2017

Kommunestyret

GEBYRSATSER FOR TENESTER ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVA, MATRIKKELLOVA, KONSESJONSLOVA OG JORDLOVA

Administrasjonen si tilråding:

Prisar på tenester ved utviklingssektoren vert vedtekne som vist i vedlegget "Prisar på tenester for 2018, utviklingssektoren".

Heimel for vedtaket er Plan- og bygningslova § 33-1, Matrikkellova § 32, Matrikkelforskrifta § 16, Lov om eierseksjoner § 7 og Forskrift om gebyr for konsesjonsbehandling m.m.

Gebysatsane vert gjort gjeldande frå 01.01.2018.

Vedleggsliste;

Prisar på tenester for 2018, utviklingssektoren.

Samandrag av saka:

Årleg justering av gebysatsane for tenester ved utviklingssektoren.

Saksopplysningar/fakta:

Gebysatsane er generelt auka med 3,0 % og foreslått med ei fornuftig avrunding.

Gebysatsane for konsesjonshandsaming og deling etter jordlova er satt til høgaste sats som forskrift tillet. Desse vil verte handsama og fakturert av Ørsta kommune grunna felles landsbrukskontor.

Vurdering og konklusjon:

Tabellen under viser storleiken på nokre av dei mest brukte gebyra frå 2017 i nokon samanliknbare kommunar her på søre Sunnmøre.

	Byggesak (einebustad på 200 m ²)	Dispensasjon (politisk handsaming)	Privat regulering (inntil 5000 m ²)	Oppmålings- forretning (750 m ²)
Volda	13 300	16 500	41 400	17 300
Ørsta	13 800	13 000	37 900	15 606
Herøy	10 362	11 773	30 483	17 100
Ulstein	13 900	11 500	34 100	18 009

(Kjelde: Heimesidene til dei respektive kommunane)

Som ein ser så ligg vi ganske likt som kommunane rundt oss. På regulering så ligg vi i øvste sjiktet. Vi har hatt ein betydeleg auke i storleiken gebyra (utover den ordinære prisstigninga) dei siste åra grunna kutt i budsjetttramma. Oppmålingsgebyret har vi auka med 10 % frå 2015 til 2016 sidan vi ser at dette er tidkrevjande saker og for å nærme oss dei kommunane som har høgare gebyr enn oss. Vi har også hatt ein kraftig auke i gebyret for dispensasjonssaker dei siste åra da dette har vore lågt i forhold til arbeidsmengd og andre kommunar sine gebyr i tilsvarande saker.

Når det kor stor del av utgiftene som vert dekt inn av gebyra låg dekningsgraden i 2016 for bygge- og delesaker på 75 %, plansakhandsaming på 6,6 % og oppmålingssaker på 31 %. Førebelse tal for 2017 så ligg vi an til ein generell auke i dekningsgrad på alle tre tenestekområda. Noko av bakgrunnen for den låge dekningsgraden for plansakhandsaming er at det de to siste åra har vore jobba med revisjon av kommuneplanen som da ikkje gir nokon gebyrinntekter. Viss vi ikkje skal ligge på eit altfor høgt gebyrnivå i forhold til våre nabokommunar, kan ein ikkje ha ein kraftig auke i gebyrnivået sjølv om dekningsgraden viser at vi har noko å gå på. Det er derfor det berre er lagt inn ei auke på 3,0 % no, med unntak frå grensejusteringssaker der vi har erfart at gebyret er litt lågt i forhold til reell arbeidsmengd. Dette er også i tråd med Ulstein kommune som har vedteke ein auke på 3,0 % på gebyr etter plan- og bygningslov, mens berre 2,0 % på gebyr etter matrikkelforskrifta sidan dei ligg over dei andre kommunane.

Tidlegare hadde ein halvt gebyr for hytteplanar der det var store flater med låg utnyttingsgrad. Sidan erfaring tilseier at hytteplanar som regel er like kompliserte og tidkrevjande som andre planar så er dette punktet er fjerna.

Dei nye gebyrsatsane ligg uansett godt innfor prinsippet om sjølvkost. Rådmannen rår til at nye gebyrsatsane som er foreslått vert godkjent.

Helse og miljøkonsekvensar:

Ingen

Økonomiske konsekvensar:

Reduksjon i høve framlegget vil medføre reduserte inntekter og tilsvarande auka balanseutfordring i budsjettet for 2018.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen

Rune Sjurgard
Rådmann

Jørgen Vestgarden
utviklingssjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Utviklingssektoren
Servicekontoret for utlegging på heimesida

B Tenester, attestar og liknande som skal betalast etter medgått tid:

B.1 Attestar o.l:

For attestar og lignende som kommunen kan krevje gebyr for i medhald av plan- og bygningslova, og som ikkje er spesifisert i regulativet for den einskilde lova kan kommunen krevje gebyr etter medgått tid etter dei satsar som kjem fram av pkt. B.2.

B.2 Timepris:

Timepris vanleg arbeid	eks mva	950	1 000
Timepris, arbeid med bruk av måleutstyr	eks mva	1 350	1 400

C Gebyr for arbeid etter plan- og bygningslova (§109)

C.1 Kart og eigedomsoppgåver (§ 5) Kart til plan-, prosjekterings- og dokumentasjonsarbeid:

For utskrift på papir:	FKB (fylt fargeflate)	Format A4	0	0
	FKB (strekkart)	Format A4	0	0
	FKB (fylt fargeflate)	Format A3	0	0
	FKB (strekkart)	Format A3	0	0
	FKB (fylt fargeflate)	Format A2	340	350
	FKB (strekkart)	Format A2	290	300
	FKB (fylt fargeflate)	Format A1	440	450
	FKB (strekkart)	Format A1	340	350
	FKB (fylt fargeflate)	Format A0	520	540
	FKB (strekkart)	Format A0	440	450

Der grunnlaget blir supplert med informasjon om nedgravne leidningar, skal det betalast 10% tillegg for kvart av tema: V/A, nedgravne el-kablar og signalkablar (tele/TV).

For kopi av digital kartbase levert på digital form skal det reknast gebyr i samsvar med kommunen sin "Geovekstavtale"	minimum kr	1 000	1 050
Tillegg til ordinært gebyr for kartbase i anna format enn sosi		450	500

C.3 Tiltakssaker (Bygge-og anleggssaker)

C.3.1 Mindre tiltak på bebygd eigedom som krever søknad og løyve etter PBL §20-4:

C.3.1.1 Mindre tiltak på bebygd eigedom (jfr PBL §20-2a og byggesaksforskrifta § 3-1):

a) Tilbygg	4 200	4 300
b) Oppføring, endring, riving mv av mindre frittliggande bygning	4 200	4 300
c) Riving av mindre frittliggande bygning	2 800	2 900
d) Terasse (inkl. utviding/endring)	3 400	3 500
e) Støttemur	3 400	3 500
f) Bruksendring fra tilleggsdel til hoveddel innanfor ein bueining	3 400	3 500
g) Skilt- og reklameinnretning	3 400	3 500
h) Antennesystem	3 400	3 500

C.3.1.2 Alminnelege driftsbygningar i landbruket (jf PBL § 20-2b og Byggesaksforskrifta § 3-2):

a) Oppføring, endring, riving m.v - bruksareal inntil 1.000 m2	4 500	4 600
b) Tilbygg- bygningens totale bruksareal inkl tilbygg < 1.000 m2	4 500	4 600

C.3.1.3 Mellombels bygningar, konstruksjonar eller anlegg (jf PBL § 20-1 j og § 20-2 c):

Oppføring av mellombels bygningar, konstruksjonar eller anlegg som ikkje skal plasserast for eit lengre tidsrom enn 2 år	4 200	4 300
--	-------	-------

C.3.1.4 Andre mindre tiltak (PBL § 20-2 d)	3 400	3 500
--	-------	-------

C.3.2 Tiltak som krever søknad og løyve etter PBL § 20-1 og § 20-3:

Saksgebyr for konstruksjon, anlegg og vesentlege terrengendrinar, som er ein integrert del av ein byggesøknad, er medrekna i saksbebyret.

C.3.2.1 Oppføring av bygning (PBL § 20-1 a)

a) Bustad og fritidsbygning (bygningstypekode 111-172 og 193-199)	13 300	13 700
b) Bueining nr 2 til og med nr 5 i same bygning:	6 600	6 800
c) Frå og med nr 6 i same bygning:	3 300	3 400
d) Garasje, uthus, naust, (bygningstypekode 181-182) inntil 100 m2	6 200	6 400
e) Garasje, uthus, naust, (bygningstypekode 181-182) > 100 m2	9 200	9 500
f) Industri- og energiforsyningsbygning, (bygningstypekode 211-229 og 241-249)	18 600	19 200
g) Lagerbygning (bygningstypekode 231-239)	9 400	9 700
h) Fiskeri- og landbruksbygning (bygningstypekode 241-249)	6 100	6 300
i) Kontor- og forretningsbygg (bygningstypekode 311-330)	46 100	47 500
j) Samferdsel og kommunikasjon (bygningstypekode 411-449)	40 300	41 500
k) Hotellbygning (bygningstypekode 511-519)	50 400	51 900
l) Bygning for overnatting (bygningstypekode 521-529)	23 400	24 100
m) Restaurantbygning (bygningstypekode 531-539)	17 500	18 000
n) Skulebygning (bygningstypekode 611-629)	44 000	45 300
p) Museums- og bibliotekbygning (bygningstypekode 641-649)	23 400	24 100
q) Idrettsbygning (bygningstypekode 651-659)	39 200	40 400
r) Kulturhus (bygningstypekode 661-669)	50 400	51 900
s) Bygning for religiøse aktiviteter (bygningstypekode 671-679)	34 000	35 000
t) Sjukehus (bygningstypekode 719)	50 400	51 900
u) Sjukeheim og primærhelsebygning (bygningstypekode 721-739)	34 000	35 000
v) Fengsel, beredskap o.a. (bygningstypekode 819-840)	50 400	51 900

C.3.2.2 Tilbygg, påbygg, underbygg og plassering (PBL § 20-1):

a) Tilbygg, påbygg eller underbygg. Bruksareal < 100 m2	5 600	5 800
b) Tilbygg, påbygg eller underbygg. Bruksareal 101 - 200 m2	7 700	7 900
c) Tilbygg, påbygg eller underbygg. Bruksareal > 200 m2	13 300	13 700
d) Tilbygg, påbygg eller underbygg til rein lagerbygning	5 600	5 800

For tilbygging av ny/nye bueining(ar) eller tilbygg, påbygg eller underbygg som avgjerande endrar eksisterande bygning, konstruksjon eller anlegg, skal det betalast gebyr som for nybygg.

C.3.2.3 Fasadeendring, bruksendring og ombygging (PBL § 20-1 c-d og g):

a) Fasadeendring/ombygging	4 600	4 700
b) Bruksendring - gebyr per nye bueining	6 600	6 800
c) For andre bruksendringar vert det rekna gebyr tilsvarande 30% av opphavleg fastsett gebyr. Kommunen kan krevje at saka vert handsama som ny sak. Kommunen skal i så fall avgjera om det skal fastsetjast reduserte gebyr i høve regulativet jf pkt A4.		

For søknad som samstundes føreset endringar av eksisterande bygning, konstruksjon eller anlegg, skal det i tillegg til gebyr, betalast aktuelt gebyr for endringane.

C.3.2.4 Riving av bygning, konstruksjon eller anlegg (PBL § 20-1 e):

a) Riving av bygning < 100 m ²	3 400	3 500
b) Riving av bygning > 100 m ²	4 000	4 100

C.3.2.5 Arealuavhengige tiltak (PBL § 20-1 b, f, h-i og k-l):

a) Heis, installasjon eller rehabilitering	3 400	3 500
b) Skorstein, nyoppføring eller rehabilitering, inkl. ildstad	3 400	3 500
c) Gjerde og innhegning	3 400	3 500
d) Skilt eller reklameinnretning	3 400	3 500
e) Mindre terrenginngrep, konstruksjonar og anlegg, veganlegg, parkering, damanlegg, flytebrygger, basseng, brønn, røranlegg o.l	3 400	3 500
f) Vesentlege terrenginngrep, konstruksjonar og anlegg, veganlegg, parkering, damanlegg, flytebrygge, basseng, brønn, røranlegg o.l	8 200	8 400

C.3.3 Godkjenning av person som sjølvbygger (SAK10 § 6-8):

a) Handsaming av søknad om sjølvbygger	1 000	1 050
--	-------	-------

C.3.4 Dispensasjon (PBL kapittel 19):

a) For kvart tilhøve av dispensasjon som ikkje krev politisk handsaming	5 200	5 400
b) For kvart tilhøve av dispensasjon som berre krev intern høyring	13 400	13 800
c) For kvart tilhøve av dispensasjon som krev full høyring	16 500	17 000

C.3.5 Innhenting av løyve eller uttale/samtykke frå anna mynde (PBL §21-5)

Løyve eller uttale/samtykke frå anna mynde, eit gebyr per innhenting	1 900	2 000
--	-------	-------

C.3.6 Delingssøknad (PBL § 20-1 m):

a) Søknad i regulert område, der grenser er i samsvar med godkjent regulerings- eller utbyggingsplan.	4 100	4 200
b) Søknad i regulert område, der det er andre grenser enn fasset i gjeldande plan eller der desse ikkje er fastlagde.	5 000	5 200
c) Søknad i uregulert strøk. Byggetomt og andre formål.	6 900	7 100

C.3.7 Endringar i høve til gitt løyve:

Der det vert gitt lokal godkjenning må det gis gebyr også i samsvar med C.3.3.

a)	mindre endringar i saker etter pbl §20-4	1 600	1 650
b)	mindre endringar i saker etter pbl §20-3	2 800	2 900
b)	Større endringar; For sakshandsaming av større endringar i høve gjeve løyve vert det rekna gebyr tilsvarande 30% av opphøveleg fastsett gebyr. Kommunen kan krevje at saka vert handsama som ny sak. Kommunen skal i så fall avgjera om det skal fastsetjast reduserte gebyr i høve regulativet jf pkt A4		

C.3.8 Mangelfull søknad eller melding:

a)	Etterlysing av manglande dokumentasjon i søknad (gjeld berre for ansvarlege føretak)	1 100	1 150
b)	Gjennomgang og retur av søknad som ikkje er korrekt eller inneheld den minimumsdokumentasjon som er kravd i forskrift.	1 100	1 150

C.3.9 Igangsettingsløyve:

Igangsettingsløyve, eit gebyr per løyve.	2 900	3 000
--	-------	-------

C.3.10 Ulovlege byggearbeid:

Dersom meldings- eller søknadspliktige arbeid vert sett i gang eller teke i bruk utan løyve, vert det gitt eit tilleggsgebyr på 50% av fullt handsamingsgebyr	minimum	2 900	3 000
Det kan i tillegg vert gitt eit overtredingsgebyr jf byggesaksforskrifta §16			

Private reguleringsplanar og dispensasjonar

Pris 2017 Pris 2018

1.1 Handsamingsgebyr:

Handsamingsgebyr	16 500	17 000
Før saka vert teken opp til adm handsaming		

1.2 Arealgebyr for reguleringsplanar:

Viss planutvalget avviser planen, skal det betalast 50% av arealgebyret. Sjå under.
Viss saka vert krevd lagt fram for kommunestyre, skal det betalast fullt gebyr uavhending av utfallet av saka.

2.1 Arealgebyr:

a)	Fast gebyr inntil 5000m2	24 900	25 600
b)	For kvar påbyrja 1000m2 for areal mlm 5001-30000m2	1 600	1 650
c)	For kvar påbyrja 10 000m2 ut over 30 000m2	3 200	3 300

2.2 Konsekvensutgreiing:

Der kommuna er ansvarleg godkjenningssmynde	24 900	25 600
evt utgifter til ekstern fagleg bistand kjem i tillegg		

2.3 Dispensasjonar:

Dispensasjonssaker med full høyring	16 500	17 000
Dispensasjonssaker med berre intern høyring	13 400	13 800
Dispensasjonsaker som kan takast administrativt	5 200	5 400

I tillegg må tiltakshavar koste granskingar som følgje av Kulturminnelova, plan- og bygningslova,
og evt andre særskilde utgreiingar som måtte bli pålagt som følgje av tiltaket sitt omfang eller lokalisering

Kart, oppmåling og byggesak

Satsar iflg Matrikkellova

Pris 2017 **Pris 2018**

§ 5.1.1 Oppretting av matrikkeleining og festegrunn:

Areal frå 0 - 2.000 m2		17 300	17 800
Areal frå 2.001 - 20.000 m2	auke pr påbegynt da	700	750
Areal over 20.001 m2	etter medgått tid - minstegebyr	29 300	30 200

Ved samstundes frådelling av tomter som grensar til kvarandre, er gebyret 80% av ovanståande gebyr frå og med tomt nr. 6.

§ 5.1.2 Matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn:

Areal frå 0 - 2.000 m2		3 200	3 300
Areal frå 2.001 - 20.000 m2	auke pr påbegynt da	400	450
Areal over 20.001 m2	minstegebyr	10 300	10 600

§ 5.1.3 Oppmåling av uteareal på eigarseksjon:

Gebyr for oppmåling av uteareal på inntil 1 eigarseksjon		12 700	13 100
Auke i gebyr for oppmåling av uteareal utover 1 eigarseksjon, pr seksjon		3 400	3 500

§ 5.1.4 Oppretting av anleggseigedom:

Gebyr vert fastsett etter medgått tid - minstegebyr		6 700	6 900
---	--	-------	--------------

§ 5.1.5 Registrering av jordsameige:

Gebyr for registrering av eksisterande jordsameige vert fakturert etter medgått tid.
Kostnadar som kommunen vert påført i samband med å hente inn relevante opplysningar i samband med oppmålingsforretning, vert fakturert vidare til rekvirenten.

§ 5.1.6 Oppretting av tilleggsareal som eigen matrikkeleining som tillegg til eksisterande grunneigedom eller festegrunn:

Areal frå 0 - 100 m2	14 600	15 000
Areal frå 101 - 500 m2	18 000	18 500
Areal frå 501 - 5.000 m2	22 900	23 600
Areal frå 5.001 - 20.000 m2	31 000	31 900
Areal over 20.001 m2 etter medgått tid - minstegebyr	31 000	31 900

Der tilleggsarealet kjem frå fleire eigedomseiningar, skal det reknast gebyr for kvar frådelt parsell.

§ 5.1.7 Oppretting av punktbeste:

Gebyr for oppretting av matrikkeleining for punktbeste	8 200	8 400
Gebyr for oppretting av matrikkeleining for punktbeste der punktfestet er planlagt og koordinatbestemt i jordskiftesak.	3 400	3 500

§ 5.2 Oppretting av matrikkeleining utan fullført oppmålingsforretning:

Satsar etter §§ 5.1.1, 5.1.2, 5.1.4, og 5.1.5 gjeld, i tillegg kjem eit tilleggsgebyr for oppretting av matrikkeleining før fullført oppmålingsforretning.	4 700	4 800
--	-------	-------

§ 5.2.1 Avbrot i oppmålingsforretning eller matrikulering:

Gebyr for utført arbeid når saka vert trekt før den er fullført, om den må avvisast, ikkje lar seg matrikkelføre pga endra heimelsforhold eller om saka av andre grunnar ikkje kan fullførast, vert gebyrsatsane sett til 1/3 etter § 5.1 og § 5.2

§ 5.3.1 grensejustering: Grunneigedom, festegrunn og jordsameige:

Areal frå 0 - 500 m2	7 400	9 500
----------------------	-------	-------

Ved gebyr for grensejustering kan arealet for involverte eigedomar justerast med inntil 5% av eigedomens areal. (maksimalgrensa er sett til 500 m2). Ein eigedom kan imidlertid ikkje avgi areal som i sum overstig 20% av eigedomens areal før justeringa. For grensejustering til vegformål kan andre arealklasser gjelde.

§ 5.3.2 Anleggseigedom:

Volum frå 0 - 1.000 m3	7 400	9 500
------------------------	-------	-------

For anleggseigedom kan volumet justerast med inntil 5% av anleggseigedomens volum, men den maksimale grensa er satt til 1.000 m3.

§ 5.4.1 Arealoverføring: Grunneigedom, festegrunn og jordsameige

Areal frå 0 - 2.000 m2	26 500	27 300
Areal over 2.001 m2	auke pr påbegynt da 700	750

Ved arealoverføring skal oppmålingsforretning og tinglysing gjennomførast. Arealoverføring utløyser dokumentavgift. Dette gjeld ikkje arealoverføring til vegføremål.

§ 5.4.2 Anleggseigedom

Areal frå 0 - 2.000 m3		26 500	27 300
Areal over 2.001 m3	auke pr påbegynt da	700	750

For anleggseigedom kan volum som skal overførast frå ei matrikkeleining til ei anna, ikkje vere registrert på ei tredje matrikkeleining. Volum kan kun overførast til ei matrikkeleining dersom vilkåra for samanslåing er til stades. Matrikkeleininga skal utgjere eit samanhengande volum.

§ 5.5 Klarlegging av eksisterande grense der grensa tidlegare er koordinatbestemt ved oppmålingsforretning:

For inntil 2 punkt		3 200	3 300
For overskytande grensepunkter	pr punkt	900	950

§ 5.6 Klarlegging av eksisterande grense der grensa ikkje tidlegare er koordinatbestemt/ eller klarlegging av rettigheter.

For inntil 2 punkt		6 700	6 900
For overskytande grensepunkter	pr punkt	1 300	1 350

Gebyr for kartlegging av rettar vert fakturert etter medgått tid. Dersom alle grensene kring eigedomen skal gåast opp, skal det betalast gebyr etter § 5.1.

§ 5.7 Privat grenseavtale:

Gebyr vert fastsett etter medgått tid.

§ 5.8. Andre oppmålingstekniske arbeid.

Timepris, vanleg arbeid		950	1 000
Timepris, arbeid med bruk av måleutstyr		1 350	1 400

For gebyr som skal reknast etter medgått tid, jf. Regulativet for oppmålingstekniske arbeid som ikkje vert dekt av dei satsane som nemnde ovanfor, skal det nyttast følgande timesatsar. Meirverdiavgift skal eventuelt leggjast til etter gjeldande reglar.

§ 5.9 Endringar i grunnlaget for matrikkelføring av saka:

Gjer rekvirenten under saksgangen endringar i grunnlaget for matrikkelføringa av saka, opprettheld ein likevel gebyret.

§ 5.10 Utferde matrikkelbrev:

Matrikkelbrev	inntil 10 sider	175	175
Matrikkelbrev	over 10 sider	350	350

Maksimalsatsar fastsatt av Statens kartverk

Forskrift om gebyr for behandling av konsesjons- og delingssaker

<i>Fast sats</i>	Pris 2017	Pris 2018
§ 2 "For behandling av konsesjonssøknader som nevnt i § 1a) kan det kreves eit gebyr på inntil kr 5.000,-"	5 000	5 000
§ 2 "For behandling av søknader om delingssamtykke som nevnt i § 1b) kan det kreves eit gebyr på inntil kr 2.000,-."	2 000	2 000
"Kommunen kan fastsette en lavere gebyrsats. Det kan fastsettes en generell sats, eller satser for enkle/kurante saker og for vanlige saker. Dersom kommunen ikke har fastsatt lavere sats, betales gebyr som nevnt i første og andre ledd"		



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Anne-Margrethe Mo

Arkivsak nr.: 2017/2099

Arkivkode: 231

Utvalsaksnr

Utval

Møtedato

214/17

Formannskapet

28.11.2017

Kommunestyret

GEBYR FOR MEKLARPAKKAR/EIGEDOMSOPPLYSNINGAR 2018

Administrasjonen si tilråding:

Kommunestyret vedtek fylgjande betalingssatsar for meklarpakkar/eigedomsoopplysningar gjeldande frå 01.01.2018:

Leveringstid – arbeidsdagar Pris inkl mva

1-7 dagar kr. 2065,-

8-10 dagar kr. 1460,-

11 dagar eller meir kr. 543,-

Vedleggsliste:

Uprenta saksvedlegg:

Samandrag av saka:

Eigedomsmeklarar vender seg jamnleg til Volda kommune med førespurnad om eigedomsoopplysningar. Det vert då vist til Eiendomsmeglerloven § 3-6 (1) pkt. 8. Opplysningane vert nytta til å sette opp prospekt over eigedomar for sal til potensielle kjøparar. Servicekontoret formidlar opplysningar som til ei kvar tid finnast i kommunalt arkiv, etter eige skjema.

Vi ynskjer å yte god service og sikre inntekter, derfor er målet å ekspedere opplysningane så raskt det er praktisk mogleg.

Saksopplysningar/fakta:

Eigedomsmeklarar vender seg jamnleg til Volda kommune med førespurnad om eigedomsopplysningar. Det vert då vist til Eiendomsmeglerloven § 3-6 (1) pkt. 8. Opplysningane vert nytta til å sette opp prospekt over eigedomar for sal til potensielle kjøparar. Servicekontoret formidlar opplysningar som til ei kvar tid finnast i kommunalt arkiv, etter eige skjema.

Vi ynskjer å yte god service og sikre inntekter, derfor er målet å ekspedere opplysningane så raskt det er praktisk mogleg.

Opplysningar som vere gjeve:

- Godkjende teikningar
- Byggeløyver
- Bruksløyve/ferdigattest evnt mellombels bruksløyve
- Matrikelopplysningar/målebrev/skylddeling
- Situasjonsskart
- Tomtehistorikk
- Reguleringsplan med vedtekter
- Kommunale avgifter, herunder også eigedomsskatt
- Eventuell restansar (ubetalte krav)
- Opplysningar om tilknytning offentleg eller privat vatn og kloakk
- Opplysningar om vegtilkomst
- Opplysningar om eigedomen har vassmål/ikkje vassmål

Satsane for 2017 har vore:

<u>Leveringstid – arbeidsdagar</u>	<u>Pris inkl mva</u>
1-7 dagar	kr. 2015,-
8-10 dagar	kr. 1425,-
11 dagar eller meir	kr. 530,-

Den føreslegne auken er på om lag 2,5%.

[Sjekkliste for kommuneplan, samfunnsdelen. Slett linken etter bruk.](#)

Folkehelse er overordna og førande prinsipp for kommuneplanen i Volda kommune.

Helse og miljøkonsekvensar:

Ingen

[Sjå sjekkliste, slett denne linken etter bruk.](#)

Økonomiske konsekvensar:

Gebyrauken vil kompensere for forventede løns- og prisvekst.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen rår til at betalingssatsen for meklarpakkar/eigedomsopplysningar blir auka i tråd med den forventede løns- og prisauken

Rune Sjurgard
Rådmann

Inger-Johanne Johnsen
sektorsjef kultur og service

Utskrift av endeleg vedtak:
Servicekontoret for vidare arbeid

PS 215/17 Orienteringssaker

Det Kongelige Samferdselsdepartementet
Att.: Statsråden
Postboks 8010 Dep
0030 Oslo

Volda den 15. november 2017

Uttale i samband med utlysing av riksvegsambandet Volda-Folkestad – ny ferje og nye ruter frå 1. Januar 2020

Dokumentet inneheld merknad frå Volda Næringsforum til utlysing av riksvegsambandet Volda – Folkestad – ny ferje og nye ruter frå 1. Januar 2020.

Representant for næringslivet i Volda

Volda Næringsforum er høyringsinstans, og sender uttale på vegner av sine medlemmar og samarbeidspartnarar. Styret i Volda Næringsforum uttalar seg i denne saka på vegner av sine 70 medlemsverksemder i og kring Volda. Bedriftene representerer verksemder innan industri, handel, privat tenesteyting, reiseliv, mv. Volda Næringsforum sender inn merknad til utlysinga på vegner av desse medlemmane. Dette tyder ikkje at einskilde/grupperinger av verksemder ikkje sender inn sine eige merknader til saka.

Merknad til utlysing

Styret i Volda Næringsforum sluttar med denne merkningen seg til framlegg som vart vedteke samrøystes av Volda kommune i møte i Volda formannskap 17. Oktober 2017, sak PS172/17. Framlegget frå Volda formannskap er lagt ved.

På vegner av styret i Volda Næringsforum

Vennleg helsing



Stefan N. Halck

Dagleg leiar, Volda Næringsforum

Kopi til:

- | | |
|---|---|
| - Volda kommune | - Stortingsrepresentant Steinar Reiten |
| - Møre og Romsdal fylkeskommune | - Stortingsrepresentant Jenny Klinge |
| - Stortingsrepresentant Helge Orten | - Stortingsrepresentant Marianne Synnes |
| - Statsråd Jon Georg Dale | - Stortingsrepresentant Vetle Wang Soleim |
| - Statsråd Sylvi Listhaug | - Stortingsrepresentant Knut Flølo |
| - Stortingsrepresentant Else-May Botten | - Stortingsrepresentant Jan Steinar Engeli Johansen |
| - Stortingsrepresentant Fredric Holen Bjørdal | |

Vedlegg 1 - Skriv av 15/7.2014 frå samferdselsminister
Ketil Solvik-Olsen

- Riksveg 651/alternativ E39
 - Volda-Folkestad-Hjelle (Eid kommune)

**DET KONGELEGE
SAMFERDSSELSDEPARTEMENT**

Statsråden

Ifølge liste

 VOLDA KOMMUNE	
Saksnr. 2014/153	Avd. <i>ordf.</i>
Løpenr.	Sns <i>A10</i>
18 JUL 2014	
Arkivdel:	<i>Emned</i>
Klassering P:	<i>Q10</i>
Klassering S:	

Dykkar ref

Vår ref
13/1431-

Dato
15.07.2014


Om skilting av strekninga Volda - Eid over Stigedalen og fråsegn om arbeidet med vidare planlegging av E39 Volda – Furane

Eg syner til ordføraren i Volda sitt brev av 23.6.2014 og til brevet av 7.7.2014 frå Volda kommune og Eid kommune.

Samferdselsdepartementet har vore i kontakt med Vegdirektoratet om skiltinga av rv 651 som alternativ E39. Skiltinga som blei gjort i Volda i veke 27, er mellombels. Skiltinga av strekningane er av departementet føresett utført i tråd med det vedlagte kartet, noko som ikkje blei teke tilstrekkeleg omsyn til. Statens vegvesen arbeidar med å få til naudsynte tilpassingar av den mellombels skiltinga så snart som mogleg slik at det vert tydeleg at rv 651 er alternativ rute til E39. Statens vegvesen vil drøfte detaljane i den permanente skiltinga nærare med aktuelle kommunar og fylkeskommunar, før heilt nye skilt blir sett i produksjon.

Eg har elles merka meg orienteringa om arbeidet med planlegging av E39 Volda – Furane som blei gitt under opninga av E39 Hjartåberga og Årset – Geitvika, og synet på prioritering av midlar til strekninga i det vidare arbeidet med rulleringa av Nasjonal transportplan.

Med helsing



Ketil Solvik-Olsen


Vedlegg

Kopi:
Vegdirektoratet

Postadresse: Postboks 8010 Dep, 0030 Oslo
Kontoradresse: Akersg. 59 Telefon: 22 24 90 90
Org. nr.: 972 417 904

Vedlegg 2 - Ferjerutene Volda-Folkestad

- Fram til 30/6.2013
- Frå 1/7.2013
- Dei ferjerutene som er gjeldande no
- Ruteplanen som er lagt ved tilbudsførespurnaden – skal gjelde frå 2020



KONKURRANSEGRUNNLAG

DRIFT AV

FYLKESVEGFERJESAMBANDA

VOLDA – FOLKESTAD

OG

VOLDA – LAUVSTAD

**ANBUDSPERIODE VOLDA - FOLKESTAD: 1. JULI 2013 – 31. DESEMBER 2018
MED OPSJON FOR YTTERLIGERE 1 ÅR**

**ANBUDSPERIODE VOLDA - LAUVSTAD: 1. JANUAR 2014 – 31. DESEMBER 2018
MED OPSJON FOR YTTERLIGERE 1 ÅR**

Gjeld til 30. juni 2013

Frå Folkestad	Frå Volda	Frå Folkestad	Frå Volda	Frå Folkestad	Frå Volda
Måndag – fredag		Laurdag		Søndag	
0015	0045	0015	0045	0015	0045
0115	0145	0115	0145	0100	0115
0215	0245	0215	0245	0200	0215
0305	0320	0315	0330	-	-
0530	0600	-	-	-	-
0615	0630	-	-	-	-
0645	0700	0645	0700	-	-
0715	0730	0715	0730	0700	0730
0745	0800	0745	0800	0745	0800
0815	0830	0815	0830	-	-
0845	0900	0845	0900	0845	0900
0915	0930	0915	0930	-	-
0945	1000	0945	1000	0945	1000
1015	1030	1015	1030	1015	1030
1045	1100	1045	1100	1045	1100
1115	1145	1115	1145	1115	1145
1200	1215	1200	1215	1200	1215
1230	1245	1230	1245	1230	1245
1300	1315	1300	1315	1300	1315
1330	1400	1330	1400	1330	1400
1415	1430	1415	1430	1415	1430
1445	1500	1445	1500	1445	1500
1515	1530	1515	1530	1515	1530
1545	1600	1545	1600	1545	1600
1615	1630	1615	1630	1615	1630
1645	1700	1645	1700	1645	1700
1715	1730	-	-	1715	1730
1745	1800	1745	1800	1745	1800
1815	1830	1815	1830	1815	1830
1845	1900	1845	1900	1845	1900
1915	1930	-	-	1915	1930
1945	2000	1950	2005	1950	2005
2015	2040	2020	2040	2020	2040
2120	2140	2120	2140	2120	2140
2220	2240	2220	2240	2220	2240
2320	2340	2320	2340	2320	2340

Ruteendringar mai 2013: Søndagsrute på andre helge- og høgtidsdagar.

Frå 1. juli 2013

Frå Folkestad	Frå Volda	Frå Folkestad	Frå Volda	Frå Folkestad	Frå Volda
Måndag – fredag		Laurdag		Søndag	
0515	0530	-	-	-	-
0545	0600	-	-	-	-
0615	0630	-	-	-	-
0645	0700	0645	0700	0645	0700
0715	0730	0715	0730	0715	0730
0745	0800	0745	0800	0745	0800
0815	0830	0815	0830	-	-
0845	0900	0845	0900	0845	0900
0915	0930	0915	0930	0915	0930
0945	1000	0945	1000	0945	1000
1015	1030	1015	1030	1015	1030
1045	1100	1045	1100	1045	1100
1115	1130	1115	1130	1115	1130
1145	1200	1145	1200	1145	1200
1215	1230	1215	1230	1215	1230
1245	1315	1245	1315	1245	1315
1330	-	1330	-	1330	-
-	1400	-	1400	-	1400
1415	1430	1415	1430	1415	1430
1445	1500	1445	1500	1445	1500
1515	1530	1515	1530	1515	1530
1545	1600	1545	1600	1545	1600
1615	1630	1615	1630	1615	1630
1645	1700	1645	1700	1645	1700
1715	1730	1715	1730	1715	1730
1745	1800	1745	1800	1745	1800
1815	1830	1815	1830	1815	1830
1845	1900	1845	1900	1845	1900
1915	1930	1915	1930	1915	1930
2015	2030	2015	2030	1945	2000
2115	2130	2115	2130	2015	2030
2215	2230	2215	2230	2115	2130
2315	2330	2315	2330	2215	2230
-	-	2345	0000	2315	2330

RUTEENDRINGAR:**Julaften:** Kvardagsruter med siste tur frå Folkestad kl. 1615 og frå Volda 1630.**1. og 2. juledag:** Søndagsrute**Nyttårsaften:** Kvardagsruter med siste trur frå Folkestad kl. 1615 og frå Volda 1630.**1. nyårsdag:** Søndagsturer

10 Folkestad–Volda


M/F Folkestad 90 bilar/cars ☎ 916 81 150

Overfartstid: ca. 12 min.

Takstzone: 4

Frå Folkestad	Frå Volda	Frå Folkestad	Frå Volda	Frå Folkestad	Frå Volda
Måndag – fredag		Laurdag		Søndag	
-	-	-	-	-	0000
0515	0530	-	-	-	-
0545	0600	-	-	-	-
0615	0630	-	-	-	-
0645	0700	0645	0700	0645	0700
0715	0730	0715	0730	0715	0730
0745	0800	0745	0800	0745	0800
0815	0830	0815	0830	-	-
0845	0900	0845	0900	0845	0900
0915	0930	0915	0930	0915	0930
0945	1000	0945	1000	0945	1000
1015	1030	1015	1030	1015	1030
1045	1100	1045	1100	1045	1100
1115	1130	1115	1130	1115	1130
1145	1200	1145	1200	1145	1200
1215	1230	1215	1230	1215	1230
1245	1315	1245	1315	1245	1315
1330	1400	1330	1400	1330	1400
1415	1430	1415	1430	1415	1430
1445	1500	1445	1500	1445	1500
1515	1530	1515	1530	1515	1530
1545	1600	1545	1600	1545	1600
1615	1630	1615	1630	1615	1630
1645	1700	1645	1700	1645	1700
1715	1730	1715	1730	1715	1730
1745	1800	1745	1800	1745	1800
1815	1830	1815	1830	1815	1830
1845	1900	1845	1900	1845	1900
1915	1930	1915	1930	1915	1930
-	-	-	-	1945	2000
2010	2030	2015	2030	2015	2030
2115	2140	2115	2130	2115	2130
2215	2240	2215	2230	2215	2230
2315	2330	2315	2330	2315	2330
-	-	2345	-	-	-

For rutetider ved jul og nyttår, sjå MR Ferjerute-appen eller frammr.no



Ruteplan Volda - Folkestad					
Mandag-fredag		Lørdag		Søndag	
Fra Folkestad	Fra Volda	Fra Folkestad	Fra Volda	Fra Folkestad	Fra Volda
05:00	05:30			00:00	00:45
06:00	06:30	06:00	06:30	06:00	06:30
06:50	07:10				
07:30	07:50	07:00	07:30	07:00	07:30
08:10	08:30	08:00	08:30	08:00	08:30
08:50	09:10	08:50	09:10	08:50	09:10
09:20	09:40	09:20	09:40	09:20	09:40
10:00	10:20	10:00	10:20	10:00	10:20
10:40	11:00	10:40	11:00	10:40	11:00
11:20	11:40	11:20	11:40	11:20	11:40
12:00	12:20	12:00	12:20	12:00	12:20
12:40	13:00	12:40	13:00	12:40	13:00
13:20	13:40	13:20	13:40	13:20	13:40
14:00	14:20	14:00	14:20	14:00	14:20
14:40	15:00	-	-	-	-
15:20	15:40	15:00	15:20	15:00	15:20
16:00	16:20	15:40	16:00	15:40	16:00
16:40	17:00	16:20	16:40	16:20	16:40
17:20	17:40	17:00	17:20	17:00	17:20
18:00	18:20	17:40	18:00	17:40	18:00
18:40	19:00	18:20	18:40	18:20	18:40
19:30	20:00	19:00	19:30	19:00	19:30
20:30	21:00	20:00	20:30	20:00	20:30
21:30	22:00	21:00	21:30	21:00	21:30
22:30	23:00	22:00	22:30	22:00	22:30
23:30	00:00	23:00	23:30	23:00	23:30

Maks overfartstid	
Volda - Folkestad	13 minutter

Helligdagsrute Volda - Folkestad	
Nyttårsaften	Søndagsrute
Nyttårsdag	Søndagsrute
Skjærtorsdag	Søndagsrute
Langfredag	Søndagsrute
Påskeaften	Søndagsrute
1. påskedag	Søndagsrute
2. påskedag	Søndagsrute
01.mai	Søndagsrute
17.mai	Søndagsrute
Kristi himmelfartsdag	Søndagsrute
Pinseaften	Søndagsrute
1. pinsedag	Søndagsrute
2. pinsedag	Søndagsrute
Juleaften	Søndagsrute
1. juledag	Søndagsrute
2. juledag	Søndagsrute

Det Kongelege Samferdselsdepartementet

Att.: Statsråden

Postboks 8010 Dep

0030 OSLO

Volda den 17. oktober 2017

NY UTLYSING AV RIKSVEGSAMBANDET VOLDA–FOLKESTAD - NY FERJE OG NYE RUTER FRÅ 1. JANUAR 2020

Volda kommune er gjennom dagspressa gjort kjend med at riksvergferjesambandet Volda-Folkestad er lyst ut på tilbod. Den nye kontrakta skal starte i 2020 og vare i 10 år, med opsjon på 18 månaders forlenging. Avisene har og trykt opp kva rutetabell som skal vere gjeldande i den nye kontrakta. - Det heiter i informasjonen som er sendt til media m.a.:

- På sambandet skal det vere 1 ferje nullutsleppsferje - 80 bilars (mot 86 bilar no)
- Det skal skal vere 40. minuttss avgangar (mot 30 no).

Kontaktperson i Statens vegvesen i denne saka: Siri Rennestraum Raknes, seier til avisa MØRE den 12/10: «Det er lagt opp til 40 minuttss frekvens fordi der skal vere heilelektrisk ferje på Volda-Folkestad. Dette krev at at fartøyet ligg noko lenger ved kai for å lade opp batteriet.

Av det framlagde statsbudsjettet framgår det under «mindre tiltak tiltak på E39» at det er sett av midlar til utbedring av ferjekaier på riksveg 651 Volda – Folkestad. - Vi vil her presisere at denne ferjestrekninga er klassifisert som rv 651/alternativ E39, ref. her t.d. skriv frå samferdselsminister Ketil Solvik-Olsen frå 15/7.2014 (ref: 13/1431 – *sjå her vedlegg 1* - der dette er spesielt omtala). Heile riksvegstrekninga frå Volda ferjekai til Hjelle i Nordfjord (Stigedalsvegen) er skilta i samsvar med dette.

Ferja Volda-Folkestad er eit særst viktig samband for gjennomgåande riksvegtrafikk, men sambandet er og avgjerande viktig som lokalsamband for bygdene på sør- og vestsida av Voldsfjorden.

Volda kommune må som ei følgje av den nye utlysinga som er gjort, be Samferdselsdepartementet om nokre viktige avklaringar.

- Det er i Norge i alt 17 riksvegsamband, 4 av desse ligg i Møre og Romsdal (MR). Det er vedteken ein overordna strategi der ein siktar mot 20 min avgangar på alle riksvegsambanda. På 2 av desse sambanda i MR er det innført 20 min avgangar, på det 3. sambandet (Solavågen-Festøya) vil dette bli innført frå 2020 og med 3 ferjer. Det 4. riksvegsambandet i MR er Volda-Folkestad. Dersom det skal bli innført nullutsleppsferje på sambandet Volda-Folkestad, og rutetilbodet minst skal oppretthaldast slik det er i dag så - krev dette 2 ferjer. Om eit slikt krav ikkje blir innfridd, så vil dette oppfattast som ei bevisst og målretta nedbygging av sambandet.
- Litt historikk vedr. utlysing av tilbod på sambandet. I den etterfølgjande teksta er det teke utgangspunkt i avgangar måndag-fredag, det nokre endringar laurdag/sundag.
 - Møre og Romsdal fylkeskommune lyste i 2012 ut tilbod på Volda-Folkestad, som om ferjestrekninga var eit

fylkesvegsamband (noko som sambandet formelt ikkje har vore) – sjå her *vedlegg 2*.

- Før denne utlysinga var det 36 fjordkryssingar i sambandet, med 1 dieselferje, 30 min avgangar på dagtid, 60 min avgangar på kveldstid + 4 nattferjer.
 - Dagens ferjeruter er basert på utlysinga frå 2012, som starta opp 1/7.2013 og har verknad ut 2018 (med opsjon på 1 års forlenging): 1 ferje (diesel), 32 fjordkryssingar (30 min avgangar på dagtid, 60 min avgangar på kveldstid).
 - I det nye ruteforslaget som er lagt fram no, - med 1 heilelektrisk ferje, er talet på fjordkryssingar redusert til 26 (40 min avgangar på dagtid, 60 min avgangar på kveldstid). – Sjå *vedlegg 2* som viser ferjerutene i sambandet i perioden som er omtala framanfor.
- Det kan også nemnast at sjølv med berre 1 slik ferje, og med 40 min avgangar heile dagen fram til siste tur på kvelden så kunne talet på 32 fjordkryssingar vore oppretthalde også i den nye rutetabellen som ligg føre i samband med den nye tilbodsutlysinga.
 - Riksvegsambandet Volda-Folkestad må ha optimal rute-korrespondanse med riksvegsambanda Solavågen-Festøya (E39 Nord) og Lote-Anda (E39 Sør). Begge desse sambanda får no nullutsleppsferjer - 3 ferjer i kvart samband - og 20 min avgangar
 - Det kan til informasjon ellers nemnast at Volda kommune har vore initiativtakar til skipinga av selskapet Voldsfjordkryssing AS i 2016. Selskapet har som føremål i sine vedtekter å erstatte ferja Volda-Folkestad med bru. Kommunen er største aksjonær i selskapet.

**Volda kommune ber med dette skrivet om
Samferdselsdepartementet si snarlege avklaring på
følgjande:**

1. Det er eit vedteke overordna siktemål om at ferjene på riksvegsambanda i Norge skal ha 20 min. avgangar. Volda kommune ber om ei avklaring frå Samferdselsdepartementet kva siktemål for rutefrekvens som er gjeldande for sambandet Volda – Folkestad?
2. Volda kommune ber vidare Samferdselsdepartementet stadfeste at det til ei kvar tid vil vere ferjekapasitet på dette sambandet som gjer at sambandet kan ha fullverdige riksvegruter, m.a. med omsyn til rutefrekvens og tid mellom kvar avgang (på døgnbasis). – Vidare ber kommunen om ei forsikring om at fullelektrisk ferje på ein betryggande måte ivaretek sikkerheit for naudsynt beredskap mot sjukehus, politi og brannvern.
3. Skal det i sambandet Volda – Folkestad frå 2020 vere nullutslepp-ferjer, og rutefrekvensen ikkje skal forringast i høve til det den er i dag (30 min avgangar), så må det setjast inn 2 ferjer i sambandet. Vi ber om stadfesting på at dette kravet vert innfridd.

Helsing

Volda kommune

Jørgen Amdam

Ordførar

Kopi til:

- Stortingsrepresentant og leiar for Transport- og kommunikasjonskomitéen Helge Orten
- Statsråd Jon Georg Dale
- Statsråd Sylvi Listhaug
- Stortingsrepresentant Else-May Botten
- Stortingsrepresentant Fredric Holen Bjørdal
- Stortingsrepresentant Steinar Reiten
- Stortingsrepresentant Jenny Klinge
- Stortingsrepresentant Marianne Synnes
- Stortingsrepresentant Vetle Wang Soleim
- Stortingsrepresentant Knut Flølo
- Stortingsrepresentant Jan Steinar Engeli Johansen

Hei,

på vegner av styret i Volda Næringsforum, som representerar 70 medlemsbedrifter i og rundt Volda, sender eg inn merknad til utlysing av riksvegsambandet Volda - Folkestad - ny ferje og nye ruter frå 1. januar 2020.

Vedlagt:

- Merknad frå Volda Næringsforum
- Uttale frå Volda kommune
- Vedlegg tilknytta uttale frå Volda kommune

Gjer vel i å bekrefte om vedlegg er motteke og leseleg.

Med ynskje om ein fin dag.

Mvh.

Stefan N. Halck
Dagleg leiar, Volda Næringsforum

stefan@voldaforum.no

+47 953 00 397

www.voldaforum.no

StudiebygdA Volda - ein møteplass for å dele og lære av kvarandre

Forureining på Rotset – Konklusjon etter samtale med Lars Barstad

Syner til orienteringssaka (OS 95/17) i formannskapet 13.06.2017 angående forureinga på Rotset. Der ein kom til synspunkt til vidare oppfølging av saka og samtale med tidlegare eigar av tomt.

I september 2017 gjennomførte Volda kommune møte med tidlegare eigar av ROP tomt. Møtereferat er vedlagt.

Ut frå dei opplysningar som kom fram i møtet med tidlegare eigar ser ikkje administrasjonen hensikt i å gå vidare med saka. Det vert vurdert at Volda kommune ikkje har faktisk eller rettsleg grunnlag for å krevje tidlegare eigar for dekning av utgifter i forbindelse med opprydninga av forureininga.

Vedlegg:

1. Møtereferat 05.09.2017

Sakshandsamar: Jeanette Brandal



Møtereferat

Møtestad: Volda rådhus
Møtedato/-tid: 05.09.2017 kl. 12.00-12.40
Deltakarar: Asbjørn Moltudal, Reidar Andresen, Jeanette Brandal og Lars Barstad
Referent: Jeanette Brandal
Referatdato: 08.09.2017

Forureining på Rotset

I bakgrunn i ei orienteringssak til formannskapet 13.06.2017 vart det vedteke å gå i dialog med tidlegare eigar av tomtgrunn gnr/bnr 40/421 og 30/427 Lars Barstad. Formålet med møtet var å få fram fakta i henhold til forureininga som vart oppdaga på Rotset i forbindelse med oppføring av ROP bustadar. Avfall i byggegrunn vart oppdaga i desember 2016 og forureininga vart oppdaga i januar 2017. Denne forureininga har påført prosjektet store kostnader, samt store forseinkingar.

Volda kommune og kommuneadvokaten innleia møtet med å fortelje litt om kvifor kommunen ønskte eit møte med tidlegare eigar, samt litt juss i forhold til eksisterande regelverk og ansvar. Det var viktig å få vite kva som har skjedd, kven som har stått for forureininga, når dette skjedde og på kva premisser dette har skjedd på.

Kommunen var klar på at ein ikkje ville konkludere med noko i dette møtet før all fakta var avdekt og får historia til tidlegare eigar.

Prosjektleiaren for ROP bustadane gjekk i gjennom historieforløpet på forureininga og forklarte kva som var funne, samt kva tiltak som vart sett i verk i henhold til krav som var stilt i lovverket. Dette i samarbeid med kommunen sin miljørådgivar og innleidd konsulenthjelp.

Barstad fortalte at fyllinga var greven ut i 1973 av Aksel Våge, med formål om grusuttak i området. Våge vart då bedd om å fylle igjen hola/holene som vart grevne. Hola/holene vart fylt igjen i 1974, då med avfall. Han fortalte også om ein bulldosar som vart nedgraven, omtrent rett under eitt av ROP bustadeiningane. Denne bulldosaren er ikkje funne i dette området innanfor ca. 6 meters djupne. Vidare fortell Barstad at det var mora som eigde området og tomten på den tida dumpinga av avfall skjedde. Broren overtok etter mora, før Lars Barstad sjølv overtok eigedomen i 1998.

Barstad har også gjeve anbefalingar om å grave opp bulldosaren då denne mest truleg hadde olje og drivstoff på tankane då den vart nedgraven. Dette fortalte han til byggeplassleiaren for grunnarbeid i vinter, samt viste området der bulldosaren omtrent skulle ligge. Informasjonen om at Lars Barstad har vist plasseringa av bulldosaren til Volda Maskin AS vart ikkje meldt til byggherre.

Vidare vart det fortalt at heile området på Rotset, der byggjefeltet er, parkeringa på Leirshaugen og på kyrkjegarden vart brukt som søppelfylling for bilvrak og anna skrot. Det vart også nemnd at det var vanleg å dumpe avfall på denne måten på syttitalet. Ein avisartikkel frå Sunnmørsposten i mars 1998 bekreftar at myrområdet var brukt som avfallsplass og at befolkninga i Volda var redd for forureining i Rotevatnet. Dette i forbindelse med at Statens Vegvesen bygde E39 og ville drenere myra til Rotevatnet. Volda kommune på dette tidspunktet visste lite eller ingenting om dette nedgravne avfallet, men skulle sjå på dette saman med miljøvernleiaren for mulige tiltak for opprydjing.

Merknad på møtereferat frå Lars Barstad:

Det er ikkje rett at Kommunen ikkje viste om at det var nedgravd rot før Vegvesenet fann rot i vegtraseen. Kommunen har vist om det som vart nedgravd frå dag en. Den einaste personen frå Komuna som komenterte nedgravinga var Ragnar Solheim han sa ein gong det er ikkje sikkert at det er bra det som vert gjort her han var heilt sikkert ikkje den einaste i kommuna som viste kva som fore gjekk rundt 1970.

Vedlegg:

1. Kopi av artikkel i Sunnmørsposten 03-03-98.

Referent

Jeanette Brandal

Rotsetmyra skjuler søppelhaug

Vedlegg 1

I samband med utbygginga av Rotsetunnelen i Volda, må vatnet frå Rotsetmyra drenerast vekk. Planen var å føre vatnet ut i Rotevatnet. Grunneigarane har protestert høglydt fordi myra har vore brukt til avfalls plass av frysarar, kjøleskap og komfyrar.

Berit Susanne Kjølås

Statens Vegvesen hadde i utgangspunktet ikkje informert grunneigarane om avlaupsplanen for Rotsetunnelen. Grunneigarane engasjerte seg difor i saka, då dei visste at det ville føre til store skader, dersom myrvatnet skulle drenerast ut i Rotevatnet, som blant anna fungerer som badeplass.

Grunneigarane meinte at Rotevatnet allereie er sterkt skada av forureining frå kommunelageret ved Brendes Rør-lager. Dersom det no i tillegg skulle kome straumar av dårleg myrvatn, såg dei svært alvorleg på situasjonen for vasskvaliteten.

Pest og kolera

Etter fleire møte med Vegvesenet og kommunen, kom det fram ei alternativ løysing frå Vegvesenet si side. Dei vil føre vatnet i eiga drensleidning til Øyraelva, som vidare går ut i Voldsfjorden.

– Som eit val mellom pest og kolera har vi grunneigarane blitt samde med Statens Vegvesen om at dette alternativet er til å leve med. Problemet er at dei i anleggsperioden likevel må få ei mellombels drensgrøft til Rotevatnet. Det finst ikkje andre alternativ. Såleis vil det uansett kome forureina vatn ned i Rotevatnet. Eg for min del meiner det må vere ei forutsetning at Vegvesenet lovar å rense opp att etter seg, dersom det viser seg å verte skader, seier ein av grunneigarane som har protestert, Jo-stein Helset.

Problemet ikkje løyst


Han meiner vidare at alternativet som ein no har kome fram til berre skuvar problemet til andre område i Volda. Målet må vere å få ei avlaupsleidning langt ut i fjorden for å få miljøgiftene lengst mogleg vekk.

Det er ingen løyndom at dette område har vore brukt til deponi av grovavfall i lang tid. Såleis kan ein ikkje føre dette vatnet ut, utan å få rensa det på ein eller annan måte, meiner Helset.

Beklagar

Rolf Arne Hamre i Statens Vegvesen forklarar til Sunnmørsposten at dei har beklaga overfor grunneigarane at dei ikkje vart informert om avlaupsplanane.

– Vi har akseptert at grunneigarane ikkje var samde med vårt forslag om å føre myrvatnet ut i Rotevatnet. No har vi kome fram med eit alternativ som grunneigarane aksepterer. Såleis ser vi på saka som løyst.



Det var dette som kom til overflata då ein byrja å grave i Rotsetmyra. Området har vorte brukt som avfalls plass for kjøleskap og anna grovavfall i fleire år. Statens Vegvesen var ikkje klar over dette, då dei planla å føre myrvatnet ut i Rotevatnet.

– No viser det seg at det ligg mykje grovavfall i denne myra. Var de klar over dette då de la dreneringsplanane?

– Nei, vi vart svært overraska over at det var så store mengder avfall.

– Vil de gjere noko for å unngå forureining?

– Vi vil starte grunnboring i området neste veke for å kontrollere om avfallsberget er så stort som grunneigarane hevdar. Deretter må vi vurdere om dette skal gravast opp eller ikkje.

Tilslig er ikkje nytt

Hamre legg til at han synest saka har blitt noko overdrive. Det har vore tilslig til Rotevatnet frå denne myra i årevis. Difor er ikkje dette noko som Statens Vegvesen har starta.

– Dersom vi skal stå for rensing av vatnet ut over det vi i dag har sagt, må grunneigarane kome med grunngjevne krav og påvise skader.

Kommunen visste ikkje om avfallet

Volda kommune vart like overraska som Vegvesenet over at myrområdet er fullt av grovavfall. Det hevdar planleggjar Jakob Heltne. Han lovar at kommunen og miljøvernleiaren skal sjå på kva som kan gjerast for å rydde opp.

Heltne legg vekt på at dette området inntil nyleg har vore privat grunn og at dei difor må undersøkje med grunneigararen om kva for utstrekning denne fylinga har.

– Det er klart at vi kjem til å undersøkje denne saka nærare. Eg håper at vi i

samarbeid med miljøvernleiar og Statens Vegvesen kan kome fram til ei ordning for korleis vi skal ta hand om dette.

Imøtekjem krav

Når det gjeld kravet frå grunneigarane om at kommunen må vere med på å betale eit avløpsanlegg for industrien i området, slik at utsleppa derifrå også går i elva og ikkje i Rotevatnet, så har kommunen no gått med på det.

– Vi har i samtalar med Statens Vegvesen blitt samde om at både dreneringa frå veganlegget og industriområdet skal gå i elva. Kommunen har sagt seg villig til å dele på desse utgiftene. Drensvatn som naturleg renn ut frå kommunelageret vert det derimot ikkje gjort noko med. Dette er i samråd både

med grunneigarane og Vegvesenet, seier Heltne.

Naturvernforbundet reagerer

Kjell Tore Aarstad i Volda Ørsta Naturvernforbund er overraska over at området har vore brukt til grovavfall utan at kommunen har visst om det. Han vil no ta opp saka i lokallaget for å sjå om det er noko dei kan gjere.

– Eg må få presisere at vi ikkje har kunnskap om at mengda av avfall er så stor som visse røyster hevdar. Dersom det derimot viser seg at myrvatnet inneheld tungmetall, giftstoff og anna materiale, er det sjølvsagt alvorleg. Det vil då vere skadeleg uansett om det blir ført ut i fjorden, elva eller vatnet. Slik eg ser det må det då pumpast opp som spesialavfall.



**FYLKESMANNEN
I MØRE OG ROMSDAL**

Saksbehandlar, innvalstelefon

rådgivar Marina Opstad, 71 25 84 42

Vår dato

03.11.2017

Dykkar dato

24.08.2017

Vår ref.

2017/5227/FMMRMAOP/421.4

Dykkar ref.

2018/1096	
VOLDA KOMMUNE	
Saksnr: 6/1096	Avd: UTV
Løpenr:	Shs: Perhel
6. NOV 2017	
Arkivdel: Plan ID	
Klassering P:	
Klassering S:	

Volda kommune

Stormyra 2

6100 VOLDA

**Volda kommune - vedtak i klagesak etter plan- og bygningslova
detaljreguleringsplan for Sevrinhaugen / Doktorhaugen - gnr 19 bnr 24 m.fl.**

Fylkesmannen stadfestar kommunen sitt vedtak. Klagen har ikkje ført fram.

Eg viser til oversending av 24.08.17.

Volda kommune har utarbeidd forslag til detaljregulering for gnr. 19 bnr. 24 m.fl. på Sevrinhaugen / Doktorhaugen.

I møte den 22.06.17, under sak nr. 76/17, vedtok Volda kommunestyre å godkjenne detaljregulering for gnr. 19 bnr. 24 m.fl. på Sevrinhaugen / Doktorhaugen med plankart og planføresegner datert 01.06.17.

Vedtaket er klaga på av nabo Bjørn Sævik (gnr./bnr. 19/25) v/adv. Hove i brev av 06.07.17.

Formannskapet har handsama klagen i møte den 22.08.17. Under sak nr. 128/17 har dei vedteke å halde fast ved kommunestyret sitt vedtak i sak 76/17. I samsvar med plan- og bygningslova (pbl.) § 1-9 er saka etter dette sendt over til fylkesmannen som klageinstans.

I samband med fylkesmannen sin klagebehandling er det mottatt supplerande skriv frå Bjørn Sævik v/adv. Hove datert 25.09.17.

Fylkesmannens merknader:

Om fylkesmannen si klagehandsaming

Klaga er levert innanfor lovbestemt klagefrist og vilkåra for å handsame dette som ei klagesak er oppfylt. Ved behandling av klage på vedtak om eigengodkjenning av reguleringsplan kan fylkesmannen prøve alle sider av saka. Dette gjeld mellom anna saksbehandlinga, bruk av rettsreglar og om kommunen sitt skjønn i reguleringssaka har vore forsvarleg utøvd. Resultatet av klagesaksbehandlinga kan bli at kommunen sitt reguleringsvedtak stadfestast eller opphevast. Fylkesmannen kan derimot ikkje gjere endringar i reguleringsplana utan å leggje saka fram for kommunen jfr. pbl. § 12-12.

Føremålet med planarbeidet

Målet for planarbeidet er å leggje til rette for bygging av 4 bueiningar for menneske med psykisk funksjonshemming.

Planstatus

Den del av planområdet som allerede er utbygd, er omfatta av reguleringsplan for Fjordsynområdet av 30.03.2000. Dette arealet er satt av til omsorgs- og eldrebustader (O/B2). Den del av planområdet som ikkje er utbygd, er omfatta av reguleringsplan for Nedre Engeset av 06.07.1982. Dette arealet er satt av til friområde, nærare bestemt park, turveg, leik/idrett. Planområdet er samtidig omfatta av kommunedelplan for Volda sentrum inkludert Mork/Furene 2009 – 2021 av 18.06.2009, her er utbygd areal satt av til offentlig bygning (O5) mens arealet som ikkje er utbygd er satt av til bustadområde (B12).

Av planføresega til kommunedelplanen punkt 12 går det fram at arealdelen til kommuneplanen gjeld framfor andre planer når anna ikkje er vedteke. Det er ikkje vist på kommunedelplankartet at reguleringsplan for Fjordsynområdet eller Nedre Engeset skal gjelde framfor kommunedelplanen. Kommunen har slik riktig lagt til grunn at kommunedelplanen gjeld framom reguleringsplanane i dette tilfellet.

Planområdet

Planområdet ligg på nedre Egset, i kort avstand til funksjonar som butikk, legesenter, bibliotek, rådhus m.v. Heile planområdet er på ca. 6 daa. Det meste av planområdet er utbygd med låge ein etasjes bygg. Bygningane innanfor området har funksjon som omsorgsbustader for ulike grupper. Nytt byggeareal i plan utgjør om lag 1.3 daa og er ubyggt. Parsellen består av gammal grasmark, gamle frukttre og lauvtre.

Fylkesmannen sin vurdering av klagen

I klagen frå grunneigar av gnr. 19 bnr. 25 er det hevda å vere i strid med Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging pkt. 5 d) å endre arealbruken på parsell 19/24 frå friområde til offentlig tenesteyting, utan å skaffa til veie fullgodt erstatningsareal.

I følge pbl. § 6-1 skal statlege planretningslinjer konkretisere nasjonale forventningar og markere nasjonal politikk på områder som det er spesielt viktig at blir fylgt opp i den regionale og kommunale planlegging. Rettsverknaden av statlege planretningslinjer følger av pbl. § 6-2 andre ledd, der det går fram at dei skal leggjast til grunn ved statleg, regional og kommunal planlegging etter plan- og bygningslova.

At barn og unges interesser skal ivaretas i planlegging går fram av pbl. § 1-1, femte ledd, andre punktum, § 3-3 tredje ledd og Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging. Av punkt 5 bokstav d) går det fram at: «*Ved omdisponering av arealer som i planer er avsatt til fellesareal eller friområde som er i bruk eller er egnet for lek, skal det skaffes fullverdig erstatning.*»

Forholdet til barn og unge sine interesser er inntatt i planomtalen og vurdert av kommunen i handsaminga etter offentlig ettersyn, i vedtaket og i den forberedande klagehandsaminga. Kommunen har sett på faktisk bruk av arealet og gjort ei vurdering av arealet sin nytteverdi for leik. Det er vidare på det reine at arealformålet på parsell 19/24 vart endra frå friområde til bustad ved vedtaking av kommunedelplanen i 2009. Gjeldande planforslag må slik vurderast innanfor dei rammer som eksisterande kommunedelplan gir. I denne saken er det ikkje snakk om å ta i bruk eit aktivt leikeområde til bustad/offentleg

tenesteyting. Arealet er satt av til bustad i gjeldande kommunedelplan og arealføremålet er slik delvis i tråd med planlagt bruk.

Når det gjeld vedtaking av reguleringsplanar så vil fylkesmannen peike på at kommunen, som øvste planmyndigheit, står fritt til å vedta den arealbruk dei ynskjer innanfor reglane i plan- og bygningslova, jf. pbl. § 3-3. Etter ei skjønnsmessig vurdering kan kommunen avgjere kva for areal som skal regulerast, om det skal gjerast endringar i vedtekne planer og korleis areal skal nyttast i arealsamanheng jf. pbl. §§ 3-2 og 12-1.

Når det gjeld kommunestyret sin skjønnsmessige vurdering av kva som er tenleg arealbruk, skal fylkesmannen legge vekt på dei lokale vurderingane som kommunestyret har gjort, jfr. forvaltningslova (fvl.) § 34, 2. ledd. Under føresetnad av at dei omsyn kommunestyret har lagt vekt på er saklege ut i frå reguleringsmessige og alminnelege forvaltningsrettslege krav, er det i utgangspunktet opp til kommunestyret å avgjere korleis dei ulike omsyn skal avvegast.

I følgje kommunen har parsell 19/24 ikkje vore nytta som leikeplass eller friområde på mange år. Det er ikkje teikn på tomte som tyder på at området vert nytta til rekreasjon eller leik i dag, og området er dels attvakse. Kommunen har slik lagt til grunn at arealet verken er i bruk til friareal i dag eller at det er eigna for slik bruk. Kommunen har i tillegg lagt vekt på at det er fleire areal eigna til leik i området og at det er kort avstand til parkar, ballplassar, barnehagar, samfunnshus og skular. I sin arealbruksvurdering har kommunen funnet at samfunnsnyttan ved å etablere bustadar for menneske med psykisk funksjonshemming er stor, og at behovet for denne typen bygg er større enn å behandle parsell 19/24 ubygd.

Konklusjon

Fylkesmannen finn at omsynet til barn og unge sine interesser er tilstrekkeleg vurdert i denne plansaka, og at dei omsyn kommunen har lagt vekt på er saklege. Fylkesmannen kan ikkje sjå at vedtaket er i strid med plan- og bygningslova eller rikspolitiske retningslinjer.

Fylkesmannens vedtak

Med heimel i pbl. § 1-9, jf. fvl. § 34, rundskriv T-2/09 frå Miljøverndepartementet og brev av 28.09.09 frå Kommunal- og regionaldepartementet, stadfestar fylkesmannen Volda kommune sitt vedtak i sak nr. 76/17. Dette vedtaket er endeleg og kan ikkje klagast på vidare, jf. fvl. § 28.

Med helsing

Helge Mogstad (e.f.)
direktør

Marina Opstad

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi:

Adv. Bjørn Kristian Hove Kongens gate 23 6002 ÅLESUND



Samferdsledepartementet v/Statsråd Ketil Solvik Olsen

Vår ref:

Sak: 17/2862 JpID: 17/15047 Sbh: ABJ

Dykkar ref.

Dato:

08.11.2017

Riksveg-ferjesambandet Rv651 Volda-Folkestad: Rutetilbud frå 2020

Eid kommune og Gloppen kommune syner til uttale frå Volda kommune dagsett 17. oktober 2017 om ferjetilbodet på Rv651 Volda-Folkestad i ny anbudsperiode frå 1.1.2020.

Eid kommune og Gloppen kommune sluttar seg til uttalen.

Vi ser med stor undring og uro på at det gjennom media er signalisert frå Statens Vegvesen at rutetilbodet på strekninga vil bli redusert frå 2020, sjølv om det i Handlingsprogram for ny NTP i kapitlet "Kjøp av riksvegferjetjenester" står følgjande:

"Den økonomiske rammen vil sikre tilstrekkelig kapasitet i riksvegferjedriften til å unngå økning i antall gjenstående kjøretøyer samlet sett, oppretholde dagens rutetilbud og ivareta regjeringens vedtak om krav til null- og lavutslipp ved utlysning av nye anbud."

Vi føreset at dette skal gjelde også på Rv651 Volda-Folkestad, og ber Statsråden snarast om å avklare dette.

Rv651 er ei viktig regional transportåre mellom Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal, som er med å skape ein funksjonell bu- og arbeidsmarknadsregion på tvers av både dagens fylkesgrenser og framtidige regiongrenser.

Vi meiner difor det som eit minimum må haldast på dagens 30-minuttsavgangar på strekninga også frå 1.1.2020. På sikt må også dette riksvegferjesambandet få 20-minuttsavgangar, slik det er vedteke som eit overordna siktemål for alle riksvegferjer.

Helsing

Alfred Bjørlo
ordførar Eid kommune

Leidulf Gloppestad
ordførar Gloppen kommune

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur



Kopi til:

Gloppen kommune

Møre og Romsdal fylkeskommune

Sogn og Fjordane Fylkeskommune

Stortingsrepresentant Frida Melvær

Stortingsrepresentant Ingrid Heggø

Stortingsrepresentant Liv-Signe Navarsete

Stortingsrepresentant Tore Storehaug

Volda kommune

Sjå vedlegg

ArkivReferanse:#949758cff5994e3597b21f6467bcf3732017002862#ACOS.WEBSAK#